

Alver kommune

► **Barnehage- og skulebruksplan Alver kommune**

Kunnskapsgrunnlag til Kommunedelplan

Alver kommune 2024

Oppdragsnr.: 52307314 Dokumentnr.: 1 Versjon: 3 Dato: 2024-04-26



Oppdragsgjevar: Alver kommune
Oppdragsgjevares kontaktperson: Kristin Moe
Rådgjevar Norconsult Norge AS, Valkendorfs gate 6, NO-5012 Bergen
Oppdragsleiar: Jostein Danielsen
Fagansvarleg: Jostein Danielsen
Andre nøkkelpersonar: Sigrid Hestnes, Dan Lysne og Terje Gregersen

3	2024-04-26	Utkast til Kommunedelplan for barnehage- og skulebruksplan Alver kommune. Revidert kapitalkostnad struktur ungdomsskule, alt 1 og 2	Jostein Danielsen, Sigrid Hestnes Dan Lysne	Terje Gregersen	Jostein Danielsen
2	2024-04-05	Utkast til Kommunedelplan for barnehage- og skulebruksplan Alver kommune	Jostein Danielsen Sigrid Hestnes Dan Lysne	Terje Gregersen	Jostein Danielsen
1	2024-04-04	Kunnskapsgrunnlag Kommunedelplan for Barnehage- og skulebruksplan Alver kommune	Jostein Danielsen Sigrid Hestnes Dan Lysne	Terje Gregersen	Jostein Danielsen
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Samandrag

Dette utkastet til kommunedelplan bygger på politiske føringar i vedteke planprogram for utarbeiding av barnehage- og skulebruksplan Alver kommune. Bestillingane i planprogrammet er svart ut slik:

Bestilling planprogram	Svar i plan / kunnskapsgrunnlag
Skildre faktorar som utgjer eit godt barnehage- og skulemiljø (leik og læring, HMS, skulehelsetenesta, trivsel, folkehelse, UU, SFO, leksehjelp, skuleveg, skuleskyss, bhg og skule som arbeidsplass, skulen som nærmiljøanlegg, utleige og anna bruk)	Kapittel 1-5 Kunnskapsgrunnlag; lov, forskrift, forskning
Utarbeide prinsipp for barnehage- og skuleanlegg	Kapittel 6 Prinsipp
Synleggjere status for bygg, anlegg og uteareal, og eventuelle investeringsbehov ved strukturendringar	Kapittel 7, 8 og 9 Eksisterande struktur og evaluering pedagogisk funksjonalitet. Kapittel 12-14 Evaluering strukturforslag Kapittel 15 Økonomi
Vurdere utvikling i barnetal og elevtal. Prognosar	Kapittel 10 Prognosar
Oversikt over dei kommunale barnehage- og skuleanlegga (vedlikehaldsbehov, investeringsbehov, kapasitet, godkjenning, kvalitet og behov med omsyn til pedagogisk bruk av bygg og uteareal)	Kapittel 9, 12-14 Struktur, samt vedlegg
Skildre venta økonomisk ramme for drift av barnehagar og skular i kommunen dei komande åra.	Kapittel 3 Innhald og kvalitet. Formålsbygg – vedlikehald, helse, levetid og økonomi, Kapittel 15 Økonomi
Drøfte tiltak tilpassa anlegga og barne- og elevtalsprognosane for kommunen (Venta endringar i barne- og elevtal ved barnehage- og skuleanlegga, oppretting eller nedlegging av barnehage- og skuleanlegg, vurdering av kringsgrenser)	Kapittel 11-14 Struktur

Tilråding med alternative løysingar for framtidig struktur (kostnadsvurdering, kvalitetsvurdering, ROS, konsekvensvurdering)

Kapittel 11-16 Struktur, Økonomi, Oppsummering og tilråding

Kapittel 16 Oppsummering og tilråding

Krava til forsvarleg og god barnehage- og skuledrift er omfattande. Barnehagelova, opplæringslova, rammeplanen, læreplanverket, forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger, arbeidsmiljølova, plan- og bygningslova og lov om likestilling og forbod mot diskriminering er berre nokre av dei statlege lovene og forskriftene som gjev føringar for drift. Kommunestyret i Alver er barnehage- og skuleeigar, og har ansvar for å gje rammer og stille til disposisjon dei ressursane som gjer det mogeleg for barnehagane og skulane å lukkast med i ivareta det breie mandatet. Forsking viser at kommunar som lukkast med god kvalitetsutvikling har skuleeigarar som er tett kopla på organisasjonen, i form av både interesse, kunnskap, krav og støtte, med eit samarbeid prega av tillit.

Alver kommune står overfor omfattande utfordringar knytt til demografisk utvikling dei komande åra. Til liks med kommune-Noreg elles, lyt Alver bu seg på den komande eldrebølga. Økonomiplanen for 2023-25 seier at det er behov for større tiltak knytt til drift av barnehagar og skular. Ein lyt flytte ressursar frå oppvekstsektoren til eldre og helse i tida framover.

I Alver kommune er det per i dag 8 kommunale barnehagar og 18 private barnehagar. Haugen barnehage er vedteken flytta til Juvikstølen barnehage frå august 2024, og er difor ikkje teken med som del av struktursaka. Det er heller ikkje gjort funksjonsvurderingar av denne barnehagen. Kommunen har 1 vaksenopplæring, 16 barneskular, 5 ungdomsskular og 1 kombinert 1-10 skule. I tillegg er det 3 private grunnskular i kommunen. Skulane ligg spreidde over store delar av kommunen, og mange av elevane har i dag rett på skuleskyss. Over 40 % av elevane har i dag tilbod om skuleskyss, anten på grunn av avstand eller på grunn av trafikkfarleg skuleveg.

Det er stor overkapasitet i skulane i Alver. Skuleåret 2023/24 er det ein overkapasitet i dei offentlege grunnskulane på om lag 1500 elevplassar. Elevtalsprognosane viser nedgang i elevtalet fram mot 2042, og dersom prognosane slår til, vil overkapasiteten auke til om lag 2000 plassar om 20 år, basert på maksimal kapasitetsutnytting. Dei private grunnskulane har i dag ein overkapasitet på om lag 100 plassar.

Det er også stor overkapasitet i barnehagane i Alver kommune. Tal nytta kommunale arealplassar har gått nedover frå 516 til 468 dei siste fem åra, medan kapasiteten er på 811 arealplassar. Tal private arealplassar har tilsvarande gått ned frå 1171 til 1113 arealplassar, medan kapasiteten er på 1494 arealplassar. Samla gjev dette ein overkapasitet på $343+381=724$ arealplassar, basert på maksimal kapasitetsutnytting. Dette føreset at både kommunale og private barnehagar har ein tilstandsgrad og eignaheit i sine anlegg for å nytte heile kapasiteten. Vurderinga av kommunale barnehagar tilseier at det er avvik mellom godkjend kapasitet og faktisk kapasitet. Dei private barnehagane er ikkje vurdert med eignaheit- og tilstandsvurdering i dette arbeidet. Faktisk kapasitet i private barnehagar er uviss, og bør vurderast gjennom tilsyn.

Evaluering av skule- og barnehageanlegga viser store forskjellar i funksjonalitet og eignaheit. Nokre bygg, særleg dei nyaste, har tenlege areal til barn og vaksne. Svært mange av barnehage- og skuleanlegga er likevel vurdert som lite eigna til føremålet. Desse kan vere kjenneteikna av dårleg flyt og oversikt, manglar knytt til HMS, ventilasjon, lydsmitte, temperaturregulering og lysskjerming. Fleire skular manglar spesialrom og rom som legg til rette for variert læring. Mange skular stettar ikkje krava i lovverket, mellom anna til storleik lærararbeidsplassar, universell tilkomst, akseptable elevtoalett og sikring av maskiner. Einskilde av barnehagebygga har funksjonelle utfordringar. Dei kan ha areal som er godkjende som leike og opphaldsareal (LOA) som likevel ikkje stettar krava, dei kan mangle tenlege personalareal, reinhaldsareal, stellerom og

garderobar. Skule- og barnehageanlegga gjev ikkje eit likeverdig tilbod til barna i kommunen. Forsking viser at det er relasjonen mellom tilsett og barn/elev som er viktigast for barna si utvikling. Det er likevel også samheng mellom kvaliteten og funksjonaliteten på bygg, og kvaliteten på den tenesta skulen og barnehagen klarar å gje. Dette kan handle om tilrettelegging for samhandling og variasjon, tryggleik og skjerming, og ikkje minst faktorar som akustikk, lyd, lys og inneklima. Anlegget kan i større eller mindre grad fremje eller hemme ønska praksis. Skildringar av anlegga ligg som eige vedlegg til kunnskapsgrunnlaget, og er oppsummert i kapittel 9.

Ein reknar teknisk levetid på formålsbygg, som skular og barnehagar, på om lag 50-60 år. Funksjonell levetid kan i mange tilfelle vere lågare. Gjennomsnittsalderen på skulane i Alver kommune (hovudbygg/eldste bygg) er på 45 år. 13 av skulane har bygg som er eldre enn 40 år. 7 av skulane har hovudbygg / eldste bygg eldre enn 60 år. Fleire av desse vert vurderte å ha passert levetida som skuleanlegg, og har trong for total rehabilitering / ombygging og/eller nybygg dersom ein vel å halde fram med dagens struktur.

Store delar av bygningsmassen er prega av stort vedlikehaldsetterslep og manglande heilskapleg byggutvikling som oppdaterer anlegga i tråd med nye krav og forventningar. Vedlikehaldsetterslep er ei kommunal gjeld som kan vekse svært raskt dersom ein ikkje tek grep.

Det er stor forskjell i storleik på barnehagane og skulane. Barnetalet i skulane varierer frå om lag 20 elevar på den miste skulen til over 450 elevar på den største. Variasjonen i kullstorleik går frå 3 elevar til 70 elevar (130 på ungdomstrinnet). Barnetalet i dei kommunale barnehagane varierer frå om lag 20 barn til om lag 120 barn. Dette gjer også at det er stor variasjon i tal tilsette og storleiken på leiargrupper og profesjonsfelleskap. Forsking viser at det kan vere føremålstenleg å ha leiarteam med komplementære dugleikar for å ivareta dei komplekse leiarutfordringane i skule.

Det er noko forskning på samnhengen mellom barnehage- og skulestorleik og kvalitet. Middels store barnehagar, med barnegrupper på om lag 45-80 barn kan skåre godt på fleire parameter. Tilsvarende kan skulestorleik på mellom 500 og 700 elevar vere gunstig for kvalitet i tilbodet. Større einingar med sentral lokasjon kan ha lettare for å sikre rekruttering av kompetente tilsette. Skulane i Alver har mykje god kompetanse, men merkar likevel at det har vorte færre søkarar til ledige stillingar dei siste åra. Ein manglar særskilt kompetanse innan engelsk og praktisk-estetiske fag, og det er svært vanskeleg å skaffe vikarar med rett kompetanse. Ny lærarutdanning med krav til mastergrad, gjer at nyutdanna lærarar har 2-4 undervisningsfag. Dette kan gjere det endå meir krevjande for små skular å rekruttere tilsette med brei nok kompetanse til å dekke alle undervisningsfaga. Barnehagane i kommunen har jamt over pedagogdekning etter forskrift.

Mange skular og barnehagar i Alver jobbar godt for å ivareta krav til god leik, læring og trivnad. Barnehagane jobbar systematisk etter heilskaplege planar og ulike pedagogiske program som sikrar og fremjar kvalitet, mellom anna DUÅ. Skulane jobbar også systematisk for kvalitetsutvikling, både etter kommunale planar og skulane sine eigne utviklingsplanar. Mange lukkast godt med læring og trivnad, men kvalitetsmeldinga for skule syner likevel store skilnadar i resultat mellom skular og grupper.

Krava til samhandling mellom tenestene som jobbar tett på barn og elevar i barnehage og skule er store. Tenestene som er tettast på, er gjerne PPT og skulehelsetenesta. Samarbeidet vert skildra som godt, men det vert opplevd som krevjande å strekkje til ressursmessig. 16 av dei kommunale og private skulane (alle ungdomsskulane) har t.d. mindre dekning av helsesjukespleiar enn nasjonale normtal. Nokre skular har berre helsesjukespleiar på besøk ein halv dag i veka.

Gjennomgangen av skule- og barnehageanlegga viser at mange av dei har ein funksjon for nærmiljøet. Bruken varierer mykje, men fleire melder om utlån av gymsal, kjøken og fellesareal / klasserom til ulike føremål; til dømes til trening, korps, bursdag og møte. Uteanlegga vert også nytta i varierende grad, stort sett uformelt som samlingsstad og leikeareal. Det er stor kapasitet samla i dei kommunale anlegga som nærmiljøanlegg,

og leiarane melder om at fleire kan få plass dersom ein ønskjer det. Det vert også i dei fleste bygdene meldt om andre anlegg som fungerer som møteplassar for innbyggjarane, eksempelvis samfunnshus, kulturhus, bedehus og idrettsanlegg. Mange kan vere redde for at lokal skule eller barnehage vert lagt ned. Ein kan t.d. frykte fattigare lokalt tilbod og lengre reiseveg. Andre kan oppleve det som ønskeleg å få større nærskule med rikare tilbod om vener og større fagmiljø mellom tilsette, sjølv om denne ligg i nabobygda. Forsking viser ikkje at skulenedlegging fører til fråflytting eller «bygdedød». Det er uansett svært viktig for prosess, og god sameksistens etter prosess, at ein handsamar kvarandre med respekt, og at ein toler ulike meiningar frå kvarandre, både internt i lokalmiljøet og mellom lokalmiljø.

Kostnadane til drift av barnehage og skule er tett knytt til lønsutgifter for skule- og barnehagedrift og til FDV/bygningsdrift. For skule er det også ein kostnad i høve skyss, men denne er høvesvis liten samanlikna med dei to andre hovudpostane. På barnehageområdet er ein høvesvis stor kostnad knytt til tilskot til private barnehagar. Tilskotssatsen er kopla til kostnaden for barnehagedrift og bygningsdrift per barn i dei kommunale barnehagane. Reduksjon i desse kommunale kostnadane fører til reduksjon i kommunalt tilskot til private barnehagar.

- Samla driftskostnad til kommunal barnehage (barnehagedrift og bygningsdrift) er per 2023 på om lag NOK 72 mill.
- Samla driftskostnad til kommunal barneskule (skuledrift, bygningsdrift og skyss) er per 2023 på om lag NOK 329 mill.
- Samla driftskostnad til kommunal ungdomsskule (skuledrift, bygningsdrift og skyss) er per 2023 på om lag NOK 152 mill.

I kunnskapsgrunnlaget er det vurdert ulike alternative strukturar for barnehage, barneskule og ungdomsskule. Premissane for evalueringa ligg i planprogrammet, oppsummert slik:

- Sikre drift i tråd med lov og forskrift og kommunale planar
- Sikre trygge rammer for barn
- Sikre gode arbeidsmiljø for tilsette
- Sikre gode og likeverdige tilbod som fremjar helse, trivsel og utvikling, og samstundes bidrar til berekraftige og attraktive lokalmiljø.
- Sikre effektiv bruk av anlegga og berekraftig utvikling innan drift og investering.

På bakgrunn av dette er det utarbeidd evalueringskriterier og målformuleringar innafor dei ikkje prissette områda HMS, Barneperspektivet (likeverd, leik, læring og venskap), Organisasjonsperspektivet (tilsette, attraksjon, samarbeid og kompetanse), Ressursutnytting (kapasitet og effektiv drift) og Nærseier og lokalmiljø. Grad av måloppnåing er vurdert på ein skala frå lav til høg grad, med fargekoding frå grøn til raud.

Som referansepunkt til dei ulike strukturalternativa, vert dagens struktur evaluert grundig, med tanke på ikkje prissette konsekvensar og prissette konsekvensar (økonomi). Dette alternativet vert kalla 0-alternativet. Det er også utvikla og evaluert eit 0+ alternativ. Dette alternativet er dagens struktur, men med oppgraderte anlegg til dagens og framtidens standard. Vidare vert ulike strukturalternativ vurdert, kvar for seg for barnehage, barneskule og ungdomsskule.

Kunnskapsgrunnlaget viser at det er stort samsvar mellom positiv evaluering av strukturalternativa og økonomi. Dei alternativa som gjev størst potensiale til reduksjon i årlege driftskostnadar, skårar også godt på dei fleste kvalitetsområda som er evaluerte. Evalueringa finn ein i kapitela 12-15, med oppsummering i kapittel 16.

Følgjande strukturelle endringar vert tilrådd:

Nr	Ferdig innført	Barnehagestruktur	Barneskulestruktur	Ungdomsskulestruktur	Kommentar
1	Skulestart 25/26	Alternativ 1b Austebygd slåast saman med Bø barnehage Marihøna vert lagt ned Prestmarka samlast i avdeling Solhall med oppussing etter plan Sæbø barnehage får nye lokalar i Sæbø skule og blir oppvekstsenter	Alternativ 2 Austebygd går til Hordabø Myking går til Lindås b Kløvheim går til Ostereidet b Eikanger går til Leiknes Sæbø 5-7 går til Alversund Sæbø oppveksttun vert skipa med barnehage og småskule i skulebygget på Sæbø		Elevar frå Sæbø gis fortrinn til å velge Knarvik u før elevar frå Ostereidet krets
2	Skulestart 26/27	Juvikstølen: Tiltak som skildra i alternativ 0+	Grasdalen og Seim: Tiltak som skildra i alternativ 0+		
3	Skulestart 28/29		Alternativ 3 Manger og Radøy blir 1-10 skule i utvida Radøy u Lindås b og Lindås u blir 1-10 skule i utvida Lindås b Rosslan b: Oppgradering og tilpassing når Rosslan u flyttes Alternativ 4: Vestbygd til utvida og rehabilitert Sagstad	Alternativ 3 Manger og Radøy blir 1-10 skule i utvida Radøy u Lindås b og Lindås u blir 1-10 skule i utvida Lindås b Rosslan u, Ostereidet u og Meland u går til utvida og rehabilitert Knarvik u	Tiltak ungdomstrinn og 1-10 krev planarbeid og større prosjektering med involvering av brukarar

Strukturendringa gjev eit samla potensiale for innsparing for barnehage, barneskule og ungdomsskule, målt mot Alternativ 0+, i storleiksorden NOK 81 mill. i samla årlege driftsutgifter, med full effekt frå 2029.

Korrigert i versjon 3 av rapporten:

Ungdomsskulestruktur:

- Kapitalkostnad alternativ 1 er redusert med NOK 4,3 mill., til NOK 20,2 mill.
- Kapitalkostnad alternativ 2 er redusert med NOK 4,3 mill., til NOK 20,5 mill.

Revisjonen reduserer forskjellen mellom alternativ 1 og 3, og mellom alternativ 2 og 3, med NOK 4,3 mill i årleg driftskostnad, men påverkar ikkje samla driftskostnad i tilrådd alternativ 3.

Innhold

1	Bakgrunn	12
1.1	Politisk forankring	12
1.2	Organisering av arbeidet	13
1.2.1	<i>Organisasjon – avgjersler og medverknad</i>	13
1.2.2	<i>Planprosess, involvering og høyring</i>	14
1.2.3	<i>Ekstern konsulent – Norconsult AS si rolle i planarbeidet</i>	16
2	Nasjonale føringar	17
2.1	Barnehage	17
2.1.1	<i>Lovverk og rammer for barnehageverksemd</i>	17
2.2	Skule	19
2.2.1	<i>Opplæringslova - Formålet med opplæringa</i>	19
2.2.2	<i>LK20 - Fagfornyelsen</i>	20
2.3	Felles barnehage og skule	20
2.3.1	<i>Barns bestevurderingar</i>	20
2.3.2	<i>Laget rundt barnet</i>	21
2.3.3	<i>Universell utforming og likeverdig tilbod</i>	22
2.3.4	<i>Helse og miljø i barnehagar og skular</i>	24
3	Innhold og kvalitet i barnehage og skule	27
3.1	Barnehage	27
3.1.1	<i>Kvalitet og styringssignal</i>	27
3.1.2	<i>Kvalitet og kompetanseutvikling</i>	27
3.1.3	<i>Barnehagens fysiske inne- og utemiljø</i>	28
3.1.4	<i>Kompetanseutvikling</i>	29
3.1.5	<i>Retten til eit tilrettelagt tilbod og kvalitet for barnet</i>	29
3.1.6	<i>Kvalitet og barnehagestorleik</i>	30
3.2	Skule	32
3.2.1	<i>Kjenneteikn på skular som lukkast</i>	32
3.2.2	<i>Skulebygg – læring, trivsel, helse og tryggleik</i>	33
3.2.3	<i>Skulesamanslåing og læringsresultat</i>	35
3.2.4	<i>Skulestorleik og kvalitet</i>	35
3.2.5	<i>Skuleleiing</i>	36
3.2.6	<i>Rekruttering og kompetanse</i>	39
3.2.7	<i>Pedagog og pedagogikk</i>	40
3.2.8	<i>Norm for lærartettleik</i>	40
3.2.9	<i>SFO</i>	41
3.2.10	<i>Leksehjelp</i>	41

3.2.11	<i>Tverrfagleg samarbeid</i>	42
3.2.12	<i>Skule og lokalsamfunn</i>	42
3.2.13	<i>Skuleskyss</i>	45
3.3	Organisasjon og endring	47
3.3.1	<i>Organisasjonskultur</i>	48
3.3.2	<i>Dei tilsette sitt perspektiv</i>	48
3.3.3	<i>Vellukka samanslåingsprosessar</i>	49
3.4	Formålsbygg – vedlikehald, helse, levetid og økonomi	50
3.4.1	<i>Skular og barnehagar som fysisk arbeidsplass</i>	51
4	Kommunale føringar og planverk	52
4.1	Kommuneplanen sin samfunnsdel	52
4.2	Kommunedelplan for oppvekst	55
4.3	Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv	63
4.4	Sluttrapport Mulighetsstudie senterstruktur Alver kommune	66
4.5	Temaplan Bygg og eigedom	70
4.6	Lokale satsingar for kvalitet i barnehage og skule	74
4.6.1	<i>Barnehage</i>	74
4.6.2	<i>Skule</i>	74
5	Støttetenester Alver kommune	78
5.1	Skulehelsetenesta	78
5.2	PPT	80
5.3	Barneverntenesta	83
6	Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg i Alver kommune	85
6.1	Prinsipp for bygging og rehabilitering av anlegg i Alver kommune	85
6.2	Kjenneteikn på gode anlegg – innspel frå brukarmedverknad	85
6.2.1	<i>Tilsette: Kjenneteikn på gode anlegg</i>	86
6.2.2	<i>Foreldre: Kjenneteikn på gode anlegg</i>	88
6.2.3	<i>Referansegruppe sårbare barn, kultur og idrett: Kjenneteikn på gode anlegg</i>	90
6.2.4	<i>Elevar om eigen skule:</i>	91
6.2.5	<i>Elevar: Kjenneteikn på gode skulebygg</i>	92
6.2.6	<i>Elevar: Kjenneteikn på gode uteområde</i>	93
6.3	Prinsipp for utforming av barnehagar og skular	94
6.3.1	<i>Helse, miljø og sikkerheit (HMS)</i>	94
6.3.2	<i>Trivsel, inkludering og folkehelse</i>	95
6.3.3	<i>Leik, læring, pedagogisk funksjonalitet</i>	96
6.3.4	<i>Berekraftig bygg og drift</i>	97
7	Eksisterande barnehagar og struktur Alver kommune	99
7.1	Oversikt	99
7.2	Kommunale barnehagar – barn og kapasitet	100

7.3	Kart – lokalisering barnehagar	100
8	Eksisterande skular og skulestruktur Alver kommune	101
8.1	Oversikt og organisering	101
8.2	Kart - Bustadkonsentrasjon og lokalisering av kommunale grunnskular	104
9	Evaluering av pedagogisk funksjonalitet – skular og barnehagar	106
9.1	Dei einskilde barnehagane – oppsummering evaluering	107
9.2	Dei einskilde skulane – oppsummering evaluering	108
10	Prognosar – framskriving av elev- og barnetal	109
10.1	Forventa utvikling i barne- og elevtal Alver kommune	109
10.2	Prognosar - Følgjer for Temaplan barnehage- og skulebruksplan	112
11	Skule og barnehagestruktur	113
11.1	Barnehagestruktur i Noreg	113
11.2	Vurdering av kapasitet og godkjend leike- og opphaldsareal	114
11.2.1	<i>Etterspurnad etter barnehageplass</i>	115
11.2.2	<i>Tal kommunale og private plassar</i>	117
11.3	Skulestruktur i Norge	119
11.3.1	<i>Årsaker til skulenedlegging</i>	120
11.3.2	<i>Privatskular</i>	120
11.3.3	<i>Endring av skulestruktur</i>	120
11.3.4	<i>Nærskuleprinsippet</i>	121
11.4	Metode for vurdering av framtidig struktur	125
12	Framtidig barnehagestruktur	128
12.1	Alternativ 0 - Noverande barnehagestruktur	128
12.2	Alternativ 0+ – barnehagestruktur	133
12.3	Alternativ 1a – barnehagestruktur	137
12.4	Alternativ 1 b – barnehagestruktur	141
12.5	Alternativ 2 – barnehagestruktur	145
12.6	Oppsummering evaluering struktur barnehage	148
13	Framtidig barneskulestruktur	149
13.1	Kretsgrenser	149
13.2	Alternativ 0 - Noverande barneskulestruktur	149
13.3	Alternativ 0+ barneskulestruktur	160
13.4	Alternativ 1 – barneskulestruktur	165
13.5	Alternativ 2 – barneskulestruktur	172
13.6	Alternativ 3 – barneskulestruktur	177
13.7	Alternativ 4 – barneskulestruktur	182
13.8	Oppsummering evaluering struktur barneskule	187
14	Framtidig ungdomsskulestruktur	188

14.1	Kretsgrenser	188
14.2	Alternativ 0 - Noverande ungdomsskulestruktur	188
14.3	Alternativ 0+ ungdomsskulestruktur	199
14.4	Alternativ 1 – ungdomsskulestruktur	204
14.5	Alternativ 2 – ungdomsskulestruktur	209
14.6	Alternativ 3 – ungdomsskulestruktur	214
14.7	Oppsummering evaluering struktur ungdomsskule	218
15	Økonomi	219
15.1	Føresetnadar for utrekning av kostnadar	219
15.1.1	<i>Norsk prisbok – kontoplan</i>	220
15.1.2	<i>Kostnadar ved strukturendringar som fører til kombinerte 1-10-skular</i>	221
15.1.3	<i>Tilskot private barnehagar</i>	221
15.2	Kostnadar barnehage - oppsummering	223
15.2.1	<i>Kostnadar løn og barnehagedrift barnehage:</i>	224
15.2.2	<i>Kapitalkostnad investering barnehage:</i>	226
15.2.3	<i>FDV-kostnadar barnehage:</i>	227
15.2.4	<i>Konkretisering av innsparingspotensiale – den einskilde barnehage</i>	228
15.3	Kostnadar barneskule - oppsummering	231
15.3.1	<i>Kostnadar løn og skuledrift barneskule:</i>	232
15.3.2	<i>Kapitalkostnad investering barneskule:</i>	233
15.3.3	<i>FDV-kostnadar barneskule:</i>	235
15.3.4	<i>Kostnadar skuleskyss barneskular</i>	236
15.4	Kostnadar ungdomsskule - oppsummering	237
15.4.1	<i>Kostnadar løn og skuledrift ungdomsskule:</i>	238
15.4.2	<i>Kapitalkostnad investering ungdomsskule:</i>	239
15.4.3	<i>FDV-kostnadar ungdomsskule:</i>	240
15.4.4	<i>Kostnadar skuleskyss ungdomsskular</i>	240
16	Oppsummering og tilråding struktur – samla for barnehage, barneskule og ungdomsskule	241
16.1	Samla tilråding og rekkefølge på tiltak	242
16.2	Samla kostnadar oppsummert	244
16.3	Strukturforslag: overordna kommunale føringar og målsetjingar	245
16.4	Kart tilrådd struktur skule	246
16.5	Kart tilrådd struktur barnehage	247
17	Litteratur	248

1 Bakgrunn

1.1 Politisk forankring

Alver kommune vedtok 23.11.2023 i kommunestyresak 195/23 planprogram for utvikling av barnehage- og skulebruksplan i Alver kommune. Planprogrammet gav følgjande føringar for kommunedelplanen:

Kommunane har ansvaret for å sikre at drifta av dei kommunale barnehagane og skulane er i tråd med gjeldande lovverk, forskrifter og rammeverk. Barnehagen skal vera ein kulturarena der barna deltek som medskaparar av eigen kultur, i ei atmosfære prega av glede og humor. Det fysiske miljøet i barnehagen skal både være trygt og utfordrande, gje barna varierte opplevingar innan aktivitet, rørsle, leik, og samhandling, og ta omsyn til behova for omsorg og ro.

Opplæringa i skulen skal, i samarbeid med heimen, opne dører mot verda og framtida, gje elevane historisk og kulturell innsikt, og utvikle kunnskap, dugleik, og haldningar for meistring av livet og deltaking i samfunnet. Skulestrukturen skal fremje ein brei læringsarena med tilpassa undervisning og tilrettelegging, samtidig som den sikrar forsvarleg og likeverdig kvalitet innanfor gitte rammer.

Både barnehage og skule skal sikre trygge rammer for barn og elevar, gode arbeidsmiljø for tilsette, og effektiv bruk av anlegga. Desse institusjonane fungerer også som viktige møteplassar i nærmiljøet, ikkje berre for uformell leik og aktivitet, men også som arenaer for kulturaktivitetar og større samlingar arrangert av frivillige organisasjonar.

Alver kommune legg vekt på berekraftig utvikling både innanfor drift og investering. For å møte venta endringar i demografi, er det nødvendig med grundige tiltak. Økonomiplanen for 2023-26 viser behov for omfattande tiltak knytt til drift av barnehagar og skular i framtida.

I samfunnsdelen av kommuneplanen vert framtidvisjonen for Alver kommune presentert slik: "Vi vil at det skal vere godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i Alver kommune, med vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde og vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen."

Kommunedelplan for oppvekst byggjer på prioriterte område i samfunnsdelen, særleg med fokus på hovudmål 4: "Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse." Kommunedelplan for barnehage- og skulebruk skal fungere som eit politisk dokument og styringsverktøy for å nå målsetjingane som kommunen har på dette området.

Barnehage- og skulebruksplanen skal sikre ei styrt utvikling av dei kommunale barnehage- og skuleanlegga i Alver kommune. Planen vil vere i tråd med kommuneplanen sine føringar og bygge på prioriteringane frå samfunnsdelen. Planprosessen skal vere godt forankra gjennom brei medverknad frå innbyggjarar, barn og unge, tilsette og interesseorganisasjonar. Målet er å sikre gode og likeverdige tilbod som fremjar helse, trivsel, og utvikling, samtidig som den bidreg til berekraftige og attraktive nærmiljø.

- Planarbeidet skal gje ei oppdatert oversikt over anlegga
- Planen skal kome med framlegg om ein berekraftig og framtidretta struktur for barnehage og skule med god utnytting av ressursar og kvalitet i tilbodet, og sjå på konsekvensane av desse endringane.
- Planen skal fokusere på kvalitet, økonomi og bruk av anlegga i nærmiljøet på ettermiddag og i helg.

Regjeringa legg fram eit dokument kvart fjerde år som skisserer kva kommunane skal vektleggje spesielt i planlegginga dei komande fire åra. I kgl.res. 14. mai 2019, "Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023," vert det framheva at ein står overfor fire sentrale utfordringar i kommunane i tida som

kjem. Desse utfordringane omfattar å medverke til å skape eit berekraftig velferdssamfunn, eit økologisk berekraftig samfunn, eit sosialt berekraftig samfunn og eit samfunn som er trygt for alle.

I "Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-23" forventar regjeringa at kommunane nyttar planlegging som eit verktøy for heilskapleg berekraftig utvikling. Forventingane til innhaldet i kommunal planlegging er konkretisert gjennom tre hovudområde, jamfør FN sine bærekraftmål:

- Mål 13: Stoppe klimaendringane
- Mål 11: Berekraftige tettstader og lokalsamfunn
- Mål 9: Næring, innovasjon og infrastruktur

1.2 Organisering av arbeidet


1.2.1 Organisasjon – avgjersler og medverknad

Planprosessen har vore organisert i samsvar med vedteken prosjektorganisering i Alver kommune, som mellom anna stiller krav om å etablere ei styringsgruppe, prosjektgruppe og referansegruppe ved starten av prosjektet. Følgjande organisering vart vedteke i planprogrammet:

- Politisk styringsgruppe: Utval for Levekår.
- Administrativ styringsgruppe: Kommunedirektør, assisterande kommunedirektør og kommuneadvokat.
- Prosjektansvarleg: Kommunalsjef for oppvekst.
- Prosjektleiari: Tenesteleiari plan og analyse og kommunalsjef oppvekst.
- Prosjektgruppe: Prosjektgruppa vil bestå av to hovudtillitsvalde oppvekst, hovudverneombod oppvekst, tenesteleiari barnehage, tenesteleiari skule, konsulent frå Norconsult, representant for tilsette barnehage og skule, tenesteleiari plan og analyse og kommunalsjef oppvekst.
- Referansegrupper:
 - Foreldreutval (FAU): Foreldrerrepresentantar frå alle dei kommunale skulane og barnehagane
 - Representantar frå dei private barnehagane og friskulane
 - Barn og unge (Elevråd, ungdomsråd, representantar for sårbare barn/unge)
 - Barnehagar og skular: Tilsette, samarbeidande tenester
 - Arbeidstakarorganisasjonar: Hovudtillitsvalde for Oppvekst
 - Andre grupper etter behov

1.2.2 Planprosess, involvering og høring

Arbeidet med kunnskapsgrunnlag og plan har føregått i tidsperioden oktober 2023 til april 2024, etter følgende plan:



Viktige datoar og møtepunkt i arbeidet:

- 22.06.23: Planprogram sendt på høring - Levekår
- 19.09.23: Frist høring planprogram
- 06.11.23: Etablert prosjektgruppe
- 07.11.23: Vedtak planprogram - Levekår
- 21.11.23: Møte prosjektgruppa
- 27.11.24: Møte prosjektgruppa og ungdomsråd
- 30.11.24: Informasjon til referansegruppe
- 06.12.23: Møte referansegruppe
- 18.12.23: Møte prosjektgruppa
- 09.01.24: Møte referansegruppe - FAU og foreldre
- 12.01.24: Møte referansegruppe - elevråd og ungdomsråd
- 15.01.24: Møte prosjektgruppe
- 15.01.24: Møte referansegruppe - kultur - sårbare barn - andre tilsette
- 29.01.24: Prosjektmøte

06.02.24: Utval Levekår - informasjon om status
19.02.24: Prosjektmøte
05.03.24: Utval Levekår - informasjon om status - styringsgruppemøte
18.03.24: Møte prosjektgruppa
20.03.24: Drøftingsmøte HTV
03.04.24: Informasjon til leiarar i barnehagar og skular
03.04.24: Politisk styringsgruppe – presentasjon av dei ulike alternativa

Framdrift vidare prosess – viktige datoar:

03.04.24: Informasjon til leiarar i barnehagar og skular
03.04.24: Politisk styringsgruppe – presentasjon av dei ulike alternativa
09.04.24: Informasjon til leiarar – innhald politisk sak
09.04.24: Politisk sak publisert
16.04.24: Utval Levekår handsamar sak – sende plan på høyring
22.04.24: Dialogmøte Rossland og Frekhaug
29.04.24: Dialogmøte Ostereidet og Knarvik
30.04.24: Dialogmøte Manger og Lindås
31.05.24: Frist for å kome med innspel til høyringa
04.06.24: Informasjon om innspel i høyringa – Levekår
04.06.24: Møte i referansegruppe
05.06.24: Informasjon til leiarar i barnehagar og skular
26.08.24: Informasjon til leiarar – kommunedirektøren si innstilling
26.08.24: Politisk sak publisert
02.09/03.09: Råd/Levekår handsame sak – uttale til FO
05.09.24: Formannskapet innstilling til KO
19.09.24: Vedtak i kommunestyret

1.2.3 Ekstern konsulent – Norconsult AS si rolle i planarbeidet

Norconsult AS har bistått Alver kommune i utarbeidinga av temaplan for barnehage- og skulestruktur, med følgjande oppgåver:

- Funksjonskartlegging: Funksjonskartlegge og skildre alle dei kommunale barnehage- og skuleanlegga, gjennom utvikling av kriterium, gjennomføring av spørjeundersøking, synfaring og teikningsanalyse.
- Prinsipp for anlegg: Leie arbeidet med å utarbeide prinsipp for utforming av barnehagar og skular i Alver kommune.
- Brukarinvolvering: Leie medverkande møte med ulike interessentar: Tillitsvalde, verneombod, FAU-representantar, tilsette, representantar for sårbare barn og representantar frå kultursektoren.
- Involvere ulike kommunale instansar, og hente informasjon og kunnskap frå Eigedomsavdelinga, Planavdelinga, Helse og Økonomi.
- Utvikle kriterium for ny struktur på bakgrunn av planprogrammet, medverknadsprosessar og arbeid i prosjektgruppa.
- Vurdere prissette og ikkje prissette konsekvensar av å halde fram med dagens barnehage- og skulestruktur, i tillegg til vurdering av nye strukturforslag for barnehage, barneskule og ungdomsskule.

2 Nasjonale føringar

2.1 Barnehage

2.1.1 Lovverk og rammer for barnehageverksemd

Barnehagens formålsparagraf startar slik:

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barnekonvensjonen art. 3 og art. 12, Grunnlova § 104 og forvaltningslova § 17 at barnets beste skal vera eit grunnleggjande omsyn. Dette er heimla i barnehagelovas § 3, fjerde ledd.

I alle handlinger og som gjelder barn i barnehagen, skal hva som er best for barnet, være et grunnleggjande hensyn.

Barnehagen er den første delen av utdanningsløpet, og skal gi barn ein god start, uavhengig av bakgrunn og behov. I eit trygt og godt barnehagemiljø opplever barnet at dei tilsette til barnehagen og omgjevnadane til barnehagen er ei ramme dei ønsker å vere i, kjenner seg heime, opplever glede, kjærleik, omsorg og fridom til å vera seg sjølv. Kvaliteten «trygt og godt barnehagemiljø», skal synast i praksis. Foreldre, barn og tilsette skal ha låg terskel for å melda frå dersom det ikkje opplevast slik.

Kvalitet er ikkje ein konstant dimensjon, men eit resultat av systematisk og prosessuelt arbeid med alle område som utgjer kvalitet. Kvaliteten sit i kompetanse, i bygningar, uteområde, prioriteringar som blir gjorde for kvar enkelt barnehage, i moglegheit for å leggja til rette for enkeltbarn og gruppe m.m. Kvalitet kan oppfattast ulikt avhengig av kva posisjon ein ser verksemda frå, anten ein er barn, tilsett, forelder, styresmakt eller forskar. For kvar enkelt barnehage er det viktig å ha fokus på at kvalitet i barnehagen i stor grad handlar om det som skjer kvar dag, og kan beskrivast som «ferskvare». Med andre ord; det barnet, foreldre og tilsette opplever kvar dag. Dette gir dei som eig og jobbar i barnehage eit spesielt ansvar for å jobba systematisk med kvalitet både overordna og i praksis.

Vidare seier formålsparagrafen at barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrong i barnehagen. Dei skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen, og utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Barna har rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, anerkjenne barndommen sin eigenverdi, og bidra til trivsel og glede i leik og læring. Det skal være ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling, og motarbeide alle former for diskriminering.

I 2017 kom ein ny Rammeplan for barnehage. Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, bli praktisert og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet til barnehagen. Barndommen har eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til utviklinga til barna. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ta vare på behovet til barna for omsorg og leik og framme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.

Rammeplanen er overbyggane som pedagogisk plattform for alle barnehagar i Noreg. Innanfor kvar barnehage har ein eit stort handlingsrom til å løysa oppgåver, velja profil, innhald og metode, så lenge dei ulike rollane

handlar i tråd med det vedtekne formålet og fagområda, og utviklar kvalitet i tråd med dette. Det er eit krav i Rammepleanen for barnehagar at årsplan til kvar enkelt barnehage skal leggjast til grunn som vurderingskriterium for kvalitet. Barnehagane skal dokumentere og vurdere eige arbeid.

Ambisjonane i lova, rammeplan og kvalitetsmeldinga er høge og mandatet komplekst, og forventningane dette legg på barnehageeigar og leiing og tilsette i barnehagane i Alver kommune er store. Det er barnehageeigar sitt ansvar å setje barnehagane i stand til å møte dei høge krava om ein god barnehage for alle.

Barnehagen er det første trinnet i utdanningsløpet og skal legge grunnlaget for vidare utvikling, læring, danning og demokratisk deltaking. I løpet av barnehageåra gjennomgår barn ei enorm utvikling på alle område. Forsking viser at hjernen er særleg mottakeleg og sensitiv for stimulering og erfaringar dei første åra. Det barna opplever desse åra, har stor betydning for seinare utvikling og læring. Det er difor svært viktig med god barnehagekvalitet for alle barn.

Det er godt dokumentert at gode barnehagar kan bidra til å redusere sosial ulikskap og kompensere for manglande støtte og stimulering heime når det er nødvendig. Barnehagar er særleg viktige for minoritetsspråklege barn si norskspråklege utvikling og deira deltaking i det norske samfunnet. God støtte til barn i barnehagealder har oftare større innverknad på barn si utvikling enn tiltak seinare i livet.

Gode barnehagar opnar verda for barna, legg til rette for meningsfulle opplevingar og støttar opp om barn si lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Alle barn er forskjellige og skal få den støtta og tryggleiken dei treng for å utvikle identitet og vere del av fellesskapet i barnehagen. Kulturelt og språkleg mangfald er ein naturleg del av barnehagekvardagen. Barnehagen skal synleggjere, verdsette og fremje mangfald og gjensidig respekt. Alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, slik som FN's barnekonvensjon.

Dei tilsette i barnehagane gjer den viktigaste jobben for at alle barn skal ha eit godt tilbod kvar einaste dag. Regjeringa har som mål at barnehagane skal vere profesjonelle læringsfellesskap som systematisk jobbar med å utvikle kvaliteten, og som har leiarar og tilsette med relevant kompetanse.

Å leggje til rette for kvalitet i barnehagekvardagen føreset innsats frå fleire aktørar på alle nivå i sektoren. For at barnehagane skal lukkast med å gi alle barn eit godt tilbod, er det viktig at dei tilsette får god støtte og rettleiing, har faglege diskusjonspartnarar, at barnehagane får gode rammevilkår, og at det er tydelege forventningar til barnehagens innhald og dei tilsette sine oppgåver. Dette er først og fremst barnehageeigar sitt ansvar.

Barnehagesektoren er mangfaldig, med ulike eigartypar og pedagogiske profilar. Dette mangfaldet opnar for innovasjon og aukar foreldra sin valfridom. Men mangfaldet kan også gje utfordringar. Fleire rapportar peikar på betydelege variasjonar i kapasitet og kompetanse mellom barnehageeigarar og kommunane som barnehagemyndigheit. Det varierer korleis barnehagemyndigheita rettleier barnehagane og fører tilsyn for å sikre at dei følgjer barnehagelova med forskrifter, inkludert rammeplanen. Samarbeidet mellom kommunar og private barnehagar er generelt godt, men det finst døme på utfordringar, der konkurranse kan hemme samarbeidet.

Kunnskapsgrunnlaget viser at private barnehagar ikkje alltid er inkluderte i det tverrfaglege samarbeidet i kommunen. Nyleg vedtak i Stortinget presiserer at barnehagar har plikt til å samarbeide med andre velferdstenester når det er nødvendig for å gi eit bestemt barn eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod.

I dette landskapet er det viktig med god rolleforståing hjå aktørane. Barnehageeigar har ansvaret for at barnehagetilbodet er i samsvar med barnehagelova, rammeplanen og andre forskrifter. Eigar må sikre at barnehagane har tilsett med relevant kompetanse og utvikle planar for kompetanseheving av personalet.

Kommunen eig dei kommunale barnehagane og er den lokale barnehagemyndigheita for alle barnehagar i kommunen. Kommunen skal handsame private og kommunale barnehagar likt når den utfører oppgåver som barnehagemyndigheit. Kommunen skal organisere desse oppgåvene på ein måte som held dei åtskilt frå oppgåvene som barnehageeigar. Som barnehagemyndigheit skal kommunen sjå til at barnehagane blir drivne i tråd med regelverket, gjennom rettleiing, godkjenning, finansiering og tilsyn. I tillegg har kommunen ansvaret for å utvikle lokalsamfunnet og tilfredsstillе innbyggjarane sine behov for tenester. Dette inkluderer å sikre at barnehagane, uavhengig av eigarskap, kan delta i tverrfagleg samarbeid når det er nødvendig for å ivareta barn sine behov.

2.2 Skule

2.2.1 Opplæringslova - Formålet med opplæringa

"Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring..." Slik byrjar formålsparagrafen i opplæringslova og set dermed retning og standard for arbeidet i og med skulen. Mandatet er breitt og komplisert, og er knytt til utvikling av heile menneske, til beste for seg sjølv og det samfunnet dei er, og skal vere, ein del av.

Historisk sett har skulesektoren og lærarprofesjonen hatt stor grad av autonomi og fridom til å velje undervisningsmetodar, noko som har ført til variasjonar i pedagogisk praksis og tilnærmingar, inkludert ulike tilnærmingar til klasseleiing. Dette har òg resultert i avgrensa samarbeid og generell manglande utvikling på mange skular. No utfordrast denne tradisjonen av politiske og faglege føringar. Fleire forskarar argumenterer for at det er nødvendig med systemisk og heilskapleg skuleutvikling for å forbetre elevane sine læringsresultat, skulane sine prestasjonar og resultat (t.d. Robinson, 2009; Roald, 2012; Irgens, 2016). Eit viktig aspekt er skulane si kollektive læringsevne som organisasjonar, det vil seie deira evne og vilje til å tilpasse seg endringar ved å bryte med etablerte åtferdsmønster og praksis (Irgens, 2016).

I norsk skule pågår det i dag ei utvikling som på fleire område krev store endringar i åtferd blant leiarar, pedagogar og i heile skuleorganisasjonen. Sentrale utviklingstrekk og retningslinjer, ofte omtalt som "21st Century Skills", har ført til at læreplanane fokuserer meir på mellom anna djupnelæring og tverrfagleg læring, samt vektlegg betydninga av systemisk tenking for å betre skulen sitt kvalitetsarbeid. I tillegg har kompetanseomgrepet blitt utvida til også å inkludere utviklinga av elevane sine sosiale og emosjonelle dugleikar, samt deira generelle evne til å utforske og lære (jf. NOU 2015:8).

Utvikling krev endring, og endring er krevjande både for organisasjonen og den einskilde. Det krev erkjenning frå alle involverte partar av kor ein er og kor ein skal, og ei felles forplikting til å delta. Forskinga innanfor organisasjonsfaget har tydeleg vist at kollektiv åtferd, spesielt i samanheng med endringar i organisasjonen, er betydeleg påverka av kultur (Schein, 2011). Gjennomføring av endringar som til dømes innføringa av nye læreplanar, nye rutinar og annan praksis, vil derfor vere avhengig av kulturen si evne til å tilpasse seg på kvar einaste skule. For at skular skal kunne møte og tilpasse seg dei utfordringane som kjem, blir skulen si evne til å påverke og utvikle eigen kultur avgjerande. Dette er nødvendig fordi mange av dei retningslinjene som blir gitt, vil krevje store endringar i åtferda til skuleleiarar, rådgjevarar, pedagogar og andre tilsette. Skulen si evne til å lære som ein organisasjon er dermed nært knytt til utviklinga av kulturen. Alver si målsetjing om likeverdige, inkluderande tilbod med god kvalitet resonnerer godt med fleire nasjonale føringar innanfor skulefeltet. I Overordna del til læreplanverket, under Prinsipp for skolens praksis, står det at;

«Skolen skal legge til rette for læring for alle elever og stimulere den enkeltes motivasjon, lærelyst og tro på egen mestring» (UDIR - Overordnet del, 2017). Vidare heiter det at: «Skolen må gi alle elever

likeverdige muligheter til læring og utvikling, uavhengig av deres forutsetninger. God klasseledelse bygger på innsikt i elevenes behov, varme relasjoner og profesjonell dømmekraft. For å skape motivasjon og læringsglede i undervisningen trengs et bredt repertoar av læringsaktiviteter og -ressurser innenfor forutsigbare rammer ... Tilpasset opplæring er tilrettelegging som skolen gjør for å sikre at alle elever får best mulig utbytte av den ordinære opplæringen. Skolen kan blant annet tilpasse opplæringen gjennom arbeidsformer og pedagogiske metoder, bruk av læremidler, organisering, og i arbeidet med læringsmiljøet, læreplaner og vurdering. Lærerne må bruke et godt faglig skjønn i arbeidet med å tilpasse opplæringen. Tilpasset opplæring gjelder alle elever, og skal i størst mulig grad skje gjennom variasjon og tilpasninger til mangfoldet i elevgruppen innenfor fellesskapet.»

I dette legg forskrifta føringar for ein likeverdig, tilpassa og inkluderande praksis i alle klasserom, i alle skular i Alver kommune.

2.2.2 LK20 - Fagfornyelsen

Frå hausten 2020 følgjer grunnskular og vidaregåande skular nye læreplanar for opplæringa. Denne revideringa av læreplanane vert ofte kalla «Fagfornyelsen». I Fagfornyelsen vert samanhengane mellom opplæringslova sin formålsparagraf, verdigrunnlaget, tverrfaglege tema knytt til danning og livsmeistring, grunnleggjande ferdigheiter og kompetansemåla i dei ulike faga vektlagde.

Overordna del i Fagfornyelsen har status som forskrift til opplæringslova. Overordna del synleggjer kva krav og forventningar som blir stilt til skular og lærarar for at desse samanhengane skal kunne gjennomførast i praksis. Eitt av krava i overordna del er at undervisningspersonalet skal utvikle seg kollektivt som eit profesjonsfellesskap. Tanken er at lærarar som i fellesskap reflekterer over og vurderer planlegging og gjennomføring av undervisninga, utviklar ei rikare forståing av god pedagogisk praksis. Dette må gjerast med utgangspunkt i både profesjonens kunnskapsgrunnlag og grunnopplæringa sitt verdigrunnlag (LK20).

Når kunnskapane til den einskilde pedagogen blir utgangspunkt for refleksjon og læring i team av lærarar, kan skulen over tid utvikle felles forståing av god undervisning og læring. Kollektiv læring i organisasjonar føreset felles forplikting til langsiktig innsats og ein openheit for ulike verkelegheitsoppfatningar av skulen.

I læreplanen får lærarane og profesjonsfellesskapet metodefridom i arbeidet med å nå kompetansemåla i dei ulike faga. Dette stiller samstundes krav til at skulane må leggje til rette for varierte arbeidsmåtar som skal gi elevane erfaringar med praktiske og skapande aktivitetar og oppgåver. Å tileigne seg kunnskap gjennom øvingar, praksis, eksperiment og opplevingar, individuelt og i grupper, utfordrar også skulebygningane, og stiller krav til lærarane som skal ta nye læringsarenaer i bruk.

2.3 Felles barnehage og skule

2.3.1 Barns bestevurderingar

Barnekonvensjonen artikkel 3 og artikkel 12 (Sameinte nasjonar, 1989), Grunnloven § 104 (Grunnloven, 2021) og forvaltningslova § 17 (Forvaltningsloven, 2021) gir alle barn rett til å bli høyrte i saker som gjeld dei og at barnets beste skal være eit grunnleggjande omsyn.

Utdanningsdirektoratet utarbeidde i 2017 ein eigen rettleiar for bruk av barnekonvensjonen i saksbehandling (UDIR, 2017). Rettleiaren gir retningslinjer for kva som er grunnlag for vurderingar og korleis slike vurderingar vert gjorde på individ- og gruppenivå.

Omsynet til barnets beste er ein rett, eit grunnleggjande omsyn og ein saksbehandlingsregel. Det betyr at omsynet til barnets beste alltid skal vurderast, og det vil vere ein saksbehandlingsfeil dersom ei slik vurdering ikkje er gjort. Omsynet til barnets beste er ikkje den einaste faktoren som skal vurderast. I vurderinga av kva

som er barnets beste, vil barnets eiga oppfatning vere sentral. Det er likevel ikkje alltid at barnet eller foreldra si meining er til det beste for barnet.

Sjølv om det er juridiske heimlar som forankrar barns beste, er det i planarbeid ikkje ein fasit, men fagleg skjønnsom avgjer kva som vil vere den beste løysinga for ulike grupper. Barns beste-vurdering i eit planarbeid vil difor ikkje bli gjennomført på individnivå, men på systemnivå. Barnekonvensjonen krev at saksbehandlinga skal vere effektiv, barnevenleg og lett tilgjengeleg. I ein overordna plan for ein kommune, til dømes kommuneplanens arealdel og skule- og barnehagebehovsplanar, vil det ikkje kunne gjerast enkeltvurdering for kvar einskild unge.

For å kunne belyse barn sitt beste i plansaker skal det føregå ei vurdering, vekting og dokumentasjon. Det er viktig å leggje opp til ein prosess der;

- Prosess for arbeidet er varsla og kjent for alle involverte
- Informasjon om planarbeidet er tilgjengeleg
- Det er sett av tid til barn sin medverknad

2.3.2 Laget rundt barnet

«Laget rundt barnet» viser til fleire nasjonale satsingar siste tida, der kommunane både er oppfordra til, og pålagde, å ha gode rutinar for samhandling mellom ulike kommunale støttetjenester knytt til barn og ungdom. Vi viser her til nokre av føringane:

Tett på, tidleg innsats: Stortingsmelding 6 (Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*) gir tydelege signal om at samarbeidet mellom kommunale tenester må bli betre. Kompetansen skal kome nærare elevane, og for å lukkast med tidleg innsats kan det vere nødvendig å endre både arbeidsformer og strukturar. Regjeringa vil at alle barn og unge blir sett og får den hjelpa dei treng når dei treng den. Det inneber at kompetansen bør vere så nær barna som mogleg. Ein må bygge eit lag rundt barna og elevane som blant anna inkluderer lærarar, spesialpedagogiske ressursar, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT-tenesta) og helsestasjon- og skulehelsetenesta. Regjeringa vil også styrke samarbeidet mellom foreldre, barnehage, skule, skulefritidsordning (SFO) og andre offentlege tenester.

Om dei kommunale tenestene skal lukkast med å nå statens mål og intensjonar, er det ein føresetnad at einingane har kapasitet til å ha eit slikt støttesystem med naudsynt fagleg kompetanse. Det er eit overordna mål å vidareutvikle kvaliteten i barnehagar og skular, slik at alle barn og elevar får lære, meistre og utvikle seg i inkluderande fellesskap. Betre kvalitet på det ordinære tilbodet kan gi mindre behov for særskilte ordningar for einskildbarn. Samstundes kan betre kvalitet på den spesialpedagogiske innsatsen sikre at barn og unge får ein betre utvikling og lærer meir. For at kvaliteten skal bli betre, er kultur, kunnskap, kompetanse og kapasitet sentrale faktorar.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er ei oppfølging av Meld. St. 6 Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO (UDIR, 2022) .

Målet med ordninga er at alle kommunar, fylkeskommunar, barnehage- og skuleeigarar skal bygge opp tilstrekkeleg kompetanse nær barna og elevane for å kunne førebygge, fange opp og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskild tilrettelegging. Tilsette med god kompetanse og nære relasjonar til barna og elevane er avgjerande for at vi får eit inkluderande og godt utdanningsløp for alle. Barnehagar og skular skal, i samarbeid med det lokale støttesystemet, vere rusta til å møte mangfaldet blant barn og elevar.

Kompetanseløftet byggjer seg gradvis opp i perioden fram til 2025. Etter det skal det vere ei varig ordning. I løpet av 2025 skal alle kommunar og fylkeskommunar ha tilstrekkeleg kompetanse på dei vanlegaste

utfordringsområda og god inkluderande praksis. Frå 2025 skal Kompetanseløftet bidra til å vedlikehalde og vidareutvikle kompetansen i kommunar, fylkeskommunar og hjå private eigarar.

Satsinga på kompetanse omfattar heile laget rundt barna og elevane, og skal bidra til at den spesialpedagogiske hjelpa er nær barna som har behov for det. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er eitt av fleire tiltak som skal bidra til at barn og unge får den hjelpa dei treng når dei treng det, enten dei går i barnehage, grunnskule eller vidaregåande skule. Målgruppa er tilsette i barnehage og skule, barnehage- og skuleeigarar, tilsette i PP-tenesta og andre tverrfaglege tenester i kommunane og fylkeskommunane.

Barnevernsreforma, som ofte blir omtalt som ei oppvekstreform, vart nyleg sett i kraft (januar 2022). Det overordna målet med reforma er å endre barnevernets ressursbruk frå dyre og spesialiserte tiltak i fosterheimar og institusjonar, til førebygging og tidleg innsats i lokalmiljøet. Nokre av dei viktigaste førebyggjande tiltaka er gode skular, barnehagar og fritidstilbod til barn og unge, og eitt av dei viktigaste tiltaka for å sikre tidleg innsats er å styrkje det allmennpedagogiske tilbodet for barn og unge.

Alle barn og elevar, uavhengig av funksjonsnivå og kulturell bakgrunn, skal oppleve at dei har ein naturleg plass i fellesskapet der dei kjenner seg trygge og erfarer at dei har verdi. Dette krev tverrfagleg og tverretatleg kompetanse nær skulen. Denne kompetansen trengs for å få betre og meir treffsikre (differensierte) hjelpetiltak rundt barnet og familien.

2.3.3 Universell utforming og likeverdig tilbod

FN sin *Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne* seier at «Med universell utforming menes utforming av produkter, omgivelser, programmer og tjenester på en slik måte at de kan brukes av alle mennesker, i så stor utstrekning som mulig, uten behov for tilpassing og en spesiell utforming» (Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2013). Alle private og offentlege verksemder som rettar seg mot allmennheita, skal vere universelt utforma. Nye barnehage- og skulebygg skal byggjast etter kriteria for universell utforming i forskrifter til plan- og bygningslova. For at barn og elevar skal vere inkluderte i barnehagen, skulen og SFO, må alle ha lik tilgang til bygningar og uteområde. For nokre barn er det viktig med ekstra tilrettelegging, men med universell utforming oppnår vi inkludering og auka kvalitet for alle. Universell utforming av barnehagar og skular handlar difor om at bygningane og uteområda skal kunne nyttast av alle, uavhengig av funksjonsevne. Universell utforming tyder å finne enkle, praktiske og estetiske løysingar som fungerer inkluderande.

Barnehagelova

«Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfulle opplevelser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser» (Kunnskapsdepartementet, 2005).

Sjølv om universell utforming ikkje er direkte nemnt i Barnehageloven, skal barnehagane utformast slik at det blir teke omsyn til at barn har ulike funksjonsnivå. Krav til universell utforming kjem likevel fram av Forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar.

For at ein barnehage skal bli godkjend, må lokala og uteområda mellom anna vere eigna for barnehagedrift. Ved godkjenninga skal kommunen vurdere konkret om barnehagen er eigna i tråd med krava i barnehagelova som gjeld barnehagens formål og innhald.

Det fysiske barnehagemiljøet skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til ei kvar tid tilrår. Kven som er fagmyndigheiter, avheng av kva faglege normer det gjeld. Helsedirektoratet er

fagmyndigheit for miljøretta helsevern i barnehagar og skular, medan andre fagmyndigheiter kan vere Statens helsetilsyn og Direktoratet for byggkvalitet.

Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod, som det står i barnehagelova § 37. Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging, og når det vert fatta eit slikt vedtak, er det også mogleg å klage på retten.

Opplæringslova

Fysisk skulemiljø og universell utforming er regulert både i opplæringslova for offentlege skular og i friskulelova for private skular. Elevane har rett til eit fysisk skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, og skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast på ein måte som tek omsyn til tryggleik, helse, trivsel og læring. Skulane skal vere universelt utforma, slik at elevar uavhengig av funksjonsnivå kan gå på skulen og ferdast på heile skulen sitt område.

Opplæringslova § 8-1 seier at alle elevar i grunnskolen har rett til å gå på nærskulen. Alle elevar skal kunne nytte skulebygget og skulens uteområde, og enkeltgrupper skal ikkje skiljast ut ved å bruke spesialtilpassa løysingar kun for dei.

Kravet om universell utforming gjeld også skulen sitt uteområde, med både tilgjengelegheit og eit likeverdig aktivitetstilbod, som til dømes tilpassa leikeapparat.

Det fysiske skulemiljøet skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til ei kvar tid tilrår. Normene er rettleiande, og det er viktig å hugse at elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Ei individuell vurdering etter § 9 A-7 i opplæringslova avgjer om den enkelte eleven har eit trygt og godt fysisk skulemiljø. Skulen må kunne dokumentere at valde løysingar gir same eller betre verknad for kvar enkelt elev dersom dei vel andre løysingar enn det fagmyndigheitene tilrår. Særskilde behov hos nokre elevar krev ekstra innsats frå skulen for å finne betre løysingar, då retten til eit godt fysisk skulemiljø skal oppfyllest for alle.

Lov om likestilling og forbod mot diskriminering

Lov om likestilling og forbod mot diskriminering vart iverksett 1. januar 2018. Lova er særleg relevant i ein barnehage- og skulebruksplan for å tryggje likestilling og hindre diskriminering på grunnlag funksjonsevne. Lova stiller krav til at alle skal ha like moglegheiter og rettar, og at det ikkje skal være noko form for diskriminering i samfunnet. Dette inneber mellom anna at barnehagar og skular må tilretteleggjast for alle barn og unge, uavhengig av deira bakgrunn og funksjonsevne.

Universell utforming i skular og barnehagar, inneber etter denne lova at alle elevar og barnehageborn, uavhengig av funksjonsevne, skal ha like moglegheiter til å delta i undervisning og aktivitetar. Dette kan omfatte tilrettelegging av fysiske forhold, IKT-løysingar og pedagogiske metode for å sikre at ingen vert diskriminert. Lov om likestilling og forbod mot diskriminering pålegg offentlege og private aktørar å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering.

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova er relevant ved utarbeiding av barnehage- og skulebruksplanar fordi ho regulerer korleis areal og bygningar kan nyttast og utformast. Lova set krav til mellom anna universell utforming, branntryggleik og energieffektivitet. Vidare gir lova rammer for utarbeiding av reguleringsplanar og byggesaker, og tryggjer at planlegging og bygging skjer i tråd med samfunnsmessige mål og omsyn.

2.3.4 Helse og miljø i barnehagar og skular

I mars 2023 vart ny forskrift om miljø og helse i barnehagar og skular fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet, med iverksetjing frå 1. juli 2023. Forskrifta er heimla i Folkehelselova og gjeld for barnehagar, skular, skulefritidsordningar, leksehjelpsordningar, og barnetilsynsordningar med 3 eller fleire barn med vekentleg opphaldstid på 10 timar eller meir. Den regulerer òg kommunens ansvar for godkjenning og tilsyn.

Formålet med forskrifta er å bidra til at miljøet i barnehagar, på skular, skulefritidsordningar og leksehjelpsordningar fremjar barns og elevars helse, trivsel, lek og læring, og at sjukdom, skade og alvorlege hendingar blir førebygde.

Den nye forskrifta er noko forenkla, og reglar om psykososialt miljø er tekne ut. Ho omhandlar hovudsakleg det fysiske miljøet.

Kommunar og fylkeskommunar, som eigarar av barnehagar og skular, har ansvaret for å oppfylle krava i forskrifta. Dette inneber òg å stille til rådvelde dei ressursane som er naudsynte for å oppfylle krava. Det er vidareført særskilde krav til internkontroll i forskrifta, og ordlyden er no lik den i kommunelova og barnehagelova.

Verksemdene må framleis godkjennast av kommunen før oppstart av drifta. Kommunen har også ansvaret for tilsyn i tråd med forskrifta, og tilsynet skal prioriterast etter ei vurdering av helserisiko.

Det er teke inn ei ny bestemming om kommunen si oppfølging av førespurnader. Barn, elevar eller foreldre skal vende seg til barnehagen eller skulen dersom dei meiner at krava i forskrifta ikkje blir oppfylte. Dersom førespurnaden ikkje blir følgt opp innan rimeleg tid, kan ein vende seg til kommunen som tilsynsmynde, som då skal vurdere å følgje opp forholdet med tilsyn. Elevar eller foreldre har rett til å klage til statsforvaltaren på kommunen si avgjerd når dei vurderer om forholdet skal følgjast opp med tilsyn. Forvaltningslova sine reglar gjeld for ei slik klage. Andre individuelle avgjersler fatta etter forskrifta kan påklagast etter folkehelselova sine bestemmingar.

Verksemda har ansvar for å informere barn, elevar og foreldre om forskrifta sine krav til det fysiske miljøet og moglegheita til å vende seg til kommunen. Det er òg vidareført ei plikt til å informere barn, elevar og foreldre om forhold som kan ha negativ innverknad på helsa, og tiltak som blir sett i verk eller blir vurdert sett i verk.

Ein ny rettleiar til forskrifta er allereie publisert på helsedirektoratet sine sider, der dei informerer om at denne gjeld frå publiseringsdato. Det var likevel opna for å kome med innspel for å betre innhaldet fram til 15. oktober 2023, og det kjem fram av helsedirektoratet si nettside at høyringa er venta ferdigbehandla 1. mars 2023 [Helse og miljø i barnehager, skoler og skulefritidsordningar - Helsedirektoratet](#).

Rettleiaren konkretiserer bestemmingane om helsemessig tilfredsstillande verksemdar i forskrifta, og presiserer nærare krav til mellom anna plassering, inneklima, lys- og lydforhold, sanitæranlegg, reingjering, avfallshandtering, smittevern og beredskap. For helse og trivsel hos barn og elevar er det viktige at miljøet som ein heilskap er godt. Fleire negative miljøfaktorar samla kan gi større risiko for negative konsekvensar for helse og trivsel enn enkeltfaktorar kvar for seg. Verksemda må vurdere og sikre at miljøet som heilskap er forsvarleg.

Døme på bestemmingar, henta frå [Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger - Lovdata](#):

§ 4. Helsemessig tilfredsstillende virksomhet

Virksomheten skal drives på en helsemessig tilfredsstillende måte. Virksomhetens fysiske miljø skal være forsvarlig ut fra en vurdering av faktorer i miljøet som kan påvirke barns og elevers helse, trivsel, lek og læring.

Virksomhetens lokaler og uteområder skal være utformet slik at de fremmer helse, trivsel, lek og læring for alle barn og elever. Behovene til barn og elever med funksjonsnedsettelse skal ivaretas. Lokaler og uteområder skal kunne dekke behov for aktivitet og hvile, og forebygge sykdom, skader, ulykker, overgrep og andre alvorlige hendelser.

§ 5. Beliggenhet

Den som planlegger drift av virksomhet omfattet av forskriftens virkeområde skal ved valg av beliggenhet for virksomheten ta hensyn til risikoforhold som blant annet trafikk, luftforurensning, støy, klima og områdets utforming slik at virksomhetens miljø til enhver tid er helsemessig forsvarlig.

§ 6. Inneklima

Inneklimaet, herunder temperatur, fuktighet, trekk, luftkvalitet, lukt, stråling og beskyttelse mot giftige eller helsefarlige stoffer, skal være helsemessig tilfredsstillende.

§ 7. Lysforhold

Virksomhetens lokaler skal ha helsemessig tilfredsstillende dagslys og utsyn, med mindre det for deler av lokalene av åpenbare grunner ikke er ønskelig eller nødvendig.

Virksomhetens lokaler og uteområder skal ha en tilfredsstillende belysning som er tilpasset planlagt bruk.

§ 8. Lydforhold

Virksomhetens lokaler og uteområder skal være helsemessig tilfredsstillende utformet og innredet slik at barn og elever er beskyttet mot støy og slik at deres oppmerksomhet ikke svekkes eller samtale vanskeliggjøres.

§ 11. Sanitære anlegg

Virksomhetens sanitære anlegg skal ha tilfredsstillende standard, utforming, og kapasitet.

§ 12. Rengjøring og avfallshåndtering

Virksomhetens utforming og innredning skal være tilrettelagt for tilfredsstillende renhold og avfallshåndtering.

Virksomhetens lokaler, uteområder og tekniske anlegg skal ha forsvarlig renhold. Områder som ikke er tilgjengelige for daglig renhold skal rengjøres jevnlig og ved behov.

§ 16. Vedlikeholdsplan

Virksomheten skal ha en oppdatert og langsiktig *vedlikeholdsplan som sikrer at virksomhetens lokaler og uteområder vedlikeholdes på en helsemessig tilfredsstillende måte.*

[Rettleiaren til forskrift om miljø og helse i barnehagar og skular](#) konkretiserer krava i lova, eksempelvis om § 11, sanitære anlegg:

God utforming og plassering av toaletter, dusjer, garderober og stellerom, kan påvirke barn og elevers rett til privatliv, forebygge uønskede hendelser, ha betydning for trivsel og opplevd trygghet. Ved planlegging av utforming og plassering av sanitære anlegg må man ta hensyn til dette, for eksempel ved å vurdere toaletter med tette vegger og dører.

Kapasitet og størrelse skal tilpasses virksomhetens behov. Virksomheter bør ha toaletter med tilgang fra uteområde. Plassering av toalettene i områder der det oppholder seg voksne gir mulighet for å holde god oppsikt med hva som foregår.

Størrelse på garderober bør tilpasses behovene ved påkledning, behovet for oppbevaring av tøy, og ta hensyn til antall personer som skal oppholde seg der samtidig. Det må være tilstrekkelig areal til påkledning slik at risikoen for konflikt mellom barna/elevene unngås. Trange garderober og trengsel kan bidra til at uønskede situasjoner oppstår.

Verksemda kan oppfylle krava i forskrifta på ulike måtar. Avbøtande tiltak kan bidra til at krava i forskrifta blir oppfylte, sjølv om faglege normer avvik. Dersom forhold knytt til enkeltfaktorar i miljøet avvik frå faglege normer, må verksemda kunne dokumentere at miljøet likevel er forsvarleg.

Nokre døme på kva som skal til for at skular og barnehagar er universelt utforma inkluderer:

- Fysiske forhold: Bygningar bør ha trinnfri tilkomst, heis, god innetemperatur, tilgjengelege toalett og gode akustiske forhold.
- IKT-løysingar: Digitale verktøy bør vere tilgjengelege for alle, til dømes skjermlesarar og talestyrte system.
- Pedagogiske metodar: Undervisninga bør tilpassast ulike behov, til dømes gjennom varierte læringsmetodar og tilgjengelege læringsressursar.

3 Innhald og kvalitet i barnehage og skule

3.1 Barnehage

3.1.1 Kvalitet og styringssignal

Kvalitet er ikkje ein konstant dimensjon, men eit resultat av systematisk, prosessuelt og utøvande arbeid med alle område som utgjør kvalitet.

UDIR understrekar at kvalitet ikkje er eit eintydig omgrep. I barnehagesamanheng blir kvalitet skildra ut frå underområda strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet, som er tre kvalitetsområde som heng saman. Til dømes kan dei tilsette og deira utdanning og kompetanse (strukturkvalitet) påverke korleis samspelet mellom barn og vaksne blir (prosesskvaliteten), som igjen har betydning for barnas trivsel og utvikling (resultatkvaliteten).

Barnehageeigaren har ansvaret for kvalitet og kompetanse i sine barnehagar. Kommunen er eigar av dei kommunale barnehagane. Dei inngår i det kommunale systemet og er knytte til kommunen sine overordna planar. For private eigarar er ikkje eigarskapet avgrensa av kommune og/eller fylkesgrenser. Private eigarar treng ikkje å følgje lokale politiske føringar, berre dei nasjonale føringane. Dette inneber at dei ikkje rapporterer til kommunen si administrative og politiske leiing (UDIR).

Det er kommunen som lokal barnehagemyndigheit som rettleier og fører tilsyn med kommunale og private barnehagar i tråd med gjeldande regelverk. *Nasjonale barnehagestrategi - Barnehage for ein ny tid mot 2030*, har som overordna mål at alle barn skal ha tilgang til eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet. Regjeringa skildrar personalet og deira kompetanse som barnehagen sin viktigaste ressurs og ein føresetnad for at barnehagen skal vere ein god arena for omsorg, leik, danning og læring.

Strategien skal bidra til:

- Betre kvalitet i tilbodet til barna gjennom auka kompetanse hos dei tilsette, god leiing og tilstrekkeleg bemanning.
- Auka deltaking i barnehagen gjennom låg maksimalpris og gode moderasjonsordningar.
- At fellesskapet sine ressursar går til barna gjennom betre regulering av barnehagesektoren.
- Eit meir likeverdig barnehagetilbod i heile landet gjennom å gi kommunane betre demokratisk styring og kontroll.

Dei viktigaste måla i barnehagestrategien er:

- Innan 2025 skal 50 prosent av dei tilsette i barnehagen vera barnehagelærarar.
- Fram mot 2030 skal delen barnehagelærarar og styrarar med mastergradutdanning auke. Kompetanse på mastergradsnivå vil styrkje arbeidet til barnehagane med leiing og kvalitetsutvikling.
- Det skal bli fleire fagarbeidarar i barnehagen. For resten av dei tilsette skal det liggje føre ein plan for korleis formell relevant kompetanse kan opparbeidast.
- Alle tilsette skal få høve til å delta i etter- og vidareutdanning
- Eit offentleg utval skal foreslå ulike modellar for etter- og vidareutdanning for lærarar og andre tilsette i barnehage og skule.

3.1.2 Kvalitet og kompetanseutvikling

For barnehagebarnet handlar kvalitet om sjølve formålet til barnehagen jf. § 1 i lov om barnehage, gjennom dei rammene, den kompetansen og dei prioriteringane som blir gjort hos barnehageeigar, barnehagestyrar, pedagogisk leiar og dei tilsette for å tilretteleggjar barnehagetilbodet tilpassa barnet sine behov. I

barnehagelova § 3 kan vi lese følgjande; «I alle handlinger og avgjørelser som gjelder barn i barnehagen, skal hva som er best for barnet, være et grunnleggende hensyn».

Vi finn ikkje dekning i litteraturen for å seie at barnehagetype og storleik har betydning for kvalitet, men med bakgrunn i andre studiar er det grunnlag for å seie at det er store forskjellar i kvalitet i barnehagar, og at ei rekkje forhold må ligge til grunn for eit kvalitativt godt tilbod. Den største kvalitative djupstudien er GoBaN-prosjektet (www.goban.no) som vart finansiert av Kunnskapsdepartementet og gjennomført frå 2016 til 2019. Studien følgde 1200 barnehagebarn frå dei var 2 år til dei byrja på skulen.

Studien viser til kjenneteikn som ligg til grunn for god kvalitet i barnehage:

- Det er tydeleg leing av både personalgrupper og barnegrupper, samt ein godt strukturert dag.
- Barnegruppene har eit stabilt personale med høg kompetanse og lang erfaring.
- Personalet viser entusiasme og varme, og dei er imøtekomande overfor barn, foreldre og personale.
- Personalet har felles målsetjingar og visjonar for det pedagogiske arbeidet ut frå rammeplanen sine føringar, verdiar og faglege innhald.
- Personalet har ei heilskapleg tilnærming til barn si omsorg, leik, læring og dannelsesreise, og støttar opp om barn si læring og utvikling både emosjonelt, kognitivt, sosialt og fysisk-motorisk.
- Tverrfagleg tema- og prosjektarbeid blir nytta.
- Det blir lagt opp til både vaksen- og barneinitierte aktivitetar, der både personalet og barn er involverte i dei ulike pedagogiske prosessane og aktivitetane.
- Personalet organiserer barnegruppene i mindre grupper for aktivitetar og leik, tilpassa det enkelte barnet sine føresetnader.
- Personalet legg vekt på samspel og bidrar aktivt til smidige konfliktløysingar gjennom samtalar og rettleiing, med forslag til alternative handlingar for barna.
- Personalet vektlegg barn sitt perspektiv, medverknad og trivsel i kvardagen.

Studien viser at pedagogiske leiarar opplever at fagleg samarbeid med andre instansar som PPT og barnevern har betydning for fagleg kvalitet. Vidare viste studien at organisering av barnehagen, mellom anna barn sin tilgang til barnehagelærar, var av betydning for språkutvikling.

3.1.3 Barnehagens fysiske inne- og utemiljø

¹EnCompetence, Kompetanse for utvikling av barnehagars inne- og utemiljø, var eit samarbeidsprosjekt mellom DMMH, Oslomet, Nasjonalt kunnskapssenter for barnehagar, Espira, Læringsverkstedet og Trondheim Kommune. Prosjektet blei gjennomført frå 1. august 2017 til 1. desember 2021. Målet med EnCompetence var å utvikle ny kunnskap og å teste ut nye forskingsverktøy som kan bidra til høgare kompetanse i planlegging og utvikling and det fysiske miljøet til barnehagar. Prosjektet blei finansiert av Norsk forskningsråd (NFR) gjennom programmet; Program for forskning og innovasjon i utdanningssektoren (FINNUT) (og dessutan eigendel frå partnarane).

Som eit resultat av forskinga har EnCompetence utvikla kriterier for barnehagens fysiske inne- og utemiljø. Kvalitetskriteria er utvikla innfor dei tre områda;

- Arkitektur og landskapsarkitektur
- Rom og materiell
- Utvikling og organisering

¹ [Barnehagens fysiske inne og utemiljø | Barnehagemiljø \(barnehagemiljo.no\)](https://www.barnehagemiljo.no)

Arbeidet syner at ein ved ei heilskapleg tilnærming, kan vurdere eigna fysisk miljø, både fysisk og organisatorisk, og gjennom dette meisle ut ulike satsingsområde, for å auke kompetansen på kvalitet i det fysiske læringsmiljøet. På denne måten kan ein også prioritere kva ein skal investere i pengar i anlegget over tid, som vil ha positiv effekt på barnehagen som læringsmiljø.

3.1.4 Kompetanseutvikling

Kompetanse for barnehagen i framtida - revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2023-2025 er ein revidert og oppdatert versjon av strategien Kompetanse for barnehagen i framtida 2014–2020 etter innføringa av ny rammeplan for barnehagen i 2017. Strategien held fram med tidlegare kompetansetiltak og har ein oppdatert omtale av den regionale ordninga for kompetanseutvikling i barnehagen (Rekomp) og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis skal medverke til at alle kommunar og fylkeskommunar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna for å kunne førebygge, fange opp, og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn med behov for særskild tilrettelegging. Kompetanseløftet er bygd opp over fleire år og vil omfatte fleire ulike tiltak: lokal kompetanseutvikling, vidareutdanningstilbod, kompetansepakkar og ressurs- og rettleiingsmateriell. Hovudtiltaket er lokal kompetanseutvikling med utgangspunkt i kommunane sine egne definerte behov. Private eigarar kan delta på lik linje med kommunale eigarar.

Innafor barnehageområdet finnast det fleire ulike program, metodar og modellar som har som mål å utvikle kvalitet og felles praksis i barnehagane. Døme på dette er Circle of Security, Løft-metodikk og Dei utrulege Åra (DUÅ). Ungsinn2 (Tidsskrift for virksomme tiltak for barn og unge) viser t.d. at DUÅs foreldreprogram er eit kunnskaps- og evidensbasert tiltak med solid teoretisk forankring som blir klassifiserte på evidensnivå 5, det vil seie tiltak med sterk dokumentasjon på effekt. DUÅs skule- og barnehageprogram blir klassifisert på evidensnivå 4 som tiltak med tilfredsstillande dokumentasjon på effekt. Det er likevel lite evidensbasert forskning som syner kva effekt dei ulike programma og metodane har på barnehagekvalitet. Det handlar i stor grad om merksemda kvar barnehage har kring det pedagogiske arbeidet og korleis dette er ein synleg del av praksis.

3.1.5 Retten til eit tilrettelagt tilbod og kvalitet for barnet

Allmennpedagogikk i barnehagen handlar om å leggje til rette for eit leike- og læringsmiljø der einskildbarn og barnegrupper opplever sosialt fellesskap og progresjon i utviklinga si (Rammeplanen for barnehager KD:2017). Leike- og læringsmiljøet kan variere mykje, men det må takast omsyn til barn sine grunnleggjande behov og individuelle utvikling av språk, samspel, motorikk og kognitiv læring. Barnehagen må planleggje praksis med bakgrunn i barnet si naturleg evne til å sanse, undre og utforske.

Dei tilsette i barnehagen oppfatar ofte tidleg at barnet har behov ut over det som er vanleg, men synes det kan vere vanskeleg å identifisere kva utfordringane består i. For barnet er det av stor betydning at det er låg terskel for å tilrettelegge det allmennpedagogiske tilbodet med variasjon i metodar og aktivitetar som stimulerer språk, samspel og leikemiljø.

Det er generelt stor variasjon i forståinga for kva det allmennpedagogiske tilbodet omfattar, og det vil difor også vere store skilnader i kor vi trekker skiljelinjene mellom eit allmennpedagogisk tilbod og eit spesialpedagogisk tilbod. Rammeplanen sitt kap. 7 skildrar tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte som ein del av barnehagen si pedagogiske verksemd. Det er ein føresetnad at inkludering i barnehagen handlar om tilrettelegging for sosial deltaking; «Barnehagen sitt innhold må formidles på en måte som gjør at ulike barn kan delta ut fra egne behov og forutsetninger. Barnehagen sin viktigste sosialiseringsarena er leken» (Rammeplanen for barnehage kap.7, KD 2017). Inkludering i barnehage

² [Om ungsinn | Ungsinn](#)

kan difor seiast å tilpasse læringsmiljøet til mangfaldet av barn, slik at barnet opplever naturleg tilhøyrslø og får reell moglegheit til deltaking.

Thomas Nordahl m.fl. skildrar i rapporten "Inkluderende fellesskap for barn og unge" at dagens støttesystem i arbeidet er rettighetsorientert. Dette betyr at søkjelyset i for stor grad vert retta mot det einkilde barnet og dei vanskane og problema barnet har. Individperspektivet i spesialpedagogikken står sterkt. Det kan lett føre til eit manglande fokus på dei moglegheitene som ligg i å betre barnehagemiljøet og den pedagogiske praksisen.

Rapporten kommenterer også at det ikkje er lett å få ei fullstendig oversikt over tilrettelegging for barn med særskilde behov i barnehagen ved kun å sjå på omfanget av spesialpedagogisk hjelp.

Utdanningsdirektoratet hevdar at spesialpedagogikk er å forstå og leggje til rette for læring og utvikling når barn, unge og vaksne har utfordringar med å sanse, kommunisere og lære. Dei som jobbar med barn må ha kunnskap om korleis dei kan kjenne att og følgje opp ulike behov og utfordringar, slik at dei som treng det får rett hjelp så tidleg som mogleg. Dei tilsette i barnehagen har eit spesielt ansvar for å observere og kjenne att teikn ved barnet si utvikling som skil seg frå forventa progresjon i utvikling. Dette kan handle om forseinka språkutvikling, sosiale eller emosjonelle utfordringar, eller motoriske og kognitive utfordringar som ikkje er som forventa. Det er også ofte ein kombinasjon av vanskar som medfører behov for tilrettelegging av tenesta.

Statped kan hjelpe kommunen når barn treng spesialpedagogisk tilrettelegging av barnehagetilbodet. Statped har delt spesialpedagogiske behov inn i ulike fagområde som handlar om sansevanskar, språkvanskar, ulike læreanskar, hjerneskar, autismespekterforstyrningar m.m. For barnet i barnehagealder er årsaka til det spesialpedagogiske behovet ofte ukjend. Skildringar, kompetansepakkar og rettleiarar som er tilgjengeleggjort via UDIR og Statped, er eit nyttig kunnskapsgrunnlag for barnehagane som hjelpemiddel for å nå målsetjinga om å setje i gang tidleg innsats.

3.1.6 Kvalitet og barnehagestorleik

Når det gjeld barnehagekvalitet og barnehagestorleik, er det ingen eintydige og enkle svar på dette området. Det er dei siste åra gjennomført nokre prosjekt og noko forskning som har funn som gir indikatorar for kva betydning organiseringa av barnehagen har.

Dei seinare åra har den norske barnehagesektoren gjennomgått store endringar. Ekspansiv utbygging av barnehagar, mangel på førskulelærarar og auka fokus på kvalitet har vore sentralt. Ein har òg sett framveksten av nye organisasjonsformer, der utbygging av større og ofte fleksibelt organiserte ("avdelingsfrie") barnehagar er blant dei viktige utviklingstrekk. Parallelt med dette har òg mandatet til barnehagen endra seg, ved at den er blitt ein del av utdanningssystemet.

Kunnskapsdepartementet la våren 2011 fram ein rapport om "Barnehagenes organisering og strukturelle faktorerens betydning for kvalitet". Rapporten er utarbeidd av International research institute of Stavanger (IRIS). Rapporten oppsummerer styrkar og ulemper ved dei ulike typane barnehagar:

- Dei minste barnehagane (under 45 born) kjenneteiknast av å vere oversiktlege, med nærleik og tillit. Barnegruppene er mindre, og det pedagogiske personalet brukar meir tid saman med borna enn i dei store barnehagane. Avgrensingane ligg i moglegheitene for fagleg utvikling grunna få tilsette og få pedagogar, noko som kan gje seg utslag i ei form for pedagogikk som ikkje speglar ny fagkunnskap om born sine behov for gjensidig kommunikasjon og samspel.
- Dei mellomstore barnehagane (omkring 45-80 born) ser langt på veg ut til å kombinere det trygge og etablerte erfaringsgrunnlaget med nye tankar om barnehageorganisering og pedagogikk:
Slike barnehager kommer i det store og det hele godt ut på ulike indikatorer [...] som ansattes utdanningsnivå, oppfylning av pedagognormen, areal per barn, størrelse på barnegruppene, pedagogiske lederes tilstedeværelse i barnegruppene og antall barn den enkelte voksne forholder seg

til i løpet av dagen. Mellomstore barnehager er store nok til å sikre faglig utvikling for de voksne, og små og oversiktlige nok til å ivareta trygge rammer for barn. (Sitat: Rapport IRIS – 2011/029: Barnehagenes organisering og strukturelle faktorerens betydning for kvalitet, s.8).

- Dei store barnehagane (over 80 born) framstår på fleire indikatorar som meir "profesjonelle" enn dei små. Dette viser seg i dei tilsette sitt utdanningsnivå, pedagognormen blir oppfylt i større grad, det er større grad av faste rutinar for brukarundersøkingar, trivselsundersøkingar, det å ha faste tilknytingspersonar for borna, rettleiing av assistentar og spesialpedagogstilling. Dei store barnehagane har styrken sin i at det er gode moglegheiter for fagleg utvikling og nyskaping. Samstundes er store barnehagar komplekse og har større utfordringar knytte til organisering, særleg i etableringsfasen, enn dei mindre barnehagane. Dei pedagogiske leiarane brukar meir tid til planlegging og organisering enn i dei minste barnehagane.

I sluttrapporten konkluderer IRIS med at dei mellomstore barnehagane med rundt 60 born kombinerer det beste frå dei små og store barnehagane, men slepp unna problema. Desse barnehagane er godt etablerte med gode rutinar og kjent organisering. Dette skaper tillit og tryggleik. Samstundes har dei ei stor personalgruppe der mange har pedagogisk bakgrunn. Dermed er det rom for eit godt fagleg miljø og fagleg utvikling.

Noregs største forskingsprosjekt på barnehagefeltet, GoBaN (Gode barnehagar for barn i Noreg 2016-2019), kunne ikkje finna eintydige svar på om barnehagestorleik hadde noko å seia for kvalitet i barnehagen. Men undersøkinga viser funn som at gruppestorleik, nærvær av pedagog og kompetanse har mykje å seia for kvalitet. Store barnehagar med fleksibel organisering har ei ulempe i at dei manglar stabilitet og oversikt som gir trygge rammer for dei minste barna, men om barnehagen blir organisert i avdelingar som igjen kan delast inn i grupper, har det lite å seia kor stor barnehagen er.

Uavhengig av driftsform er dette med oversiktleig struktur og eit godt og trygt barnehagemiljø det som er mest vesentleg for kvalitet for barnet. Dette er ikkje einstyddande med at små barnehagar og små miljø er det beste for barnet. Ei utfordring med små barnehagar er små fagmiljø. Vidare er det funn i undersøkinga som seier at små miljø oftare har «ein tradisjonell og noko ureflektert pedagogikk». Det er også ei stor sårbarheit i dette at ansvar for utvikling av kvalitet i stor grad fell på enkeltpersonar og ikkje på ein organisasjon som utviklar dette i eit reflektert fellesskap.

I 2015 kom Fafo-rapporten «Har barn det bra i store barnehagar?» Initiert av storbyane Oslo, Bergen, Trondheim, Kristiansand og Stavanger. Dei mellomstore barnehagane kom best ut i studien, fordi dei syntest å vera store nok til å sikra fagleg utvikling for personalet, og små og oversiktleig nok til å vareta trygge rammer for barna. Rapporten framhevar også at avdelingsorganisering, framfor baseorganisering er betre for barna. Vidare trekkjer dei fram fordelene med det store barnehagar kan tilby barn; «Store enheter tilbyr profesjonelle plussfaktorer som mangfold, fleksibilitet og faglighet, men for at dette skal fungere positivt også i praksis, behøves former for fast organisering når det gjelder barnegrupper, personale, romløsningar, dagsrytme og aktiviteter» skriv forskarane bak rapporten.

Rapporten argumenterer for at det ikkje er noko i vegen for at ein også innanfor ei stor eining kan avgrensa talet på barn og vaksne kvart enkelt barn må ta omsyn til. Gjennom organisering og logistikkhandtering burde ein kunna få til kvalitetsteikn som stabilitet, integrasjon og oversikt. I store barnehagar må ein likevel ha rom for faste barnegrupper med faste vaksne og eit fast «heimeområde». Dette gjeld særleg for dei minste barna, ifølgje Fafo-forskarane.

3.2 Skule

3.2.1 Kjenneteikn på skular som lukkast

Ein skulebidragsindikator kan tolkast som forskjellen mellom resultata skulen sine elevar faktisk oppnår (t.d. karakter på eksamen 10. trinn) og det ein forventar at elevane skal oppnå når ein tek omsyn til elevane sine føresetnader. "En skole for vår tid" er sluttrapporten frå *Ekspertgruppa for skolebidrag*. Skulebidragsindikatorane for grunnskule og vidaregåande skule viste at det er store skilnader mellom skular, kommunar og fylkeskommunar. Skulane i Alver skårar også ulikt på skulebidragsindikatorane, og dette kan fortelje om skilnader i undervisningskvalitet mellom skular og mellom hovudtrinn internt på skular.

Ekspertgruppa har vurdert korleis skuleeigarar og skular betre kan drive eit systematisk kvalitetsutviklingsarbeid for å løfte kvaliteten på opplæringa. I rapporten beskriv ekspertgruppa kva som kjenneteiknar skular og kommunar som lukkast best med å løfte kvaliteten på opplæringa for elevane. Nedanfor viser vi punktvis til funn og tilrådingar i rapporten:

Kjenneteikn ved skular og kommunar som oppnår høg kvalitet i opplæringa for elevane, kan oppsummerast som følgjer:

1. Skuleeigar viser genuin interesse for skulane sine aktivitetar, søker å forstå dei betre og styrkjer kompetansen innan skulefaglege spørsmål gjennom tett dialog med skuleleiarane.
2. Skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar er alle klare på at deira oppgåve er å ivareta skulen sitt omfattande mandat og samfunnsoppdrag, som inneber å ruste elevane for livet.
3. Det er semje mellom skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar om at den mest essensielle kunnskapen og kompetansen for å oppfylle denne oppgåva er til stades innanfor skulesystemet.
4. Skuleeigarar og skuleleiarar har tillit til eigen og skulens kompetanse og arbeider aktivt for å forsterke denne. Dei beskyttar skulen mot unødvendige forstyrringar og støy, og fokuserer på kjerneaktivitetane.
5. Skuleleiarar er synlege og opprettheld tette relasjonar til skulane. Dei legg til rette for samarbeid som inneber regelmessig vurdering og utvikling, slik at skulen kontinuerleg aukar kunnskapen om sitt eige arbeid.
6. Skuleleiarar gir lærarane mynde og ansvar for å drive skuleutviklinga. Dei følgjer nøye med på lærarane sitt arbeid i profesjonsfellesskapet.
7. Medverknad er ein integrert del av systemet, og det omfattar alle, frå skuleeigar til elevar.
8. Læring er ein systematisk prosess, der lærarane lærer av elevane, skuleleiinga lærer av lærarane, og skuleeigarar lærer av skuleleiinga. Dette skapar ein kontinuerleg syklus med kunnskapsoverføring og utvikling.

3.2.2 Skulebygg – læring, trivsel, helse og tryggleik

På oppdrag frå Utdanningsdirektoratet utarbeidde Østlandsforskning i 2008 eit notat om samanhengen mellom kvalitet på skulebygg, læring og trivsel (Schanke og Skålholt, 2008). Nokre funn, med tilvising til aktuelt studie gjennomgått av Østlandsforskning:

Studie	Funn
Helland, H. og Næss, T. 2005. God trivsel, middels motivasjon og liten faglig medvirkning. NIFU Skriftserie 4/2005. Oslo: Norsk institutt for studier av forskning og utdanning	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Elevenes vurdering av det fysiske miljøet ligger et sted mellom "i mindre grad fornøyd" og "i noen grad fornøyd". Dette kan tyde på et behov for forbedringer i det fysiske miljøet i norske skoler (ifølge forfatterne)</i> • <i>Det er en sammenheng/korrelasjon mellom elevens oppfatning av det fysiske miljøet og deres trivsel i skolen: Det er en tendens til at de elever som er mest fornøyde med det fysiske miljøet også rapporterer om høy trivsel i skolen.</i> • <i>Tre faktorer er med på forklare holdninger til det fysiske miljøet: Jenter er noe mer fornøyd med det fysiske miljøet enn gutter; yngre elever er mer fornøyde enn eldre elever; og økte ressurser i form av utstyr og materiell per elev øker elevenes tilfredshet med det fysiske miljøet</i>
Imsen, G. 2003. Skolemiljø, læringsmiljø og elevutbytte.	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Bivariate analyser viser store forskjeller i vurderingen av det fysiske miljøet: Elever i barneskolen er atskillig mer fornøyde enn elever i ungdomsskolen. En årsak kan være at kommunale investeringer i forbindelse med Reform97 i hovedsak gikk til barneskoler.</i> • <i>Multivariate analyser av elevers prestasjoner i norsk: En høyere score på observert fysisk miljø virker positivt på prestasjoner for elever i 4. klasse, virker negativt for elever i 7. klasse og har ikke signifikant betydning for elever i 10. klasse.</i> • <i>Multivariate analyser av elevers prestasjoner i matte: En høyere score på observert fysisk miljø virker positivt på prestasjoner for elever i 4. klasse, og har ikke signifikant betydning for elever i 7. og 10. trinn.</i> • <i>Multivariate analyser av elevers generelle trivsel i skole: En høyere score på elevenes vurdering av det fysiske miljøet virker positivt på elevers generelle trivsel i alle trinn (4., 7. og 10. trinn).</i>
Wågø, S., Høyland, K. og Dale, S. 2005, Universell utforming av skulebygg. Trondheim: SINTEF	<p>Rapporten konkluderer med at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>De fysiske løsningene som blir valgt påvirker elever og læreres skolehverdag, og det trengs mer tverrfaglig kunnskap om dette samspillet.</i> • <i>Eksempelskolen har på flere vis lyktes i målsettingen om å bygge en skole tilrettelagt for alle. Men nye undervisningsarealer i form av åpne landskap er utfordrende i forhold til elever med konsentrasjonsproblemer</i>
Jerkø, S., Mysen, M., Homb, A., Nersveen, J., Nilsen, A., Blom, P. og Christophersen, J. 2006, "Skolemiljø for læring - veileder for skoleeiere", Prosjektrapport 404. Oslo: Norges Byggeforskningsinstitutt.	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Det er en inkonsistens mellom skulebyggs levetid (50 år) og endringer i pedagogiske retning (ca. hvert 10 år). Et krav til nye skulebygg er at bygningen kan tilpasses endret pedagogikk på en enkel måte, mens det for eksisterende skulebygg er viktig å påse at bygningsmessige tiltak bidrar til å øke byggets tilpasningsevne.</i> • <i>Endringer av skulebygg gir i seg selv ikke endret pedagogikk, og hensiktsmessige planløsninger for ny pedagogikk vil variere med klassetrinn.</i>

	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Kunnskapsløftets krav om varierte læringsformer innebærer et krav om større vekt på varierte undervisningsarenaer.</i> • <i>For alle skolebygg er det viktig med undervisningsrom av ulike størrelser og tilstrekkelig antall grupperom.</i> • <i>Skolebyggets utforming kan bidra til å forhindre muligheter til å utøve vold og kriminalitet. Bygget bør derfor utformes slik at det er lett å holde oversikt over aktivitetene slik at det skapes færre muligheter for mobbing og hærverk.</i>
Bengt Djurstedt (red.) 1995, Skola 2000! - en antologi. Framtidens skola.	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Lek og læring er ofte uatskillelige i barns verden. Barn utvikles sosialt, følelsesmessig og motorisk gjennom leken. Det er derfor viktig med et fysisk miljø som er trygt og innbydende. Utilgjengelige, utrygge og understimulerende fysiske miljøer kan hemme barns sosiale, kognitive og fysiske utvikling.</i> • <i>Elever behøver miljøer som inspirerer til ulike typer praktisk virksomhet og handlinger.</i>
Danmarks evalueringsinstitutt 2006, Læringsmiljøer i folkeskolen – samspillet mellom læringssyn, fysiske rammer, undervisning og evaluering. Danmark: Vester kopi.	<ul style="list-style-type: none"> • <i>De fysiske rammene kan virke både stimulerende og hemmende på læringsmiljøet. Nye fysiske rammer kan påvirke elevens læringslyst i en positiv retning og inspirere lærerne.</i> • <i>I seg selv er ikke gode fysiske rammer nok til å skape gode læringsmiljøer. Skolens pedagogiske visjoner og mål må stemme overens med skolens fysiske rammer for at de fysiske rammene skal kunne virke positivt inn på læringsmiljøet.</i> • <i>Det anbefales at elevene bør innlemmes i utforming av skolens arealer i en mye større grad enn det som er tilfellet per i dag.</i>
Taskinen, T., Meklin, T., Nousiainen, M., Husman, T., Nevalainen, A., Korppi, M. 1997, Moisture and mould problems in schools and respiratory manifestations in schoolchildren: clinical and skin test findings Acta Paediatrica 86 (11), 1181–1187	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Datamaterialet besto av 99 elever fra skoler med dokumenterte mugg og fuktighetsproblemer, samt en kontrollgruppe på 34 elever fra antatt "friske" skoler. Forskerne fant at 9 elever hadde astma, hvorav 8 kom fra de "syke" skolene. En medvirkende årsak var fuktighetsproblemer hjemme; der det både var fuktighetsproblemer hjemme og på skolen steg andelen med astma fra 7 til 21 prosent. Studien viste med andre ord en tydelig sammenheng mellom astma og fuktighetsproblematikk i skolebygg, selv om det må bemerkes at test- og kontrollutvalgene var små.</i>
Savilahti, R., Uitti, J., Roto, P., Laippala, P., Husman, T. 2001, Increased prevalence of atopy among children exposed to mold in a school building, Allergy 2001: 56: 175-179	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Savilahti m.fl (2001) gjennomførte en test av allergiske reaksjoner utviklet etter skolestart i en skole med påviste mugg og fuktighetsproblemer og en skole uten påviste slike problem. Påvisning av IgE3 og tilfeller av nye allergiske reaksjoner var ifølge denne undersøkelsen signifikant større i skolen med påviste fuktighetsproblemer. Selv om ikke alle undersøkelser viser like klare sammenhenger konkluderes det med at:</i> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>muggproblemer fører til luftveissykdommer som nedsetter læringsevne (og generell livskvalitet).</i> ○ <i>Fuktighetsproblemer med mugg i skoler fører til økt hyppighet av astma</i>

Oppsummert kan ein i forskinga finne samanhengar mellom kvalitet på skulebygg og læring, trivsel, tryggleik og helse.

3.2.3 Skulesamanslåing og læringsresultat

Kunnskapssenter for utdanning ved Universitetet i Stavanger hevdar at det er lite forskning som spesifikt handlar om samanslåing av skular, og norsk forskning på området er nærmast fråverande. Senteret tilrår difor fleire studiar av fenomenet. Det finst likevel noko forskning, hovudsakleg internasjonal, som kan vere relevant for strukturplanen. Vi vil her kort presentere nokre funn. I ein studie frå Danmark frå 2016 såg forskarar på kva skulesamanslåingar har å seie for fagleg læring og elevresultat (Beuchert et al, 2016). Med utgangspunkt i skulesamanslåingar i Danmark frå 2010 og 2011 målte dei effekt av samanslåing på læring. Dei studerte testresultat eitt år før samanslåinga og inntil fire år etter samanslåinga. Funna indikerer nokre moglege negative effektar på prestasjonar på kort sikt, og at dette er mest utprega for elevar som går på skulen som blir nedlagt. Det kan sjå ut til at konsekvensane er størst for dei som har gått på små skular og på ein skule som har stengt. Den negative effekten ser ut til å svekkast over tid, noko som tyder på at det kan ha samanheng med sjølv «forstyrringa» av samanslåinga.

I ei anna studie frå 2010 har forskarar sett på konsekvensar for elevresultat ved skulesamanslåing i Kina (Liu et al, 2010). Dei finn ein variasjon, men det kan sjå ut til at dei yngste elevane opplever eit dropp, medan eldre elevar tener på det. Dette samsvarar også med funn gjorde av Norges handelshøyskole (Thoresen 2016), presentert på forskning.no: "Resultatene viser tydelig at skolenedleggelse og flytting av elever til større skoler ikke slår negativt ut for elevenes læringsresultater. Elevene presterer ikke dårligere når de må begynne på en annen skole, sier Thoresen" ([Skulenedleggelse førte ikke til dårligere resultater \(forskning.no\)](#))

3.2.4 Skulestorleik og kvalitet

Det er utfordrande å finne forskning som klårt uttalar seg om samanhengen mellom skulestorleik og kvalitet. I Noreg har debatten i stor grad gått mellom dei to pedagogikkprofessorane Thomas Nordahl (Høgskulen i Innlandet) og Karl Jan Solstad (Nordlandsforskning). Nordahl blir ofte assosiert med ei tilnærming som framhevar fordelane ved større skular, medan Solstads forskning oftast blir nytta av talspersonar for små skular og desentralisert skulestruktur. Når desse to professorane refererer til kvarandre si forskning, skjer det oftast med eit kritisk blikk.

Ein studie frå 2007 utført av professor Thomas Nordahl, blir ofte brukt som støtte for påstanden om at store skular gir betre læringsmiljø enn små. Han konkluderte med at elevane ved ein ungdomsskule, som kom frå fire små barneskular i ein kommune i Hedmark, presterte dårlegare enn elevane som kom frå større skular, når det gjaldt faktorar som sjølvdisiplin, sjølvhevding, sosial kompetanse, trivsel, motivasjon og åtferdsutfordringar. Studien har seinare blitt kritisert for å ha for lite datagrunnlag til å kunne generaliserast; det er mogleg at resultatata skuldast forhold ved dei spesifikke skulane, ikkje ved små skular generelt, og at arbeidet ikkje var tilstrekkeleg forankra i relevant forskning (Solstad og Kvalsund, 2010).

I ein artikkel frå *Senter for Praksisrettet Utdanningsforskning* (Nordahl, 2022) presenterer Nordahl ein kunnskapsoppsummering om samanhengen mellom skulestorleik, læring og trivsel i grunnskulen. Oppsummeringa bygger på funn i meta-analysar og kunnskapsoversikter frå både nasjonal og internasjonal forskning. Den overordna konklusjonen i denne gjennomgangen av litteraturen er at det er liten samanheng mellom skulestorleik og elevane si læring og trivsel på skulen. Dette betyr at variasjonar mellom skular i liten grad kan forklarast utifrå skulestorleiken åleine når det er kontrollert for andre bakgrunnsvariablar og den pedagogiske variasjonens betydning for elevane si læring. Nokre samanhengar finn ein likevel:

Fleire av studiane som var med i undersøkinga frå 2022, peikar på ein svak tendens til kurvlineære samanhengar, det vil seie at det er ei svak positiv samanheng mellom skulens storleik og elevane si læringsutbytte opp til eit visst punkt, og at det deretter blir ei svak negativ samanheng når skulane blir større (Nordahl, 2022). Dei ulike studiane peikar her i litt ulike retningar, men det kan sjå ut til at eit slikt punkt for ideell skulestorleik ligg på mellom 500 – 700 elevar for barneskular. Samstundes er det viktig å understreke at

dei skulefaglege prestasjonane statistisk sett berre vil synke marginalt om skulane er større eller mindre enn dette.

Gjennomgangen av forskning om samanhengen mellom elevane sin trivsel, mobbing og skulestorleik viser at storleiken på skulen har tilnærma ingen betydning for elevane sin trivsel og omfanget av mobbing. Den kurvlineære samanhengen som det er tendensar til i studiar om koplinga mellom skulefaglege prestasjonar og skulestorleik, finst ikkje i studiar som fokuserer på sambandet mellom skulestorleik og elevane sin trivsel og omfanget av mobbing. Storleiken på skulen forklarar ikkje åleine om elevane trivst eller ikkje trivst på skulen, sjølv om det er ein svak tendens til at elevar på småskuletrinnet trivst noko dårlegare på skular med færre enn 150 elevar. Skulestorleik åleine ser heller ikkje ut til å ha nokon effekt på omfanget av mobbing, og inneber at mobbing i liten grad kan knytast til strukturelle forhold i skulen (Nordahl, 2022).

3.2.5 Skuleleiing

Skuleeigaren har ansvaret for forsvarleg leiing ved kvar skule, inkludert rektorfunksjonen, slik det framgår av opplæringslova § 13-10: «Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringsloven og forskriftene til lova blir oppfylte, også å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.» Skuleeigaren har eit overordna ansvar for kvaliteten på tilbodet, rammevilkår og at skulane har dyktige leiarar.

I Stortingsmelding nr. 19 "Tid til læring" blir behovet for meir tid til pedagogisk leiing vektlagt. Tradisjonelt har skuleleiing vore assosiert med administrasjon, men det blir no understreka at pedagogisk leiing er sentral (Kunnskapsdepartementet, 2009-2010:15). Dagens skuleleiarar skal rette stor merksemd mot pedagogisk leiing og elevane og personalet sine læringsprosessar. Sjølv om dei fleste skuleleiarane meiner at pedagogisk leiing er den viktigaste oppgåva, ser det likevel ut til at dette arbeidet taper i konkurransen med dei administrative oppgåvene. Undersøkingar, som OECDs TALIS-undersøking (2008), stadfestar at rektorjobben har blitt meir krevjande. Rapporten "Kom nærmere!" (Langfjæran, Jøsendal og Karlsen, 2009), peikar på behovet for å frigjere tid til pedagogisk leiing og nært samspel med elevane. Rektorar er under tidspress og skuleeigaren må sikre oppfølging av skuleleiarane, profesjonsutvikling for lærarane, delegere ansvar og klargjere ansvarsområdet for aktørane på skulenivået.

Samfunnet stiller store krav til skule og utdanning, og gode skuleleiarar er nødvendige for å utvikle eit godt tilbod til elevane. Skulen skal vere ein stad der elevane har det trygt og godt, utnyttar læringspotensialet sitt, og der samarbeidet mellom skule, heim og rådsorgan styrkjer elevanes læring og utvikling. Rektor har òg ansvaret for at rådsorgana kjem i gang, saker blir handsama innan rimelege fristar, og at møtetidspunkt og faste saker i rådsorgana skal kome fram i skulen sitt årshjul. Viviane Robinson (2008) har samanfatta forskning om effektiv skuleleiing for elevane si læring. Ho understrekar at å leie og engasjere seg i lærarane si læring og utvikling er den mest effektive dimensjonen av skuleleiing. Tillitsfulle relasjonar, bruk av relevant kunnskap, og evna til å løyse komplekse problem blir også framheva (Robinson et al., 2008).

I Overordna del til læreplanverket får skuleleiinga ei sentral rolle, med ansvar for skuleutvikling, elevane og lærarane si utvikling og læring:

Det profesjonelle samarbeidet ved skolene forutsetter god ledelse. God skoleledelse forutsetter igjen ledelsesfaglig legitimitet og god forståelse av pedagogiske og andre utfordringer lærerne og andre ansatte står overfor. God ledelse prioriterer utvikling av samarbeid og relasjoner for å bygge tillit i organisasjonen. Skolens ledelse skal gi retning for å tilrettelegge for elevenes og lærernes læring og utvikling. Skoleledelsen skal lede det pedagogiske og faglige samarbeidet mellom lærerne og bidra til å utvikle et stabilt og positivt miljø der alle har lyst til å yte sitt beste. Det er skoleledelsens oppgave å

lede slik at alle får brukt sine sterke sider, opplever mestring og utvikler seg (UDIR - Overordnet del, 2020).

Utdanningsdirektoratet sitt rammeverk for rektorutdanning peikar på fem hovudområde for skuleleiing: elevane sitt læringsmiljø, profesjonsfelleskap og samarbeid, styring og administrasjon, utvikling og endring, og leiarrolla (UDIR, 2020) .

Elevane sitt læringsmiljø: Rektor er ansvarleg for elevane sine læringsresultat og skulemiljø, og for å leggje til rette for gode læringsprosessar på skulen. Rektor er ansvarleg for at alle tilsette får rettleiing og støtte i arbeidet med å skape godt læringsmiljø for elevane. Rektor si evne til å leie og utvikle lærings- og læreplanarbeid vil vere avgjerande.

Profesjonsfelleskap og samarbeid: Rektor er ansvarleg for at skulen fungerer godt som organisasjon. Rektor har òg ansvar for å sjå eigen organisasjon som ein del av ein større heilskap og bidra til utvikling av denne. Rektor si evne til å styrkje og leie profesjonsfelleskapet og til å utvikle organisasjonskultur er avgjerande, slik at alle tilsette kan og vil hjelpe og støtte kvarandre i arbeidet.

Styring og administrasjon: Rektor er ansvarleg for at skulen sitt samfunnsoppdrag blir utført. Dette inneber at rektor handlar på vegne av sentrale og lokale myndigheiter. Rektor har òg ansvar for å ha god intern administrasjon, styring og kontroll av skulen si verksemd. Rektor si evne til å leie lærarane og andre medarbeidarar i tråd med nasjonalt og lokalt vedtatt politikk vil vere avgjerande.

Utvikling og endring: Rektor er ansvarleg for utvikling og endring av organisasjonen i takt med endringar internt og eksternt, slik at organisasjonen til ei kvar tid er tilpassa sine oppgåver og kontekst. Rektor har ansvar for at skulen fangar opp endringar i samfunnet, elevgrunnlaget, føresette, teknologi og politikk og fagområda som kan vere av betydning for skulen sitt oppdrag og aktivitetar. Rektor si evne til strategisk leiing, leiing av utviklings- og endringsprosessar, og leiing av kompetanseutvikling er difor avgjerande.

Leiarrolla: Leiarar må ha eit avklart forhold til eiga leiarrolle og sitt eige leiarskap. Det er viktig med leiarar som tar initiativ og som er tydelege, involverande og demokratiske.

Det er verdt å merke seg direktoratet si vidare skildring av rektorrolla og leiing i skulen:

Dei kompetansekrava til ein rektor som vi har omtalt her, er å rekne som eit idealbilete av ein rektor. Ingen enkeltperson kan i praksis vere like god på alle områda. Samtidig er det slik at leiarrolla rommar alt dette. Leiing er ein heilskapsfunksjon og ein integrerande funksjon. Leiaransvaret er i prinsippet altomfattande. Rektor må syte for at alt blir teke vare på, men det vil vere mange som medverkar til dette. Alle leiarar må tilpasse sin leiarskap til sin eigen personlegdom, sine eigne føresetnader og sine eigne styrkar og svakheiter. [Krav og forventningar til en rektor \(udir.no\)](https://udir.no)

For å møte dagens utfordringar, har fleire norske kommunar endra leiarmodellen ved å styrkje den pedagogiske leiinga på skulane. Modellen med eit leiarteam, som inkluderer rektor og avdelingsleiarar, har blitt implementert i kommunar som Drammen, Stavanger, og Bergen. Dette teamet skal primært vere pedagogiske leiarar som er tett på elevane si læring og utvikling. Fleire stader i landet er det vanskeleg å rekruttere søkarar til skuleleiarjobbar. Det er i nokre kommunar eit eksplisitt mål at ein modell med avdelingsleiarar kan gjere rekrutteringsjobben lettare, ved at avdelingsleiarjobben kan være ein utviklingsarena for leiing, og eit springbrett til rektorjobb. Det kan òg betre rekrutteringa ved at rektor, i ein modell som denne, ikkje står åleine som skuleleiar på ein skule, men er del av eit leiarteam. Den nye modellen søkjer å fordele ansvar og oppgåver, samtidig som den gir rom for rekruttering og utvikling av leiartalent i skulen.

Kollektiv utvikling av skular

«Alle suksessrike skoler og skolesystemer i verden beviser poenget om at bare kollektivt engasjement kan gi oss de resultatene vi ønsker» (Fullan, 2014:125). Budskapet Fullan formidlar er at politikarar og profesjonelle må samarbeide for å utvikle skulesystemet. Politikarar må jobbe i takt med samfunnet og verken ligge for langt framfor eller bak. Samstundes peikar han på at skuleeigarar må vere stabile og føreseielege over tid. Dei må våge å bruke naudsynt tid, kunne tenke langsiktig og gjere sitt for å skape relasjonar og legitimitet.

Fullan ser det som sentralt at heile skulesystemet, frå dei eigentlege skuleeigarane (kommunestyret), gjennom administrasjon og tilsette, til elevar og foreldre, drar i same retning for å forbetre læringa til elevane. Han peiker på følgjande suksessfaktorar:

- sterk leiing
- intelligent ansvarleggjering
- kollektiv kapasitet
- individuell kapasitet
- moralsk formål / høge forventningar

Ei sterk leiing er viktig for å ha eit formål og handlekraft. Den må vere forankra hos politikarar, ha støtte hos lærarane, forbetre undervisninga, ha mål og høgt trykk for å kunne nå måla. Sterk leiing betyr å lage ein samarbeidande og lærande organisasjon som møttest ofte for å diskutere mål, framgang og justerande tiltak.

Intelligent ansvarleggjering handlar om å få lærarane med på laget og at ansvarleggjering blir innlemma i sjølve kulturen på arbeidsplassen.

Kollektiv kapasitet handlar om å dele kunnskap om praksis og å lære av kvarandre. Samarbeid skapar engasjement.

Individuell kapasitet er ein viktig suksessfaktor. Lærarar med høg fagleg og relasjonell kompetanse er avgjerande for elevane si læring. Det er likevel sentralt at individuelle og kollektive strategiar fungerer saman. Rektorar må fokusere på utvikling av den enkelte sin individuelle kapasitet innanfor ramma av ein kollektiv kultur i eit profesjonelt læringsfellesskap.

Det moralske formålet set søkelys på å legge lista høgt, og å utjamne skilnader for alle barn og unge i samfunnet med utgangspunkt i anlegg og ferdigheiter som trengs for å lukkast i eit stadig meir komplekst samfunn. Høge forventningar er ei tru på at alle kan lære med rett tilnærming og nok tid. Dette må innlemmast i alle strategiar og handlingar.

Ei av dei mest sentrale oppgåvene for skuleeigar og skuleleiing blir dermed å få alle i skulen til å dra i same retning. Det er viktig å vere tydelege på intensjonar, vise retning og involvere dei tilsette i prosessen med å utarbeide mål og visjonar for skulen.

I ein nyleg rapport frå Skolelederforbundet har professor Rudi Kirkhaug ved UiT undersøkt kva ønskjer og krav skulen sine tilsette har til leiarane sine. Rapporten viser at tilsette i skulen «vil ha synlige og tydeligere ledere som gjennom ord og handling viser hvilke verdier og normer som skal prege skolehverdagen». Dette samsvarar med konklusjonane frå rapporten Kirkhaug utarbeida for Skolelederforbundet i 2021. Her oppsummerer ho med at skuleleiarane ønskjer meir tid til skuleutvikling og leiarskap, heller enn til løpande administrative oppgåver.

3.2.6 Rekruttering og kompetanse

Eit vesentleg aspekt ved skulekvalitet er skulen sin kompetanse og attraktivitet. Skulen sin kompetanse handlar mellom anna om korleis skulen fungerer som ein lærande organisasjon og om skulen møter krava til kompetanse hos lærarane. I denne samanhengen kan skulestorleik vere viktig, sidan større skular har fleire tilsette, ei større leiargruppe og dermed større handlingsrom for å fylle opp lærarstillingar, utforme timeplanar og møte krav til kompetanse.

Skuleforskarane Karl Jan Solstad og Thomas Nordahl ser ut til å vere samde om lærarens betydning for kvalitet i skulen. Skulane treng formelt kvalifiserte og gode lærarar. Ifølgje Solstad er det gjennomgåande vanskelegare for små skular å skaffe kvalifiserte lærarar i periodar med lærarmangel (Solstad, K. T., Andrews, T., & Løvland, J., 2016). Vidare viser han til erfaringar frå Nordland og hevdar at skulestadens plassering og kommunikasjon kan vere viktigare for rekruttering enn skulestorleiken. Solstad peiker òg på krava om fordjuping i faga norsk, engelsk og matematikk som kom i 2015, og påpeiker at dette reduserer fleksibiliteten i bruk av lærarkrefter og kan gjere rekruttering av lærarar vanskelegare på små skular. Særleg kan det vere utfordrande for små ungdomsskular å tilby eit breitt utval av språkfag og valfag for elevane.

Skulen sin attraktivitet omfattar blant anna undervisningstilbod, lærartettleik, profesjonsfelleskap og rekruttering. Utviklingsorienterte fagmiljø er attraktive arbeidsplassar. Lærarutdanninga er no endra til femårig masterutdanning, og lærarane som blir utdanna framover, vil truleg ha meir fokus på fagleg fordjuping og fagmiljø enn allmennlærarane som vart utdanna tidlegare. Dette vil derfor få endå større betydning for skulekvaliteten i framtida.

I 2017 vart kravet om at undervisningspersonalet må ha relevant kompetanse i dei faga der dei skal undervise, forsterka. Kravet er konkretisert i §§ 14-2 og 14-3 i forskrift til opplæringslova. For å undervise i norsk, samisk, norsk teiknspråk, matematikk eller engelsk på barnetrinnet krevst det at læraren har minst 30 studiepoeng som er relevante for faget. For å undervise i norsk, samisk, norsk tegnspråk, matematikk eller engelsk på ungdomstrinnet krevst det at læraren har minst 60 studiepoeng som er relevante for faget. For å undervise i andre fag på ungdomstrinnet krevst det minst 30 studiepoeng som er relevante for faget. Dette gjeld likevel ikkje for valfaga, utdanningsval og arbeidslivsfag. Med dette kan ein seie at allmennlæraren si tid er forbi. Studentane vil i framtida bli uteksaminert med masterfordjupning i anten byrjaropplæring, eit undervisningsfag eller i pedagogikk/spesialpedagogikk.

Det er i dag lærarmangel over heile landet. Framover vil skulane i stor grad måtte rekruttere lærarar med få undervisningsfag i fagkrinsen. Ein nyutdanna lærar som har tatt utdanninga *Grunnskolelærer 1-7* har 3 eller 4 undervisningsfag, og ein nyutdanna lærar som har tatt *Grunnskolelærer 5-10* har 2 eller 3 undervisningsfag. Dermed kan det verte svært vanskeleg for små skular å tilby full stilling til nyutdanna lærarar dersom ein skal få timeplankabalen til å gå opp.

Personalet si samansetjing med omsyn til kjønnsfordeling og alderssamansetjing er òg viktig for kor attraktiv skulen er som arbeidsplass for potensielle søkjarar. I tillegg kan ein skule med jamnare kjønnsfordeling og med lærarar i ulike aldrar gi elevane eit mangfald av rollemodellar å spegle seg i. Dette er viktig for elevane si læring og trivsel.

Ein skule som kan tilby kvalifiserte pedagogar innanfor byrjaropplæring, grunnleggjande dugleikar, spesialpedagogikk eller til dømes uteskule, kan opplevast som meir attraktiv enn skular som ikkje kan tilby dette. Dette er ei viktig nyansering i vurderinga av skulekvaliteten.

Med tanke på dei nye kompetansekrava til lærarar er det òg lettare for meir attraktive skular å fylle stillingar og fag, sidan det frå 2025 krevst 30 studiepoeng for å undervise i samisk, norsk, engelsk og matematikk på barnetrinnet, og 60 studiepoeng på ungdomstrinnet, samt 30 studiepoeng i alle andre fag på ungdomstrinnet.

Det er grunn til å tru at skular som blir oppfatta som meir attraktive arbeidsplassar, lettare vil finne lærarar som oppfyller desse krava. Med tanke på vidareutdanning for lærarar som ynskjer meir kompetanse, kan det vere enklare å fylle vikarstillingar på ein skule der mange lærarar tar vidareutdanning, så her spelar skulestorleik inn.

3.2.7 Pedagog og pedagogikk

Når Alver kommune gjennom strukturarbeidet ønskjer å utvikle god kvalitet og likeverdig opplæringstilbod innanfor forsvarlege økonomiske rammer, er det sentralt å sjå til skulen si kjerneverksemd. "Elevenes læring er skolens kjerneaktivitet og det som til syvende og sist legitimerer all annen aktivitet" (Lillejord, 2003, s. 21).

Vi bruker i denne planen Lillejord si forståing av skulens kjerneaktivitet, nemleg elevane si læring. Det er då interessant å sjå på korleis skulane i størst mogleg grad kan lukkast med auka læringsutbytte for elevane. Her har John Hattie ei viktig røyst både i Noreg og internasjonalt: I 2008 gav professor John Hattie ut rapporten *Visible Learning - A synthesis of over 800 meta-analyses relating to achievement* (Hattie, 2008), der han oppsummerte 15 års forskning om kva som best fremjar mogleg læring for elever i skulen. Hatties analysar indikerer at den mest effektive læringa oppstår i det gode samspelet mellom læraren og eleven. Engasjerte og entusiastiske lærarar som gir konstruktive tilbakemeldingar og framoverretta rettleiing har stor betydning. Elevane må også ha høve til å reflektere over si eiga læring og ha rom til å evaluere undervisninga saman med læraren. Dei mest effektive tiltaka er knytte til relasjonen mellom lærar og elev, medan auka testing for å skjerpe innsats og skape konkurranse har avgrensa effekt.

Norsk forskning understrekar òg at lærarane er den viktigaste faktoren for elevane si læring, og Knut Roald viser til to norske metaanalysar som har fått mykje merksemd (Roald, 2010, s. 107): *Veien mot kunnskapslandet* (Salvanes et al., 2008) og *Lærerkompetansar og elevs læring* (Nordenbo et al., 2008). Salvanes konkluderer med at læraren spelar ei avgjerande rolle for elevane sitt læringsutbytte, men det trengs meir innsikt i kva dette faktisk inneber. Nordenbo har analysert studiar som undersøker kva lærarkompetansar som påverkar elevane si læring, og identifiserer fire område:

- Akademisk kompetanse handlar om lærarane si innsikt i undervisningsfaga.
- Lei- og organisasjonskompetanse dreier seg om tydeleg klasseleiing og evna til å ansvarleggjere elevane i utforming og etterleving av reglar.
- Didaktisk kompetanse refererer til lærarane si evne til å formidle fagleg innhald.
- Relasjonell kompetanse refererer til lærarane si evne til å inngå i sosiale relasjonar med elevane.

Dette bør ha konsekvensar for leiing og struktur i skulane i Alver; Kva rammer gjev best føresetnadar for at skuleeigar og skuleleiarane i størst mogleg grad kan fokusere på, og leggje til rette for, lærarane si utvikling av god, forskingsinformert praksis i profesjonsfellesskapet?

3.2.8 Norm for lærartettleik

I opplæringslova § 8-3 er det fastsett at departementet kan fastsetje nærare forskrift om forholdstal mellom talet på lærarar og talet på elevar per skule eller per kommune. Frå 1. august 2020 har regelen om lærarnorm etter forskrift til opplæringslova § 14A-1 gjeve føringar om at det maksimalt skal vere 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn, 20 elevar per lærar på 5.-7. trinn og 20 elevar per lærar på 8.-10. trinn. Det går fram av vedtaket i Stortinget at lærartettleiksnorma skal gjelde for heile skulen og på hovudtrinnet. Lærarnorma er ein indikator som seier noko om talet på elevar per lærar i ordinær undervisning. Ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskilt norsk blir ikkje rekna med. Norma for lærartettleik må ikkje forvekslast med klasseinndelingstalet, som vart oppheva i 2003, men skal forståast som eit gjennomsnitt på hovudtrinnsnivå.

3.2.9 SFO

Regjeringa er opptatt av at det skal bli eit meir likeverdig SFO-tilbod i landet, og har difor innført ein nasjonal rammeplan for SFO hausten 2021, med rom for lokale variasjonar. Det er eit ønskje at flest mogleg skal kunne gå på SFO, uavhengig av bakgrunn. Ifølgje denne planen skal SFO bidra til inkludering og til å jamne ut sosiale forskjellar. SFO er ei viktig sosial arena der barna kan utvikle venskap, leike og prøve seg på ulike aktivitetar ([Rammeplan for SFO \(udir.no\)](#)).

SFO skal leggje til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulik alder og med ulikt funksjonsnivå. SFO skal skape eit innhald og nytte arbeidsmåtar som sikrar god samhandling i barnegruppene, mellom einskildbarn og mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medverke. SFO skal ha eit helsefremjande innhald og bidra til barna si psykiske helse gjennom å støtte deira opplevingar av livsglede, meistring og eigenverd. Innhaldet i SFO skal støtte opp under at alle barn har moglegheit til å utvikle venskap, eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet. SFO skal innrettast slik at alle barn får gode utviklingsvilkår, uavhengig av barna sine føresetnader og behov for tilrettelegging, og bidra til at alle barn er ein del av eit inkluderande fellesskap. Dette krev også eit areal som passar barnegruppa sin alder og føresetnader.

Eigar og alle som arbeider i SFO skal saman bidra til å oppfylle måla i rammeplanen med utgangspunkt i sine erfaringar og kompetanse. Eigar skal leggje til rette for at SFO har moglegheiter til å planleggje og evaluere verksemda, drive kompetanseheving og reflektere over innhald og arbeidsmåtar. Eit godt samarbeid mellom SFO sin eigar og leiar er ein føresetnad for forsvarleg innhaldsmessig og administrativ leiing. Leiar har ei viktig rolle i å rettleie og leggje til rette for at personalet utviklar ein felles forståing for oppdraget som er gitt i rammeplanen.

SFO skal vere eit fellesskap og ein lærande organisasjon, som jamleg vurderer og vidareutviklar si praksis. SFO skal leggje til rette for at heile personalet reflekterer over faglege og etiske spørsmål i tilknytning til rammeplanens verdiar og innhald, og korleis dei kan vere gode rollemodellar for barna. SFO må jobbe ut frå at barn er ulike, og at barnet sitt beste har avgjerande betydning for innhaldet og arbeidsmåtene. I arbeidet med å utvikle kvaliteten i innhaldet og arbeidsmåtene skal SFO lytte og ta omsyn til det barna sjølve formidlar om si oppleving av fellesskapet i SFO. Eit godt og tillitsfullt samarbeid mellom SFO og heimen er grunnleggjande for kvaliteten, og SFO skal leggje til rette for at foreldra kan bidra i kvalitetsutviklingsarbeidet.

Regjeringa innførte ei nasjonal ordning med gratis 12 timar SFO for 1. trinn hausten 2022. I august 2023 vart dette utvida til også å gjelde for 2. trinn. 12 timar gratis SFO svarar til ein deltids plass. I dag kostar ein slik plass i gjennomsnitt 1924 kroner per måned i landet. Tidlegare undersøkingar har vist at pris er ein viktig årsak til å ikkje bruke SFO. Med innføringa av 12 timar gratis SFO for 1. trinn hausten 2022, vart det sett ny rekord i deltaking. Då auka deltakinga frå 83 prosent i 2021 til 92 prosent i 2022 ([60 000 elever får billigere SFO og 7000 barn får gratis barnehage - regjeringen.no](#)).

I statsbudsjettet for 2024 er det vedteke å innføre gratis halvdagsplass på SFO også for 3. trinn ([Prop. 1 S \(2023–2024\) - regjeringen.no](#)), og ein kan forvente ytterlegare auke i deltaking på SFO med utgangspunkt i dette.

3.2.10 Leksehjelp

Kommunen skal ha tilbod om leksehjelp i grunnskulen. Dette er heimla i opplæringslova §13-7a, og i forskrift til opplæringslova § 1A-1. Kommunen skal tilby gratis leksehjelp til grunnskuleelevar i til saman åtte timar kvar veke, fordelt slik kommunen finn det best. Målet er å støtte elevane i læringa, gi ein kjensle av meistring og leggje til rette for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa siktar også mot å minske sosial ulikskap i opplæringa. Sjølv om leksehjelpa ikkje er ein del av den formelle opplæringa, skal den vere knytt til den og hjelpe eleven med skolearbeidet.

Kommunen har ansvar for å organisere leksehjelpa, informere foreldra om tilbodet, og sørge for forsvarleg tilsyn, slik at gruppene er trygge og pedagogisk forsvarlege. Leksehjelpa skal vere gratis, og kommunen kan ikkje ta betalt for denne tenesta, sjølv om den er ein del av skolefritidsordninga.

3.2.11 Tverrfagleg samarbeid

Etter Opplæringslova §15-8 er skulane pålagt å samarbeide med relevante kommunale tenester om vurdering og oppfølging av barn og unge med helsemessige, personlege, sosiale eller emosjonelle vanskar. PPT, helsesjukepleiarar, barnevernteneste, kommunepsykolog, psykisk helse og rus, legeteneste, og fysio- og ergoterapiteneste er viktige samarbeidspartnarar og kan bidra både på individ- og systemnivå med komplementær kompetanse i tillegg til skulen sin eigen kompetanse.

3.2.12 Skule og lokalsamfunn

Skulestruktur og skulenedleggingar har lenge vore eit omdiskutert tema i mange distriktskommunar, og det engasjerer av ulike årsaker. Det kan handle om at bygda mister eit viktig tilbod, ulike syn på kva som utgjør ein god skule, reiseveg for elevane og ei frykt for svekking av lokalsamfunnet.

Bak nedleggingane av skular i distriktskommunane ligg fleire årsaker og prosessar. Ein av dei viktigaste er at sjølv om Noreg er blant dei landa i Europa med høgast befolkningsvekst, har det vore utflytting frå rurale til urbane område. Dette har ført til færre skulebarn i distrikta. Etter 2009 har likevel mykje av utflyttinga frå dei minst sentrale kommunane blitt oppvegd av innflytting av innvandrarak. Dette har bidrege med fleire barn til skulane. Samstundes opplever distrikta sentralisering og urbanisering, der mange som bur i Distrikts-Noreg, no bur i tettstadar (Aasland og Søholt, 2020).

Det skjer også endringar innan skulesektoren. Nasjonale krav til god utdanning krev ressursar, både når det gjeld lærarkompetanse og infrastruktur. Dette kan vere utfordrande i kommunar med fleire små skular og få elevar.

Våren 2016 gjennomførte By- og regionforskningsinstituttet NIBR ei undersøking retta mot dei som har ansvar for skuletenester i alle dei 351 norske kommunane med færre enn 15.000 innbyggjarar. Dei fekk svar frå 159 kommunar, noko som utgjør 45 prosent av kommunane og er representativt med omsyn til geografisk spreiding, storleik og innbyggjartal. Svara frå undersøkinga kastar lys over erfaringar med skulenedlegging, grad av konflikt i kommunane, og kva haldningar lokale myndigheiter har til desse spørsmåla (Aasland og Søholt, 2020). Nokre funn:

- Endringar i skulestrukturen, enten det er nedleggingar eller samanslåingar, hadde vore gjennomførte eller diskuterte i 59 prosent av kommunane i undersøkinga i løpet av dei siste fem åra.
- Det store engasjementet frå ulike aktørar, både for og imot nedlegging, bidrege mange stader til spenningar i kommunen. Ifølgje kommuneadministrasjonen har debatten om skulenedlegging i om lag halvparten av tilfella ført til høgt konfliktnivå; mest i dei råka lokalsamfunna (37 prosent), men nokre stader i heile kommunen (12 prosent). I 40 prosent av tilfella har det vore diskusjonar og ulike meiningar, men lite konfliktkar. Berre i 13 prosent av kommunane der skulenedlegging har vore føreslått, har det vore stor grad av semje om avgjerda.
- Mange av dei ansvarlege i skuletenesta meiner ein god prosess er viktig for korleis konfliktkar rundt skulestruktur blir handterte. Ein av respondentane i spørjeundersøkinga understrekar til dømes betydninga av at alle får seie meininga si og vert lytta til, til dømes i orienteringsmøte med politikarar til stades.

- Frå kommuneadministrasjonar vart det uttrykt at det i stor grad var oppgåva til lokalsamfunnet å kjempe for å behalde skulen sin. Det vart sett på som eit positivt teikn på ei velfungerande bygd. På den andre sida fann vi at i enkelte bygder som mobiliserte aktivt mot nedlegging, vart det opplevd sterk sosial kontroll og lite rom for å hevde meiningar som gjekk på tvers av den dominerande oppfatninga lokalt. Foreldre som meinte at ein større skule ville vere bra for barna deira, kunne nøle med å seie det høgt. Enkeltpersonar som hevda eigne meiningar som gjekk på tvers av vanlege oppfatningar i lokalmiljøet, kunne bli isolerte og utstøytt.

DAMVAD (2015) har saman med Bygdeforskning undersøkt korleis fylkeskommunane arbeider for å utvikle attraktive lokalsamfunn. Analysen fokuserer på prosjekt og tiltak retta mot å gjere regionar tiltrekjande for både befolkning og næringsliv. Fylkeskommunane sin innsats synest hovudsakleg å vere konsentrert om utviklinga og tilrettelegginga av lokale og regionale kultur- og idrettstilbod. Attraktivitet er likevel eit komplekst omgrep som omfattar eit breitt spekter av tilbod, og er basert på individuelle ønske, behov, tilknytning og historie. Skular og vidaregåande skular er sjeldan eksplisitt nemnde i forskning på stadsattraktivitet og lokal og regional utvikling, men skuletilbod er likevel ein del av dette, noko forskning på skule og lokalsamfunn viser.

Lokale tiltak for å auke attraktiviteten kan ha som mål å tiltrekke seg næringsliv eller besøkjande som skapar arbeidsplassar og innflytting, eller gjere staden attraktiv som bustadområde uavhengig av det lokale arbeidsmarknaden. Telemarkforskning (Vareide m.fl., 2013) identifiserer tre typar attraktivitet: bedriftsattraktivitet, besøksattraktivitet og bustadsattraktivitet, og ser på gode skular, barnehagar, kulturtilbod, privat tenestetilbod, tilgang på natur, fritidstilbod og estetisk titalande sentrum som viktige faktorar for bustadsattraktivitet. Sjølv om mykje av dette teoretisk kan påverkast lokalt, er det mange strukturelle forhold utanfor lokalsamfunnets kontroll som også påverkar flyttebalansen til stadar.

I eit notat til Trøndelag Fylkeskommune frå 2015, har *Norsk senter for bygdeforskning* samla informasjon frå forskning og utgreiingar om konsekvensane for lokalsamfunnet ved nedlegging og/eller samanslåing av vidaregåande skolar. Sidan det er lite forskning på området, inkluderer notatet kunnskap frå forskning og utgreiingar om grunnskulen (Villa, 2015). Vi vil i tabellen under presentere nokre relevante funn frå norsk og nordisk forskning om skule, attraktivitet og folketalsutvikling:

Kjelde	Funn
Sørli mfl. 2012	Nyare studiar om flyttemotiv i Noreg og Norden viser at flytting er dominert av sosiale og miljørelaterte motiv. Grunnskule og vidaregåande skule er derimot ikkje blant dei viktigaste motiva for å flytte til eller bli buande på ein stad.
Båtevik mfl. 2013	I forskingslitteraturen (om grunnskulen) ser det ut til å vere slik at skolenedlegging er ein konsekvens av at samfunnet vert uttynna, og ikkje omvendt. Båtevik m.fl. hevdar at denne litteraturen legg for mykje vekt på flyttemotiv blant folk flest, medan foreldre med skulebarn og ungdom sjeldan flyttar – og heller tilpassar seg situasjonen der dei bur.
Lie mfl. 2014	I studien vert konsekvensane av endra skolestruktur vurdert, mellom anna busetjing og attraktivitet. Også denne studien refererer til manglande støtte i forskingslitteraturen for at bygda dør dersom skulen blir lagd ned. Det er likevel vanskeleg å seie kva som påverkar lokalsamfunnet og tilflytting på lang sikt. «Dersom befolkninga vert ytterlegare tynna ut etter skolenedlegging, er det vanskeleg å påvise at det skuldast nedlegginga eller om det er eit resultat av ein utvikling som ville skjedd uansett». Informantane til Lie mfl (2014) er uroa for kva som vil skje med busetnaden dersom skulen blir lagt ned, dei trur folk vil flytte, ingen vil flytte til, og at bygda vil døy – sjølv om dette ikkje blir støtta av

	forskning. Men Lie mfl seier også at «På den andre sida finn vi ikkje forskning som seier at ein skulenedlegging ikkje får negative konsekvensar på sikt» (s. 89), og viser at dette kan variere med nærleik og avstand til ny skule.
Solstad, 2009	Solstad finn i sine undersøkingar at den lokale motstanden mot nedlegging av skulen er sterk. Dette vert mellom anna forklart med at den lokale skulen vert sett på som eit trygt og godt læringsmiljø, samstundes som han har ein viktig rolle for heile lokalmiljøet. Ein fryktar negative konsekvensar for lokalsamfunnet dersom skulen blir lagd ned; eksempelvis i form av mangel på rekruttering av unge familiar, motsetnader mellom ulike konkurrerande stader, og sosiale og helsemessige aspekt ved lang skuleveg.
Villa, 2015	Globaliseringa kan i dag vere med på å redusere lokalsamfunnet sin betydning generelt sett, til dømes i form av mindre tilknytning til og betydning av det lokale for val og tilhøyrslø, og at dette igjen også kan vere eit moment i diskusjonen om skule og lokalsamfunn.
Pettersen mfl. 2001	I bygder der skulen blir lagd ned og det er lang veg til skulen, stagnerer gjerne befolkningsutviklinga. I slike bygder er det gjerne utflytting, lite tilflytting og på sikt forgubbing og uttynning. Men også Pettersen mfl. seier at ei slik utvikling sjeldan skuldast skulenedlegging, men heller forhold knytta til arbeidsmarknaden, næringsutvikling, befolkningsansamling med meir. Når skulenedlegging kjem på toppen, forsterkar det ein allereie påbegynt nedgang i befolkninga.
Hagen, 1992	Studien frå 1992 fann ikkje støtte for at foreldre med barn i grunnskulen ville flytte frå bygda som følgje av skulenedlegging.
Egelund og Laustsen, 2006	Den danske studien konkluderte med at skulenedlegging ikkje førte til nedgang i folketallet; det var derimot nedgang i folketallet som førte til skulenedlegging.
Kollin og Eriksen, 2010	Forfattarane har gjennomgått nordiske undersøkingar av skulestruktur. Deira litteraturstudie konkluderer slik: <ul style="list-style-type: none"> • Økonomisk vil det vere stordriftsfordelar ved å legge ned eller slå saman skular med færre enn 200 elevar. • Større skular ser ut til å auke faglegheit, men skulestorleiken har berre avgrensa betydning for elevane sine faglege prestasjonar. • Skulenedleggingar ser ikkje ut til å føre til tilbakegang i lokalsamfunna.
Sørensen, 2015	Sørensen (2015) analyserer ved hjelp av ei spørjeundersøking kva faktorar som påverkar befolkningsutviklinga i lokale område på den danske landsbygda. Fysisk kapital (som nærleik til skule, butikk osv.) vart ikkje funne å ha signifikant samanheng med befolkningsutviklinga.
Egelund og Laustsen, 2015	I studien blir konsekvensane for lokalsamfunnet ved skulenedlegging i perioden 1990-1999 i Danmark undersøkt. Studien viser at skulenedlegging i seg sjølv ikkje har den øydeleggjande effekten på lokalsamfunnet som ein fryktar. Hovudproblemet for lokalsamfunna, seier Egelund og Laustsen, er mangel på innbyggjarar og menneskeleg kapital, og i periferie område og på øyane er skulenedlegging eit teikn på at lokalsamfunna er utdøyande – ikkje ei årsak til det.

Amcoff, 2012	I ei kvantitativ undersøking av nedleggingar av bygdeskular i Sverige har Amcoff undersøkt om dette har påverka flyttemønsteret. Det er ei utbreidd oppfatning at nedleggingar minskar innflytting og aukar utflytting, men i Amcoff si studie er heller ikkje dette tilfelle (vel og merke på kort sikt). Talet på elevar som budde på landsbygda minka som eit resultat av dei generelle urbaniseringsprosessane og færre barnefødsler og elevar, ikkje på grunn av skulenedleggingar.
Cedering, 2012	Cedering har studert skule og lokalsamfunn i Ydre kommune, ein av Sveriges minste kommunar og ein tradisjonell bygdekommune med stor avfolkning. Cedering finn at lokalsamfunna som mista skulen, mista ei forbindelse mellom innbyggjarane og lokalsamfunnet, nokre sosiale kontaktar forsvann, folk traff ikkje kvarandre på same måten og like mykje som før – eller fekk andre møteplassar. Uansett korleis innbyggjarane stiller seg til nedlegginga, finn ein mindre forbindelse til lokalsamfunnet, historia og kulturen – og dette kan på sikt endre kjenslene for staden. Likevel, og trass i motstand, kan den nye situasjonen på ein større skule òg vise seg å vere trygg, god og stimulerande for elevane – noko som Cedering òg fann.

3.2.13 Skuleskyss

For å ha rett til gratis skuleskyss, må elevar i 1. klasse ha meir enn 2 km skuleveg. Elevar på 2. – 10. trinn har rett på skuleskyss dersom skulevegen er lengre enn 4 km (Kunnskapsdepartementet, 2023). Skulevegen skal målast frå inngangsdøra der eleven bur til inngangsdøra på skulen etter kortaste veg.

I UDIR sitt rundskriv frå 19.09.19 finn vi også føringar for skuleskyss ved trafikkfarleg skuleveg (UDIR, 2019). Her kjem det fram at «For å få rett til gratis skuleskyss må det foreligge en «særleg risiko». Dette betyr at trafikutfordringene på veien er større enn det kan forventes at eleven mestrer (UDIR, 2019). Ved vurderinga av om vegen er «særleg farleg eller vanskeleg», må det gjerast ei objektiv og ei subjektiv vurdering.

Objektiv vurdering: Kartleggje alle relevante forhold ved vegen og trafikkforholda og vurderer om dette er «særleg farleg eller vanskeleg». Moment som kan vere aktuelle i denne vurderinga er mellom anna fartsgrense, trafikkettleik, tilrettelegging for fotgjengarar, breidde på vegen, sikt, gangfelt, belysning og vegkryss. Det er viktig å hugse på at vegforholda kan endre seg i ulike årstider (lys/sikt, føre og brøyting). Dette kan føre til at ein elev får ein farleg eller vanskeleg skuleveg delar av året. Sjølv om den kortaste vegen til skulen er farleg eller vanskeleg, kan det vere andre vegar som ikkje er farlege/vanskelege og som heller ikkje gjer at skulevegen blir så lang at ho utløyser rett til skyss. Kommunen kan også velje å setje inn andre tiltak, til dømes tilsyn, som gjer at vegen ikkje vil vere særleg farleg eller vanskeleg.

Subjektiv vurdering: Vurdera om den einskilde eleven har føresetnader for å ta seg ansvar fram i det aktuelle trafikkbiletet. Barnet si alder, utvikling, syn og hørsel er døme på moment som kan vere sentrale i denne vurderinga. Spørsmålet er om det er forhold ved eleven som gjer at vegen blir «særleg farleg eller vanskeleg» for denne eleven. Vurderinga vil ha nær samanheng med omsynet til barnet sitt beste etter Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1.

Lov om folkehelsearbeid (Prop. 90 L, 2010-2011:126) vart innført frå 1. januar 2012. Formålsparagrafen slår fast at lova skal «... bidra til ein samfunnsutvikling som fremjar folkehelse», og kapittel 2 tar særleg opp det

ansvaret kommunane har i denne samanhengen. I § 4 heiter det at «... kommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåvene og med dei verkemidla kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging og tenesteyting». Folkehelselova krev vidare i § 5 at kommunen skal skaffe seg «... kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på befolkningens helse». Med bakgrunn i dette, skal kommunen både skaffe kunnskap om faktorar som har betydning for folkehelsa, og leggje til rette for tiltak som fremjar helse. Gode oppvekstvilkår, tilgang til skule, trygge skuleveggar og sosiale møteplassar nemnast som døme (Prop. 90 L, 2010-2011:126). Kommunar som planlegg skulestrukturendringar, må skaffe kunnskap om korleis dette kan påverke elevane si helse, f.eks. med tanke på skuleskyss, og leggje til rette for tiltak som fremjar helse.

Det kan vere naturleg å tenkje seg at elevar som må ha skuleskyss, ikkje får like mykje dagleg fysisk aktivitet som elevar som sykklar eller går til skulen. Vi finn hos Solstad, K. T., Andrews, T., & Løvland, J. (2016) henvisningar til nokre forskingsfunn på området: Elevar med skuleskyss er i dårlegare fysisk form enn dei som kan gå eller sykle, særleg dei med over 25 km reiseveg. Dagleg skuleskyss kan auke risikoen for ryggplager, og kan redusere balanseevne og rørsleevne i rygg og hofteparti. Nokre elevar kan få fysiske plager eller ubehag under og etter transporten, som f.eks. kvalme eller vondt i hovudet, særleg ved reiser over 15 km. Det kan også være ein viss samheng mellom skuleskyss og auka risiko for overvekt, sjølv om denne samanhengen ikkje er godt dokumentert i forskinga.

Det finst ikkje i det sentrale lovverket reglar for maksimal reisetid til og frå skulen. Rundskrivet *Retten til skyss UDIR-2-2019* omhandlar likevel reisetid. Her står det at «Skuleskyss må organiseres slik at eleven får en akseptabel reisetid. Dette følger av forarbeidene til loven» [5.1 Hva er akseptabel reisetid? \(udir.no\)](#). I vurderinga av kva som er akseptabel reisetid må gåtid og tid med transportmiddel sjåast i samheng. Det må òg takast med kor lang ventetid eleven har før og etter skulen. Det er altså den totale tida eleven brukar frå han eller ho drar heimanfrå til opplæringa startar, og frå opplæringa er slutt til eleven er heime om ettermiddagen som utgjør den samla reisetida. Det er særleg viktig å organisere skyssen for dei som går på første trinn slik at reisetida blir så kort som mogleg.

Kommunen kan gi retningslinjer for kva som vil vere akseptabel reisetid, men desse vil berre vere eit utgangspunkt for den vidare vurderinga.

Vidare skriv UDIR at omsynet til at eleven får tilstrekkeleg fritid og tid heime talar for å avgrense reisetida så mykje som mogleg. Omsynet til effektiv og rasjonell organisering av skyssen kan på den andre sida tilseie at alle elevar må akseptere ei viss reisetid.

Fylkeskommunen er i følgje opplæringslova ansvarleg for skuleskyss for elevar i grunnskulen og har vedtaksmynde i slike saker. Dette gjeld ikkje skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg under 2/4 km. I slike saker har kommunen vedtaksmynde. Gjeldande skyssreglement for grunnskule i Vestland fylkeskommune vart vedteke av Fylkesutvalet – sak 29/2020, 14. februar 2020. Her finn vi følgjande om akseptabel gangavstand til transportmiddel og akseptabel reisetid ([Reglement for skuleskyss i grunnskulen](#)):

Gangavstand til transportmiddel: Skyssretten er knytt til vegen mellom heim og skole. Elevar må rekne med å måtte gå ein rimeleg distanse til ein oppsamlingsplass/busshaldeplass:

Skyss legg til grunn ein gangavstand på inntil 1 km (1. årstrinn) og inntil 2 km (2.-10. årstrinn) til haldeplass/opsamlingsplass. Elevar som har lengre gangavstand enn dette til haldeplass/opsamlingsplass kan søkje om tilrettelagt skyss på denne strekninga (sidevegsskyss).

Elevar som har under 1 km/2 km til oppsamlingsplassen kan òg søkje om tilrettelagt skyss dersom vegen vert definert som særleg farleg eller vanskeleg etter opplæringslova § 7-4. Det er ein føresetnad at vilkåra om avstand i opplæringslova § 7-1 er oppfylt (sjå kap. 1.1 i reglementet).

Kilometergrensene for sidevegskyss er rettleiande og i vurderinga av søknaden blir desse momenta vektlagt:

- *avstand*
- *samla reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel)*
- *framkomst på veg (til dømes skilnad mellom vinter- og sommarføre)*
- *kostnad ved tilrettelagt skyss ([Reglement for skoleskyss i grunnskulen](#), kap. 5.2)*

Akseptabel reisetid: Samla reise- og ventetid skal vere forsvarleg både med omsyn til den enkelte elev og rasjonell organisering av skyssen. I ei slik vurdering ser ein gangtid, ventetid og køyretid i samanheng. I tillegg vert alderen på eleven vektlagt:

Det er ikkje sett maksimale reisetider for skoleskyss i lovverket og elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skoleskyssen.

Skyss skal etterstreve å organisere ei samla reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) ein veg innanfor følgjande rettleiande rammer:

- *Omlag 45 min for 1.-4. årstrinn*
- *Omlag 60 min for 5.-7. årstrinn*
- *Omlag 75 min for 8.-10. årstrinn*

I vurdering av forsvarleg reisetid blir det i tillegg til samla reisetid lagt vekt på følgjande moment:

- *Kvar eleven må vente (på skulen, ute, i venterom)*
- *Kor stor del av reisetida som er på transportmiddel*
- *Rasjonell og samfunnsøkonomisk organisering av skyssen*

Reisetidene nemnt ovanfor er rettleiande. Elevar med lang avstand mellom heim og skole må rekne med lengre samla reisetid. F.eks. ved samanslåing av skular som fører til lengre reiseavstandar, når eleven ikkje går på sin nærscole eller ved «delt bustad» der ein av dei føresette flyttar ut av krinsen til nærskolen. Ved delt bustad er det viktig å merke seg at vurderingane knytt til forsvarleg reisetid, vil kunne avgrense rett til skyss frå begge bustadane.

Elevane har rett til tilsyn når det vert ventetid før undervisning tek til og etter at undervisning er slutt.

Ekstraordinært kostbare skyssordningar og skyssordningar med ikkje akseptable reisetider kan medføre at dagleg skyss ikkje blir forsvarleg. ([Reglement for skoleskyss i grunnskulen](#), kap. 5.3)

Kommunane skal betale refusjon etter persontakst for elevar i grunnskulen og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen. Persontakst tyder den lågaste prisen på vanleg enkeltbillett. Dette blir fastsett lokalt. Fylkeskommunen har altså ikkje rett til refusjon av reelle utgifter etter denne bestemminga. Refusjon etter persontakst vil vere ein berekningsmåte når fylkeskommunen har ledige plassar på eksisterande skyssruter. Dersom fylkeskommunen må etablere nye ruter for å skyssa dei kommunane er ansvarlege for, vil det ikkje vere tilstrekkeleg med refusjon etter persontakst.

3.3 Organisasjon og endring

I dette avsnittet gjer vi greie for kva forskning seier om organisasjonsendringar og samanslåing av organisasjonar. Først undersøker vi kva forskning seier om samanslåing av organisasjonar generelt, før vi etterpå refererer til det som viser seg å vere relativt avgrensa forskning på samanslåing av skular spesielt. Arbeidsforskningsinstituttet gav i 2007 ut rapporten «Organisasjonskultur og menneske i fusjonsprosesser»

(Enehaug og Thune, 2007). Her oppsummerast seinare års forskning på samanslåingar av både offentlege og private verksemdar og organisasjonar. Det er førebels lite forskning på samanslåingar i ein norsk kontekst, og meir forskning på området vert tilrådd.

3.3.1 Organisasjonskultur

Enehaug og Thune (2007) påstår at samanslåingar er eit vanleg omstruktureringsverktøy både i privat og offentlig verksemd. Samanslåingar kan vere nødvendige for både kvalitetsutvikling og økonomi, men kan samstundes vere både komplekse, tidkrevjande og vanskelege å lukkast med. Organisasjonskultur vert vurdert som ei forklaring på kvifor samanslåingsprosessar er vanskeleg. Det finst fleire definisjonar av organisasjonskultur, og ein av dei mest kjente er frå Edgar Schein:

Organisasjonskultur er et mønster av grunnleggende antagelser som er lært av en gruppe etter hvert som den har mestret problemer med ekstern tilpasning og intern integrasjon, og som har fungert tilstrekkelig nok til å bli betraktet som valid. Dermed læres den bort til nye medlemmer som den riktige måten å oppfatte, tenke og føle i forhold til disse problemene (Schein, 2004:17)

Definisjonen syner kva organisasjonskulturen består av og kva som skal til for å endre den. Definisjonen framstiller organisasjonskulturen som noko stabilt og handgripeleg, noko som seinare er blitt kritisert av andre forskarar. Forskarar som hevdar at organisasjonskultur er noko som stadig blir rekonstruert gjennom forsøk på å forstå erfaringane i samanslåingsprosessar, går lengst i kritikken. Risbergs (2006) syn på kultur som tvetydig, skiftande og inkonsistent blir eit døme på ein slik kritikk, då ho peiker på at organisasjonskultur er resultat av tilsette sine ulike tolkingsprosessar. Ho argumenterer for at mange forsøk på å skape ein felles integrert kultur, slik det ofte blir tilrådd i leiingslitteraturen om fusjonar, ikkje er realistiske. Ho hevdar heller at leiarar må lære seg å handtere mangfald og tvetydigheit i fusjonsprosessar gjennom sterkt fokus på læreprosessar og kommunikasjon.

Kleppestø (2005) gjennomførte fleire casestudiar av svenske fusjonar for å undersøke korleis samanslåingar kan føre til forvirring og usikkerheit. Dei tilsette prøver å skape mening i situasjonen og definere rolla si for å legitimere handlingar og framstå som rasjonelle. I denne prosessen blir det skapt mytar og lokale forteljingar, samtidig som lokale gruppeidentitetar blir konstruerte. Desse gruppeidentitetane blir ikkje alltid anerkjente, noko som igjen kan føre til sterkare konflikter rundt identitet. Kleppestø konkluderer med at integrasjonsproblem i fusjonar ikkje handlar om kulturkonflikter, men om at sosiale identitetar blir skapte og forsøkt oppretthaldne. I dette perspektivet er det ikkje kulturforskjellar som hindrar gode fusjonsprosessar, men heller prosessane som forsterkar tankane om kulturforskjellar.

Ei slik tilnærming understrekar viktigheita av å gå bak ideen om kulturkonflikter som hindring for vellykka integrasjon i samanslåingar. Det kan vere naudsynt å forstå dei prosessane som fører til at tankane om kulturelle forskjellar oppstår og blir forsterka (Enehaug og Thune, 2007).

3.3.2 Dei tilsette sitt perspektiv

Fusjonar kan vera krevjande for tilsette, og diverse negative reaksjonar og konsekvensar er dokumenterte i forskinga. Tilsette kan oppleve motstand, sinne, angst og usikkerheit med tanke på framtida. Auka konfliktnivå mellom dei tilsette, stressreaksjonar, "vi mot dei"-tankegang, tap av identitetskjennele og verstedfallstenking er moglege konsekvensar som kan føre til redusert produktivitet. Arbeidshelsa til dei tilsette kan dermed bli skadelidande og påverke resultatet av fusjonen, dersom dette ikkje blir teke omsyn til i prosessen (Enehaug og Thune, 2007).

Kusstatscher og Cooper (2005) hevdar at emosjonsperspektivet må nyttast for å forstå kvifor så mange fusjonar mislykkast. Dei viser til anna litteratur som anslår at mellom ein tredjedel og halvparten av alle fusjonar er økonomisk mislukka fordi dei undervurderer betydninga av emosjonar og menneskelege faktorar. Kva kjensler den tilsette hovudsakleg har, vil påverke biletet deira av den nye organisasjonen og kunne ha betydning for kor vellykka fusjonen blir. Også her framhevar forfattarane god leiing som ein føresetnad for suksess, og trekkjer fram kompetanseheving av leiarar innan kommunikasjon og teamarbeid som nyttig.

Begrepet "Fusjonssyndromet" vart introdusert i 1986 av forskarane Marks og Mirvis og beskriv leiinga og dei tilsette sine positive og negative reaksjonar på ei samanslåing (Enehaug og Thune, 2007). Syndromet blir ifølgje Marks og Mirvis, utløynt av alle dei usikre hendingane frå vedtak til integrasjon. Dei skil mellom reaksjonar i tidleg og sein fase. Tidleg i prosessen kan nokre tilsette førestille seg det verste. Dette kan føre til stressreaksjonar som ofte blir handtert dårleg av leiinga, til dømes ved at ein brukar mykje tid på krisemøte og sentraliserte avgjersler i staden for å informere tilsette om det som skjer. I ein seinare fase kan fusjonsprosessen bli vanskeleggjort gjennom kulturkollisjonar: tilsette kan få fokus på ulikskapar og forskjellsbehandling, det kan skapast ein "vi og dei"-problematikk der det blir kåra vinnarar og taparar, til dømes basert på kva system som blir vidareført. For dei som er på "taparsida," kan tap av identitetskjennele bli resultatet.

Mange organisasjonar opplever motstand mot samanslåingar, noko forskinga forklarar på fleire måtar. I tillegg til fusjonssyndromet, blir til dømes trugsmål om nedbemanning, endringar i karriereplanar, tap av innflyting og kulturkollisjonar nemnde som forklaringar. Sosial identitetsteori blir til dømes brukt for å forklare kvifor usikkerheitskjensla til dei tilsette svekkjer identifiseringa med eigen organisasjon, fordi trugsmålet om endringar og tap gjer eigenidentifisering (frå sosial orientering til auka fokus på eigen situasjon) meir tydeleg.

Usikkerheit knytt til organisasjonen si framtid kan påverke kjensla av tilknytning og tilhøyrse (Enehaug og Thune, 2007). Det er likevel mogleg å unngå mange negative effektar av samanslåingar. Dette føreset at dei tilsette kan vente seg ein viss stabilitet etter endringa og samtidig blir trygga på kva som skal skje undervegs i prosessen.

3.3.3 Vellukka samanslåingsprosessar

Ifølgje Enehaug og Thune (2007) kan fleire faktorar dempe negative reaksjonar blant tilsette. Blant desse faktorane finn ein betydninga av open dialog med tilsette, reell medverknad, effektiv informasjonsflyt, og tett kommunikasjon mellom leiarar og tilsette. Auka forutsigbarheit med tanke på framtidig organisering, i tillegg til støtte frå kollegaer og leiing, er òg trukke fram som vesentlege element for å oppnå ønska resultat.

Eit omfattande utval av bøker retta mot leiing og HR gir konkrete råd om korleis ein kan gjennomføre vellykka omstrukturingsprosessar. Klein og Kahn (2003), understrekar kor viktig det er med ein heilskapleg plan for handtering av menneskelege ressursar. Målet er å minimere reaksjonar som usikkerheit, frykt, og tap av motivasjon. Forfattarane påpeikar potensielle truslar som forvirring, feilinformasjon, energitap, og svekka tru på leiarane sine evner til å levere, som avgjerande for utfallet av integrasjonsprosessar.

Eit anna eksempel er Carey, Ogden, og Roland si bok frå 2004; "The Human Side of M&A – leveraging the most important factor in deal-making." Her legg forfattarane vekt på at dårleg forståing av organisasjonskulturen er hovudårsaka til mislukka fusjonar. Leiinga blir oppmoda til å utvikle innsikt i fleire aspekt, inkludert dugleikar og leiarpotensial i organisasjonane, samt korleis medarbeidarane vil handtere stress. Vidare blir det argumentert for at det er viktig å identifisere dei som motarbeider endringar og held fast ved gamle metodar, sidan desse kan fungere som hinder når den nye kulturen skal formast.

3.4 Formålsbygg – vedlikehold, helse, levetid og økonomi

«Kommunale- og fylkeskommunale bygg- og infrastruktur har en samlet verdi på 3800 milliarder kroner (2018-kroner), noe som tilsvarer 42 prosent av verdien på oljefondet» (RIF, 2019). Rapporten frå Rådgivende ingeniørers forening (RIF) avslører eit behov for vedlikehold og oppgradering av kommunal bygningsmasse på NOK 160 milliardar, noko som t.d. på nasjonalt nivå tilseier om lag NOK 5300 per m² for rein teknisk oppgradering av skulebygg. Vedlikehaldsutfordringa vil auke vidare dersom det ikkje blir gjort betydelege endringar. Både funksjonalitet og pålitelegheit til infrastrukturen og bygningane er truga. Når det gjeld kommunale bygningar, er det kartlagt eit behov for ekstraordinært vedlikehold. Om ikkje tiltak vert sett i verk, vil tilstanden berre forverrast. Særleg barn og dei som treng pleie vil bli hardt råka på dette området. Fleire skular, barnehagar og omsorgsbustader står i fare for å få endå dårlegare inneklimate og mugg.

Mange kommunar og fylke manglar oversikt over kva dei har, kva dei eventuelt ikkje treng, og kva som må prioriterast når det gjeld bygg og infrastruktur. Det er avdekka at små kommunar har dobbelt så mange kvadratmeter kommunale bygg samanlikna med store kommunar. Dette inneber at dei må bruke dobbelt så mykje ressursar per innbyggjar til vedlikehold som dei store. Vedlikeholdet må finansierast av ein ofte svakare kommunal økonomi i dei små kommunane (RIF, 2019). Funna i rapporten frå RIF syner at løyvingane til fornying og vedlikehold er for små på nasjonalt nivå, og at alle områda er underfinansierte. Konsekvensane er at det berre blir dyrare på lengre sikt. Samstundes viser erfaringar at det gir liten effekt å løyve meir pengar, dersom det ikkje allereie er gjort prioriteringar og lagt planar. Då får ein berre ei kortvarig, overflatisk ansiktsløfting og ingen langsiktig verdibevaring. 43 prosent av kommunale skular manglar vedlikehaldsplan.

RIF tilrår at kommunane må prioritere og utarbeide gode vedlikehaldsstrategiar og tilstandsbaserte vedlikehaldsplanar for å sikre langsiktig og berekraftig utvikling av eksisterande bygningsmasse. Utgangspunktet må vere å ta vare på det ein har, samtidig som vi ivaretek mål og krav om ein berekraftig oppgradering. Planen må også innehalde ein avhendingsplan for dei bygningane som ikkje har eit berekraftig potensial eller ikkje trengs meir. Vidare tilrår ein at kommunane prioriterer tiltak som ivaretek innbyggjarane si helse.

Løyvinga til vedlikehold i kommunar og fylkeskommunar har gått nedover dei siste åra. Dersom denne trenden ikkje blir snudd, vil vedlikeholdsetterlepet akkumulert vidare. Dette vil medverke til forverring av den tekniske tilstanden på bygningane, noko som igjen vil påverke inneklimate og forårsake helsemessige problem. Det finst grundig forskning, både norsk og internasjonal, som viser ein direkte samheng mellom inneklimate og helse, trivsel og produktivitet. Astma, hovudverk og utvikling av allergiar er blant dei helsemessige konsekvensane av dårleg inneklimate (Bakke, 2009).

I eit notat til FUG (Foreldreutvalget for grunnskolen) frå 2022, skriv R. Sæterøy følgjande om kostnader:

Det er stor intern variasjon blant kommuner/fylker, og spesielt fra skole til skole, der noen skoler har tekniske vedlikeholdsbehov godt over 20 000 kr per kvm. Skal man gjennomføre større inngripende tiltak i en bygningsmasse vil det være naturlig å samtidig inkludere funksjonelle forbedringer som for eksempel tiltak for bedre universell utforming, energi/miljøtiltak som etterisolering eller bytting av vinduer, økt standard på komponenter man utskifter, lydisolering, brann/rømningstiltak, flytting av lettvegger hos administrasjon for å endre arbeidsplasskonsept osv. Dette er kostnader det er ekstremt vanskelig å estimere uten å se på konkrete prosjekter og tilgjengelige rammer. I tillegg avhenger kostnaden i stor grad av byggets tilpasningsdyktighet, som bestemmes av byggets netto etasjehøyde, mengde og retninger av bærende innervegger, spennvidder med mer. For ett enkelt prosjekt vil tilleggs-kostnaden for funksjonelle tilpasninger raskt komme opp i 8 000-25 000 kr, men vi har ikke bakgrunn for å estimere nøkkeltall på dette på landsbasis. Ser man oppføringsperiodene på

skolebygningssmassen kan man anta at meget betydelige beløp vil kreves for å oppfylle dagens funksjonskrav i tekniske forskrifter og andre offentlige krav (Sæterøy, 2022).

Når det kjem til levetida på formålsbygg, er dette samansette spørsmål. Det handlar om faktorar som mellom anna materialkvalitet, byggjekvalitet, design, eksponeringsmiljø, bruksbelastning, funksjonalitet og grad av vedlikehald. (Kampesæter, Bjørberg og Listerud, 2009). Ein skil gjerne mellom teknisk levetid og funksjonell levetid:

- Den tekniske levetida er tida det tar å slite ut ein bygningsdel eller ein teknisk installasjon. For maksimal teknisk levetid, er rett bruk ein føresetnad.
- Funksjonell levetid er tida til eit bygg eller ein bygningsdel ikkje lenger tilfredsstillar opphavslege krav og funksjonar, eller til det kjem nye krav til bruk og føremål.

Ulike bygg kan dermed ha ulik levetid.

- I følgje ein artikkel frå Byggeindustrien.no, reknar Undervisningsbygg (Noregs største skuleeigar) at skular dei byggjer normalt har ei levetid på 25-40 år [Skole rives etter 14 år - et eksempel på hvordan det ikke skal gjøres • Byggeindustrien](#).
- Professor Svein Bjørberg ved NTNU seier at med ei forventa levetid på 40-50 år, er byggekostnaden berre 15 % av utgifta i bygget si levetid [Bruker 2 milliarder for lite i året på skolebygg • Kommunal Rapport \(kommunal-rapport.no\)](#).
- Jerkø m. fl. viser i sin rapport "Skolemiljø for læring – veileder for skuleeiere" frå 2006 til at skulebygg har ei forventa levetid på 50 år (Jerkø et al, 2006). For berekning av livsløpskostnadar for bygg, har det vore vanleg å bruke 60 år som forventa levetid.

Oppsummert kan ein leggje til grunn at ulike faktorar spelar inn på levetida til skule- og barnehagebygg, men at ein uansett ikkje kan forvente lengre levetid på bygga enn 50-60 år.

3.4.1 Skular og barnehagar som fysisk arbeidsplass

Arbeidsmiljølova § 4-1 stiller krav til at arbeidslokala, inneklima, lysforhold, støy, stråling og liknande skal vere fullt forsvarleg ut frå omsyn til helsa til arbeidstakarane, miljø, tryggleik og velferd. Vidare skal arbeidsplassen innreiast og utformast slik at arbeidstakar unngår uheldige fysiske belastningar. Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) forskar på korleis fysiske høve på arbeidsplassen verker på helsa til dei tilsette. Det er dokumentert at fleire forhold ved det fysiske arbeidsmiljøet kan ha betydning for sjukefråværet til tilsette og helsa deira. I 2019 svarde 5,4 prosent av yrkesbefolkninga i Noreg, tilsvarande 141 000 yrkesaktive, at dei hadde hatt legemeldt fråvær som var relatert til forhold på jobben, ifølgje Nasjonal overvaking av arbeidsmiljø og helse (NOA) ved STAMI. Forsking frå STAMI peikar på at ein vesentleg del av sjukefråværet kan komma av sjukdom forårsaka av arbeidsforhold. Eit eksempel er mellom anna at ergonomisk belastning kan gje muskel og skjelettsmerter, både akutt og kronisk. Slike smerte er største enkeltårsak til sjukemelding og uføretrygd, seier tal frå NOA (Nasjonal overvaking av arbeidsmiljø og helse).

Som arbeidstakar i barnehage og skule har ein mange og varierte oppgåver. For å kunne byggje god kvalitet og bli i jobben i alle livsfasar, er det naudsynt at arbeidsmiljøet er tilrettelagt for dette. Barnehagearbeid er spesielt utsett for fysisk belastning kombinert med praktisk arbeid som omfattar mange arbeidsprosessar i kvardagsrutinar og høge krav til pedagogisk kvalitet. Føresetnadene for eit godt fysisk arbeidsmiljø i skular og barnehagar handlar i tillegg til krav til leike- og læringsareal om tilgang til, og kapasitet i rom og funksjonar som møterom, arbeidsrom, stellerom, reinhaldsrom, garderobar mm. Vidare må fysiske kvalitetar som romstorleik, innreiing og organisering i bygget gi gode høve for arbeidsflyt og ergonomi. I tillegg må kvalitet på byggtkniske eigenskapar som lyd, temperatur og dagslysforhold ha ein kvalitet som ikkje påverkar arbeidstakar negativt.

4 Kommunale føringar og planverk

4.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen for Alver kommune er ein plan for korleis innbyggjarar og politikarar ønskjer å utvikle kommunen fram mot 2040. Planen har to delar: *Samfunnsdelen* fastset korleis ein ønskjer å utvikle samfunnet, kva ein skal prioritere, med visjonar og mål for framtida – og kva handlingar ein må gjere for å nå desse. *Arealdelen* fastset korleis ein skal utvikle områda, kva ein skal tilretteleggje for kvar i kommunen, til dømes kva ein skal byggje nye hus, vegar, møtestader og næring.

Samfunnsdelen har denne framtidvisjonen for Alver kommune:

Vi vil at det skal vere godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdier i Alver kommune, med vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde og vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen»
[alver_kommune_samfunnsdel2022-2034_digital.pdf](#)

Samfunnsdelen legg føringar for berekraftig utvikling. Dette handlar om å ta vare på behova til dei som lever i dag, utan at det går ut over komande generasjonar. Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng:

Sosial berekraft: Innbyggjarane i Alver skal oppleve fellesskap og tilhøyrse til nærmiljøet og lokalsamfunnet dei bur i. Attraktive senter og levande bygder og grender med møteplassar, lokalt kultur- og idrettstilbod og sosiale nettverk skal bidra til dette.

Økonomisk berekraft: Næringslivet skal ha gode rammevilkår til å vekse eller etablere nye næringar. Ein viktig del av den økonomiske berekrafta er at så mange som mogleg er i jobb og kan delta i arbeidslivet. Tenestene til kommunen må også vere økonomisk berekraftige.

Miljømessig berekraft ved å ta vare på miljøet og naturen rundt oss. For å oppnå miljømessig berekraft må ein redusere klimagassutslepp, tilpasse seg klimaendringane, bruke areala på ein bevisst måte og verne om naturressursane.

I utarbeidinga av samfunnsdelen er det kome mange innspel som fortel om nosituasjon og utviklingstrekk i kommunen. Her vert mellom anna desse punkta, som også kan vere relevante for barnehage- og skulebruksplanen, trekte fram:

- Ung, men aldrende befolkning
- Spreidd busetjing, store avstandar og bilbasert transport
- Senterstruktur
- Sterk frivilligheit og deltaking i lag og organisasjonar
- Dei fleste har det godt, men utanforskapet aukar
- Høg verdiskaping, men svak arbeidsplassvekst
- Mangel på kompetanse og arbeidskraft, særleg innan helse og omsorg
- Store klimagassutslepp
- Venta tap av arbeidsplassar gir behov for omstilling
- Det er behov for tilbod og opplevingar som aukar attraktiviteten
- Nærleiken til Bergen gir tilgang på attraktive jobbar og vekst i folketal, men skarp konkurranse om arbeidskrafta

Satsingsområde og målsetjingar

Framtidsvisjonen byggjer på fire satsingsområde som fortel kvar kommunen ønskjer å vere i 2040, og satsingsområda vert skildra slik i kommuneplanen:

- Alver er eit berekraftig samfunn, med attraktive senter og levande bygder og grender.
 - Alver ønskjer å utvikle heile kommunen sin for å sikre at det blir godt og attraktivt å bu og arbeide i alle delar av den nye kommunen. For å realisere dette målet, legg Alver vekt på å utvikle attraktive sentrum. Ein ønskjer at innbyggjarane i kommunen skal ha valmoglegheiter. Ved å styrkje sentrumet legg ein til rette for dei som ynskjer gåavstand til skule, barnehage, fritidstilbod, butikkar og andre tilbod. Samstundes sørgjer ein for at folk som foretrekk å bu i utkanten, også har tilbod i nærleiken. Ein vil skape fleire møteplassar som byggjer fellesskap og tilhørslse, både innanfor sentrum og på tvers av gamle kommunegrenser. Denne satsinga på senterutvikling og senterstruktur vert ein drivkraft for vekst og utvikling, og vil medverke til aktive lokalsamfunn i heile kommunen.
- Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som Norges fremste industriklunge.
 - Alver kommune vil legge vekt på Mongstad for framtidig vekst og utvikling. Mongstad er allereie eitt av dei største og viktigaste næringsområda i Noreg, og ein viktig drivkraft for andre næringar i kommunen. Når bedriftene på Mongstad gjer det bra, bidrar dei til suksess for butikkar og bedrifter i andre delar av kommunen. Industrien på Mongstad sit med unik kompetanse som er avgjerande i det grønne skiftet. Alver vil halde på og vidareutvikle posisjonen sin og ta leiartrøya i arbeidet med å utvikle nye, berekraftige og grønne næringar. Alver kommune vil – ein kan – og ein har plass til å satse.
- Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ein drivkraft i samfunnsutviklinga.
 - Alver ønskjer at kulturlivet skal vere ei kjelde for livskvalitet og aktivitet – for alle. Det frivillige og profesjonelle kulturlivet er eit fundament for det gode liv, limet i aktive lokalsamfunn. Alver vil sikre at innbyggjarane kan utfalde seg og møtast på arenaer for kultur, livssyn, idrett og friluftsliv i heile kommunen. Ein ynskjer å stimulere til at særleg barn og unge kan skape, oppleve, delta og få utvikle seg.
- Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.
 - Alver vil at innbyggjarane skal utfylle kvarandre og gje kvarandre rikare liv ved å delta og bidra ut frå sine føresetnader. Ein ynskjer å leggje til rette for at kvar og ein kan skape meningsfylte liv og få den hjelpa dei treng – frå starten til slutten av livet. Alver vil ha gode oppvekstmiljø med trygge lokalsamfunn, barnehagar og skular. Ein vil sikre at eldre kan bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg.

Relevans for barnehage- og skulebruksplanen

I arbeidet med den komande skule- og barnehagebruksplanen i Alver kommune er det fleire strategiske element som bør takast i betraktning:

Senterutvikling og struktur: Fokuset på å utvikle attraktive sentrum i kommunen kan ha implikasjonar for plassering og tilgjengelegheit til skular og barnehagar. Ein bør vurdere korleis ein kan optimalisere skule- og barnehagetilbodet, med vekt på å imøtekomme behova til dei som ynskjer sentrumsnær tilgang og dei som ønskjer å bu i utkanten.

Næringsliv og industriell påverknad: Med særleg vekt på Mongstad som ein viktig næringsklunge, er det vesentleg å sjå korleis industriell vekst kan påverke elevtal, behovet for utbygging eller utviding av skule- og barnehagefasilitetar. Ein strategisk tilnærming til dette aspektet kan sikre at skule- og barnehageinfrastrukturen er tilpassa potensiell auka og eller endra etterspurnad.

Kulturliv og møteplassar: Ei satsing på inkluderande kulturliv og møteplassar kan påverke planlegginga av skule- og barnehagemiljøet. Korleis desse møteplassane blir integrerte i lokalsamfunnet, og korleis dei kan nyttast i utdanning og oppvekstmiljø, bør vere ein del av diskusjonen for å skape rike og dynamiske læringsmiljø.

Livskvalitet og oppvekstmiljø: Fokuset på å skape gode oppvekstmiljø og trygge lokalsamfunn, kan påverke både skule- og barnehagestrukturen. Ein bør vurdere korleis desse faktorane kan spegle seg i planane for skular og barnehagar, og korleis dei kan bidra til å skape ein heilskapleg og inkluderande læringskvardag for alle aldersgrupper.

Ei slik tilnærming sikrar at planlegginga er tett kopla til dei overordna måla for kommunen, samtidig som ho tek omsyn til konkrete behov og utfordringar knytte til skule- og barnehagesektoren.

4.2 Kommunedelplan for oppvekst

Kommunedelplan for oppvekst 2023-2034 vart vedteken 23. februar 2023. Planen har tydelege ambisjonar om at born og unge skal oppleve ein trygg oppvekst i kommunen, der kvar enkelt er ein naturleg del av fellesskapet og blir teken godt vare på. Familien blir særleg framheva som ein kritisk faktor for å skape gode vilkår for vekst og utvikling hjå barn og unge ([Kommunedelplan for oppvekst \(framsikt.net\)](#)).

Målet er at barn og unge skal utvikle nødvendig kompetanse for å møte framtida, samtidig som kommunen arbeider aktivt med å implementere tiltak for å støtte opp om dei som står overfor spesielle utfordringar. For å realisere desse målsetjingane er dei vaksne sentrale, ikkje berre med omsyn til tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats, men òg i den daglege oppfølginga av barn, unge og familiar.

Planen skal utgjere eit fundament for vidare arbeid i sektoren, med vekt på samarbeid både internt med andre tenestoområde i kommunen og eksternt med samarbeidspartar utanfor kommunen.

Hovudmål i kommunedelplanen:


1. Barn og unge opplever å høyre til
2. Barn og unge blir sett og ivareteke
3. Barn og unge er rusta til å møte framtida
4. Barn og unge opplever at vaksne samarbeider
5. Barn og unge blir møtt av kompetente vaksne
6. Familiar opplever eit godt tenestetilbod

Kunnskapsgrunnlag

Kommunedelplan for oppvekst presenterer eit rikt kunnskapsgrunnlag om sektoren, som også er relevant for barnehage- og skulebruksplanen. Følgjande oppsummerer viktige punkt:

Busetjingsmønster

Alver har ein svært spredt busetnadsmønster. Illustrasjonen viser fordelinga av innbyggjarar i Alver etter sentralitet, samanlikna med andre kommunar i KOSTRA-gruppe 9 (mørke fargar=sentrale område).




Figur 1 Innbyggjarar etter sentralitet

<https://app.powerbi.com/view?r=eyJrljoiNjY5ZDQ5YzQtMDcyOC00M2U4LWE3OTA4tNjEwNmU0OTE5NGFmliwidCI6ImY5ZDZINTMzLWVhNDA4tNGY0NS05M2U2LWYyOGZmMTBhY2U1MyIsImMiOjh9&pageName=ReportSection0bf2e8b860830e4b7e88>

Sjølv om dei sentrale områda har opplevd sterk tilflytting og vekst, bur mange innbyggjarar, inkludert barn, framleis i bygdene. Blant KOSTRA-gruppe 9-kommunane har berre Sunnfjord og Narvik eit liknande busetnadsmønster som Alver.

Folketalsutvikling



Figur 2 Folketalsutvikling per aldersgruppe

<https://app.powerbi.com/view?r=eyJrljoiNjY5ZDQ5YzQtMDcyOC00M2U4LWE3OTAAtNjEwNmU0OTE5NGFmliwidCI6ImY5ZDZINTMzLWVhNDAtNGY0NS05M2U2LWYyOGZmMTBhY2U1MyIsImMiOjh9&pageName=ReportSection0bf2e8b860830e4b7e88>


Barnetala forventast å synke for både barnehage- og skulebarn dei komande åra. Barnehagen vil oppleve ein nedgang fram til om lag 2026, stabilisere seg ei stund, for så å auke att frå omtrent 2030. Skulen vil sjå ein nedgang og utjamning i perioden 2023-2036, før ein forventa auke frå 2037. Denne nedgangen vil verte merkbar i heile kommunen.

Utviklinga av tal elevar i ungdomsskulealder vil naturlegvis følgje utviklinga av tal elevar i barneskulealder, men med ein viss forseinking. Veksten i elevmassen på barneskulen vil etter kvart påverke ungdomsskulen, og denne veksten vil halde fram ei stund til. Mot slutten av 2020-talet når dei mindre barnekulla ungdomsskulealder, og ein ventar ein nedgang i elevmassen også på ungdomsskulen.

Utgiftsutvikling

Alver kommune vil oppleve endringer i utgiftene på grunn av dei demografiske skifta. KS sin prognosemodell viser at den nedadgåande trenden i barnetalet, som er skildra tidlegare, kan føre til reduksjon i utgiftene i skule- og barnehagesektoren. Men for at dei reelle utgiftene skal spegle nedgangen i barnetalet, vil det krevje endringar i måten tenestene blir levert på.

Endra utgiftsbehov som følge av demografiske endringar




Figur 3 KS sin prognosemodell

<https://app.powerbi.com/view?r=eyJrIjoiNjY5ZDQ5YzQtMDcyOC00M2U4LWE3OTAAtNjEwNmU0OTE5NGFmIiwidCI6ImY5ZDZlNTMzLWVhNDA0NGY0NS05M2U2LWYyOGZmMTBhY2U1MyIsImMiOiJh9&pageName=ReportSection0bf2e8b860830e4b7e88>

Tal unge uføre

I 2021 var det om lag 50 unge uføre mellom 18 og 24 år, og 150 personar mellom 25 og 34 år i Alver. Talet på unge uføre har auka dei siste ti åra, ein trend som er noko sterkare i Alver enn nasjonalt. Uføre utgjør ein større del av desse aldersgruppene i Alver samanlikna med heile landet.

Auken i unge uføre har komplekse årsaker, men ungdommar som slit med å fullføre vidaregåande opplæring er meir utsette for å ende opp som uføre.



Figur 4 Uførheit blant unge i Alver

<https://app.powerbi.com/view?r=eyJrIjoiNjY5ZDQ5YzQtMDcyOC00M2U4LWE3OTAtNjEwNmU0OTE5NGFmIiwidCI6ImY5ZDZlNTMzLWVhNDA0NGY0NS05M2U2LWYyOGZmMTBhY2U1MyIsImMiOiJh9&pageName=ReportSectionda6e8ca49680ab2b5a95>

Folkehelse blant barn og unge

Grunnleggjande eigenskapar, ferdigheiter og meistringsstrategiar blir forma i dei første leveåra og påverkar livsvegen gjennom utdanning, yrkesliv og helse. Gode oppvekstmiljø, inkludert familie, barnehage og grunnskule, er sentrale for folkehelse og sosial berekraft. Målet er at kommunetenestene i Alver skal samarbeide for ei sosialt berekraftig samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, sysselsetjing og verdiskaping. Fleirtalet av barn og unge i Alver har god helse og opplever trivselsfaktorar som sosialt samspel, deltaking og støtte. Likevel viser Folkehelseprofilen for 2021 at Alver kommune kjem dårlegare ut på ein del område enn landet, blant anna knytt til gjennomføring i vidaregåande opplæring, lesenivå på 5. trinn og ungdomars oppleving av einsemd og tilfredsheit med lokalmiljøet.

Ungdata-undersøkinga frå 2021 viser at dei fleste ungdomane i Alver trivs godt, med over 80 prosent som trivs på skulen og opplever omsorg frå lærarane. Likevel rapporterer Alver-ungdomane generelt om noko lågare livskvalitet enn nasjonalt, med mindre tilfredsheit med helse og lågare forventningar til eit lukkeleg liv. Mobbing, einsamheit og skulevegring er meir utbreidd blant Alver-ungdomane. Ungdata og medverknadsprosessar i Alver kommune avdekkjer at mange barn og unge opplever einsamheit og psykiske helseutfordringar. Dei etterlyser tilgjengelege vaksne som lærarar, sosiallærarar, helsesjukepleiarar eller psykologar. Tid til oppfølging og uformelle samtalar blir framheva som viktig av tilsette.

Ungdata – ungdom om oppvekstmiljøet

Ungdata-undersøkinga frå 2021 byggjer på svar frå ungdomar i dei tidlegare Meland, Radøy og Lindås kommunar, og presentasjonen er derfor relatert til dei tidlegare kommunane.

- 55-65% av ungdomsskuleelevane er fornøgde med lokalmiljøet, lågare enn fylket og landet.

- Tilfredsheit med treffstader for ungdom er om lag på nasjonalt nivå i Meland, 10% høgare i Lindås, og spesielt høg på Radøy, truleg grunna satsing på ungdomsklubben.
- 60% på Radøy er nøgde med kulturtilbod, litt høgare enn landet. Lindås og Meland ligg lågare og peikar seg også ut negativt i folkehelseundersøkinga.
- Tilfredsheit med tilbod av idrettsanlegg er høgast på Radøy, medan Lindås og Meland ligg lågare enn landet og fylket.
- Ungdataundersøkinga ved Knarvik vidaregåande syner at dei er noko mindre fornøgde med lokalmiljøet enn ungdomsskuleelevane generelt.
- 65-71% ventar å få eit godt liv, med Radøy over nasjonalt snitt. Meland og Lindås ligg noko lågare.
- 22-29% er plagd av einsemd, høgare enn nasjonalt, spesielt i Lindås med 7% over snittet.
- Familieøkonomi vurderast dårlegare i Alver enn i landet, men inntektsstatistikken viser lågare del av barn i låg hushaldsinntekt enn nasjonalt.
- To tredjedelar av barna deltek i lag eller organisasjonar, særleg i idrettslag. Deltaking er høgast for barn med aktive foreldre.
- Bruk av rusmidlar er lågare enn landet, unntatt røyking og snusing på Radøy.
- 75-85% av ungdomsskuleelevane trenar minst ei gong i veka, lågare enn nasjonalt.
- 15-20% har hatt psykiske plager, noko meir enn landet. Størst avvik er på Radøy, nesten fem prosentpoeng høgare enn nasjonalt.
- Undersøkinga syner ei auke i depressive symptom, med marginalt høgare prosentandel fysiske helseplager i Meland, på nasjonalt nivå i Lindås, og noko lågare på Radøy.

Innspel frå barn og unge i arbeid med Kommunedelplan for oppvekst

Barn og unge i Alver ynskjer opne hallar utan faste opningstider og fleire lokale aktivitetstilbod for å unngå reise til Bergen. Gratis buss og betre kollektivtilbod er ønska. Trygg skuleveg og god vegstandard blir framheva. Tilgjengelege vaksne, venskap og vennlegheit er viktig. God tilgang til naturen, badeplassar, opne gardar og uformelle møteplassar er ettertrakta. Ungdom vil kunne samlast utan å forstyrre andre, også med motorsykkel og bil. Enkelte etterspør skuleoppgradering og meir rettferdig fordeling av utstyr mellom skulane.

Mål og strategiar

Målet med planen er å skape eit trygt og godt miljø for barn og unge. Alver kommune ønskjer å støtte deira utvikling, meistring, og læring gjennom ein praksis prega av anerkjening og tilrettelegging. Ein vil fange opp dei som treng hjelp for å sikre eit trygt miljø, inkludert barn, unge, og føresette frå andre nasjonalitetar. Samarbeid mellom vaksne på ulike arenaer, både internt og eksternt, er avgjerande for å nå desse måla og delmåla.

1. Barn og unge opplever å høyre til:

- Barn og unge opplever trygge og gode relasjonar som grunnlag for venskap.
- Barn og unge opplever trivnad, tryggleik og inkludering i skule, barnehage og fritid.
- Barn og unge har tilgang til varierte aktivitetstilbod.
- Barn og unge har tilgang til trygge, uformelle samlingsstader.

2. Barn og unge blir sett og ivaretekne:

- Barn og unge opplever at deira stemme blir høyrd.
- Barn og unge har trygge relasjonar og opplever venskap.
- Barn og unge veit kor dei kan be om hjelp.

3. Barn og unge er rusta til å møte framtida:

- Kommunen legg til rette for gode omsorgs- og oppvekstvilkår, med fokus på førebyggjande og tidleg innsats.
- Barn og unge opplever meistring og læring.
- Barn og unge har erfaring med å ta bevisste val og å takle utfordringar.
- Alle barn og unge får støtte og rettleiing etter behov.
- Ungdom fullfører vidaregåande opplæring, kjem i arbeid og meistrer vaksenlivet.

4. Barn og unge opplever at vaksne samarbeider

- Barn og unge opplever at alle vaksne bidreg positivt til eit godt samarbeid til barnets beste.
- Tilsette deltek i samarbeid og tverrprofesjonelt fellesskap.
- Barn og familiar får koordinert hjelp.

5. Barn og unge vert møtt av kompetente vaksne

- Tilsette har kompetanse til å utføre oppgåvene dei blir sett til.
- Tilsette er trygg i rolla si.
- Tilsette tar fagleg grunngjevne avgjersler.

6. Familiar opplever eit godt tenestetilbod

- Familiar opplever å bli møtt med respekt av kompetente tilsette.
- Familiar veit kor dei kan be om hjelp.
- Familiar opplever at tenestene samhandlar på tvers.

Relevans for barnehage- og skulebruksplanen

I utarbeidinga av barnehage- og skulebruksplan, bør ein ta omsyn til fleire relevante punkt frå kommunedelplan for oppvekst, eksempelvis:

1. Busetjingsmønster og folketal:
 - Ta omsyn til det spreidde busetnadsmønsteret og befolkningsutviklinga.
 - Identifisere område med forventta nedgang i barnetal og tilpass ressursbruk og infrastruktur deretter.
2. Utvikling av elevtal:
 - Vurdere konsekvensane av forventta nedgang i tal barn i barnehagar og skular.
 - Planlegge for tilpassingar i skulestruktur og kapasitet i tråd med demografiske endringar.
3. Utgiftsutvikling:
 - Forstå og tilpasse økonomien i skule- og barnehagesektoren i tråd med nedgangen i barnetalet.
 - Identifisere område der tenesteleveransen kan optimaliserast for å reflektere dei demografiske endringane.
4. Folkehelse blant barn og unge:
 - Legge vekt på tiltak for å betre folkehelsa blant barn og unge i samsvar med identifiserte utfordringar.
 - Implementere program og tenester som adresserer behova som er avdekte gjennom Folkehelseprofilen og Ungdata-undersøkinga.
 - Samarbeide med andre tenesteområde for å adresse problem knytt til unge uføre.
5. Innspel frå barn og unge:
 - Ta omsyn til innspela frå barn og unge i planleggingsprosessen for å skape eit meir tilpassa og inkluderande miljø.

- Vurdere tiltak som støttar ønskja deira, som opne hallar, betre kollektivtilbod, og tilgjengelege vaksne.
6. Tenesteområde innan oppvekstsektoren:
- Analysere kapasitet, kvalitet og behov innan barnehagar, skular, PPT, helsestasjonar, og barnevern.
 - Planlegge for oppgraderingar og endringar basert på endringar i busetnadsmønsteret og tenestebehovet.
7. Prinsippa for arbeid med barn og unge:
- Legge til rette for heilskap og samanheng i tenestene.
 - Fokusere på kvalitet og kompetanse for å oppnå høge standardar.
 - Framheve medverknad og mangfald for å skape inkluderande miljø.
 - Legge vekt på tidleg innsats og førebygging for å handtere utfordringar tidleg

4.3 Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv

Kommunedelplan for kultur- idrett og friluftsliv; 2023-2035 – *Kultur som drivkraft* vart vedteken i kommunestyret i Alver 22.6.2023 ([Kommunedelplan for kultur-idrett og friluftsliv \(framsikt.net\)](#)). Planen ser framover mot dei neste tolv åra og følgjer opp samfunnsdelen "Vår kommune, vår framtid" i kommuneplanen innanfor det breie kulturbegrepet.

Samfunnsdelen av kommuneplanen presenterer ambisiøse mål for kultur, idrett og friluftsliv. "Kultur som drivkraft" vil konkretisere desse måla og gi retning for utviklinga i løpet av dei komande tolv åra. For enkelte område opnar "Kultur som drivkraft" opp for meir detaljerte planar og strategiar, som for friluftsliv, kulturarv, kulturskule, ungdomsdemokrati, anleggsutvikling og kunst. Kultur som drivkraft gir òg føringar for arealdelen av kommuneplanen.

Kunnskapsgrunnlag

Hovudpunkt frå kunnskapsgrunnlaget som spesielt påverkar "Kultur som drivkraft":

- Låg deltaking i barneidretten samanlikna med andre kommunar, sjølv om enkelte idrettar er betre stilt.
- Svært låg tilgjengelegheit på kulturtilbod i forhold til fylket generelt, særleg i Alver og Nordhordland.
- Stort behov for fleire og betre møteplassar.
- Velfungerande fritidstilbod og god deltaking i frivilligheit, t.d. innan korps, men færre medlemmar enn forventa innanfor visse område
- Svakt differensiert utval av anlegg og tilbod innan kultur og idrett, med generell mangel og etterslep på kulturell fysisk infrastruktur.
- Underutvikla lokal marknad for kultur- og opplevingsnæringar, med innbyggjarar som i mindre grad enn forventa nyttar seg av tilbod i Bergen og få liknande tilbod i Alver samanlikna med kommunestorleiken.

Målsetjingar og strategiar

Samfunnsplanen seier at kulturen i Alver skal vere ei drivkraft i samfunnsutviklinga. «Kultur som drivkraft» ordnar delmåla og strategiane frå samfunnsdelen i fire overskrifter.

1. Kultur og idrettskommunen

Relevante strategiar

- Vi skal styrke kulturskulen som ein samfunnsbyggjar og som ein inkluderande og kreativ læringsarena for barn og unge
- Vi skal styrke biblioteka si rolle som aktiv formidlar og arena for offentleg samtale og debatt
- Vi skal styrke fagområda kunst og scene og det profesjonelle kulturfeltet
- Vi skal vareta og bygge kunnskap om lokal tradisjonskultur
- Vi skal ha ein berekraftig forvaltning av kultur, kulturmiljø og kulturarv
- Vi skal vere ein aktiv og medviten nynorskkommune og jobbe målretta med skriftspråk, dialekt- og talemål
- Vi skal vere ein aktiv og medviten nynorskkommune og jobbe målretta med skriftspråk, dialekt- og talemål
- Vi skal sikre eit tilpassa og heilskapleg utvikling av kulturareanaer og idrettsanlegg

2. Møteplassar og aktivitet

Relevante strategiar

- Vi skal ha aktivitetar, tilbod og møteplassar som seinkar terskelen for å delta, og førebyggjer utanforskap
- Vi skal ha inkluderande møteplassar og ta vare på natur og friluftsområde i og rundt sentera
- Vi skal utvikle nærmiljø som inviterer til fysisk aktivitet, deltaking og sosial inkludering
- Vi skal støtte opp om eit mangfaldig lags- og kulturliv
- Vi skal utvikle Knarvik til eit urbant sentrum med tilbod og tenester som naturleg høyrer heime i eit regionsenter
- Vi skal utvikle Knarvik med gode koplingar mellom sentrum, sjøen og turterrenget i områda rundt

3. Inkludering, mangfald og livssyn

Relevante strategiar

- Vi skal støtte frivillig sektor slik at han kan utvikle seg og bidra etter eige ønskje.
- Vi skal leggje til rette for eit tett samarbeid med frivilligheita for å utvikle gode lokalsamfunn, aktuelle tenester og tilbod til innbyggjarane.
- Vi skal styrke frivilligsentralen si rolle på følgjande område: • utvikle og koordinere det frivillige arbeidet. • vere eit møtepunkt mellom offentlege tenester og det frivillige organisasjonslivet.
- Vi skal ha eit godt psykososialt miljø på alle arenaer der born og unge deltar
- Vi skal arbeide aktivt med førebygging og tidleg innsats gjennom tverrfagleg samarbeid og koordinering
- Vi skal satse på kvalitet i opplæringa og leggje til rette for at barn og unge opplever meistring, fellesskap og utvikling

4. Dei store spørsmåla

Relevante strategiar:

- Vi skal ha ein berekraftig forvaltning av kultur, kulturmiljø og kulturarv
- Vi skal satse på gjenbruk, sirkulærøkonomi, energieffektivisering og reduksjon av klimagassutslepp
- Kulturhus og svømmehall skal vere tilgjengeleg for innbyggjarar, lag og organisasjonar, og fungere som naturlege samlingspunkt for aktivitet og kulturopplevingar
- Vi skal samarbeide med næringsliv, frivilligheita, fylkeskommunen og andre relevante instansar for å få på plass eit regionalt kulturhus og svømmehall

Korleis nå ambisjonane?

Kultur som drivkraft vil skape ei rørsle for det breie kulturfeltet, der kultur blir ein grunnleggande drivkraft for samfunnsutviklinga i Alver. For å oppnå dette skal ein satsa på små tiltak, endringar og forbetringar som gir stor effekt over tid og rom, samtidig som ein jobbar mot realisering av store prosjekt som kulturhus og svømmeanlegg. Kunnskapsgrunnlaget og medverknaden peikar på behovet for breiare og meir differensierte tilbod innan kultur og idrett, særleg med fokus på å få fleire barn inn i organisert idrettsaktivitet tidleg. Det er og viktig å betre anleggssituasjonen for kulturaktivitetar, sikre drift og utvikling av idrettsanlegg, skape fleire sosiale møteplassar, og gjere kulturarven tilgjengeleg. Inkludering, rekruttering, mangfald, og auka deltaking er sentrale element for å styrke kulturlivet. Målet er å gjere Alver meir attraktivt, auke bulyst, og betre livskvaliteten for alle innbyggjarar gjennom varierte tilbod og aktivitetar. Dette er eit stort oppdrag som krev målretta innsats innan ulike fagområde, med håp om ei positiv endring ved planperiodens slutt.

Relevans for barnehage- og skulebruksplanen

Kommunedelplanen for kultur- idrett og friluftsliv (2023-2035) set mål for samfunnsutviklinga i Alver. Den følgjer opp samfunnsdelen "Vår kommune, vår framtid" i kommuneplanen, med fokus på det breie kulturomgrepet. Målet er å gjere kultur til ei grunnleggjande drivkraft for samfunnet, og planen presenterer ambisiøse mål for kultur, idrett, og friluftsliv.

Kunnskapsgrunnlaget peikar på utfordringar som påverkar "Kultur som drivkraft". Dette inkluderer låg deltaking i barneidretten, manglande tilgjengelegheit på kulturtilbod, behovet for fleire møteplassar, og ein underutvikla lokal marknad for kultur- og opplevingsnæringar.

Målsetjingar og strategiar er klart definerte i samfunnsplanen, og ambisjonane er baka inn i fire hovudområde:

1. Kultur og idrettskommunen: Her vektleggast styrking av kulturskulen, bibliotek, kunst, og kulturarv, samt berekraftig forvaltning av kultur og auka medvit om nynorsk.
2. Møteplassar og aktivitet: Fokuset er på å senke terskelen for deltaking, skape inkluderande møteplassar, og utvikle nærmiljø for fysisk aktivitet.
3. Inkludering, mangfald og livssyn: Med støtte til frivillig sektor, samarbeid for gode lokalsamfunn, og satsing på psykososialt miljø, førebygging og kvalitet i opplæringa.
4. Dei store spørsmåla: Berekraftig forvaltning av kultur, kulturmiljø, og kulturarv, samt samarbeid for etablering av regionalt kulturhus og svømmehall.

For å realisere desse ambisjonane blir det lagt vekt på små, effektive tiltak samtidig som ein jobbar mot store prosjekt som kulturhus og svømmeanlegg. Det vært peika på eit behov for å utvide og differensiere tilbodet innan kultur og idrett, spesielt med tanke på å få fleire barn involvert i organisert idrettsaktivitet frå tidleg alder. Vidare er betring av anleggssituasjonen, auka tilgjengelegheit, og styrking av kulturarven viktige område.

Inkludering, rekruttering, mangfald, og auka deltaking er sentrale element for å styrke kulturlivet. Målet er å gjere Alver meir attraktivt, auke bulysta, og betre livskvaliteten for alle innbyggjarar gjennom varierte tilbod og aktivitetar.

4.4 Sluttrapport Mulighetsstudie senterstruktur Alver kommune

Mulighetsstudie senterstruktur Alver kommune er forankra i planstrategien for Alver kommune (2021-2024) [mulighetsstudie-senterstruktur-for-alver_sluttrapport-desember-2022.pdf](#). Målet er å klargjere funksjonane og rollene til dei definerte sentra i kommunen. I Intensjonsavtalen for Alver er det vedteke ein senterstruktur for den nye kommunen. Knarvik er kommunesenteret i Alver, men har òg funksjon som regionsenter i regionen Nordhordland. I tillegg har Frekhaug, Manger, Ostereidet, Lindås, Vikebø og Bøvågen status som lokalsenter og nærsenter. Desse har ulik karakter, storleik og tenestetilbod til innbyggjarane.

Arbeidet med senterstrukturen følgjer retningslinjene i planen for attraktive sentrum i Hordaland. I Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026) blir det presisert at kommunen kan fastsetje lokalsenter og nærsenter for nye etableringar av handel og lokale tenester. Lokalsenter kan innehalde fleire funksjonar og større bruksareal for detaljhandel enn eit nærsenter. Nærsenter er mindre, med opptil 3.000 m² samla bruksareal for detaljhandel, inkludert daglegvarehandel og lokale tenester som frisør.

Sentrumsutstrekning er eit verktøy som samlar sentrumsfunksjonar innanfor eit avgrensa område. Retningslinjene i den regionale planen set klare grenser for handelsområda basert på sentrumstypar, frå fylkessenter til lokalsenter og nærsenter. Det blir understreka at sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommunen sin plan eller reguleringsplan for sentrum, og inntil det er gjort, bør planlegginga ta omsyn til retningsgivande utstrekning frå ytterkant til ytterkant: opptil 1000m for fylkessenter, 800m for regionsenter og bydelsenter i Bergen, 600m for kommunesenter, og konsentrert tilbod for lokalsenter og nærsenter.

Senterstruktur for Alver

Dei sju definerte sentra i Alver kommune er geografisk spreidde over heile kommunen. Heile 60% av innbyggjarane bur innanfor 5 km avstand til eit av desse sentra. Busetjinga i kommunen er ikkje jamt fordelt, og over halvparten av innbyggjarane bur i sør, hovudsakleg i delområda Knarvik og Frekhaug.

Framlegget for senterstruktur deler sentra inn i tre nivå:

- Kommune- og regionsenter: Knarvik
- Lokalsenter: Frekhaug, Manger, Lindås, og Ostereidet
- Nærsenter: Bøvågen og Vikebø

Framlegget for senterstruktur baserer seg på faktorar som folketal, eksisterande funksjonar, geografi og infrastruktur. Manger og Frekhaug, tidlegare kommunesenter i Radøy og Meland, er dei sentra utanom Knarvik med høgast folketal og flest funksjonar, medan Bøvågen og Vikebø blir sett som typiske nærsenter med meir avgrensa tilbod. Frekhaug, Manger, og Lindås fungerer som lokalsenter med fleire funksjonar og høgt folketal. Ostereidet er eit lokalsenter langs E39 med eit variert tilbod og stor aktivitet, særleg grunna den geografiske plasseringa. Det er viktig for den delen av kommunen med lågast folketal og spreidd busetnad.

I alle sentra er målet å utvikle eit mangfaldig tilbod som dekkjer innbyggjarane sine daglege behov, med eit minstekrav som inkluderer daglegvare, barneskule, barnehage, og tilbod innan idrett og kultur.



Figur 5 Senterstruktur for Alver. Henta frå mulighetsstudie senterstruktur for Alver: https://alver.kommune.no/contentassets/4de8a39f89bf49f996d834ea0f7149d0/mulighetsstudie-senterstruktur-for-alver_sluttrapport-desember-2022.pdf

Knarvik

I Knarvik er alle tilbud samla innanfor gangavstand, noko som er ein viktig kvalitet som må ivaretakast i utviklinga av region- og kommunesenteret. Knarvik har ein betydeleg arealreserve med om lag 2400 bustadeiningar, mykje areal for sentrumsføremål, kontor og privat/offentleg tenesteyting. Det er avgjerande å styrke og ta vare på kvalitetar som den kompakte sentrumsstrukturen, gangaksen frå nord til sør, nærleiken til naturen, og tilgjenge til kystlinja.

Frekhaug

Frekhaug har ein omfattande og samanhengande byggjesone, der sentrum ligg heilt aust i området. Vekstsona er avgrensa av fylkesvegen, med unntak av områda Langelandsskogen. Langeland, eit verdifullt landbruksareal, og Mjåtveitvassdraget er plassert utanfor vekstsona. Desse områda, i tillegg til Storeknappen, fungerer som populære tur- og rekreasjonsområde. Den lange kystlinja langs sjøen i byggeområda er tryggja som friområde.

Sentrale funksjonar på Frekhaug inkluderer Sagstad skule og idrettsanlegget til Meland aktiv. Området er definert med ei avgrensa vekstsona, noko som opnar for vidare utvikling av desse funksjonane utan at ein mistar for mykje landbruksareal.

Med pågåande reguleringsplanar for Dalstø, Mjåtveitstø, og Langelandsskogen har Frekhaug ein betydeleg arealreserve innanfor vekstsona.

Lindås

Lindås har ein betydeleg arealreserve innanfor vekstsona, men det manglar ein oppdatert plan for området. Ein mulighetsstudie vart utarbeidd i 2019 for Lindås, og denne kan nyttast som grunnlag for framtidig planlegging.

Når det gjeld sentrumsutstrekning, er det gode reserver innanfor det eksisterande senterområdet. Vidare utviding av sentrum er føreslått mot sørvest for å knyte saman sentrum med andre funksjonar i området.

Manger

Manger sitt sentrumsområde har ei stor utstrekning med diverse funksjonar samla. Vekstsona inkluderer byggesona på Manger og strekkjer seg til sjølinja i sør, med avgrensing mot LNF-området i nord. Det er ein bustadreserve på om lag 150 bustadar som er regulert, men det manglar ein oppdatert reguleringsplan for sentrum.

Ostereidet

Vekstsona for Ostereidet vart definert i KPA Lindås (2019) og nytta som kriteria for innspel i førre planperiode. Den nye områdeplanen for Ostereidet vart vedteken i desember 2021. Området har ein betydeleg arealreserve i gjeldande planar, med omtrent 180 nye bustadeiningar, og det er lagt til rette for ei framtidsretta utvikling av senter- og skuleområdet.

Vikebø

Vekstsona for Vikebø strekkjer seg frå sentrum og sørover til og med idretts- og barnehageområdet. Til tross for mangelen på daglegvare er det planlagt for sentrumsutvikling med bustadar, forretningar og kontor. Områdeplanen for Rylandshøgda, som ligg mellom sentrum og idrettsområdet, opnar også for bustadutvikling, inkludert sentrumsområdet, med ein samla reserve på omtrent 90 bustadeiningar.

Bøvågen

Bøvågen har dei viktigaste funksjonane som eit nærsenter bør ha. Sentrumsområdet strekkjer seg frå daglegvarebutikken til skule- og barnehageområdet. Vekstsona omfattar byggesona med dei viktigaste fellesfunksjonane. Bøvågen har arealreserve innanfor vekstsona, men manglar oppdatert plan.

Oppsummering bustadreserve

Senter	Knarvik	Frekhaug	Lindås	Manger	Ostereidet	Vikebø	Bøvågen
Bustadreserve	2400	Tre planar	Manglar plan	150	180	90	Manglar plan

Relevans for barnehage- og skulebruksplanen

Mulighetsstudien for senterstrukturen i Alver kommune er relevant for utarbeidinga av barnehage- og skulebruksplanen på ulike måtar.

Arbeidet følgjer retningslinjene i planen for attraktive sentrum i Hordaland. Dette gir ei regional forankring og viser korleis Alver tilpassar seg overordna mål og strategiar for utvikling av sentrum, handel, og lokale tenester, som t.d. barnehagar og skular. Studien klargjer kommunen sin senterstruktur, i tillegg til funksjonane og rollene til dei definerte sentra. Dette gir innsikt i korleis dei ulike sentra, frå Knarvik som kommune- og regionsenter til Bøvågen og Vikebø som nærsenter, er viktige lokale ressursar med ulik karakter, storleik, og tenestetilbod.

Vidare inkluderer studien retningslinjer for sentrumsutstrekning, og poengterer at det er viktig at dette vert fastsett i kommunen sin plan eller reguleringsplan for sentrum. Dette har implikasjonar for korleis sentrumsområda utviklar og avgrensar seg, og dette vil påverke tilgjengelegheita og funksjonaliteten til sentra.

Senterstrukturen som vert definert i studien, gir såleis eit rammeverk også for planlegging av barnehagar og skular. Dette inkluderer målet om å utvikle mangfaldige tilbod som dekkjer innbyggjarane sine daglege behov, med konkrete mål om tilgjengelegheit til daglegvare, barneskule, barnehage, samt idretts- og kulturtilbod. Studien tek omsyn til geografisk spreiding av sentra og befolkninga. Dette er vesentleg for å forstå korleis dei ulike lokalsamfunna er distribuerte og kva lokale behov som må dekkast for å skape attraktive og funksjonelle senter.

4.5 Temaplan Bygg og eigedom

Temaplanen for bygg og eigedom for 2021-2022 er ei samanstilling av kartleggingsarbeid og tidlegare planar for kommunale bygg og eigedommar i gamle Lindås, Meland, og Radøy kommunar. Den gir ei kort oversikt over statusen til bygningar, anlegg, og eigedommar i kommunen, samtidig som den peiker på retninga for framtida. Temaplanen legg grunnlaget for forvaltninga av kommunen sine bygg og eigedommar fram til ein ny hovudplan er på plass.

Bustader, bygg og uteområde er grunnlaget for gode levekår i Alver, og ein lyt jobbe førebyggjande med vedlikehald for å sikre gode forhold. Ein handlingsplan er sett opp for å bremse forfall, basert på kartleggingar. Økonomiplanen avgjer handlingsrommet for gjennomføring av tiltak.

Inntil felles mål og strategiar er vedtekne for heile kommunen, følgjer teknisk forvaltning og drift desse måla: «Alver kommune skal eige og drive tilstrekkeleg med bygningar for å utføre oppgåvene kommunen er sett til å løyse. Materialval, utforming og tekniske løysingar skal førebygge framtidig vedlikehald og sikre godt inneklima, ergonomi og fysisk arbeidsmiljø.»

- Det er ei målsetjing for kommunen å profesjonalisere bygg- og eigedomforvaltninga slik at:
- Eigedomsmassen blir forvalta og drifta på ein berekraftig og kostnadseffektiv måte.
- Verdiane blir teke vare på og kan vidareutviklast.
- Eigedomsmassen er, eller kan tilpassast, brukarane sine behov.
- Det blir lagt vekt på energiøkonomisering.

I tråd med gjeldande økonomiplan er det taktiske og operative målet å optimalisere bygningsmassen innanfor den vedtekne planperioden.

Staten vektlegg sunne og trygge bygg med lav energibruk i arbeidet med byggkvalitet. Temaplanen slår fast at Alver kommune står overfor eit stort vedlikehaldsetterslep. Funksjonaliteten vil reduserast over driftsperioden, og kommunen står i fare for å akkumulere eit vedlikehaldsetterslep. Etter kvart kan etterslepet bli for stort til at bygningen kan fungere optimalt. Verdibevarande vedlikehald kan løfte bygg til dagens standard. Eit anna alternativ kan vere å heve standarden ytterlegare gjennom utvikling.

Samla eigedomsmasse i Alver kommune:

Tema	Areal	Antal
Undervisningsbygg	Ca. 80.000 m ²	24
Barnehage	Ca. 9.500 m ²	12
Kultur/Idrettsbygg inkl.basseng	Ca. 29.000 m ²	10
Administrasjonsbygg og driftsbygg	Ca. 18.000 m ²	14
Helse- og intitusjonsbygg	Ca. 23.500 m ²	12
Formålsbygg	Ca. 160.000 m²	
Kommunale bustader	Ca. 30.000 m²	359
Kulturbygg (Bygningsvern)		18

Figur 6 Samla eigedomsmasse i Alver kommune. Tabell henta frå Temaplan Bygg og eigedom

I tillegg eig kommunen i underkant av 50 leikeplassar og nærmiljøanlegg, for det meste lokalisert i bustadfelt.

Tilstandsgrad

Tilstandsgrad (TG) uttrykkjer tilstanden til ein bygningsdel i forhold til det førehandsbestemte referansenivået. Ein brukar ein skala frå 0 til 3. Ved kartlegging og analyse av bygningsmassen i Alver, har ein nytta følgjande kategorisering:

	Ingen eller mindre avvik – normal slitasje og normalt vedlikehald
	Vesentlege avvik – sterkt nedslitt, skadd eller vesentleg redusert funksjon – behov for lokale tiltak
	Stort eller alvorlege avvik – behov for strakstiltak

Status bygg

Følgjande status er henta frå Temaplanen:

Skule:

Vedlikehaldsår - Skulebygg			
2021	2022	2023	2024
Lindås barneskule	Vestbygd skule	Seim skule	Leiknes skule
Alver vaksenopplæring + spes.ped bhg, Kvernhusmyrane 6 og 8	Alversund skule, ny 2021	Eikanger skule	Myking skule
Lindås ungdomsskule	Ostereidet barneskule	Grasdal skule	Kløvheim skule
Meland ungdomsskule	Ostereidet ungdomsskule	Rosslund skule	Sagstad skule
Meland ungdomsskule L-Bygget	Sfo Bygg Ostereidet	Austebygd skule	Sæbø skule
Manger barneskule	Hordabø skule	Knarvik barneskule	Radøy ungdomsskule
	Alversund skule , Rishaugane 5	Knarvik ungdomsskule, + Juvikstølen 14	
		Kvernhusmyrane 43 (Knarvik ungdomsskule + fysio)	

Figur 7 Status skulebygg, henta fra Temaplan Bygg og eigedom

I Temaplanen vert tilstanden for skulebygga oppsummert slik: For skulane som er vurderte i 2021 og 2022, er omtrent halvparten i god stand. Seks av desse skulane har ein bygningsmasse med tilstandsgrad 2 (gul), som er kategorisert som vesentlege avvik. Det er kritisk viktig å handtere desse objekta raskt for å unngå større økonomiske konsekvensar ved å vente. Meland ungdomsskule og Manger skule har akutte skadar som krev umiddelbare tiltak. Alversund skule skal flyttast i 2021, og det er nødvendig å avgjere snarast kva som skal skje med den gamle skulen. Dette vil påverke vedlikehaldsbudsjettet og ressursbruken i drifta betydeleg.

Barnehage:

Vedlikehaldsår – Barnehagar			
2021	2022	2023	2024
Juvikstølen barnehage	Lindås barnehage, ny 2021	Prestmarka barnehage	Austebygd barnehage
Solhall barnehage Radøyvegen 1625 D	Marihøna barnehage	Haugen barnehage	Bø barnehage
Sæbø barnehage	Kolås barnehage inkl. Soria Moria	Dale barnehage (nedlagt)	
Solhall barnehage Radøyvegen 1625 B,C			

Figur 8 Status barnehagebygg, henta fra Temaplan Bygg og eigedom

I Temaplanen vert tilstanden for barnehagebygga oppsummert slik: Dei kommunale barnehagane som er vurderte for 2021 og 2022, er hovudsakleg i god teknisk stand. Kolås barnehage, inkludert avdelinga Soria Moria ved Lindås barneskule, vert erstatta av nye Lindås barnehage i 2021. Den nye barnehagen vil ha plass til 99 barn. Den noverande Kolås barnehage står på Lindås tomteselskap sin grunn. Det må avgjerast om bygget skal seljast i samband med oppstarten av den nye Lindås barnehagen. I desember 2020 får Bø barnehage nye lokale på Bø med plass til om lag 85 barn. Den gamle Bø barnehagen vert riven som ein del av prosjektet med den nye barnehagen. Solhall 2 (Radøyvegen 1625 B, C) har ikkje helsvern godkjenning pr. i dag. Plangodkjenning er gitt for Solhall 1 og 2. Solhall 2, byggetrinn 2, er ikkje inkludert i økonomiplanen for 2021/2022. Dette betyr at lokala ikkje kan nyttast til barnehageføremål før naudsynte tiltak er gjennomførte.

Potensiale for optimalisering av bygningsmassen

Alver kommune har ei målsetjing om å eige og drive tilstrekkeleg med bygningar som trengs for å oppfylle dei kommunale oppgåvene. Ein bør difor sjå nærare på kva bygg Alver kommune skal eige og drive for å optimalisere bygningsmassen. Temaplanen peikar på at kommunen her har eit strategisk, økonomisk og taktisk potensiale.

Prioritering av tiltak

Hovudmålet for første vedlikehaldssyklus av formålsbygga i kommunen er å utjamne ulikheiter og hindre forfall. Deretter skal ein gjennomføre verdibevarande vedlikehald. Det er fleire bygg der tiltak er naudsynte grunna manglande vedlikehald, endringar i standard eller funksjonalitet. Periodisk og verdibevarande vedlikehald blir anbefalt å gjennomføre via vedlikehaldsbudsjettet (drift), medan oppgraderingar på grunn av endringar i funksjon blir budsjetttert under investeringspostane.

Relevans for barnehage- og skulebruksplanen

Temaplan Bygg og eigedom peikar på eit stort vedlikehaldsetterslep knytt til skule- og barnehagebygg. Fleire bygg har vesentlege, store og alvorlege avvik. Det er ei kommunal målsetjing at Alver kommune skal eige og drive tilstrekkeleg tal bygg for å løyse dei kommunale oppgåvene. For Temaplan barnehage- og skulebruksplan vert det såleis viktig å peike på funksjonell kvalitet i bygga, og kva anlegg ein bør satse på i ein framtidig berekraftig struktur, både med tanke på økonomi og kvalitet.

4.6 Lokale satsingar for kvalitet i barnehage og skule

4.6.1 Barnehage

Dei pedagogiske satsingsområda er synlege i dei kommunale barnehagane i Alver. Barnehagen deltek i regional kompetanseopplæring. I tillegg har kommunen hatt ei fleirårig satsing på De Utrolige Årene (DUÅ). Fleire barnehagar har tatt i bruk metode for DINO skulen, som er ei vidareføring av arbeidet med DUÅ. De Utrolige Årene (DUÅ) tilbyr opplæring innan utviklingsstøtte, førebygging og behandlande tiltak for barn, deira familiar, skular, SFO/AKS og barnehagar. I tillegg tilbyr DUÅ støtte til tenester for å sikre at organisasjonar som startar med DUÅ-tilbod skal lukkast med en stabil og varig implementering. Ikkje alle barnehagane har kome like langt, men arbeidet ser ut til å vere ein del av kulturen fleire stader.

Vidare har dei fleste kommunale barnehagane kome langt når det gjeld å utvikle barnehagens leikemiljø i tråd med krav i Rammeplanen sitt kap. 8. Dette gjeld uavhengig at dei fysiske høva elles. Det er i stor grad lagt til rette med leikesoner, variert materiale, møblering i barn si høgd og grunnlag for medverknad i kvardagen. I dei barnehagane som har manglar i fysiske funksjonar som garderobe, stellerom og toalett er det mindre synleg korleis barn kan medverke i kvardagen.

Prosjektet Universell Pedagogikk er etablert for å tryggje eit likeverdig tilbod for alle barn og elevar i Alver kommune, knytt til satsinga Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Ein samarbeidsavtale med Universitetet i Oslo (UIO) ved institutt for spesialpedagogikk er inngått for 2023 og 2024 som kompetansemiljø i prosjektet. Prosjektet omfattar heile utdanningsløpet frå barnehage til fullført grunnskule. Fokus ligg på vurdering av utbytte frå både ordinært og spesialpedagogisk tilbod. Målet er eit raust og inkluderande ordinært tilbod som når dei fleste, samtidig som ein styrkar kvaliteten og organiseringa av spesialpedagogisk arbeid. Fase 1 i 2022/23 har kartlagt no-situasjonen, med særleg fokus på barnehage. Fase 2 i 2024 vil ha auka fokus på skule. Gjennom heile prosessen vektlegg ein samarbeid mellom ulike kompetanseområde frå barnehage, skule, PPT, helsestasjon, osv., med felles mål om å byggje og styrkje ein likeverdig, raus og inkluderande praksis i barnehage og skule.

God språkutvikling i tidleg alder dannar grunnlaget for meistring av kommunikasjon, samhandling, leik og læring. Barn lærer gjennom leik og dialog, og slik utviklar dei også språkkompetanse og eigen identitet. Dei første leveåra er særleg viktig for barna si utvikling på dette området, og difor må vi sjå språkutvikling i barnehage og skule i samheng. Prosjektet Språk, lesing og skiving vil med utgangspunkt i dette vere eit fellesprosjekt for barnehage og skule. Dei kommunale barnehagane i Alver har også felles kjenneteikn i at dei aktivt nyttar ASK, gjennom bruk av biletstøtte i det fysiske miljøet, slik at alle barn kan dra nytte av dette i si språkutvikling. Det er generell fokus på å tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet for enkeltbarn der det er naudsynt. Samarbeidet med PPT er godt og ein drar nytte av dei utviklingsprogramma som er tatt i bruk.

Fokuset på pedagogisk utvikling er høgt i dei fleste barnehagane, men leiarane seier at praksis ber preg av at det ikkje er god nok tid til møter, planlegging og dokumentering. Barnehagen ynskjer meir tid til samarbeid med heile personalgruppa, men også mellom avdelingar for å få til eit enda betre profesjonsmiljø.

4.6.2 Skule

I følge Tilstandsrapport for grunnskulen for 2023 er Alverskulen si målsetjing å skape gode oppvekstmiljø for barn og unge gjennom eit kontinuerleg og systematisk forebyggande arbeid med felles fokus og tilnærming. «Her vil god leiing, positive relasjonar mellom vaksne og elevar, klasseleiing, positive relasjonar blant elevane og samarbeid med foreldre fremje og oppretthalde eit godt og trygt skulemiljø.»

Visjonen viser at Alver kommune er opptatt av inkludering og tilhøyrsløse:

Alverskulen; Ein plass for alle – læring og meistring i fellesskap.

Alle elevane har rett til eit godt skulemiljø. Alver kommune ynskjer at dei skal vekse opp og bli rause, robuste og inkluderande medmenneske. Alverskulen skal lære born og unge å meistre sine eigne liv og si eiga psykiske helse, ta sosialt ansvar og vise medborgarskap. Dette skal ein oppnå ved at dei vaksne ser elevane og passar på. Ein skal inkludere alle, og ta vare på kvarandre og skulemiljøet.

Utfordringsbilde

Tilstandsrapporten for grunnskulen 2023 peikar på følgjande utfordringar:

Åtferdsutfordringar aukar blant elevar, med fleire helserelaterte saker i skulen, og utfordringane blir større og meir komplekse. Skulane treng meir kunnskap utanfor pedagogikken, og kommunen investerer mykje ressursar i helserelaterte utfordringar, noko som er krevjande for drifta av skulen. For å møte dette ynskjer Alverskulen å tilsetje fleire frå ulike yrkesgrupper, som miljøarbeidarar og vernepleiarar.

Nasjonale prøver på barnetrinnet viser følgjande:

- Lesing: Resultata frå nasjonale prøver i lesing i Alver kommune viser over tid at elevane ikkje utviklar tilfredsstillande leseferdigheiter. Det er ein stor variasjon i resultata mellom skulane og internt på kvar skule. I Alver kommune har om lag 70% av skulane fleire elevar på 5.trinn som meistrar på nivå 1 i lesing enn snittet for heile landet. Ein legg òg merke til at skulebidraget for 1.-4. trinn og 5.-7. trinn har vore i negativ utvikling.
- Rekning: Resultat for nasjonale prøver i rekning 2022 viser at i Alver kommune har meir enn halvparten av barneskulane fleire elevar på nivå 1 samanlikna med snittet for heile landet. Nokre skular i Alver har fleire elevar på nivå 3 enn snittet for landet, men meir enn 80% av skulane i kommunen har færre elevar på dette nivået.
- Fleire elevar i Alver skårar på lågaste nivået på nasjonal prøve i engelsk på 5. trinn enn nasjonalt snitt. Det er stor forskjell i resultata mellom skulane.

Nasjonale prøver på ungdomstrinnet viser følgjande:

- Lesing: 80% av skulane i Alver har fleire elevar på nivå 1 (lågaste nivået) på 8. trinn samanlikna med gjennomsnittet for landet. Det er ein større del gutar enn jenter som presterer på nivå 1 og 2, og særleg gutane på 8. trinn gjer det svakt. Resultata på 9. trinn er nærare nasjonalt snitt.
- Rekning: I Alver kommune har 60% av ungdomsskulane fleire elevar på nivå 1 samanlikna med heile landet på 8.trinn i rekning. Samtidig har 80% av skulane færre elevar på nivå 2. Det negative avviket frå heile landet utjamnar seg derfor noko om ein ser dei to nivåa saman. På 9.trinnet jamnar forskjellane seg litt ut mellom gutar og jenter i Alver. Resultata viser for både gutar og jenter at talet elevar er høgare enn landsgjennomsnittet på dei låge nivåa og at færre elevar i Alver meistar på dei høge nivåa.
- Engelsk: I Alver kommune har 80% av ungdomsskulane fleire elevar på nivå 1 samanlikna med snittet for landet. På nivå 2 har alle skulane fleire elevar. Alver kommune har samla sett 10% fleire elevar på dei to lågaste nivåa samanlikna med landsgjennomsnittet. På nivå 4 og 5 har 60% av skulane i Alver færre elevar enn snittet for landet. Alver kommune har om lag 8% færre elevar på dei to høgste nivåa samanlikna med landet elles. Spreiing i resultat på nasjonal prøve i engelsk er noko større i Alver kommune enn det vi ser for rekning. Det kan tyde på at det er litt større ulikskapar mellom skulane i kva grad opplæringa fører til at elevane når kompetansemåla i engelsk.

Alver kommune opplever ei auke i tal elevar som vert mobba. Elevundersøkinga viser at ved gjennomføringa hausten 2022, var delen elevar som opplevde mobbing på 7. trinn på 12,4 % mot 9,9 % hausten 2021. Tilsvarende tal på mobbing frå elevundersøkinga var på 10.trinn er 11,6%, mot 7,4 % året før

Det er stor variasjon mellom skulane i storleik, med elevtal frå 22 til nærare 500. Alver har samla sett høg lærartettleik, men nokre skular er så vidt innanfor norma. Dette må vurderast i samheng med storleiken på klasserom, som kan krevje klassesdeling.

Skuleåret 22/23 strevar fleire skular i Alver med å finne nok kvalifiserte pedagogar, både for vikariat og faste stillingar. Det har vore aukande utfordringar år for år med å rekruttere og halde på kvalifiserte lærarar til Alverskulane, spesielt utover i skuleåret. Dette kan skuldast ein nedgang i søkjarar til lærarutdanningane, i tillegg til konkurranse med nabokommunane. Auka behov for bruk av ukvalifisert personell i undervisningsstillingar er ei utfordring som Alver kommune stadig oftare står overfor. GSI-tala viser at Alver kommune hadde ein andel på 2,2% ukvalifiserte i undervisningsårsverka per 01.10.2022, auka til 3,7% per 01.10.2023. I tillegg kjem bruk av ukvalifiserte vikarar.

Satsingsområde

- Desentralisert kompetanseutvikling (DEKOMP): Skulane i Alver deltek i den nasjonale desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling (DEKOMP). Ungdomsskulane Knarvik, Lindås, Meland, Radøy og Ostereidet har vore med i ordninga sidan 2021, med hovudfokus på *analysekompetanse*. Skulane jobbar ut frå sine behov med vurdering for læring og kollektive prosessar for å skape felles praksis rundt analysearbeidet. Samarbeidet skjer både internt i kvar enkelt skule og i fagleg fellesskap mellom skulane. Alver kommune har etablert eit partnerskap med Høgskulen i Vestland i dette utviklingsarbeidet. Barneskulane deltek også i DEKOMP, med temaet arbeid med *språk, lesing og skrivning og hovudfokus på analysekompetanse*. Frå skuleåret 2022/23 starta Alversund skule, Ostereidet barneskule, Seim skule og Sæbø skule i ordninga. Frå skuleåret 2023/24 har Grasdal skule, Leiknes skule, Manger barneskule og Myking skule også delteke, og dei åtte barneskulane har etablert eit samarbeid i kvalitetsutviklinga. Målsetjinga er å inkludere alle skulane i denne ordninga i åra som kjem.
- Universell pedagogikk – kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis: Prosjektet Universell Pedagogikk er etablert for å sikre ein likeverdig tilbod for alle barn og elevar i Alver kommune, knytt til satsinga Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Ei samarbeidsavtale med Universitetet i Oslo (UIO) ved institutt for spesialpedagogikk er inngått for 2023 og 2024 som kompetansemiljø i prosjektet. Prosjektet omfattar heile utdanningsløpet frå barnehage til fullført grunnskule. Fokus ligg på vurdering av utbytte frå både ordinært og spesialpedagogisk tilbod. Målet er eit raust og inkluderande ordinært tilbod som når dei fleste, samtidig som ein styrkar kvaliteten og organiseringa av spesialpedagogisk arbeid. Fase 1 i 2022/23 har kartlagt no-situasjonen, med særleg fokus på barnehage. Fase 2 i 2024 vil ha auka fokus på skule. Gjennom heile prosessen vektlegg ein samarbeid mellom ulike kompetanseområde frå barnehage, skule, PPT, helsestasjon, osv., med felles mål om å byggje og styrkje ein likeverdig, raus og inkluderande praksis i barnehage og skule.
- Prosjektet "Språk, lesing og skrivning" i Alver kommune har som mål å styrkje språkutviklinga hos barn og elevar, med spesielt fokus på lesing og skrivning. God språkutvikling legg grunnlaget for kommunikasjon, samhandling, lek og læring, og dei første leveåra er avgjerande for barna si utvikling på dette området. Prosjektet tek utgangspunkt i behova som er identifiserte gjennom nasjonale prøveresultat, som syner at leseferdigheitene til elevane i Alver kommune ikkje er tilfredsstillande. Prosjektet har to hovudoppdrag: desentralisert kompetanseutvikling for skulane med

lokale utviklingsmål innanfor området språk, lesing og skrivning, samt utarbeiding av ein kommunal strategi for arbeidet med språk, lesing og skrivning i skular og barnehagar.


Åtte barneskular i Alver deltek i desentralisert kompetanseutvikling (DEKOMP) frå skuleåret 2023-2024, støtta av midlar frå statsforvaltaren. Lesesenteret ved UiS er samarbeidspartnar i perioden 2023-2026, med fokus på gjensidig utvikling av praksis i barnehagar og skular. Prosjektet startar formelt opp hausten 2023, med ei innleiande fase som varer til desember 2024. I denne perioden blir det gjennomført kartlegging av språkstimulering og gjennomføringa av den første lese- og skriveopplæringa. Ein vurderer også korleis prosjektet skal samhandle med særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar. Den innleiande fasen vil resultere i tilråde for praksisområde og vidare arbeid, samt ein sluttrapport.

- Med bakgrunn i auken i mobbetal, har ein sett i verk følgjande tiltak: Team Læringsmiljø er etablert for å bidra til kompetanseutvikling på system- og individnivå i barnehagar, skular og SFO. Målet er å støtte barnehagar og skular/SFO i arbeidet med å skape eit trygt og godt læringsmiljø. To personar, som er ein del av PPT, er tilsette i teamet. Skulane melder inn behov for hjelp i større og meir krevjande saker.
 - Klassesetivsel: Dette er ei digital, pedagogisk trivselsundersøking som skulane skal gjennomføre både haust og vår. Fleire skular nyttar òg andre sosiometriske undersøkingar for å kartlegge trivsel blant elevane. Desse verktøya er essensielle for å ha oversikt og jobbe førebyggjande og målretta.
 - Klasseleiing: Det vert lagt vekt på bevisstgjerjing og gruppeoppgåver med erfaringsdeling, der fokus er på korleis ein kan arbeide, førebygge og gripe inn. Rektor har ansvaret for å sikre kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helse, trivsel og læring for elevane.
 - Fokus på Laget rundt elevane, med samhandling mellom elevar, føresette, tilsette, leiing, skuleeigar og eksterne aktørar

5 Støttetenester Alver kommune

5.1 Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta i Alver kommune er organisert som ei avdeling i tenesteområdet Helsestasjon og jordmor, med eigen avdelingsleiar med heilskapleg personal-, fag- og økonomiansvar:



Skulehelsetenesta er ei lovpålagd teneste for alle elevar, regulert av Lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Forskrift om kommunens helsefremmande og forebyggjande arbeid i helsestasjon- og skulehelsetenesta utfyller formålet, verkeområdet og kommunens ansvar. Målet med skulehelsetenesta er å vere eit lett tilgjengeleg og gratis lågterskeltilbod. Elevar med heimeskuleopplæring har også rett til skulehelseteneste. I samarbeid med skulen jobbar skulehelsetenesta for å fremje elevane si psykiske og fysiske helse, gode sosiale og miljømessige forhold, samt førebyggje sjukdom og skade. Helsesjukepleiarar, sjukepleiarar med vidareutdanning i helsesjukepleie, utgjer skulehelsetenesta. Kontortid er tilgjengeleg ved alle skulane i Alver, med ressursfordeling basert på talet elevar ved kvar skule. Skulehelsetenesta samarbeider òg med kommunepsykolog for born og unge, fysioterapitenesta, PPT og barneverntenesta. Helsesjukepleiaren på skulen samarbeider med skulen om tiltak som fremjar eit godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elevar. Systematisk samarbeid mellom skulehelsetenesta og skulen er avgjerande for at skulehelsetenesta kan utføre sine oppgåver i tråd med nasjonale retningslinjer. Skulehelsetenesta og skulane i Alver har etablert rutinar for samarbeid som fastset rammene for samhandlinga mellom tenestene.

I avdelinga er det tilsett 14 helsesjukepleiarar, fordelt på 11,3 årsverk. Årsverka fordeler seg slik:

Barneskule: 7 årsverk

Ungdomsskule: 2,8 årsverk

Vidaregåande skule: 1,2 årsverk

Helsestasjon for ungdom: 0,4 årsverk

Skulehelsetenesta har kontor på alle skulane i Alver, inkludert dei private skulane og vidaregåande skule. Kontorfasilitetar og eigna plassering av kontora er varierende på dei ulike skulane.

Nokre av helsesjukepleiarkontora er plassert langt frå administrasjon på skulen, slik at det utfordrar systematisk samarbeid. Andre kontor er plassert slik at elevane må forflytte seg ut, og mellom bygningar, og vert difor mindre tilgjengeleg for elevane.

Manglande lydisolering som utfordrar teieplikt, temperatur, støy og innsyn er døme på andre utfordringar på nokre av skulane.

Helsesjukepleiarressursane i skulehelsetenesta er fordelt utifrå elevtal på den enkelte skule. Det varierer frå 100 % dekning på den største skulen, til 10% dekning på dei minste skulane.

Helsedirektoratet laga i 2010 ei anbefaling om normtal for bemanning i skulehelsetenesta. Anbefalinga tek utgangspunkt antal årsverk per elevar etter følgjande oppsett:

- 800 elevar per årsverk i vgs
- 550 elevar per årsverk i u.skule
- 300 elevar per årsverk i barneskule

Helsedirektoratet har jobba med eit nytt bemanningsverktøy for skulehelsetenesta. For ungdomsskule er verktøyet ferdig og no til utprøving i kommunane. Verktøy for barneskule er ikkje utarbeidd endå.

Utifrå desse anbefalingane indikerer det at Alver ligg per d.d 1,2 årsverk under anbefala minimumsbemanning på ungdomsskule (utifrå nytt berekningsverktøy), og 1,4 årsverk under anbefala minimumsbemanning på barneskule (utifrå gamalt berekningsverktøy). Ein kan anta at vi vil ligge endå meir under minimumsanbefaling når nytt berekningsverktøy for barneskule også er ferdigstilt.

For skuleåret 23/24 er ressursane fordelt slik. Tala i raudt viser der dekningsgraden er under anbefalt minimum:

Barneskular 19	Elevtal	Normtal	Dekning
Alversund	326	100	90
Austebygd	31	10	10
Eikanger	76	20	20
Grasdalen	137	40	40
Hordabø	98	30	30
Kløyheim	22	10	10
Knarvik	230	70	50
Leiknes	183	60	40
Lindås	199	60	50
Manger	183	60	60
Myking	57	10	10
Nordh. K.g.	69	20	10
Ostereidet	92	30	20
Rossland	100	30	30
Sagstad	467	150	100
Seim	147	40	40
Skodvin	69	30	20
Sæbø	96	30	30
Vestbygd	132	40	40
Sum	2714	840	700

Figur 9 Normtal og dekningsgrad helsesjukepleiar i barneskulane, inkludert private

	Elevtal	Normtal	Dekning
Danielsen	181	52	30
Knarvik	386	99	70
Lindås	165	48	40
Meland	180	51	40
Ostereidet	125	38	20
Radøy	179	51	40
Rossland	129	39	30
Nordh.k.g	39	18	10
	1384	396	280

Figur 10 Normtal og dekningsgrad helsesjukepleiar i ungdomsskulane, inkludert private

Når det gjeld barnehagane, så har kvar barnehage (inkludert private) ein tildelt kontakthelsesjukepleiar som kontaktast ved behov for drøfting av problemstillingar og rådgjeving (ikkje enkeltbarn).

5.2 PPT

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) er den lovpålagde, fagkyndige instansen i kommunen i samsvar med Opplæringslova § 5-6 og barnehagelova § 34. PPT har ansvaret for å utarbeide fagkyndige vurderingar knytt til spesialpedagogisk hjelp i førskulealder, spesialundervisning i grunnskule, og vaksne sine rettar knytt til spesialundervisning på grunnskule nivå. PPT skal også støtte barnehagar og skular med kompetanse- og organisasjonsutvikling, slik at dei legg til rette for barn og elevar med særskilde behov.

Alver PPT er organisert i eit barnehageteam, eit skuleteam, utøvande logopedar og team læringsmiljø. Det er totalt 23,3 årsverk i tenesta. Ei oversikt over tilsette per februar 2024:

Tenesteleiar								100
Barnehageteam		Skuleteam		Utøvande team		Team Læringsmiljø		
Fagansvarleg pedagog	100	Fagansvarleg psykologspesialist	100	Logoped	100	Pedagog	100	
Logoped	100	Pedagog	100	Logoped	100	Pedagog	100	
Pedagog	100	Psykolog	100	Logoped	100			
Psykologspesialist	100	Pedagog	100	Spesialped.	40			
Logoped	50		50					
		Pedagog	100					
		Pedagog	50					
		Logoped	30					
		Psykolog-	100					
		Pedagog	100					
		Pedagog	100					
		Master i psykologi	100					
		Pedagog	100					
		Logoped totalt	50		50			
Sum stillingar	4,5		11,8		3,9		2,00	22,20
«gamle lønsmidlar»								0,10
Sum total								23,30

Barnehageteam:

Barnehageteamet har ansvar for å bidra og bistå inn mot både dei offentlege- og private barnehagane.

Samla ressurs: 4 årsverk fordelt på dei kommunale og private barnehagane i kommunen.

Alle barnehagar har ein PP-sakshandsamar som høyrer til barnehagen. Dei har eit todelt mandat der dei arbeider både individ- og systemretta. Barnehagane har ressursteam der saker først vert drøfta på systemnivå. Her rettleiar PPT i høve systemisk arbeid og bistår i utviklingsarbeid dersom barnehagane melder behov om dette. I individsaker gjer PPT ei utgreiing gjennom kartlegging, observasjon og samtalar, som vidare dannar grunnlaget for ei sakkunnig vurdering.

Alver PPT samarbeider med barnehagane på systemnivå om å styrke det ordinære tilbodet. Målet er at det ordinære pedagogiske tilbodet skal vere så godt at det skal romme fleire born, slik at omfanget av spesialpedagogisk hjelp blir unødvendig. Denne satsinga er i tråd med Alver kommune (jamf. Universell pedagogikk) og nasjonale føringar.

Kvar barnehage har faste kontaktdagar / kontakttid ute i barnehagane. Samla tid ute i einingane varierer mellom 175- 181 timar pr måned, då nokon einingar kun har kontakttid annakvar måned. Tida varierer etter storleik på barnehage, men fleire av barnehagane har besøkstid nokre timar to dagar i månaden. Nokre av dei minste barnehagane har besøkstid 2 t annakvar måned. I periodar ser PP-tenesta at nokre barnehagar har behov for meir oppfølging enn den tildelte kontakttida. Dette vert gitt i så stor grad som mogleg. Behovet kan vere på individnivå eller på systemnivå ved t.d. implementeringsarbeid med DUÅ: Her får den enkelte barnehage ekstra kontakttid når dette arbeidet pågår.

Fagansvarleg deltar i samarbeidsmøte med barnhagemynde på systemnivå og i avklarande møte om faktorar som berører individsaker. Fagansvarleg deltar i tillegg saman med tenesteleiar i samarbeidsmøte med spesialpedagogane som er tilsett i «Pedagogisk støtteteam» etter eit oppsett på faste samarbeidsmøter. Fagansvarleg barnehage følgjer opp som sakkunnig i saker for vaksne med sansetap på synsområde.

Barnehageteamet har formell- og uformell kompetanse innanfor fagfelta; affektive/emosjonelle vanskar, språk, syn- og høyrslproblematikk/teikn, reguleringsvanskar, utviklingsmessige forstyrringar, migrasjonspedagogikk, norsk som andrespråk, gruppeleiing, rettleiing, DUÅ, COS og MarteMeo. Teamet består av medarbeidarar med følgjande kompetanse: logoped, psykologspesialist og pedagog m/master.

Logoped i barnehageteamet har og ansvar som sakkunnig for utgreiing av vaksne med tap av språkleg funksjon t.d. slagpasientar.

Barnehageteamet opplever ei auke i autismespekterforstyrringar, og har hatt ein periode med auke i Downs syndrom 2018- 2020. I tillegg ser ein ei auke i behov for foreldrerettleiing.

Skuleteam

Skuleteamet har ansvar for å bidra og bistå inn mot dei offentlege- og private grunnskulane, samt vaksenopplæring/språkopplæring.

Skuleteam:

- Logoped 230 % stilling (3 personar)
- Psykolog 360 % stilling (4 personar)
- Pedagog/spesialpedagog 650 % (7 personar)

Ressurs skule: 12,4 årsverk fordelt på 24 skular (+ vaksenopplæringa).

Alle skular har ein PP-sakshandsamar som høyrer til skulen. Dei har eit todelt mandat der dei arbeider både individ- og systemretta. Skulane har ressursteam der saker først vert drøfta på systemnivå. Her rettleiar PPT i høve systemisk arbeid og bistår i utviklingsarbeid dersom skulane melder behov om dette. I individsaker gjer PPT ei utgreiing gjennom kartlegging, observasjon og samtalar, som vidare dannar grunnlaget for ei sakkunnig vurdering.

Skuleteamet består av 14 pedagogar, psykologar og logopedar. Teamet har formell- og uformell kompetanse innanfor fagfelta; affektive/emosjonelle vanskar, lese-skrivevanskar, språk, matematikkvanskar, syn- og høyrslproblematikk/teikn, åtferdsvanskar, utviklingsmessige forstyrringar, migrasjonspedagogikk, norsk som andrespråk, klasseleiing, rettleiing, DUÅ, COS og ICDP.

Alver PPT har faste kontaktdagar på skulane. Tal på kontaktdagar er utrekna på grunnlag av skulestorleik/elevtal ved den enkelte skule (1-4 dagar i månaden). Utanom dei faste kontaktdagane er sakshandsamarane også ute på skulane etter behov. Fastkontakttida kan også verta nytta i PPT sitt lokale til kartlegging, rettleiing av lærarar og foreldre, opptakssamtalar, kursing og samarbeidsmøte/ansvarsgruppemøte.

Der skulane ikkje har test-kompetanse eller kapasitet til å ta Logos, som er ei primær oppgåve til skulane, bistår også Alver PPT i dette arbeidet.

Det er skulane som gjer vedtak om rett/ikkje-rett til spesialundervisning ut frå sakkunnig vurdering. Sakkunnig vurdering er det Alver PPT som utarbeider. Dette er eit rådgjevande dokument og ikkje juridisk bindande.

Alver PPT samarbeider med skulane på systemnivå om å styrke det ordinære opplæringsstilbodet. Målet er at opplæringa skal romme fleire elevar, slik at omfanget av spesialundervisning vert redusert. Denne satsinga er i tråd med Alver kommune og nasjonale føringar.

Alver PPT har sett ei tydeleg auke i talet på tilviste fråværssaker.

Generelt

Alver PPT er involvert i følgjande tverrfaglege satsingar per dags dato:

- Foreldrerettleingsprogram; DUÅ og COS.
- DUÅ-opplæring i skulane.
- Universell pedagogikk.
- Dekomp språksatsing.
- Team læringsmiljø/UiS: Trygt og godt læringsmiljø

PP-kontor er ofte ulikt organisert i ulike kommunar. Samanliknar ein Alver mot andre kommunar vil ein t.d. sjå at andre kontor og kommunar kan ha fleire støttefunksjonar organisert utanfor PPT, som Alver kommune har organisert innafor PP-tenesta.

Døme på dette kan vere:

- oppfølging av vaksne med sansetap og rettar etter opplæringslova, dvs. utøvande logopedar
- testing med LOGOS som skular gjer sjølve
- skulemiljøsaker der ein kan ha team som er organisert utanfor, og PP-rådgjevarane inngår i eit samarbeid på systemnivå
- Alver PPT ligg tett opp til føringane i stortingsmelding nr 6 2019-2020, og dermed tettare opp til ny opplæringslov som vert gjeldande frå 1. august i år.

Alver PPT har ansvar for utgreiing / er sakkunnig for saker gjeldande vaksne med tap av grunnleggjande ferdigheiter t.d. slagpasientar , sansetap, oppstått lyte grunna anna alvorleg sjukdom. Desse har rettar både etter helselova og opplæringslova. I tillegg er svært få av skulane kvalifiserte til å gjennomføre LOGOS lesetest, dette blir då ei oppgåve som fell til PPT i utgreiing av eventuell dysleksi/spesifikk lese- og skrivevanske.

PPT viser til at historisk sett får PPT meir arbeid når ein skjer ned ressursar ute på skulane. Statsforvaltar peikar på at Alver PPT har kapasitetsvanskar i sin rapport etter tilsyn pr. desember 2023. Frå 1. august har PPT ifølge ny opplæringslov /utvida mandat ansvar for å bistå og bidra i førebygging samt tettare oppfølging i skulefråværssaker.

5.3 Barneverntenesta

Ansvar og arbeidsoppgåver til barnevernet er regulert av Lov om barnevernstenester (Barnevernlova) av 17. juli 1992 med tilhøyrande forskrifter. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har eit overordna ansvar for barnevernet, medan forvaltninga av barnevernet primært er delegert til den kommunale barneverntenesta og staten gjennom Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat/Bufdir).

Kommunedirektøren i Alver har delegert oppgåver til barnevernleiar i samsvar med lov om barnevernstenester. Barnevernleiaren sin næraste overordna er kommunalsjef for oppvekst i Alver kommune.

Frå og med 1.6.2020 vart Austrheim og Fedje barnevernteneste integrert i tenesta gjennom ein interkommunal avtale. Alver barnevernteneste har akutt beredskap for kommunane Alver, Austrheim og Gulen/Masfjorden. Akutt beredskap vert handtert utanom ordinær opningstid og i helgar/helgedagar.

Barneverntenesta er strukturert med tenesteleiar og følgjande avdelingar:

- Avdeling mottak- og undersøking
- Avdeling tiltak
- Avdeling fosterheim
- Avdeling for familierettleiing

6 Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg i Alver kommune

6.1 Prinsipp for bygging og rehabilitering av anlegg i Alver kommune

Nye skule- og barnehageanlegg i Alver kommune må planleggjast med tanke på framtida. Ny teknologi og endra forskrifter, føringar og læreplanar gjer at vi kan vere trygge på at endringar kjem, og at desse endringane vil skje stadig raskare. Det blir difor viktig å byggje anlegg som lett kan tilpassast nye krav. Anlegget bør, utan større ombygging, kunne handtere endra bruk og tåle nye behov og brukargrupper. Eventuelle enkle ombyggingar bør kunne utførast raskt og utan store investeringar. I planleggingsfasen må ein både vurdere påbyggingsmoglegheiter og moglegheiter for eventuell omdisponering til andre føremål.

Prinsipp for bygging og rehabilitering av barnehagar og skular dannar grunnlaget for bestilling av anlegg ved rehabiliteringar og mindre ombyggingar så vel som større byggeprosjekt. Ved nye byggeprosjekt blir innhaldet vurdert som krav, og ved mindre byggeprosjekt og rehabiliteringar blir prinsippa betrakta som retningsgivande. Anlegget omfattar både bygningsmasse og uteområde som saman skal bidra til å gi best mogleg forhold for barna og vaksne i skule og barnehage, med mål om å fremje ønska leik og læring.

Prinsippa tar utgangspunkt i innspel frå brukarprosessar med tilsette, elevar og foreldre i samband med utforming av denne planen. Dei byggjer også på overordna planar og politiske vedtak i Alver kommune og på erfaringsbasert kunnskap om utvikling, bygging, drift og vedlikehald av kommunen sin eigedomsporfølje.

Prinsipp for bygging og rehabilitering av barnehagar og skular i Alver vert integrert i rom- og funksjonsprogrammet når enkeltanlegg skal byggjast eller rehabiliterast.

6.2 Kjenneteikn på gode anlegg – innspel frå brukarmedverknad

I prosessen med å utforme prinsipp for gode barnehage- og skuleanlegg, har det i desember 2023 og januar 2024 vore gjennomført brukarmedverknad med følgjande grupper:

- Representantar for tilsette ved skular og barnehagar i Alver kommune
- Foreldrepräsentantar frå FAU ved barnehagar og skular i kommunen
- Ungdomsrådet og representantar frå alle skulane i kommunen
- Referansegruppe for sårbare barn
- Representantar frå kultur og idrett

Medverknadsprosessen var leia av rådgjevar frå Norconsult. Den vart gjennomført med ein IGP-metodikk, der deltakarane fekk jobbe både individuelt (I), gruppevis (G) og i plenum (P), både analogt og digitalt. I prosessen fekk tilsette og FAU-representantar kome med innspel på kva som kjenneteiknar gode barnehagar og skular innafør fire område:

1. HMS
2. Trivsel, folkehelse og inkludering
3. Leik og læring; pedagogisk funksjonalitet
4. Berekraftig bygg og drift

Fokusområda var utarbeidde av prosjektgruppa, på bakgrunn av bestillinga i planprogrammet og overordna kommunale planar, særleg med utgangspunkt i måla frå kommunedelplan for oppvekst.

Referansegruppa for sårbare barn, kultur og idrett jobba med dei tre fyrste fokusområda, medan elevane først fekk i oppgåve å skrive kva dei var nøgde med og mindre nøgde med på eigen skule, før dei fekk kome med kjenneteikn på gode skulebygg og gode uteområde.

Dei ulike brukargruppene legg stor vekt på helse, miljø og tryggleik (HMS) når det kjem til utforming og drift av skular og barnehagar. Dette inkluderer ei heilskapleg tilnærming til mellom anna inneklima, funksjonelle rom, trygge uteområde og ergonomi. Kompetanse, variasjon og tilrettelegging for samarbeid med nærmiljøet for å fremje trivsel, inkludering og folkehelse er òg sentrale omsyn. Vidare framhevar dei behovet for universell utforming, varierte areal og tverrfagleg samhandling for å leggje til rette for leik og læring for alle barn og elevar. Materialval, gjenbruk og energikjelder kan verke inn på kor berekraftige bygg og anlegg ein klarar å etablere.

Vidare følgjer ei oppsummering av innspel frå gruppene.

6.2.1 Tilsette: Kjenneteikn på gode anlegg

HMS

Inneklima: Dei tilsette i Alver kommune vektlegg godt inneklima i skular og barnehagar. Dette inneber gode lystilhøve, gode akustiske tilhøve, støyskjerming, ventilasjon og varme. Vidare vektlegg dei godt reinhald, med tilrettelegging for enkel vasking for å sikre eit helsefremjande miljø med god hygiene.

Funksjonar inne: Tilsette vektlegg funksjonelle rom og område inne i skular og barnehagar. Dette kan vere eigne stillerom med passande utstyr, fleksible inneareal som kan tilpassast ulike aktivitetar, og spesialrom med moglegheit for både fysisk aktivitet og ro og kvile. Behovet for gode fasilitetar for tilsette vert understreka, ei god inndeling av bygget med felles allrom for varierte gruppestorleikar, og tilstrekkelege møte- og arbeidsrom for samarbeid.

Uteareal: Dei tilsette i Alver kommune ønskjer trygge og inspirerande uteområde med god plass til kvar enkelt, god trafikksikkerheit, nærleik til natur og varierte leike- og aktivitetsmogelegheiter. Dei understrekar behovet for eit oversiktleg uteområde med ulike aktivitetar som fremjar motorisk aktivitet blant barna.

Ergonomi: Tilsette i Alver kommune legg vekt på ergonomisk tilpassing i skular og barnehagar. Dette kan inkludere god utforming av garderober, arbeidsposisjonar og hev-senk-stellebord, samt tilgang til avlastningsutstyr for å sikre eit helsefremjande og tilpassa arbeidsmiljø.

Trivsel, inkludering og folkehelse

Nærmiljøanlegg: Tilsette legg vekt på at skulane og barnehagane skal samarbeide med nærmiljøet. Dette kan innebere å ha gode møtestader og invitere folk til ulike arrangement, t.d. legge til rette for utleige til bursdagsbesøk og andre tilstellingar. God sambruk kan krevje tilgjengelege plassar for lagring av utstyr. I tillegg er tydelege informasjonsskilt med namn på barnehage, skule, funksjonar og avdelingar, sett på som positivt for å skape tilgjengelege og oversiktlege anlegg.

Felleskap: Dei tilsette i Alver kommune legg stor vekt på fellesskapet i skular og barnehagar. Dette kan inkludere daglege møteplassar for barn og vaksne vaksne, teambuilding for å styrkje trivselen på arbeidsplassen, tilgjengelege og innbydande uteområde for alle, eit samlingsrom for store grupper, både barn og vaksne, og tilstrekkelege og gode arbeidsrom for personalet.

Universell utforming: Tilsette i Alver kommune vektlegg fellesskap i skular og barnehagar gjennom universell utforming, fleksible rom og fellesareal med tilkomst og plass for alle. Stillerom for sensitive behov og toalettfasilitetar tilgjengelege i bygningane er døme på funksjonar som vert trekte fram. Romslege garderober kan også bidra til å skape eit inkluderande miljø, i følge tilsette.

Førebygging og folkehelse: Dei tilsette legg vekt på førebyggjande arbeid med fokus på både fysisk og psykisk helse i skular og barnehagar. Dei tilrår å tilretteleggje rom for fysisk aktivitet og leik inne og ute, både i barnehagar og skular.

Estetikk: Tilsette vektlegg estetikk i skular og barnehagar, og meiner estetisk utforming kan bidra til trivsel. Dette inkluderer t.d. val av material og fargar i inneareala. Ein bør også ta omsyn til utvendig utforming og samanhengen med omgivnadene for å skape ein estetisk appellerande miljø.

Leik, læring; pedagogisk funksjonalitet

Rom og funksjonar: Godt utforma rom og funksjonar vert av dei tilsette vurdert som viktig for leik og læring i skular og barnehagar. Rom som inviterer til læring og leik, både inne og ute, vert sett på som "den tredje pedagogen", og i innspela vektlegg tilsette tilgjengelege, funksjonelle rom med plass til aktivitet og utstyr. Eit stort fellesrom for aktivitet er ønskeleg både i skule og barnehage, samt grupperom i nærleiken av avdelingar/klasserom. Balansen mellom innsyn og skjerming vert også løfta fram som sentralt. Kompetanse på korleis utnytte moglegheitene i rommet vert framheva som viktig for god leik og læring.

Uteareal: Gode uteareal kan vere viktig for leik og læring i skular og barnehagar. Tilsette ønskjer t.d. leikeapparat som ikkje berre underheld, men som også fremjar læring. Tilgang til naturområde i nærleiken av barnehagen eller skulen, samt uteareal som legg til rette for pedagogisk aktivitet og allsidig leik, blir sett som nyttig for å skape eit stimulerande og berekraftig læringsmiljø. I tillegg understrekar dei tilsette at ein lyt sikre involvering frå elevrådet på skulane når det kjem til val av leikeapparat.

Utstyr: Tilsette i Alver ønskjer tilstrekkeleg med utstyr både inne og ute, som ikkje berre innbyr til pedagogisk leik, men også fremjar leikeglede. Lagringsplass for utstyr, integrerte digitale verktøy som interaktive tavler, samt oversiktlege hyller med synleg leikemateriell og pedagogiske aktivitetar blir nemnde som døme for å skape eit stimulerande og lærerike miljø i anlegga.

Berekraftige bygg og drift

Materialval: Rett materialval kan fremje berekraftige bygg og drift. Tilsette understrekar behovet for å velje haldbare material, både utvendig og innvendig; slitesterke material som tåler påkjenning. Ein bør ha fokus på å byggje med vedlikehaldsfrie material og skape solide bygg, også for å forebygge hærverk. Vidare ønskjer tilsette å bevare naturen rundt bygget for bruk i leik og læring.

Gjenbruk og fleirbruk: Tilsette i skular og barnehagar vektlegg gjenbruk og fleirbruk for å få berekraftige bygg og drift. Dette kan handle om fleirbruksrom med ulike formål basert på tema og satsingsområde, samt fleksible rom eigna for varierte aktivitetar. Vidare løftar dei fram behovet for uteareal som kan delast med nærmiljøet og fleirbruksbygg som kan nyttast av bygda. Det er viktig å tenkje nytt i å utnytte eksisterande bygg, og nødvendig å gjennomføre reparasjonar ved behov. Personalet bør verte engasjerte i slike prosessar. Også gjennomtenkt avfallshandtering vert løfta fram som viktig i ein berekraftig kommunal praksis.

Energikjelder: Dei tilsette i Alver kommune føreslår bruk av miljøvenlege energikjelder, t.d. bruk av solcellepanel for å fremje berekraftige anlegg og drift av skular og barnehagar.

Struktur: Å leggje ned små skular og bygge nye og ha færre større skular meiner nokre tilsette kan fremje berekraft. Her er det likevel usemje i gruppa.

Sosial berekraft: Tilsette legg vekt på at berekraftig drift i skular og barnehagar også bør målast ut frå menneskeleg trivsel, ikkje berre økonomiske mål. Dette kan handle om å leggje til rette for utvikling av barn med god emosjonell, sosial og akademisk kompetanse, sidan barna representerer framtida.

6.2.2 Foreldre: Kjenneteikn på gode anlegg

HMS

Inneklima: FAU-representantar i Alver kommune legg vekt på eit godt inneklima i skular og barnehagar. Dette inkluderer tilfredsstillande ventilasjon, god belysning, passende temperatur og lydisolering for å skape helsefremjande læringsmiljø. Dei ser på dagens tekniske standardar innan luftkvalitet, lys, lyd og ergonomi som minstekrav for eit sunt innemiljø, for barn og tilsette. Tilgang på kompetanse og nok ressursar for vedlikehald er nødvendig

Universell utforming: FAU-representantane vektlegg universell utforming av skular og barnehagar. Dette inkluderer tilpassing til ulike helsebehov, opplyste og oversiktlege område både inne og ute, tilstrekkeleg plass i klasserom, spesialrom, fellesområde og uteområde, samt fellesrom tilrettelagt for samlingar med utforming som gagnar alle.

Uteområdet: FAU-representantane framhevar naturbaserte uteområde som er trygge, men som samstundes utfordrar med varierte aktivitetar. Dei har fokus på oversiktlege og aldersfordelte område med tilstrekkeleg plass for å førebygge konfliktrar. Varierte underlag og solrike område vert nemnde som eksempel på gode kvalitetar.

Skuleveg: FAU-representantane understrekar behovet for godt vedlikehald av gang- og sykkelveg, trygge kryssingar og avsetningsplassar, belysning langs skuleveg og bevisstgjerjing om trafikktryggleik.

Trivsel, folkehelse og inkludering

Nærmiljøanlegg og fellesskap: FAU-representantane ønsker trivelege anlegg som stimulerer til sosiale møte, både inne og ute. Dei ønskjer fleifunksjonelle bygg tilgjengelege for utlån, tilgang til kantine, idrettsanlegg, gymsal og basseng, også utanom organiserte aktivitetar, for variert og helsefremmande aktivitet. Målet er å skape gode og lett tilgjengelege møteplassar som fremjar samarbeid og sosial interaksjon, t.d. gjennom felles måltid og fysisk aktivitet.

Universell utforming og aktivitet for alle: Deltakarane frå FAU legg stor vekt på universell utforming for å sikre eit inkluderande skule- og barnehagemiljø. Dette handlar mellom anna om å oppnå god tilgjengelegheit gjennom handikapvennleg utforming, til dømes gjennom breie dører, funksjonell parkering og likeverdig tilkomst med heis. Anlegga må leggje til rette for varierte aktivitetar, ikkje berre avgrensa til fotball, og ein må vektlegge fysisk utfolding og utfordringar som støttar opp under ulike motoriske ferdigheiter, uavhengig av den enkelte sin fysiske kapasitet. Representantane tilrår uteområde og apparat som legg til rette for fysisk aktivitet i alle årstider.

Ressursar og kompetanse: FAU-representantar i Alver kommune meiner gode ressursar og rett kompetanse er viktig for å fremje trivsel og folkehelse i barnehagar og skular. Nok personale er avgjerande for å gi trygge rammer for alle barn. Vidare poengterer dei behovet for å vidareutvikle tiltak knytt til 9A, og vektlegg trygge vaksne med fagleg kompetanse og relasjonelle evner, samt tilgang til ulike yrke, eksempelvis spesialpedagogar og helsesjuepleiar i eigna fasilitetar. Tidlege tiltak, alternativ opplæring og prioritering av ressursar kan vere viktig for både for helse og trivsel.

Varierte og tilpassa rom: I prosessen løftar FAU-representantane fram at det er viktig med ulike og tilpassa rom i skular og barnehagar for å auke trivsel og helse. Dei fokuserer mellom anna på spesialrom og valfag, som lar barna velje det dei likar og er flinke til. Her er det viktig at alle spesialrom, som naturfag, sløyd, skulekjøken, bibliotek og handarbeid, er tilgjengelege for alle. Romma må vere utforma slik at ein unngår mobbesoner. Fargar vert peika på som noko som kan gjere læringsmiljøet meir triveleg og stimulerande.

Leik og læring; pedagogisk funksjonalitet

Rom og funksjonar: FAU-representantar i Alver kommune legg vekt på at rom og funksjonar i barnehagar og skular skal bidra til ønska leik og læring. Dei tilrår romslege, varierte læringsrom som tek omsyn til støy, akustikk og lys, og understrekar behovet for rom med ulik storleik og utforming for å støtte varierte læringsstrategiar, inkludert bruk av digitale verktøy. Vidare framhevar dei betydninga av eit innbydande, heilskapleg miljø, både fysisk og psykisk, med tilgjengelege samlingslokale, tilpassa spesialrom og rom for fri leik, medverknad og kreativitet.

Uteareal: Representantane meiner uteområdet er viktig for å støtte leik og læring i barnehagar og skular. Dette inkluderer tilgang til naturlege element, slik at barna får bruke sansane sine og utvikle praktiske dugleikar. Dei legg vekt på nærleik til naturområde for tverrfagleg arbeid, moglegheiter for utflukter, tilgang til skog og bål plass, kjøkkenhage for tverrfagleg undervisning, og bruk av naturen til matlaging og kreativ kunst. Foreldra spelar også inn tilpassa leikeområde med varierte apparat for ulike aktivitetar.

Ressursar og kompetanse: FAU-representantane understrekar at tilgang til kompetanse og ressursar er avgjerande for å støtte leik og læring i barnehagar og skular. Prioritering av kompetanse og ressursar er viktig både for å dekke grunnleggjande behov og for å fremje ønska leik og læring.

Berekraftig bygg og drift

Materialval: FAU-representantane tilrår rett materialval for å støtte berekraftige bygg og drift av barnehagar og skular. Dette inneber at nye bygg bør konstruerast med minimalt vedlikehald i tankane, og at kvaliteten på materiala må vere robuste og tilpassa enkelt vedlikehald i eit livsløypesperspektiv.

Energi: Foreldrerepresentantane meiner rett energibruk kan fremje berekraftige bygg og drift av barnehagar og skular. Eksempelvis nemner dei implementering av ENØK-tiltak, digitalisering vs. bøker og papir, og bruk av solcellepanel der det er mogleg.

Fleirbruk: Foreldre spelar inn at fleirbruk i anlegg kan understøtte berekraft i prosjekt. Fleirfunksjonalitet når det gjeld rom og heile anlegget gjer at ein får utnytta det bygde arealet til ulike oppgåver over større delar av døgnet og veka. Anlegga kan ivareta behov til viktige samfunnsstenester også ut over primærfunksjonane til barnehagar og skular.

Gjenbruk: Gjenbruk av material og bygg kan vere berekraftig. I dette ligg også at ein må sjå nøye på kostnadar på nybygg i høve kostnadar til gjenbruk av gammalt bygg, både med tanke på drift, tilsett kostnad og motivasjon.

Naturmiljø: Foreldra spelar inn at ein lyt tenke på bevaring av naturområde ved bygging av nye anlegg, også med tanke på vidare bruk av område til leik og undervisning.

Sosial berekraft og pedagogikk: FAU-representantar i Alver kommune legg vekt på sosial berekraft i barnehagar og skular gjennom ulike tiltak. Dei framhevar betydninga av å bruke barna som ressursar, gje dei eigarskap til eigen skule og nærmiljø, og fokusere på førebygging i undervisninga. Vidare ønskjer dei inspirerande bygg og spesialrom, samarbeid mellom ungdomsskole og yrkesliv, effektive læringsstrategiar og helsetilbod tilknytt anlegga. Dette kan fremje sosialt berekraftig praksis.

6.2.3 Referansegruppe sårbare barn, kultur og idrett: Kjenneteikn på gode anlegg

HMS

Inneklima: Referansegruppa for sårbare barn i Alver kommune understrekar betydningen av HMS og inneklima i skular og barnehagar. Dei nemner eksplisitt god luftkvalitet, riktig temperatur, eigna akustiske forhold med nødvendig støydemping, og ekstra tilrettelegging for dei med nedsett hørsel.

Funksjonar inne: Referansegruppa vektlegg gode rom- og funksjonsforhold for alle barn i skular og barnehagar. Dei nemner spesifikt allsidige anlegg og funksjonar med tilstrekkelege grupperom, som legg til rette for ulike aktivitetar, som er tilpassa spesialpedagogisk undervisning, som gjev høve til å delta med ulike funksjonsvariasjonar og har tilstrekkeleg store garderobeområde for å unngå trengsel.

Universell utforming: Referansegruppa meiner det er viktig å ha bygg med universell utforming for å imøtekomme alle funksjonsvariasjonar; eit universelt utforma inne- og utemiljø som er tilgjengeleg, oversiktleg og ope, samt eit samanhengande bygg utan mange "gøymestader". Vidare understrekar gruppa kor viktig det er med fysiske tilpassingar av inngangsparti, dørtersklar, merking, rominndeling, spesialrom og fellesrom, samt anlegg som også gjev høve til ro og skjerming.

Utearealet: Referansegruppa for sårbare barn vektlegg inkluderande utemiljø for både barn og vaksne, med soner som inviterer til lek og stimulering for kvar avdeling/klasse, tilpassa uteområde for ulike behov med område for både mange og få, samt trygge rammer med gjerder og eigna underlag. Dei vektlegg også god og likeverdig trafikkflyt for alle.

Ergonomi: Referansegruppa understrekar behovet for tilrettelagde avdelingar i skulen med moglegheit for deltaking i ordinær klasse ved ønske eller behov. Det er også viktig med god tilrettelegging for visualisering, oversikt og tilgjenge, både innanfor bygningane og i uteområda. Det kan vere viktig å innhente kunnskap om fysiske, psykiske, praktiske og sosiale barrierar, samt å vektlegge kompetanse hos tilsette og brukarar av anlegget.

Trivsel, folkehelse og inkludering

Nærmiljøanlegg og fellesskap: Referansegruppa legg vekt på viktige aspekt knytt til nærmiljøanlegg og inkludering i skular og barnehagar. Dei understrekar behovet for nærmiljøanlegg som legg til rette for ulike aktivitetar med låg terskel for deltaking. Det er viktig å ha opne drop-in aktivitetar, moglegheit for ad-hoc booking, og anlegg som kan nyttast på tvers av alder og behov, med sambruk heile døgnet. Vidare er det viktig med gode lysforhold utandørs, med overbygg eller tak over plassar for inkluderande aktivitetar og samlingsplassar ved dårleg vær.

Universell utforming: Referansegruppa framhevar behovet for universell utforming av anlegga. Ein må sikre likeverdig tilkomst til alle funksjonar, inne og ute. Dei peikar t.d. på at avstandane mellom fellesrom og andre areal bør vere små, og romma bør gi høve for ulike samansetjingar av grupper og barn. Det bør vere tilgang til rom for kvile og pausar. Tilgang til basseng, terapibasseng og fysioterapi kan vere viktig for mange grupper av barn. Vidare er det nødvendig med rom der det er plass til alle typar hjelpemiddel. God tilrettelegging gjennom funksjonelle garderobar, skjerma toalett og stellerom for dei som treng assistanse, er også sentralt.

Ressursar og kompetanse: Lett tilgjengelegheit til variert helse- og støttetilbod er viktig for ressursgruppa. Dette kan t.d. inkludere helsesjukepleiar, assistent, fysioterapi og PPT. Vidare understrekar gruppa at tverrfagleg samarbeid og samhandling er naudsynt for å lukkast, og at dei fysiske areala må leggje til rette for dette. Tilsette må ha kompetanse på tilrettelegging for alle, t.d. på kjøkenet og ved arrangement som utflukter og aktivitetsdagar; noko som kan vere fellesskapande element for alle.

Leik og læring

Rom og funksjonar: Referansegruppa for sårbare barn i Alver kommune legg vekt på korleis rom og funksjonar i skular og barnehagar kan fremme ønska pedagogisk funksjonalitet og leik. Dette inkluderer mellom anna tilgjengelege område for elektriske rullestolar, ladeplassar og plass for både oppbevaring og bruk av hjelpemiddel som ståstativ og gåstativ. Behovet for robuste inneareal som toler leik og aktivitet, store nok klasserom med tilgang på pedagogiske verkøy, grupperom knytt til klasserom og varierte læringsmiljø vert også understreka. Gode fasilitetar for leik, med tilgang på passande utstyr både inne og ute, er nødvendig for barn med ulike former for funksjonsvariasjon. Lagringsplass og enkel tilgang til utstyret bør også ha prioritert.

Uteareal: Referansegruppa framhevar eit godt og tilstrekkeleg stort uteareal som viktig for å fremme ønska leik og læring. Dette inkluderer universell utforming som mellom anna tar omsyn til el-rullestolar, tilgang til natur for alle, tilgjenge for tilrettelagte grupper ved behov, avgrensa og innramma multifunksjonelle uteområde med rikt og variert utstyr og god tilrettelegging for lagring.

Ressursar og kompetanse: Referansegruppa for sårbare barn ønsker godt samarbeid om innhald og kvalitetsutvikling med eksterne aktørar, t.d. gjennom bruk av alternative opplæringsarenaer. Vidare spelar dei inn behovet for meir praktisk undervisning og uteskule. Å etablere inkluderande miljø som tar omsyn til elevane sine ulike behov, kan fordre pedagogisk mangfald og god kompetanse for å nyttiggjere seg anlegget, tilstrekkelege ressursar for spesialpedagogikk og helsekompetanse frå ulike fagområde, t.d. musikkterapi. Implementering av visuelle og skriftlege dagsplanar i alle klasserom og grupperom kan bidra til stimulerande og tilpassa lærings- og leikeomgivingar for alle elevar.

6.2.4 Elevar om eigen skule:

6.2.4.1 Det elevane likar med eigen skule

Elevane i Alver kommune trivst ved skulane sine når det er eit inkluderande sosialt miljø og nulltoleranse mot mobbing. Varierte fasilitetar inne, trivelege uteområde, og gode lærarar som tilrettelegg for læring, skaper ein positiv læringsarena. Tilbod om uteskule og praktiske aktivitetar, i tillegg til eit godt utval av leikar og nødvendig utstyr, bidrar til motivasjon og positiv læring.

Sosialt miljø og venskap: Mange elevar i Alver kommune opplever eit positivt sosialt miljø ved skulane sine, prega av nulltoleranse mot mobbing og inkluderande atmosfære. Fleire løftar fram skulen som ein stad der alle er vener, og der det er lite mobbing. Det nære samhaldet og kjensla av å vere ein del av eit samla miljø, skapar ein god læringsarena. Uteområdet bidreg også til trivsel, med koselege område og område som fremjar aktivitet og fellesskap.

Rom og funksjonar inne: Varierte og rike innandørs fasilitetar blir sett pris på av elevane. Ulike spesialrom som gymsal, kunst- og handverksrom og musikkrom, i tillegg til moderne klasserom vert nemnde som eksempel på gode funksjonar som skapar ein engasjerande læringsarena. Elevane set pris på at skulen er godt bygd opp og tilbyr fasilitetar som basseng, bibliotek og turnhall. Dette gjev rom for varierte læringsopplevingar.

Uteområde og fysisk aktivitet: Uteområdet spelar ei viktig rolle i elevane si positive oppleving av skulen. Den varierte og koselege uteplassen, fotballbana og arrangement som t.d. kanonballturneringar, gir rom for aktivitet, glede og fellesskap. Mange av elevane løftar fram uteplassen og fotballbana som positive element, som gir dei mange moglegheiter for både organisert og uorganisert fysisk aktivitet.

Læring, lærarar og kompetanse: Elevane understrekar betydninga av gode lærarar og eit positivt læringsmiljø. Dei set pris på at lærarane lyttar til dei og gjer sitt beste for å tilrettelegge undervisninga. Den positive opplevinga av lærarane er knytt til både deira kompetanse og engasjement. Elevane er også fornøgde med at skulen tilbyr uteskule og praktiske aktivitetar, som bidrar til variert læring.

Utstyr: Elevane i Alver kommune set pris på eit godt utval av leiker som bidrar til eit positivt skulemiljø. Dei likar og når skulen tilbyr naudsynte ressursar, inkludert tilgang til både bøker og digitale verktøy. Dette gir elevane moglegheit til å delta i varierte aktivitetar og opplevingar som styrkjer motivasjon og læring.

6.2.4.2 Det elevane ikkje likar med eigen skule

Elevane i Alver kommune trivst ikkje med eigen skule når dei opplever mobbing og negative kommentarar. Dei ønskjer verken for strenge reglar eller uklare forventningar frå lærarane, men har ønske om meir praktisk og variert undervisning. Inneklimate blir sett på som problematisk med t.d. dårleg luftkvalitet og kalde klasserom. Elevane peikar også på utfordringar med eksempelvis små eller manglande rom, lite utstyr, og dårleg vedlikehald, samt bekymringar knytt til skulevegen.

Sosialt miljø, trivsel og mobbing: Nokre elevar i Alver uttrykkjer bekymring angående det sosiale miljøet ved skulen sin. Nokre kan oppleve mobbing, og negative og rasistiske kommentarar vert nemnde som ei utfordring. Mobbing og utfordringar knytt til trivsel, inkludert dårleg språkbruk, kan påverke det generelle læringsmiljøet.

Læring og lærarar: Fleire elevar peikar på utfordringar knytt til læringsmiljøet og praksisen til lærarane. Dette inkluderer strenge reglar, manglande konsekvensar for uakseptabel oppførsel, og variasjon i forventningane frå lærarane. Ønskje om mindre lekser, meir praktisk undervisning, god balanse mellom bruk av bøker og PC og ei passe arbeidsmengd blir òg framheva.

Inneklimate: Inneklimate på skulane i Alver blir sett på som problematisk av ein del elevar. Dårleg luftkvalitet, kalde klasserom og avgrensa moglegheit til å regulere temperaturen skapar utfordrande forhold for læring. Forbetring av ventilasjonssystem og inneklimate er ønska.

Rom og utstyr: Elevar peikar på utfordringar knytt til klasserom, utstyr og generelle fasilitetar. Dette kan handle om små og dårleg utstyrte klasserom, manglande spesialrom, og behov for betre vedlikehald av eksisterande fasilitetar.

Fysisk miljø og vedlikehald: Fysiske forhold og manglande vedlikehald av skulebygningane vert trekt fram som negativt av elevane i brukarprosessen. Gamle og slitte bygningar, manglande reparasjonar, dårlege dusjanlegg, øydelagde toalett og manglande utstyr i spesialrom er døme som elevane nemner.

Uteområdet og skulevegen: Nokre elevar opplever utfordringar knytt til uteområdet og skulevegane. Manglande plass for t.d. fotballaktivitetar og farlege skulevegar prega av trafikk bekymrar elevane.

6.2.5 ***Elevar: Kjenneteikn på gode skulebygg***

Elevane i Alver kommune framhevar fleire viktige kjenneteikn ved gode skulebygg. Det kan handle om varierte læringsrom med tilgang til spesialrom som musikk, naturfag og kunst- og handverk. God plass, passe store klassar og eit rikt aktivitetstilbod vert spela inn. Elevane understrekar behovet for gode praktiske løysingar, digitale tavler, og komfortable stolar for eit positivt læringsmiljø. Vidare ønskjer dei ulike møteplassar både ute og inne, kompetente og tilgjengelege vaksne, godt utstyr, godt inneklimate og hygiene og estetisk tiltalende design.

Rom og funksjonar: Skulen bør ha varierte læringsrom med godt utstyrte klasserom og tilgang på grupperom/ulike arbeidsrom. Det er viktig med tilgang til spesialrom som musikk, naturfag, bibliotek, kunst- og handverk, mat og helse og gymsal. Vidare ønskjer elevane rom for koding, verkstader og kantine i skulane i kommunen. Elevane tilrår variasjon i skulemiljøet; varierte rom og læringsmiljø. Dei kan ha behov for rom som støttar ulike læremåtar, stader både å vere kreative og eigne plassar for uforstyrra arbeid.

Plass: Elevane ønskjer god nok plass og eit rikt aktivitetstilbod på skulen. Å unngå altfor store klassar kan vere viktig for å redusere forstyrningar. Det er også behov for god plass i garderobar for å unngå. Elevane ønskjer tilstrekkeleg plass både inne og ute på skulen.

Møblar og inventar: Elevane i Alver meiner gode, praktiske løysingar med garderobar og skap for oppbevaring av yttertøy og personlege gjenstandar, er viktige element i ein god skule. Dei vil ha digitale tavler i klasseromma og vektlegg også behovet for komfortable og ergonomiske stolar for å unngå vondt i rygg og kropp.

Møteplassar og skulemiljø: Skulen bør ha ulike møteplassar der folk kan samlast, både ute og inne, i friminutta og i undervisninga. Det er viktig med gode sosiale møtestadar som legg til rette for ulike aktivitetar, som grupperom, spillrom, kantine og bibliotek. Ein samlingsstad for alle elevar, der ein kan skape eit godt læringsmiljø i timane, slappe av, samt ha moglegheit for varm skolelunsj og høyre på musikk er ønska.

Vaksne: kompetanse og relasjonar: Elevar ønsker snille, gode og tilgjengelege lærarar som nyttar varierte læreformer. I tillegg ønskjer elevane helsesøster tilgjengeleg oftare enn ein til to dagar i veka. Dei meiner også at eit roleg læringsmiljø med lite bråk er fint.

Utstyr og læremiddel: Elevane i Alver kommune synest at det er viktig med godt utstyr på skulen for at dei skal kunne lære betre. Dette kan handle om gode bøker, varierte læremiddel, eit bra bibliotek, oppdatert teknologi og nok digitale ressursar og utstyr for undervisning.

Inneklima: Elevane understrekar behovet for god luftkvalitet og varme på skulen, og ønskjer effektive ventilasjonsanlegg. Dei set pris på nok dagslys. Elevane meiner det er viktig med reine toalett og generelt god hygiene på skulen. Skulen skal vere rein og i god stand.

Estetikk: Elevane legg vekt på betydninga av fine og lyse fargar på skulen. Dette kan handle om fargerike og ryddige klasserom som ser ordentlege ut, og dei spelar inn at fint design kan bidra til å skape eit positivt læringsmiljø.

6.2.6 Elevar: Kjenneteikn på gode uteområde

Elevane i Alver kommune ønskjer ein skulegard med god plass, kreative område med varierte leikemoglegheiter som zip-line, frisbeegolf og trampolinar. Dei ønskjer også oppgraderte leikeapparat, sosiale møteplassar med lys, gode møblar og lune område for opphald i dårleg vær. Idrettsaktivitetar som t.d. basketball, fotball, handball, volleyball og sykkelbane er viktig for elevane, som også ønskjer natur, miljø og berekraft i skulegarden og nærleik til naturlege landskap, skog og strand. Elevane ønskjer ei miljøvennleg tilnærming til utforming av uteområdet.

Leik og kreativitet: Elevane i Alver kommune ønskjer ein skulegård med god plass. Dei ønskjer kreative utandørsområde, varierte aktivitetar, kule ting og spanande leikemoglegheiter i friminutta, med t.d. zippline, frisbeegolf, sandkasse, turnutstyr, disse- og klatrestativ og trygge trampolinar. Vidare ønskjer dei utstyrsbod med nye leikar, utstyr i god stand og oppgraderte leikeapparat. Elevane tilrår Trivselsleiarar på skulane.

Sosiale møteplassar: Elevane i Alver kommune ønskjer ein triveleg skulegård, og vektlegg behovet for varierte, sosiale møteplassar i skulegården, inkludert gode utemøblar, sitteplassar, bord, benkar, og disser. Dei meiner også at lune og overbygde område for opphald ute i kaldt og dårlig vær er viktig for god trivsel.

Idrett: Elevane i Alver ser på idrett og fysisk aktivitet som viktige element i friminutta. Basketballbane, fotballbane, handballbane, volleyballbane, kunstgras, friidrettsbane og sykkelbane vert nemnde som døme på viktige areal i skulen sitt uteområde. Dei spelar også inn ønskje om variasjon i aktivitetsbaner, tilstrekkeleg med ballar og forbetra mål slik at det er nok plass og gode nok fasilitetar for ulike idrettar og leikar.

Natur, miljø og berekraft: Elevane i Alver kommune ønskjer ein skulegård med fokus på natur, miljø og berekraft. Dei meiner eit godt uteområde bør innehalde naturlege landskap, skog, klatreplass, strand og gjerne ein lavvo. Vidare føreslår elevane mellom anna miljøvenleg belysning, grasplen i staden for asfalt og grus, og fiskedam med ekte fiskar for å skape miljøvennlege uterom.

6.3 Prinsipp for utforming av barnehagar og skular

6.3.1 Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Inneklima:

- Anlegget skal ha eit inneklima med gode akustiske tilhøve, føremålstenleg lys, god ventilasjon og funksjonell varmestyring.
- Bygget skal vere lett å halde reint og tilrettelagt for god hygiene, inkludert tilgang til gode garderobefasilitetar og stellerom.
- Lagring skal vere praktisk. Ein skal unngå støvdeponi på skap og i hyller.

Funksjonar inne:

- Innearealet skal vere fleksibelt med variasjon mellom store og små rom, inkludert spesialrom og rom for ro og kvile.
- Bygget skal ha gode fasilitetar for tilsette, med god rominndeling som inkluderer personalavdeling, møterom og arbeidsrom tilpassa ulike behov. Rominndelinga skal ta omsyn til ulike brukarbehov og varierte gruppestorleikar.
- Spesialrom som sløydsal, naturfagrom og mat og helse, skal ha prioritet og vere trygge

Ergonomi:

- Bygget skal vere ergonomisk tilpassa, inkludert utforming av garderobar, arbeidsstasjonar og avlastningsutstyr som t.d. hev-/senk-stellebord

Uterommet:

- Anlegget skal ha inspirerende uteområde som både er trygge og som gjev motoriske utfordringar, med god plass for leik, læring og aktivitet for kvar einskild.
- Utearealet skal vere oversiktleg og gjere det enkelt å ha tilsyn med barn og elevar.
- Det skal vere solrike uteområde med tilpassa og variert underlag, og soner som gjev ly for ver og vind.
- Sikker skuleveg skal bli ivaretatt, med tilrettelegging for gang- og sykkelveggar og med fokus på sikker parkering og varelevering ved anlegget. Det skal vere tydeleg skilje mellom ulike trafikantgrupper.
-

6.3.2 Trivsel, inkludering og folkehelse

Nærmiljøanlegg:

- Det skal etablerast ein tydeleg hovudingang med vestibyle som naturleg leiar inn til dei ulike avdelingane og funksjonane. Anlegget bør òg ha desentraliserte inngangar og toalett. Ved større anlegg skal det strevast etter å skape ei inndeling i oversiktlege og trygge område
- Anlegget skal legge til rette for samarbeid med lokalmiljøet gjennom brukarvenlege og funksjonelle løysingar for utleige og sambruk av areal og utstyr.
- Skuleanlegget bør ha lagerkapasitet tilgjengeleg for eksterne brukarar som idrettslag, korps, speidarar, osb. Lagringsplassar for utstyr skal vere tilgjengelege og godt organiserte.
- Informasjonsskilt skal leie besøkande til rett stad, og tydeleggjere plasseringa av barnehage og skoleavdelingar.
- Anlegget skal ha funksjonar som fremjar sosiale møtestadar og fellesaktivitetar, både inne og ute.
- Uteområdet skal skape gode rammer for fysisk aktivitet for alle. Dette inkluderer å tilrettelegge for aktivitetar som er inkluderande og utfordrande, også for sekundære brukarar av anlegga
- Soneinndelinga skal skilje mellom område som er tilgjengelege for utleige og rom som ikkje skal leigast ut.

Fellesskap:

- Anlegget skal ha gode møteplassar inne og ute som fremjar trivsel, og som motverkar konflikhtar og utanforskap.
- Møterom og rom for samarbeid skal vere tilgjengelege for både vaksne og barn
- Anlegget skal vere tilrettelagt for tillaging og gjennomføring av felles måltid for større grupper.
- Det skal vurderast om det skal etablerast eit eige baselokale for barn med særskilde behov.

Universell utforming:

- Anlegget må utformast slik at alle barn og vaksne, uavhengig av funksjonsvariasjonar, kan nyttiggjere seg av areala. Ein skal vektleggje plass og framkomlegheit for t.d. rullestolbrukarar.
- Likeverdig tilkomst til alle funksjonar skal ha prioritet.
- Delar av anlegget skal gje tilstrekkeleg skjerming for grupper med spesifikke behov.
- Belyste, oversiktlege område både innanfor og utanfor opningstid skal fremje tryggleik og tilgjengelegheit.
- Parkering, heis, og dører skal vere universelt utforma
- Garderobar skal vere romslege, ha ladeplass for hjelpemidlar og ha eigna toalett for alle.

Førebygging og folkehelse:

- Anlegget skal fremje førebyggjande arbeid for god helse og tilby tilrettelegde rom for fysisk aktivitet og kvile, både inne og ute. Fleksible rom, til dømes stillerom, skal vere tilpassa ulike behov og helseutfordringar.
- Uteområde og apparat skal fremje fysisk aktivitet i alle årstider, unngå mobbesoner, og gi rom for ulike typar leik og aktivitet. Gode leikemoglegheiter og varierte aktivitetar som utfordrar motoriske dugleikar skal vere tilgjengelege for alle.

Estetikk:

- Estetisk utforming av anlegget skal innby til trivsel, t.d. gjennom møblering, materialval og fargar som skapar ei triveleg atmosfære.

- Det skal veljast løysingar som skaper lyse og luftige rom. Målretta bruk av glas skal legge til rette for oversikt, kontakt og romkjensle, utan å forstyrre læringssituasjonen unødvendig.
- Omgjevnadar og utvendig utforming skal harmonisere i tråd med estetiske prinsipp.
- Anlegget skal inspirere til kunst-, kulturaktivitetar og -formidling.

Ressursar og kompetanse:

- Ein skal i kvart prosjekt vurdere samlokalisering av tverrfaglege tenester innafor helse og pedagogikk.
- Anlegget skal leggje til rette for tilstrekkelege ressursar og støttetjenester, inkludert spesialpedagogikk og helse. Helsesjukespleiar skal t.d. ha tilgjengelege fasilitetar og vere ein integrert ressurs.

6.3.3 Leik, læring, pedagogisk funksjonalitet

Rom og funksjonar:

- Anlegget skal fremje eit positivt arbeidsmiljø som gir dei tilsette gode føresetnader for fagleg utvikling, og for å utføre arbeidet sitt til det beste for trivsel og læring. Anlegget skal fremje samarbeid i profesjonsfellesskapet.
- Anlegget skal leggast til rette med gode område for individuelt arbeid, romslege teamrom som inviterer til samarbeid, område for konfidensielle samtalar og fellesrom for heile personalet.
- Kvar trinn i skulen skal disponere sin eigen årstrinnsbase, der alle barna på trinnet får egne klasserom. Andre rom i årstrinnsbasen bør inkludere felles aktivitetsareal, grupperom, elevgarderobar og årstrinnslager.
- Klasserom skal vere store nok til å huse ulike aktivitetar og tilpassa tal elevar.
- Romma skal invitere til leik, både inne og ute, med fokus på miljøet som "den 3. pedagogen".
- SFO-aktivitetane skal integrerast i småskulen sitt område og innehalde plassar for variert leik, matlaging, tørking av klede og arbeidsplass for basen sin leiar.
- Det skal vere tilgjengelege og tilrettelagde rom for aktivitet, utstyr og spesialrom for variert læring.
- Balanse mellom innsyn og skjerming skal vektleggjast.
- Romma skal vere tilpassa pedagogiske behov, til dømes klasserom tilrettelagt for god akustikk, lys, og tilgang til digitale verktøy.
- Ulike tema- og funksjonsbaserte rom skal stimulere til variasjon og nye læringsstrategiar.

Uteareal:

- Uteområda skal invitere til allsidig leik og eksempelvis ikkje avgrensast til berre ballspel.
- Uteområdet skal tilretteleggjast for pedagogisk aktivitet. Uteområdet skal vere planlagt som ein lærings- og aktivitetsarena som kompletterer innandørsarealet.
- Tilgjenge til naturlege element og nærleik til naturområde skal ha prioritet ved lokalisering av anlegg.

Utstyr:

- Anlegget skal vere utstyrt med tilstrekkeleg og funksjonelt inventar av høg kvalitet.
- Tilstrekkeleg utstyr både inne og ute skal inspirere til pedagogisk leik og glede.
- Lagringsplass for utstyr skal vere praktisk tilgjengeleg, og i størst mogeleg grad løysast gjennom integrert lagring, t.d. i nisjar eller skåp frå golv til tak.

- Kvalitet og funksjonalitet i digitale verktøy skal prioriterast. Digitale verktøy, som interaktive tavler, skal vere tilgjengeleg.

Organisasjon og kompetanse:

- Kompetanse og korleis dei vaksne utnyttar romma er avgjerande for lek og læring.
- Ein skal i planlegginga av anlegget jobbe for å forankre eigarskap hjå tilsette og barn til bygg og drift.
- Elevrådet skal ha medbestemmingsrett når det gjeld utforming av leikeapparat.

6.3.4 Berekraftig bygg og drift

Berekraftambisjonar

- Konkret berekraftambisjon skal avklarast tidleg for kvart prosjekt, t.d. BREEAM-nivå, Svane, etc.

Materialval:

- Ein skal bruke haldbare, solide og slitesterke material, både innandørs og utandørs.
- Bygg bør utformast for å motverke hærverk, og det skal vere funksjonell lagringsplass for å beskytte utstyr.
- Alle anlegg skal ha demonstrasjons- og opplæringsselement som fremjar miljøbevisst åtferd og læring.
- Vedlikehaldsfrie material skal prioriterast for å fremje berekraftig drift og vedlikehald.

Vedlikehald:

- Bygg og uteområde skal være godt vedlikehaldne for å oppmuntre til ansvar frå brukarane.

Energi:

- Bruk av miljøvennlige energikjelder, t.d. solcellepanel, og energieffektive tiltak som ENØK skal vurderast i tråd med berekraftambisjonane.

Fleirbruk:

- Rom og uteområde skal være fleksible og multifunksjonelle, tilpassa ulike formål og tema.
- Det skal vurderast korleis bygget kan utvidast, eventuelt reduserast/oppdelast, dersom behovet for areal endrar seg.
- Anlegget skal være ope for nærmiljøet og kunne delast med lokalsamfunnet.

Gjenbruk:

- Ein skal i kvart prosjekt vurdere bruk av eksisterande bygg, inventar og material, reparasjonar, og involvering av personalet i prosessane.
- Ein skal ha fokus på gjenbruk for å minimere miljøpåverknad

Struktur:

- Anlegget skal vere i tråd med vedteken barnehage- og skulestruktur i Alver kommune.
- Ein skal vurdere å opprette "fag-hubar" på einsskilde skular for å samle ressursar og spesialkompetanse.

Naturmiljø:

- Anlegget skal ha gjennomtenkt avfallshandtering og
- Bevaring av naturen rundt bygget for bruk i lek og læring skal ha prioritet.
- Anlegget skal leggje til rette for auka bruk av uteskule og for å berike undervisninga.

Sosial berekraft:

- Anlegget skal legge til rette for berekraftig drift med fokus på trivsel og utvikling av emosjonell, sosial og akademisk kompetanse.
- Prosjektet skal sikre involvering av barna som ressursar og gje eigarskap til anlegg og nærmiljø.
- Anlegget skal fremje opplæring i berekraft som ein del av dagleglivet, til dømes gjennom avfallshandtering og matsvinn.
- Anlegget skal fremje samarbeid med lokalt samfunns- og yrkesliv.

7 Eksisterande barnehagar og struktur Alver kommune

7.1 Oversikt

Det er i dag 8 kommunale (inkl. Haugen) og 18 private barnehagar i Alver kommune, med samla kapasitet på 2217 arealplassar (plass av 4m² for eit barn i alderen 1-5 år). Fordelt på 728 kommunale arealplassar og 1489 private arealplassar (Det manglar noko informasjon frå private eigarar til å stadfeste talet). I 2023 (tal 15.12.23) gjekk det 1476 barn i barnehage i Alver. 16 av desse barna var under 1 år, og har ikkje rett til plass. Totalt hadde 549 barn i aldersgruppa 0-2 år plass og 927 barn i aldersgruppa 3-5 år plass. Til saman utgjer dette 1641 arealplassar. Tal ledige plassar / overkapasitet var per 15.12.23 (siste telledato) 576 arealplassar, 314 av desse arealplassane er i kommunale barnehagar.

Barnehageleiing: Kvar barnehage vert leia av ein styrar. I tillegg har 3 av barnehagane assisterande styrar.

Tenesteleiar barnehage: Tenesteleiar barnehage er leiar for tenesteområde barnehage, og leiar dei kommunale barnehagane og spesialpedagogisk støtteining barnehage. I tillegg utfører tenesteleiar myndeoppgåver som ikkje kjem i konflikt med barnehagelova § 14. Tenesteleiar har og ansvar for arbeidet med felles utviklingsarbeid for tenesteområdet og drifta av samarbeidsgruppa mellom private og kommunale barnehagar.

Oppvekst stab: Stab oppvekst er organisert under Kommunalsjef oppvekst. Staben handterer eit mangfald av oppgåver knytt til barnehageområdet og bistår tenesteleiar som er barnehageeigar. Mellom desse oppgåvene er å delta i prosessar som vedkjem utviklingsarbeid, forvaltningsoppgåver og sakshandsaming. Stab utfører alle myndeoppgåver som kjem i konflikt med barnehagelova § 14.

Ressursteam: Ressursteam er etablert ved alle barnehagar og utgjer ein viktig arena der samarbeidande tenester kan tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet i tråd med barna sine behov og føresetnader. Teamet har som oppgåve å arbeide både systemretta og individretta. Medlemene i ressursteamet inkluderer styrar, pedagogisk leiar, PPT-rådgjevar og eventuelt spesialpedagog og helsesjukeleiar.

7.2 Kommunale barnehagar – barn og kapasitet


Tabellen syner tal frå telledato 15.12.23. Haugen barnehage står her oppført med 21 barn. Dette er det justert for i ledige arealplassar i tabellen, grunna vedtak om at Haugen vert overført til Juvikstølen barnehage.

Oversikten viser samla 343 ledige arealplassar i kommunale barnehagar. Sjå også kapittel 11.2 for forklaring til utrekning av arealplassar og ledig kapasitet. Nokre barnehagar vil ha utfordringar med å nytte heile kapasiteten, grunna funksjonelle manglar, vist i kap. 9.1 og vedlegg til plan. Reell ledig kapasitet fordrar utbetringar jamfør tilrådde tiltak i evalueringa av anlegga.

Barnehage	Arealplassar etter godkjenning	Tal barn/plassar 15.12.23	0 år	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	Arealplassar 0-2 år 4x1,3 m ² 3-5 år = 4 m ²	Ledige arealplassar
Austebygd barnehage	29	23	1	4	4	3	4	7	26	3
Bø barnehage	108	44		5	11	13	6	9	49	59
Haugen barnehage	0	21		3	2	5	8	3	23	-23
Juvikstølen barnehage	173	88	1	9	18	20	16	24	96	77
Lindås barnehage	126	62	1	13	14	15	8	11	70	56
Marihøna barnehage	45	33		5	7	8	5	8	37	8
Prestmarka barnehage	236	105	1	14	22	19	21	28	116	120
Sæbø barnehage	94	46	1	7	9	12	8	9	51	43
Alle kommunalt	811	422	5	60	87	95	76	99	468	343

7.3 Kart – lokalisering barnehagar

Kartet viser eit oversiktsbilete av plasseringa av kommunale og private barnehagar i Alver kommune



8 Eksisterande skular og skulestruktur Alver kommune

8.1 Oversikt og organisering

Av dei 22 kommunale grunnskulane i Alver kommune, er 16 barneskular, 5 ungdomsskular og 1 kombinertskule. Det går om lag 3700 elevar i dei kommunale grunnskulane ved GSI-rapportering hausten 2023. Skulane har ein samla kapasitet på om lag 5200 elevar, noko som gjev ein overkapasitet på om lag 1500 elevar.

Det er i tillegg tre private skular i kommunen. Desse har eit samla elevtal på 352 elevar, ein kapasitet på 445 elevar og dermed ledig kapasitet på i underkant av 100 elevar. Dette gjev ein samla ledig kapasitet på om lag 1600 skuleplassar i Alver kommune.

Skuleleiing: Kvar skule vert leia av ein rektor. I tillegg har dei fleste skulane undervisningsleiarar (det mange andre kommunar kallar inspektørar eller avdelingsleiarar).

Tenesteleiar skule: Tenesteleiar skule er leiar for dei kommunale grunnskulane og vaksenopplæringa, og personalleiar for rektorane ved dei kommunale skulane.

Oppvekst stab: Stab oppvekst er organisert under Kommunalsjef oppvekst. Staben handterer ulike oppgåver knytt til grunnskuleområdet og bistår tenesteleiar som er skuleeigar.

Ressursteam: Ressursteam er etablert ved alle skular og utgjer ein viktig arena der samarbeidande tenester kan tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet i tråd med barna sine behov og føresetnader. Teamet har som oppgåve å arbeide både systemretta og individretta. Medlemene i ressursteamet inkluderer rektor, undervisningsleiar, spesialpedagogisk lærar, PPT-rådgjevar, helsesjukepleiar og eventuelt rådgjevar/sosiallærar.

Kommunale grunnskular

Tabellen under gjev ei oversikt over dei kommunale grunnskulane.

- *Byggjeår* viser til det året hovudbygget vart oppført. Dei fleste skulane har i tillegg nyare tilbygg eller t.d. paviljongar som del av anlegga.
- *Alder* vider til alder på hovudbygget
- *Kapasitet* viser godkjent elevtalskapasitet etter godkjenning frå Miljøretta helsevern. Det er sett i verk prosess for ny godkjenning av kapasitet på anlegga. Prosessen kan føre til mindre endringar i kapasitetsvurdering av nokre av anlegga.
- *Elevtal* viser elevtal innrapportert i GSI per haust 2023.
- *Ledig* viser ledig elevkapasitet på skulen i dag.
- *Venta vekst prognose 2042* viser prosentvis vekst/nedgang i elevtal fram mot 2042 i dei einskilde skulane. Kjelde: kommunal prognose for barne- og elevtal.
- *Prognose 2042* viser venta elevtal ved den einskilde skulen i 2042
- *Venta reduksjon elevtal 2042* viser venta reduksjon i elevtal ved den einskilde skule i 2042, samanlikna med elevtalet i 2023

Skule	Byggeår	Alder bygg	Kapasitet	Elevtal 2023	Ledig	Venta vekst prognose 2042	Prognose 2042	Venta reduksjon elevtal 2042
Radøy u	1980	44	235	179	56	-18	147	32
Hordabø	2001	23	108	98	10	-17	82	16
Austebygd	1969	55	90	29	61	-24	22	7
Manger	1955	69	200	183	17	-8	168	15
Sæbø	2009	15	200	94	106	-7	87	7
Rosslund b/u	1963	61	350	229	121	-22	179	50
Vestbygd	1997	27	270	134	136	-23	103	31
Meland u	1925	99	234	183	51	-9	166	17
Sagstad	1961	63	550	460	90	-2	453	7
Grasdalen	1986	38	188	140	48	-23	108	32
Knarvik u	1982	42	350	385	-35	-20	306	79
Knarvik b	2019	5	450	233	217	-7	217	16
Alversund	2021	3	450	327	123	-12	286	41
Leiknes	2007	17	250	184	66	-4	177	7
Seim	2013	11	140	147	-7	-21	117	30
Lindås u	1955	69	160	163	-3	-29	116	47
Lindås b	1968	56	360	199	161	-9	181	18
Myking	1930	94	84	58	26	-7	54	4
Ostereidet u	1965	59	150	90	60	-19	73	17
Ostereidet b	2005	19	175	93	82	-16	78	15
Eikanger	1953	71	100	75	25	-24	57	18
Kløvheim	1965	59	84	22	62	-8	20	2
Sum kommunale skular			5178	3705	1473		3197	508

Tabellen syner at Alver kommune har svært mange eldre skulebygg. 11 skular har bygg som er over 50 år gamle. Gjennomsnittsalderen på hovudbygga / dei eldste bygga er 45 år.

Skulane har god kapasitet samla. Det er nærare 1500 ledige elevplassar ved dei kommunale grunnskulane i dag. Samla utnyttingsgrad er på 70 % av godkjent kapasitet. Tre av skulane er likevel på eller over godkjent kapasitet i dag; Knarvik u, Seim og Lindås u.

Prognosen fram mot 2042 viser nedgang i elevtal i alle kretsane. Samla reduksjon i elevtal i perioden er på om lag 500 elevar. Dersom prognosen slår til, vil det vere om lag 3200 grunnskuleelevar ved dei kommunale grunnskulane i Alver i 2042. Ein reknar då inn at ein like stor del elevar går på dei tre private grunnskulane som i dag. Dersom strukturen er den same som i dag, vil det gje ein overkapasitet på nærare 2000 elevplassar i 2042.

SFO

Alle barneskulane i kommunen har tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for barn på 1. – 4. trinn, og for barn med særskilte behov på 1. – 7. trinn. SFO skal tilretteleggje for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, samtidig som dei skal gi omsorg og tilsyn. Rammeplanen for SFO skal medverke til eit likeverdig tilbod for barna. Kommunen si *plikt* til å ha skulefritidsordning er avgrensa til skuleåret. Det er ingen plikt for kommunane til å ha ei slik ordning i feriane. Opplæringslova gir ikkje elevane rett til plass i skulefritidsordninga.

Skuleåret 23/24 går det samla 882 barn i SFO i Alver kommune, fordelt slik:

	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn	5.-7. trinn	Sum 1.-7. trinn
Tal barn i SFO Alver kommune	290	305	185	96	6	882
Av desse, med 100 % plass	135	132	71	30	5	373
Hordabø	14	9	8	7	0	38
Austebygd	1	2	1	1	0	5
Manger	16	18	13	4	0	51
Sæbø	8	15	6	8	0	37
Rosslan b	14	19	10	5	0	48
Vestbygd	14	10	14	9	0	47
Sagstad	58	71	29	8	1	167
Grasdalen	13	13	5	7	0	38
Knarvik b	26	22	18	7	0	73
Alversund	38	45	35	10	1	129
Leiknes	19	17	8	3	0	47
Seim	17	13	8	10	3	51
Lindås b	20	23	18	6	1	68
Myking	7	5	5	2	0	19
Ostereidet b	6	15	3	3	0	27
Eikanger	13	6	3	5	0	27
Kløyheim	6	2	1	1	0	10

Det jobbar 131 medarbeidarar i SFO i Alver kommune. Av desse har 12 tilsette godkjent lærar- eller barnehagelærarutdanning, og 58 medarbeidarar har fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget.


Alver kommune tilbyr tre moderasjonsordningar i skulefritidsordninga:

- Redusert foreldrebetaling grunna lav inntekt
- Gratis SFO for barne med særskilde behov på 5-7. trinn
- 12 timar gratis SFO for elevar på 1.- og 2. trinn. Denne ordninga blir utvida til og å gjelde elevar på 3. trinn frå hausten 2024.

8.2 Kart - Bustadkonsentrasjon og lokalisering av kommunale grunnskular

Kartet under syner plasseringa av dei kommunale skulane i Alver i dag. Skulane er spreidde over det meste av kommunen, med avstandar i stor grad på mindre enn 10 km.

Lokalisering skular




Kartet under viser plassering av skular i høve bustadskonsentrasjonen i Alver kommune. Alle nærsentera (blått punkt) har barneskular.

Det er samanfall av kommunal skuleplassering og bustadskonsentrasjon. Samstundes viser kartet at det er fleire lokalmiljø, bygder og felt i kommunen i dag som ikkje har skule med umiddelbar nærleik og gangavstand.

Den tettaste bustadskonsentrasjonen finn ein i sør, langs aksen Frekhaug, Knarvik og Alver.

Bustadskonsentrasjon



9 Evaluering av pedagogisk funksjonalitet – skular og barnehagar

Alle skule- og barnehageanlegga er evaluerte etter kriterium for funksjonalitet og eignaheit. Kriteria er utleia av fokusområda i planprogrammet. Anlegga vert vurderte etter grad av måloppnåing. Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg / barnehageveg	Tilkomst til barnehagen/skulen og parkering er trygg og lesbar for barn og foreldre. Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen/barnehagen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal / leike og opphaldsareal	Generelle læringsareal / leike og opphaldsareal er ihht. krav for godkjenning, og fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette.	
Spesielt læringsareal / støtteareal	Spesialromma / støtteareala har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkel drift av anlegget.	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling.	

Evalueringane byggjer på synfaringar, eigenrapportering frå skulane / barnehagane og teikningsanalyse. Rapportane frå kvart anlegg er omfattande, og vert oppsummerte med tilrådingar til tiltak. Rapportane ligg som vedlegg til planen, og er eit viktig grunnlag for samla tilrådingar i saka.

9.1 Dei einskilde barnehagane – oppsummering evaluering

Område	Auste- bygd	Bø	Juvik- stølen	Lindås	Mari- høna	Prest- marka H	Prest- marka S	Sæbø
Helse – miljø – tryggleik	Yellow	Green	Yellow	Green	Red	Orange	Yellow	Red
Vedlikehaldsbehov	Yellow	Green	Yellow	Green	Orange	Orange	Yellow	Red
Parkering og tilkomst	Red	Yellow	Yellow	Green	Orange	Red	Green	Yellow
Leike- og opphaldsareal	Yellow	Green	Yellow	Green	Orange	Orange	Yellow	Red
Støtteareal	Yellow	Green	Yellow	Green	Orange	Orange	Yellow	Red
Personalareal	Yellow	Green	Green	Green	Red	Orange	Yellow	Orange
Driftsareal	Green	Green	Green	Green	Red	Orange	Green	Orange
Uteareal	Green	Green	Orange	Green	Orange	Yellow	Yellow	Yellow

Oversikten syner at det er stor skilnad mellom dei ulike barnehageanlegga. Dei nye anlegga er i tråd med målsetting, medan dei eldre anlegga har stort etterslep i vedlikehald og pedagogisk funksjonalitet. Sjå vedlegg til plan for detaljerte skildringar. Haugen barnehage er ikkje evaluert.

9.2 Dei einskilde skulane – oppsummering evaluering

Område for evaluering	Radøy u	Hordabø	Austebygd	Manger	Sæbø	Rosslund b/u	Vestbygd	Meland u	Sagstad	Grasdal	Knarvik u	Knarvik b	Alversund	Leiknes	Seim	Lindås u	Lindås b	Myking	Ostereidet u	Ostereidet b	Eikanger	Kløvheim
Helse – miljø – tryggleik	Orange	Orange	Orange	Raud	Orange	Raud	Orange	Raud	Raud	Grøn	Raud	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Raud	Orange	Orange	Raud	Orange	Orange	Orange
Vedlikehaldsbehov	Orange	Orange	Orange	Raud	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Grøn	Grøn	Grøn	Orange	Raud	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange
Skuleveg	Raud	Raud	Raud	Raud	Orange	Orange	Orange	Orange	Raud	Orange	Grøn	Grøn	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Raud	Raud	Raud	Orange
Skulen som nærmiljøanlegg	Orange	Grøn	Orange	Raud	Orange	Orange	Orange	Raud	Orange	Orange	Orange	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Raud	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Grøn
Generelle læringsareal	Orange	Orange	Orange	Raud	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Raud	Grøn	Grøn	Orange	Grøn	Raud	Grøn	Orange	Orange	Orange	Grøn	Orange
Spesielt læringsareal	Grøn	Orange	Orange	Orange	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Grøn	Orange	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Orange	Grøn	Raud	Orange	Raud	Raud	Raud
Personalareal	Grøn	Grøn	Orange	Orange	Grøn	Orange	Raud	Orange	Orange	Grøn	Raud	Grøn	Grøn	Orange	Orange	Raud	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Grøn
Driftsareal	Orange	Orange	Orange	Raud	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Grøn	Grøn	Orange	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange
Uteareal	Orange	Grøn	Orange	Orange	Grøn	Orange	Raud	Orange	Orange	Orange	Orange	Grøn	Orange	Orange	Grøn	Orange	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange

Oversikten syner at det er svært stor forskjell i kvalitet på skuleanlegga i Alver kommune. Dei to nyaste skulane, Alversund skule og Knarvik barneskule, har høg måloppnåing på alle / dei fleste måla. Desse skulane har gode pedagogiske kvalitetar, sikrar godt arbeidsmiljø for tilsette og barn, og byggjer opp under ein variert praksis som kan fremje variasjon og samarbeid. Også skulane Leiknes, Seim, Sæbø og Grasdal skårar jamt bra, og har fleire gode kvalitetar.

Det er særleg ungdomsskulane i kommunen som, saman med Manger barneskule, skårar lågt på mange mål innfor fleire område. Desse skulane har til felles at dei er eldre bygg prega av manglande vedlikehald og byggutvikling, og vert på fleire område vurderte til ikkje å vere funksjonelle skulebygg.

Skuleanlegga fremjar ikkje målsetjinga om eit likeverdig opplæringstilbod i kommunen. Fleire stader er bygg og funksjon i strid med lov og forskrift. Sjå vedlegg til plan for detaljerte skildringar.

10 Prognosar – framskriving av elev- og barnetal

Framskrivingar av elev- og barnetal er eit viktig verktøy i samband med planlegging av framtidig struktur for skular og barnehagar i Alver kommune. Prognosar vil aldri vere sikre, men kan likevel fortelje om sannsynleg utvikling i folketal, fordelt på ulike aldersgrupper og geografi. For arbeidet med ny barnehage- og skulebruksplan er det særskilt viktig å vite noko om sannsynleg utvikling av talet på barn i aldersgruppa 0-16 år.

10.1 Forventa utvikling i barne- og elevtal Alver kommune

Temaplan for barnehage- og skulebruksplan, legg til grunn Alver kommune sin prognose for barne- og elevtalsutvikling, utarbeidd i 2022. Dette er ei trendbasert framskriving som tek omsyn til historiske trendar. Framskrivinga er basert på føresetnadane til SSB. Følgjande er henta frå «Kunnskapsgrunnlag barne- og elevtal Alver kommune», frå 2022:

SSB publiserte nye folketalsframskrivingar for kommunane sommaren 2022. I følgje framskrivinga blir folketalsveksten i Alver dei komande åra svakare enn i åra ein har bak seg.

Den samla folketalsutviklinga er eit resultat av fire tilhøve som verkar saman, og folketalsframskrivingane er basert på forventningar til korleis desse fire vil utvikle seg.


- Fruktbarheit (sannsynet for at ei kvinne i ein gitt alder får eit barn).
- Dødelegheit (sannsynet for at ein person i ein gitt alder døyr).
- Netto flyttestraumar mellom norske kommunar.
- Netto migrasjon (flytting mellom Noreg og resten av verda).


Ei viktig årsak til svakare vekst er at talet fødselar er venta å falle, medan talet dødsfall er venta å stige. Begge deler har samband med aldringa av befolkninga, og generelt lågare fertilitet i landet. Når det gjeld flytting og migrasjon legg SSB til grunn eit nivå som er lågare enn i den sterke vekstperioden mellom 2008-16, men høgare enn i åra 2017-2020.

For åra 2021 og 2022 har Alver komme heldig ut av flytte- og migrasjonsstraumane; SSB sine føresetnadar for 2022 ser ut til å vere for låge for desse tilhøva. Samstundes ser det ut til at det vil bli fleire dødsfall og færre fødselar enn SSB rekna med.


Dersom det skulle vise seg at veksten i Alver blir høgare enn framskrivingane syner, vil det truleg påverke skulekretsane i dei sentrale delane av kommunen mest. Tilflyttarane og innvandrarane som kom i 2021 har i hovudsak busett seg sør i kommunen, og blant dei som er sysselsett pendlar nesten alle til Bergen.

I Alver kommune si framskriving kan ein sjå tal på skulekrets nivå i kommunen, i tillegg til tala for kommunen som heilskap. Figurane under viser utviklinga i folketal på barne- og ungdomskulekrets nivå.





Sjølv om det samla folketalet innafor ein gitt skulekrins ikkje endrar seg særleg, kan det vere betydelege endringar i befolkninga si alderssamansetjing. Folketalsveksten dei komande åra er konsentrert blant dei over 70 år. For oppvekstsektoren er det naturlegvis mest vesentleg korleis utviklinga av barnehage- og skuleborn vil bli i åra som kjem. I grove trekk kan vi seie at det er venta færre barn og unge i kommunen (aldersgruppa 0-19 år) og fleire eldre. Figuren under illustrerer dette:



Tal barn i førskulealder:

Tabellen under syner utviklinga av tal barnehagebarn (alderen 1-5 år) per skulekrins i Alver. Perioden 2015-21 er historiske tal, medan 2022 var fyrste framskrivingsår.

Skulekrins	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Alversund	256	259	253	255	247	236	216	212	206	206	206	207	205	208	209	211	213	214
Austebygd	33	34	32	29	28	30	24	23	21	20	20	20	20	20	20	20	20	20
Austrheim kommune	18	15	12	10	8	8	7	7	7	6	6	5	5	5	5	5	5	5
Eikanger	45	52	49	45	49	41	38	36	30	29	30	31	31	31	31	31	31	32
Grasdalen	130	122	107	94	101	87	82	81	75	72	71	70	71	71	72	72	73	73
Hordabø	73	73	67	64	67	61	62	63	58	60	59	56	55	55	55	54	54	56
Kløyheim	19	20	18	12	16	14	15	18	16	17	17	16	15	15	15	15	15	15
Knarvik	167	167	164	142	159	148	139	135	133	131	124	123	124	125	125	128	128	129
Leiknes	130	128	125	124	117	116	102	105	103	105	101	105	105	107	108	109	112	112
Lindås	157	158	161	153	131	127	137	131	133	128	129	124	123	125	124	124	126	127
Manger	122	130	147	138	141	122	112	113	115	109	110	109	110	110	109	112	113	114
Myking	81	74	66	63	63	59	56	53	53	54	52	52	50	50	51	53	54	54
Ostereidet	78	74	74	71	53	54	50	51	54	54	51	49	46	45	45	45	45	45
Rossland	52	47	48	51	57	58	63	56	55	52	52	49	51	51	51	51	51	51
Sagstad	311	344	363	352	343	327	304	309	306	305	305	308	304	307	309	314	317	321
Seim	108	96	97	96	85	68	73	71	66	66	65	65	65	66	65	65	67	67
Sæbø	80	80	81	73	65	50	59	60	65	61	64	60	58	59	58	58	58	58
Vestbygd	124	128	117	119	96	76	69	79	75	73	78	74	71	71	72	72	72	73
Totalt	1984	2001	1981	1891	1826	1682	1608	1603	1571	1548	1540	1523	1509	1521	1524	1539	1554	1566

Tabellen syner ein nedgang frå 2001 barn i 2016 (historiske tal) til 1566 barn i førskulealder i 2032 (framskriving), ein reduksjon på 435 barn i perioden.

Tal barn i barneskulealder:

For tal elevar i barneskulen er utviklinga lik utviklinga for barnehagebarn. Frå toppåret 2020 då det var 2900 barneskuleelevar i Alver er talet venta å falle jamt dei neste åra, til 2330 barneskuleelevar i 2032.

Skulekrins	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Alversund	396	388	397	396	367	381	378	375	369	354	345	337	326	316	309	306	305	303
Austebygd	47	50	45	40	39	35	39	41	37	39	34	33	34	32	29	28	28	28
Austrheim kommune	33	31	30	24	25	20	15	13	12	10	11	10	10	9	8	8	7	7
Eikanger	87	79	78	76	64	65	64	63	72	69	67	66	59	56	54	50	49	49
Grasdalen	129	141	155	161	164	165	151	147	147	139	128	120	115	112	112	110	108	108
Hordabø	96	104	99	99	107	119	108	106	101	97	90	95	89	86	85	82	83	82
Kløyheim	30	32	32	31	31	32	29	26	26	29	25	25	25	24	26	24	23	23
Knarvik	221	231	223	227	241	250	262	254	232	234	230	230	218	209	208	207	205	204
Leiknes	169	167	178	185	172	184	186	179	177	174	171	167	161	158	159	157	157	157
Lindås	224	234	244	244	250	248	249	242	226	223	221	217	211	205	201	202	197	199
Manger	163	173	174	190	193	187	196	189	186	189	185	177	170	162	163	164	160	160
Myking	85	88	90	92	89	97	94	95	89	89	87	86	82	82	79	80	79	78
Ostereidet	107	126	126	111	109	107	107	106	92	87	89	86	87	81	77	77	77	76
Rossland	101	100	97	93	85	81	79	77	80	84	87	90	87	85	83	81	80	79
Sagstad	390	412	435	471	474	479	484	497	494	498	475	472	467	460	452	450	449	451
Seim	164	169	158	156	153	154	158	151	146	141	135	129	121	118	115	111	111	111
Sæbø	123	112	106	101	107	106	102	102	98	102	96	96	91	90	90	92	91	91
Vestbygd	217	210	213	208	204	196	187	171	163	151	147	134	130	126	125	125	122	124
Totalt	2782	2847	2880	2905	2874	2906	2888	2834	2747	2709	2623	2570	2483	2411	2375	2354	2331	2330

Tal barn i ungdomsskulealder:

Utviklinga i talet ungdomsskuleelevar følgjer utviklinga av barneskuleelevar, men med ei forseinking. Veksten ein til no har hatt i elevmassen på barneskulen har etterkvart slått inn i ungdomsskulen. Dei næraste åra vil likevel dei mindre barnekulla nå ungdomsskulealder, og ein får ein nedgang i elevmassen også i ungdomsskulen.

Innbygjarar i ungdomsskulealder																		
Alder	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
13	379	378	366	398	429	393	433	450	436	398	431	408	437	407	382	362	364	351
14	390	385	386	374	400	429	396	437	453	439	401	433	415	440	411	388	365	367
15	449	399	386	382	376	399	434	399	439	453	441	402	435	415	443	409	390	369
Totalt	1218	1162	1138	1154	1205	1221	1263	1286	1328	1290	1273	1243	1287	1262	1236	1159	1119	1087

I perioden 2022 til 2032 viser prognosane ein reduksjon på 200 elevar i ungdomsskulealder.

Også for ungdomsskulane er det geografiske skilnadar. Den kortsiktige veksten i elevtalet slår sterkast ut på ungdomsskulane i Knarvik og Meland.

10.2 Prognosar - Følgjer for Temaplan barnehage- og skulebruksplan

Prognosane for Alver kommune viser ein svak nedgang i innbyggjartalet i barnehage- og grunnskulealder fram mot 2032. Også for den neste 10-årsperioden, fram mot 2042, syner tala noko nedgang. Det er i dag stor overkapasitet skulane, særleg på barnesteget. Nedgangen i kullstorleik vil dei neste åra også vise seg på ungdomstrinnet, slik at også ungdomsskulane vil få lågare kapasitetsutnytting enn i dag. Det er forskjellar mellom skulekretsane, og prognosane viser noko lågare reduksjon i elevtal i områda kring Frekhaug og Knarvik.

Prognosar bygde på SSB sine framskrivingar, lyt også ta omsyn til lokal kontekst. Sjølv om ein i kommuneplanen sin arealdel har stor bustadreserve fleire stader i kommunen, viser kommunal trend seg lik nasjonal trend; Aktiviteten knytt til bustadbygging og næringsutvikling er per no størst i dei sørlege delane av kommunen, nær sentra Knarvik og Frekhaug. Her er det også busett flest innvandrara dei siste åra, noko som også kan gje fleire barnefødsler.

Når ein skal planleggje for framtidig kapasitet og god kapasitetsutnytting i skular og barnehagar i Alver, lyt ein ta utgangspunkt i den beste kunnskapen ein har på området. Per no er dette den kommunale prognosen frå 2022, justert for det elevtalet som går i dei tre private skulane. Følgjande prinsipp ligg til grunn for vidare planlegging av kapasitet:

- Ein legg til grunn kommunal prognose som viser generell nedgang i elev- og barnetal i Alver fram mot 2042.
- Ein kan i planen gjere strukturendringar som fyller mottakarskular opp mot maksimal kapasitet i dag, og rekne med at kapasiteten vert høgare dei neste åra grunna reduksjon i elevtal.
- Ein bør sikre god nok kapasitet særleg i områda kring Frekhaug og Knarvik, då desse områda truleg vil få ein noko lågare reduksjon i barne- og elevtal.
- Ein legg ikkje til grunn å planleggje for auka kapasitet for å ha buffer for mogeleg framtidig vekst. Ein mogeleg framtidig vekst må handterast dersom den viser seg å dukke opp. Tilrådd løysing vil vere å utvikle fleksible bygg som toler utviding ved behov.

11 Skule og barnehagestruktur

11.1 Barnehagestruktur i Noreg

Den lovfesta retten til barnehageplass tredde i kraft 1. januar 2009. I samband med dette blei det satt i gang ei storstilt utbygging av barnehagar i både privat og offentleg regi. Mange stader måtte ein ty til mellombelse løysingar for å møte retten til plass. Dei siste åra har fødselstala gått ned og ein har i fleire kommunar ein overkapasitet av barnehageplassar. I tillegg har det mange stader skjedd store demografiske endringar, som gjer at barnehagar ligg andre stader enn der folk bur, og utanfor mobilitetsaksane. Dette kan resultere i ein konkurransesituasjon mellom barnehagane som ikkje handlar om kvalitet, men om driftstilskot. For den einskilde barnehage kan dette føre til ei uvisse rundt driftsgrunnlaget, som igjen kan gje dårlegare høve for rekruttering og potensial for å utvikle kvalitet og kompetansemiljø. Utvikling av tenestetilbodet heng såleis saman med trong for og etterspurnad etter barnehageplassar.

Drivarar i etterspurnad

Det er ulike drivarar som gjer utslag i etterspurnad etter barnehageplass, og ei rekkje faktorar som kommunen ikkje rår over har stor innverknad. Døme på slike faktorar som kommunen må ta omsyn til er statlege politiske vedtak, endring i arbeidsmarknaden og endring i haldningane i befolkninga.

Plassering: For dei aller fleste barnefamiliane er plasseringa av barnehagen i forhold til heimen eller arbeidsplassen av stor betydning. Dette er også med på å styrkje høvet barnet har til å utvikle tilknytning til nærmiljøet og bli kjent med andre barn i nabolaget. Nettopp derfor er barnehagar gjerne etablert i tilknytning til byggjefelt og område der det historisk har budd barnefamiliar. I eit tidsperspektiv på 10-20 år, vil det vere viktig å sjå på plassering opp mot bustad- og trafikkmønster, og gjere endringar i kapasitet på bakgrunn av dette.

Arbeidsmarknaden: Deltaking i arbeid utanfor heimen er den enkeltfaktoren som har størst direkte innverknad på etterspurnaden etter barnehageplassar. Har ein familie 100 % deltaking i yrkeslivet, vil dei også ha trong for 100 % barnehageplass. Men ei låg deltaking i yrkeslivet fører ikkje nødvendigvis til redusert etterspurnad. Dersom foreldres haldning er at barnehagar gir eit godt omsorgstilbod og økonomien til familien gjer det mogleg å ha barnehageplass, vil ikkje talet på barn som ønskjer plass bli redusert.

Næringsutvikling og utdanning: Kva planar har kommunen for næringsutvikling og kva slags tilbod har innbyggjarane til vidareutdanning og etterutdanning? Dette kan ha noko å seie for om folk vel å busette seg og seinare også bli i området når dei får barn.

Makspris: Trong for barnehageplass kan sjåast som eit resultat av foreldra si deltaking i arbeidslivet, inntekta i hushaldet og foreldra si haldning til kva som er god omsorg for barna. Det er derfor lite truleg at ein auke i maksimalprisen åleine vil gi redusert etterspurnad av barnehageplassar.

Kontantstøtte: Kontantstøtteordninga gjeld for barn mellom 1 og 2 år som ikkje går i barnehage med offentleg tilskot. For å ha rett til kontantstøtte må barnet vere fylt eitt år og ikkje gå i heiltids barnehage med offentleg tilskot. Dersom barnet har deltidsplass, kan ein ha rett til 20, 40, 60 eller 80 prosent kontantstøtte.

Fødselspermisjon: Ei endring i foreldrepermisjonen vil få konsekvens for etterspurnaden etter barnehageplassar. Med dagens finansielle ordning er det dei same mekanismene som regulerer etterspurnaden etter barnehageplass ved ei eventuell utviding av fødselspermisjonen, som ved ei endring i arbeidsmarknaden. Men til forskjell frå ei endring i arbeidsmarknaden vil det økonomiske aspektet truleg vere mindre gjeldande.

11.2 Vurdering av kapasitet og godkjend leike- og opphaldsareal

Plasskapasitet og bemanning:

Barnehagane har både ein arealnorm og ein bemanningsnorm. Desse har i utgangspunktet ikkje noko med kvarandre å gjere. Det er det godkjende leike- og opphaldsarealet, eventuelt spesifisert tal på plassar som avgjer kapasiteten. Kor mange plassar ein barnehageeiar vel å tilby, kan avvike frå godkjend kapasitet. Barnehageeiar kan ikkje tilby plass utover godkjend leike- og opphaldsareal, eller tal på plassar (om det er satt i godkjenninga). Mange barnehagar vel å ikkje nytte heile kapasiteten, fordi ein ikkje får godkjenningstalet til å gå opp med tal på pedagogar og tilsette elles. Når ein i ei utgreiing om kapasitet skal seie noko om plassar og etterspurnad må ein sjå vekk frå bemanning i dag.

Godkjend leike- og opphaldsareal er ikkje alltid det same som talet på plassar. For å sjå på kva som er reell plasskapasitet i ein barnehage må det gjerast ei vurdering av leike- og opphaldsarealet opp mot støtteareal og personalareal, og korleis desse areala samla sett toler personbelastning og formålskrava som til kvar tid gjeld. Alle barnehageeigarar pliktar å sikra eit likeverdig barnehagetilbod til alle barn. Godkjenning av barnehageanlegget gjeld så lenge anlegget imøtekjem bygningstekniske og pedagogiske lovkrav. Det må derfor gjerast kontinuerleg tilsyn og vedlikehald av anlegga.

I samband med planarbeidet ser me at det fleire stader er avvik mellom det godkjende leike- og opphaldsarealet og den reelle plasskapasiteten til barnehagen. I dei private barnehagane er det ikkje gjort ein fysisk gjennomgang av areala, men dei fleste eigarane har gitt ei digital tilbakemelding på plasskapasitet. Det er knytt ei uvisse til desse tala, da det i planarbeidet ikkje er gjort vurdering på same grunnlag som for dei kommunale. For å ha kontroll med den private plasskapasiteten treng ein å følgje opp alle barnehagar med tilsyn som gjer kontroll med i kva grad barnehagane klarar å møte dei ulike fysiske krava til barnehageanlegg.

Arealplassar:

Utgreiinga ser på korleis det godkjende arealet og dei fysiske høva i dei ulike barnehagane er rigga for framtidig trong for barnehageplassar. Ein ser då på det godkjende arealet eller godkjende talet på plassar og omset dette til arealplassar.

I tilrådd arealnorm for barnehage skal eit barn mellom 3-5 år ha minimum 4 m² leike- og opphaldsareal medan eit barn under 3 år skal ha om lag 1/3 meir. Leike- og opphaldsarealet ute skal vere om lag 6 gonger større enn leike- og opphaldsarealet inne. 4m² leike- og opphaldsareal er det same som ein arealplass. Barn under 3 år, tel for 1,3 arealplass.

Godkjenning av kapasitet:

Godkjenning av ein barnehage vert vurdert ut frå kor eigna areala er og om dei oppfyller krava til formålet jfr. barnehagelova §§ 1, 1a og 2, og jf. barnehagelova § 10 første ledd. Barnehagelova seier ikkje korleis barnehagestyresmakta skal godkjenne formålet med omsyn til fysisk miljø, men jamfør § 14 Godkjenning heiter det at; Kommunen avgjer søknader om godkjenning etter ei vurdering av kvalifikasjonane til barnehagen ut frå formål og innhald. Her må ein kjenne til kva som ligg til grunn for eignaheit. Vurderingskriteria for kvalifikasjonar må, dersom barnehagane skal likebehandlast etter barnehagelovas § 11, basere seg på objektive kriterium. Desse kriteria handlar både om oppdraget til barnehagen og om korleis ulike fysiske eigenskapar som rom, funksjonar og areal gjer formålstenleg praksis mogleg. Godkjenninga til barnehagestyresmakta er derfor ei heilskapleg vurdering av korleis anlegget kjem dei ulike føresetnadene i møte, under dette krav i barnehagelov og rammeplan, arbeidsmiljølova og godkjenning som helsefremjande verksemd. I tillegg må barnehagestyresmakta gjere si objektive vurdering etter §3 -siste ledd - i alle handlingar og avgjerder som gjeld barn i barnehagen, skal kva som er best for barnet, vera eit grunnleggjande omsyn.

Objektiv vurdering av kvalifikasjonar må hentast frå lover og forskrifter som gjeld for område:

Godkjenning av leike- og opphaldsareal skal gjerast i tråd med krav til rom for varig opphald – som er forankra i plan- og bygningslova. Dette gjeld uansett kva TEK bygget har jf. § 12-7 i plan- og bygningslova og krav til utforming av rom og anna opphaldsareal som er definerte av Direktoratet for byggkvalitet (dibk.no). Her er det viktig å understreke at leike- og opphaldsareal skal vere tilgjengeleg for barn, og ikkje bli nytta til andre funksjonar. Mellom anna skal fast møblering og ganglinjer som openbert kjem i vegen for barns leike- og opphaldsareal bli trekt ut. Rom utan dagslys og utsyn kan ikkje godkjennast, med mindre det er sterke pedagogiske grunnar til det (for eksempel eit funksjonsrom som filmrom, eller liknande). For rom med indirekte dagslys må det gjerast ei vurdering av det totale arealet barna har tilgang til. Det kan fint vere mykje godt leikeareal i rom som ikkje inngår i godkjenningsarealet, og barnehagen skal så langt det lar seg gjere legge til rette for leik i mest mogleg av bygget, men slikt areal må då reknast som tilleggsareal.

Eit viktig kriterium er krav knytt til § 11 formål: Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. Dette blir støtta av plan og bygningslova gjennom innleiande føresegnar om planløysing og bygningsdelar - § 12-1. Krav til planløysing og universell utforming av byggverk.

1. Byggverk skal ha planløysing tilpassa funksjonen til byggverket.
2. Byggverk for publikum og arbeidsbygningar skal vere universelt forma slik det følgjer av føresegnene i forskrifta, med mindre byggverket eller delar av byggverket etter funksjonen sin er ueigna for personar med funksjonsnedsetjing. Dette er igjen forankra i menneskerettane og i Lov om likestilling og forbod mot diskriminering kap. 3. For vurderinga til barnehagestyresmakta er igjen barn sine rettar til trygge og sunne omgivnader og retten til barnehageplass uavhengig av funksjonsnivå, det som er avgjerande for vurdering av eignaheit.

Verdigrunlaget til rammeplanen har definert korleis barnehagen skal fremje livsmeistring og helse. Kap. 1 kan nyttast til å lage kriterium med bakgrunn i plan- og bygningslova, likestillings og diskrimineringslova og folkehelselova, med forskrift om miljøretta helsevern for barnehage, skule og SFO. Kapittelet om livsmeistring og helse har mange «skal-krav» som direkte kan knytast til dette lovverket. Vidare kan kriterium utarbeidast frå kap. 3. for å vurdere i kva grad barnehagen sitt opphaldsareal ute er eigna for alle barn.

Oppsummert kan ein seie at godkjenning av kapasitet i arealplassar til ein barnehage må gjerast på bakgrunn av ei heilskapleg vurdering av det ulike lovverket som er knytt til pedagogikk, bygg og brukarane sine rettar.

11.2.1 Etterspurnad etter barnehageplass

I 2023 var det 8 kommunale og 19 private barnehagar i Alver. Det var 1476 barn som gjekk i barnehage. Av desse barna var det 16 barn som fekk plass før dei var 1 år, og som er tatt inn utan rett til plass.

Tabellen under viser alle barn i barnehage i 2023 etter alder. Kolonne 3 viser kor mange arealplassar som er nytta i 2023:

Alder	Tal barn	Arealplassar
0 år	16	20,8
1 år	234	304,2
2 år	299	388,7
3 år	297	297
4 år	308	308
5 år	322	322
	1476	1640


Trenden dei siste åra er at det både i kommunale og private barnehagar har vore ein nedgang i etterspurnad etter barnehageplassar. Tabellane under syner endring i etterspurnad i kommunale plassar og i private plassar. I dei kommunale barnehagane har etterspurnaden gått ned med 68 arealplassar og i dei private barnehagane har etterspurnaden gått ned med 58 arealplassar. I same perioden har kapasiteten i tal på plassar auka fordi Lindås barnehage med 126 plassar og Bø barnehage med 108 plassar opna med auka kapasitet i 2020 og 2021.

11.2.2 Tal kommunale og private plassar

Kommunal kapasitet	Godkjend leike- og opphaldsareal i m2 (utan desimal)	Tal plassar i kommunale barnehagar
Austebygd barnehage	114	29
Bø barnehage	456	108
Haugen barnehage	0	0
Lindås barnehage	504	126
Marihøna barnehage	181	45
Prestmarka barnehage	944	236
Sæbø barnehage	376,5	94
Juvikstølen barnehage	694	174
	3269,5	812
Privat kapasitet	Godkjend leike- og opphaldsareal i m2 (utan desimal)	Tal plassar etter innspel frå eigar
Barnas barnehage Kløvheim	137	34
Blåklokka barnehage	625	150
Drømmehagen barnehage AS	690	172
Espira Marthahaugen barnehage	425	106
Hundvin naturbarnehage AS	120	34
Knarvik barnehage AS	670	167
Leiketun barnehage AS	581	130
Leiknes Fus barnehage AS	444	104
Leirdalen barnehage SA	289	72
Lykkeliten barnehage	109	27
Læringsverkstedet Alversund barnehage	268	57
Læringsverkstedet Maurtua barnehage	289,4	60
Natås barnehage SA	180	30
Ostereide Fus barnehage AS	265	66
Seim barnehage SA	363	90
Smilehullet Familiebarnehage/ Anne-Mari Arnesen	70	10
Solhaugen barnehage SA	360	90
Trollskogen barnehage Ikenberget SA	444	94
	6329,4	1494
Kommunalt og privat	Godkjend leike- og opphaldsareal i m2	Tal plassar
Totalt godkjend leike- og opphaldsareal og tal plassar	9599	2306


Figur 11 tabellen synar kapasitet i godkjend leike- og opphaldsareal i kommunale- og private barnehagar. Godkjend areal tilseier 2400 plassar, medan tal plassar er **2304** (kommunal kapasitet er runda nedover til **811** i kapasitetsvurderinga). Dette handlar om at det i nokre barnehagar er gitt eit tak på tal plassar, eller at barnehagane sjølve vel å ikkje nytte heile si kapasitet. Det manglar nokre tilbakemelding frå dei private eigarane.

Tabellane under syner utvikling i nytta arealplassar målt mot dagens kapasitet dei siste fem åra.




Figur 12 syner brukte arealplassar i kommunal og privat barnehage. Kapasitet i arealplassar avviker noko frå godkjend leike- og opphaldsareal i m². Dette heng saman med at nokre barnehagar har godkjend eit større areal enn tal på plassar. I kommunal kapasitet er Haugen barnehage tatt ut.

Tabellen under syner utviklinga i etterspurnad samla i perioden 2019-2023. Totalt ser ein at etterspurnaden har gått ned med 106 arealplassar. Det er ein kapasitet som kan samanliknast med ein 5-avdelings barnehage.



Ei forklaring på endring i etterspurnad er nedgangen i tal på barn i same tidspunkt. Tabellen under syner utvikling i tal på barn i aldersgruppa 1-5 år i perioden 2017-2024 - Kjelde: SSB. Tala viser ein nedgang på om lag 450 barn i perioden.



Kunnskapsgrunnlaget til Alver kommune frå 2022 (kap. 2.3) syner at utviklinga i tal barnehagebarn (alder 1-5 år) har ei stabil eller negativ kurve i alle skulekrinsar.

Skulekrins	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Alversund	256	259	253	255	247	236	216	212	206	206	206	207	205	208	209	211	213	214
Austebygd	33	34	32	29	28	30	24	23	21	20	20	20	20	20	20	20	20	20
Austrheim kommune	18	15	12	10	8	8	7	7	7	6	6	5	5	5	5	5	5	5
Eikanger	45	52	49	45	49	41	38	36	30	29	30	31	31	31	31	31	31	32
Grasdal	130	122	107	94	101	87	82	81	75	72	71	70	71	71	72	72	73	73
Hordabø	73	73	67	64	67	61	62	63	58	60	59	56	55	55	55	54	54	56
Kløvheim	19	20	18	12	16	14	15	18	16	17	17	16	15	15	15	15	15	15
Knarvik	167	167	164	142	159	148	139	135	133	131	124	123	124	125	125	128	128	129
Leiknes	130	128	125	124	117	116	102	105	103	105	101	105	105	107	108	109	112	112
Lindås	157	158	161	153	131	127	137	131	133	128	129	124	123	125	124	124	126	127
Manger	122	130	147	138	141	122	112	113	115	109	110	109	110	110	109	112	113	114
Myking	81	74	66	63	63	59	56	53	53	54	52	52	50	50	51	53	54	54
Ostereidet	78	74	74	71	53	54	50	51	54	54	51	49	46	45	45	45	45	45
Rossland	52	47	48	51	57	58	63	56	55	52	52	49	51	51	51	51	51	51
Sagstad	311	344	363	352	343	327	304	309	306	305	305	308	304	307	309	314	317	321
Seim	108	96	97	96	85	68	73	71	66	66	65	65	65	66	65	65	67	67
Sæbø	80	80	81	73	65	50	59	60	65	61	64	60	58	59	58	58	58	58
Vestbygd	124	128	117	119	96	76	69	79	75	73	78	74	71	71	72	72	72	73
Totalt	1984	2001	1981	1891	1826	1682	1608	1603	1571	1548	1540	1523	1509	1521	1524	1539	1554	1566

Med nedgang eller stabile tal på barn i aldersgruppa 1-5 år, kan ein ikkje vente ein auka etterspurnad etter plassar dei i åra framover. Med redusert tal på barn vil barnehagane, både private og kommunale, i fleire område ha usikre føresetnadar for drift.

11.3 Skulestruktur i Norge

UDIR gjev årleg ut *Utdanningsspeilet*, som viser statistikk og analysar om grunnopplæringa i Noreg. Her kan vi lese at det skuleåret 2021-22 var 2761 grunnskular i Noreg, ein nedgang på 240 dei siste 10 åra. Skuleåret 2021-22 var det i gjennomsnitt 230 elevar per skule, 25 fleire enn 10 år tidlegare.

Det blir fleire av dei større skulane og færre av dei minste. I dag er det omlag 192 skular som har 500 eller fleire elevar. Det er 61 fleire enn for ti år sidan. Det er særleg dei små skulane som blir lagde ned. I 2021 hadde dei nedlagde skulane i gjennomsnitt 92 elevar det siste året dei var i drift.

11.3.1 Årsaker til skulenedlegging

Sidan 2012 har det i gjennomsnitt blitt lagt ned 48 skular og oppretta 24 skular årleg. Spreidd busetnad gir høgare utgifter per elev i grunnskulen, det same gjer lågt elevtal per trinn og små skular. Også når utgifter til skyss blir halde utanfor, har kommunar med små skular høgare utgifter per elev enn kommunar med større skular. Lågt elevtal og økonomiske omsyn i kommunen kan altså vere årsaker til at ein skule blir lagd ned ([Antall elever og skoler \(udir.no\)](#)).

11.3.2 Privatskular

Det er i underkant av 280 privatskular i Noreg, noko som utgjer om lag 10 prosent av skulane i landet. Dei siste ti åra er det oppretta 106 offentlege og 138 private grunnskular. I denne perioden er over 90 prosent av dei nedlagte skulane offentlege.

Privatskulelova regulerer retten til å opprette og drive private skular. Juni 2022 kom det endringar i lova som gjer det vanskelegare å få godkjent nye private skular. For å bli godkjent må no privatskular representere eit reelt supplement til den offentlege fellesskulen. Ein kan t.d. få godkjenning med basis i ein anerkjent pedagogisk retning, som steinerskular, montessoriskular eller som internasjonale skular.

Det er departementet som godkjenner private skular eller driftsendring ved godkjente skular. Vertskommunen skal få gje uttale før departementet gjer vedtak i saka, og vertskommunen kan også klage på departementet sitt vedtak. Departementet skal leggje stor vekt på vertskommunen si fråsegn i saka og ein privatskule skal ikkje få godkjenning «dersom etableringa vil medføre negative konsekvensar for det offentlege skoletilbodet» ([Lov om private skular med rett til statstilskot \(privatskulelova\) - Lovdata](#)).

11.3.3 Endring av skulestruktur

Skulestruktur refererer i denne samanhengen til organiseringa og utforminga av skulesystemet innan eit geografisk område; Alver kommune. Dette omfattar fordelinga av skular, skuleslag, deira storleik, plassering og korleis dei er knytte saman i nettverk, t.d. med utgangspunkt i ungdomsskulekrinsar.

Eventuelle endringar i skulestrukturen kan inkludere omorganisering av eksisterande skular, oppretting eller nedlegging av skular, endringar i skulegrenser og krinsinndelingar. Målet med slike endringar kan variere, men det kan vere å tilpasse seg endringar i elevtal, optimalisere ressursbruk, betre tilgjengelegheita eller tilpasse seg samfunnsendringar. I det følgjande gjer vi greie for sentrale føringar og moment ved eventuelle endringar av skulestruktur.

Utdanningsdirektoratet lanserte eit rundskriv den 15. mars 2012 som omhandlar prosedyrar for nedlegging av skular, med mål om å sikre ein einsarta og korrekt handtering av regelverket. Å leggje ned ein skule er ikkje definert som eit enkeltvedtak, og dermed gjeld ikkje reglane i forvaltningslova kapittel IV-VI om saksførebuing, vedtak, klage og omgjerding. Likevel stilles krav om at saka må vere forsvarleg utgreidd før ei avgjerd blir teken. I saker om skulenedlegging betyr dette at kommunestyret skal ha god kjennskap til synspunkta til dei som vil bli råka før dei gjer eit vedtak.

Regelverket, både i opplæringslova og anna lovgiving, gir ikkje konkrete retningslinjer for kva som er tillate eller ikkje når det gjeld nedlegging av skular. Avgjerdar om skulestrukturen ligg innanfor den kommunale sjølvstyret, og desse avgjerdene må byggje på kommunestyret sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar, jf. Udir-2-2012.

Spørsmål om skulestruktur og kretsgrenser, kan bety mykje for foreldre og lokalsamfunn. Det er viktig at samarbeidsutvalet, eller eventuelt foreldrerådet, får høve til å kome med meininga si. Andre aktørar som også bør få seie sitt, inkluderer fagforeningar, grendelag, ulike grupper og organisasjonar som har interesse i saka, i tillegg til representantar frå andre skular i nærleiken. Dersom endringar i skulestrukturen påverkar transportbehova, bør også fylkeskommunen få moglegheit til å uttale seg, som beskrive i rundskriv Udir-2-2012.

Barnekonvensjonen, som er innlemma i norsk rett gjennom menneskerettslova frå 2003, pålegg kommunane å vurdere barnet sitt beste også når det gjeld skulestruktur. Dersom det oppstår usemje, har Barnekonvensjonen prioritet over nasjonal lov, som det framgår av menneskerettslova § 3. Barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle avgjerdene som angår barn. Kva som er til det beste for barnet kjem ikkje direkte fram av Barnekonvensjonen, og det kan vere ulike omsyn og vurderingar knytt til dette i ulike avgjerdssituasjonar. Andre omsyn, som økonomiske omsyn og omsynet til samfunnet som heilskap, spelar også ei rolle når det skal takast avgjerd som påverkar barnet.

11.3.4 Nærskuleprinsippet

Opplæringslova regulerer grunnskuleelevar sin rett til opplæring. I samsvar med § 8-1 første ledd har elevane rett til å gå på den skulen som er "nærast" eller ved "den skulen i nærmiljøet som dei soknar til". Denne skulen vert ofte referert til som nærskulen, og prinsippet om retten til å gå på nærskulen er kjent som nærskuleprinsippet. Målet med dagens ordning er å sikre at grunnskuleelevar kan gå på ein skule med medelevar frå nærmiljøet og føle tilhøyrse til skulen. Foreldre har som regel eit ønskje om at barna deira skal gå på den skulen som er nærmast heimen deira (NOU 2019:23).

Rettleiing om korleis nærskulen blir fastsett, finn vi i forarbeida til opplæringslova, særleg i NOU 1995:18 og KUF (1998). Hovudsakleg skal geografiske forhold, spesielt fysisk avstand, vurderast, men òg objektive faktorar som topografi og trafikk kan takast omsyn til. Andre relevante aspekt, som kapasitet på skulen og plassering av søsken på same skule, kan også vurderast. Når ein står overfor tilfelle der fleire skular kan reknast som "nærast" ut frå avstand, topografi og trafikk, har kommunen ein viss handlingsfridom ved fordeling av elevar. Det er likevel viktig at avgjerdene bygger på saklege omsyn (NOU 2019:23).

Jamfør opplæringslova § 13-10 har kommunen plikt til å sikre at retten til å gå på nærskulen blir oppfylt. Grunnskuleelevar har dermed rett til å gå på den skulen som i samsvar med opplæringslova § 8-1 første ledd er definert som nærskulen i kommunen.

Nærskuleprinsippet og kapasitet

Endra busettingsmønster med urbanisering og sentralisering i distrikta har ført til at mange kommunar opplever at nokre skular har god kapasitet, medan andre skular er fulle eller har lågare kapasitet enn det ein ser som forsvarleg over tid. Ifølgje førebuingane til opplæringslova kan kommunen vektleggje kapasiteten ved den einskilde skulen når det gjeld kretsgrenser og skuleval (NOU 1995: 18). I ei tolkingsuttale frå Utdanningsdirektoratet (UDIR) til Fylkesmannen i Buskerud i 2009, blir det understreka at trafikale eller bygningstekniske forhold kan tilseie at ein skule ikkje kan utvidast. Dersom eksisterande bustadområde t.d. opplever generasjonsendringar med større barnekull, kan dette overbelaste kapasiteten ved den enkelte skulen.

Moglegheita til å vektleggje kapasitet, både i avgjerdene om enkelttilfelle og ved fastsetjing av forskrifter om skulekretsgrenser, er likevel avgrensa. I tolkingsuttale frå Utdanningsdirektoratet (UDIR, 2009) blir det slått fast at omsynet til kapasitet først og fremst blir relevant når skulen ikkje har plass til fleire elevar. I slike tilfelle må kommunen kunne dokumentere for Statsforvaltaren under handsaming av klagesaker eller eventuell lovlegheitskontroll av forskrifta at skulen er full. I samsvar med NOU 2019:23 betyr dette at når ein skule er

full, har kommunen moglegheit til å flytte dei elevane med minst tilhøyrse ut frå andre omsyn til ein annan skule med tilstrekkeleg kapasitet.

I Otprp-nr-46-1997-98 kjem det fram at prinsippet om nærleik må ta utgangspunkt i dei skulane som allereie finst i kommunen, og at nærskuleprinsippet i seg sjølv ikkje gir grunnlag for krav om å byggje nye skular, eller utvide eller oppretthalde eksisterande skular (KD, 1998).

Nærskuleprinsippet og geografiske tilhøve

Kommunane varierer i skulestrukturen. Geografisk plassering, inndeling av barne- og ungdomstrinn, standard på veg, topografi, osv. skaper ulike rammer og moglegheiter når kommunale forskrifter om skulekretsgrenser skal fastsetjast. Kommunane sitt høve til å vedta forskrifter om skulekretsgrenser er derfor ei forvaltning av nærskuleprinsippet, slik lova opnar for praktisering i den einskilde kommunen. I nokre kommunar kan topografiske forhold som skog, elv, farleg veg og rasfare tilseie at geografisk nærleik må vika for andre omsyn som må få sterkare vekt.

Barn i same nærmiljø, til dømes i ei gate eller eit byggefelt, kan ha kortast veg til ulike skular. I slike tilfelle må omsynet til at elevane skal få gå på skule saman med born frå nærmiljøet, vegast opp mot omsynet til kva som er nærmaste skule etter avstand.

Nærskuleprinsippet og kommunal forskrift om skulekretsar

Skuleplassering etter § 8-1 i opplæringslova er eitt av områda innanfor grunnskulen der statsforvaltaren mottar flest klager, med heile 344 klager i 2017 (NOU 2019: 23). Berre eit fåtal får medhald på klagen. Utvalet som utreia ny opplæringslov i NOU 2019: 23, forklarar det høge talet på klagesaker med at innhaldet i paragrafen kan være vanskeleg å forstå; mange foreldre kan lese paragrafen som ein rett til å gå på den skulen som ligg nærast i avstand. Utvalet viser vidare til ulik utforming av lokal forskrift og ulik forvaltningspraksis som moglege årsaker til det høge talet på klager.

Kvar enkelt kommune kan velje å utarbeide forskrifter om "kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til" (§ 8.1, andre punktum). Målet med ei slik skulekretsforskrift er å sikre forutsigbarheit for elevar og foreldre, samtidig som ein ønskjer ei hensiktsmessig organisering i kommunen, jf. NOU 1995: 18 kapittel 20.4.4.2. Forskrifta vert òg viktig ved handsaming av klager, der kommunen får moglegheit til å synleggjere for Statsforvaltaren korleis nærskuleprinsippet blir ivareteke (UDIR, 2013).

Ei kommunal skulekretsforskrift må vere i tråd med retten til å gå på nærskulen og omsyna bak nærskuleprinsippet, jf. NOU 2019: 23 kapittel 27.2. Det er til dømes ikkje høve til å vektleggje å oppretthalde skular med lågt elevgrunnlag, omsyn til jamn belastning på kommunen sine skular, eller spreiring/samling av elevar med ulike faglege, kulturelle eller språklege utgangspunkt.

Forskrifta vert tydelegast når ho legg vekt på objektive forhold som avstand og topografi. Ho må likevel opne for at ein kan vektlegge forhold ved den einskilde eleven. I førebuingane til lova står det at inndeling i opptaksområde difor ikkje kan være absolutte.

Nærskuleprinsippet og val av skule

Opplæringslova § 8.1 tredje ledd fastslår at elevar, etter søknad, kan bli teken inn på ein annan skule enn nærskulen. Denne bestemmelsen gir ikkje ein rett til å gå på ein annan skule, og kommunen må sikre at retten til å gå på den nærmaste skulen ikkje blir sette til side for andre elevar (NOU 2019: 23).

I NOU 1995: 18 drøftar Smithutvalet spenninga mellom omsynet til nærskuleprinsippet og retten til å velje skule. På den eine sida er skuleval viktige avgjersler for elevar og familiar. Det kan vere ei praktisk gagn for den einskilde og i nokre tilfelle opplevast som sosialt eller pedagogisk naudsynt for foreldre.

På den andre sida byggjer nærskuleprinsippet på prinsippet om einheitsskulen, samt økonomiske og praktiske omsyn for kommunane. Det blir understreka i lovens førebuingar at valretten må avgrensast av rammer for forsvarleg ressursdisponering i kommunane, og blir betinga av at det er plass ved den skulen ein søker seg til, med omsyn til lokale og tilgjengeleg personale. Ein kan til dømes ikkje krevje at det blir oppretta ein ny klasse. Når kommunane skal vurdere om ein skule har plass, kan dei også i visse høve vektleggje forhold som kan skape plassmangel seinare. Det blir likevel krevd konkrete haldepunkt for at plassmangel kan inntreffe. Foreldre kan heller ikkje krevje at kommunen dekkjer ekstra utgifter til skyss eller innlosjering i samband med søknad om skulebytte til annan skule enn nærskulen.

Det blir presisert i NOU 1995: 18 at retten til å søkje skulebytte bør avgrensast til å skje ved skulestart for kvart klassesetrinn og ved familien si flytting til nytt skuleområde. Kommunane kan med bakgrunn i dette fastsetje forskrifter om søknadsfrist.

Smithutvalet presiserer at eit vedtak om skulebytte blir omfatta av forvaltningsrettslege prinsipp som forbyr usakleg forskjellsbehandling av elevane (otprp-nr-46-1997-98). Avslag kan til dømes ikkje grunngjevast med at akkurat denne eleven er uønskt ved vedkommande skule.

FNs barnekonvensjon, artikkel 3 nr. 1, fastslår at barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle saker som omhandlar barn. Det følgjer vidare av Grunnlova § 104 første og andre ledd at barn har rett til å bli høyrte i saker som angår dei, og at meiningane deira skal tilleggjast vekt.

Høgsterett har ved fleire høve gjennomgått kva betydning omsynet til barnet sitt beste skal ha i enkeltsaker (Sivilombodsmannen, 2020). Når omsynet til barnet sitt beste skal vegast opp mot andre omsyn, til dømes i søknader om å gå på annan skule enn nærskulen, skal hensynet til barnet sitt beste ha stor vekt: Barnet sine interesser skal vere utgangspunktet, bli løfta spesielt fram og stå i forgrunnen. Barnet sitt beste er altså ikkje berre eitt av fleire moment i ei heilskapssvurdering. Sivilombodsmannen skriv i si uttale frå 2020 at vektlegging av nærskuleprinsippet ikkje kan tilleggjast så stor vekt at det stengjer for at omsynet til barnet sitt beste kan bli avgjerande.

Nærskuleprinsippet og ny opplæringslov

Med utgangspunkt i Opplæringslovutvalget sine tilrådingar i NOU 2019: 23, og Kunnskapsdepartementet sitt forslag, er ny opplæringslov vedteken, gjeldande frå 1. august 2024. § 2.6 i ny opplæringslov skal erstatte dagens § 8-1 i noverande opplæringslov.

Gjeldande lovtekst lyder slik:

§ 8-1. Skulen

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje...

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Noverande § 8-1 inneheld også bestemmingar om at kommunar kan avtale at einskilde område kan sokne til skular i nabokommunen.

Ny bestemming lyder slik:

§ 2-6. Kva grunnskole eleven skal gå på

Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skolekrinsar skal kommunen leggje særleg vekt på kva skole som ligg nærast heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasiteten på skulane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole.

Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven har rett til å gå på.

Vi ser at dagens formulering «rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til» er erstatta med følgjande formulering i ny lov: «Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet.» Hovudformålet med både dagens lovtekst og nytt forslag er at elevar frå same geografiske område skal gå på den same skulen. Når både utvalet og Stortinget vel å bruke nemninga «nærmiljøet» spelar det ikkje berre på nærleik i avstand, men også tilknytning.

Vi finn i førebuingane og ny lovtekst presiseringar som vi berre delvis ser i førebuingane og merknadene til dagens lov: Ein skal legge vekt på kva som er næraste skule, men samstundes ta omsyn til skulekapasitet, fordeling på bustadområde, topografi og trafikk. Det vert presisert i førebuingane særleg at kommunal forskrift kan opne for unntak frå krinsane ved kapasitetsutfordringar. Gjeldande ordning opnar berre for å vektlegge kapasitet dersom det alt er fullt ved ein skule. Opplæringslovutvalet føreslo i forarbeid til ny lov at kommunane skal kunne ta omsyn til kapasitet i fastsetjinga av skulekrinsar, også når skulane ikkje er fulle, og mellom anna kunne halde av skuleplassar til tilflyttarar: «Hensikten er å få til en effektiv utnyttelse av de samlede personalressursene og best mulig utnyttelse av kapasiteten i de eksisterende skolebyggene. Dette vil gi størst handlingsrom for kommunene og legge best til rette for effektiv utnyttelse av kommunens økonomiske ressurser» (UDIR, 2019, s. 371).

Utgangspunktet for fastsetjing av krinsgrenser vil, også etter utvalet sitt framlegg og ny lovtekst, være geografisk nærleik. Presiseringane i lov og førebuingar inneber likevel at den skulen som er nærmast i avstand ikkje alltid vil vere den skulen ein har rett til å gå på.

Dagens lov lét Alver kommune ta omsyn til kapasitet i fordeling av elevar på skular. Det tyder at ein har heimel for å flytte elevar til ein annan skule enn den som er nærmast i avstand, dersom denne er full. Det nye framlegget vil kunne gjere det lettare for kommunen å planleggje for best mogleg utnytting av kapasitet og ressursar.

I forarbeida til ny opplæringslov presiserer opplæringslovutvalet også at kommunane, i kommunal forskrift om skulekrinsar, skal ta utgangspunkt i dei skulane som til ei kvar tid finst i kommunen: «Kommunen står fritt til å opprette og legge ned skoler og til å bestemme hvor skulene skal plasseres» (UDIR, 2019, s. 371).

11.3.4.1 Skulestorleik: Tal elevar og retningsliner for areal

Det er ikkje lovregulering som set grenser for maksimum eller minimum elevtal ved skular, men det er retningsliner for kor mykje areal per elev som skal vere tilgjengeleg til ulike funksjonar, ute og inne. Retningslinene finn vi i *Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger* (Helse- og omsorgsdepartementet, 2023), *med Veileder* (Helsedirektoratet, 2023). Rettleiaren seier at kva som er tilstrekkeleg innandørs areal må vurderast konkret. Det må takast omsyn til romma si utforming, møblering og ventilasjonsforhold. Læringsarealet for ein klasse/ elevgruppe skal kunne leggje til rette for varierte arbeidsformer og naudsynt utstyr til undervisning:

Klasserom/hovedrom bør være 2,5 kvadratmeter pr. elev, med mindre klassen disponerer tilleggsarealer i nærheten av klasserommet/hovedrommet. Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen pr. elev. Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, kan klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 kvadratmeter pr. elev. Så lenge inneklimate er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som for eksempel formidlingsrom og auditorier) være høyere enn normen på 2 kvadratmeter pr. elev tilsier. (Helsedirektoratet, 2023)

Forskrifta stiller krav til utforminga av uteområda, og ikkje krav til arealstorleik. Kravet til helsefremjande uteområde føreset likevel at uteområdet har ein viss storleik for å gi plass til kvalitetar i utforminga, som naturinnslag, variert terreng m.m., for å tryggje mangfaldig bruk og hindre slitasje. Vidare heiter det at:

Gjeldende utendørs arealnormer for skoler skal vurderes på bakgrunn av nytt kunnskapsgrunnlag, jf. rapport fra NMBU i 2019 om Uteområder i barnehager og skoler – hvordan skape kvalitet i utformingene? (PDF, nmbu.no). Gjeldende norm på 50 m² må inntil videre sees i lys av det nye kunnskapsgrunnlaget. (Helsedirektoratet, 2023)

NMBU-rapporten bygger på erfaringsinnsamling frå Noreg og dei nordiske landa, i tillegg til internasjonal forskning publisert på feltet, både med omsyn til arealstorleik og kvalitet på uteareala. Rapportens tilrådingar for storleiken på utandørsområde i skular basert på stad, gjeld først og fremst for nye anlegg. Hovudtilrådinga er ei norm på 30 m² per elev i grunnskulen. I bysentrum/tettbygde område opnar ein likevel for å redusere arealet til 18 m² per elev. Det blir vidare tilrådd at kommunane kartlegg og definerer kva soner dette skal gjelde for.

Rapporten frå NMBU viser til funn frå forskning som seier at storleiken på uteareala i liten grad påverkar graden av fysisk aktivitet blant skuleelevar. Arealstorleiken hadde heller ingen påverknad på inaktivitet eller kognitive dugleikar blant elevane. Oppsummert seier rapporten at «Vi har ikke avdekket sammenhenger mellom arealstørrelse og de sentrale utfallsmålene knyttet til helse og trivsel» (Thoren, 2019). Det blir tilrådd at små uteområde bør kompenseres ved å heve kvaliteten på innhaldet i uteområda, og at ein særleg vektlegg tiltak som møter auka slitasje på dekke/grunn.

11.4 Metode for vurdering av framtidig struktur

I arbeidet med evaluering av framtidig struktur for barnehage og skule i Alver kommune, er det, med utgangspunkt i føringane i planprogrammet, utvikla eit verktøy for evaluering.

Område for evaluering

Dei ulike strukturalternativa vert evaluerte med utgangspunkt i målsetjingar innafor følgjande område:

1. Helse, miljø og sikkerheit (HMS)
2. Barn; likeverd, leik, læring og venskap
3. Organisasjon; attraksjon, samarbeid, kompetanse og leiing
4. Ressursutnytting; Kapasitet og effektiv drift
5. Nærsenter og lokalmiljø
6. Økonomi

Punkta 1-5 er vurdering av ikkje-prissette konsekvensar, som vert vurderte i kapitela 12-14. Punkt 6 (økonomi) vert synleggjort og vurdert i kapittel 15.






Alternativ

Det er utarbeidd alternative konsept for barneskule, ungdomsskule og barnehage. Alternativ 0, eller nullalternativet, er nositasjonen, og vert vurdert for å ha eit målepunkt å ta utgangspunkt i når ein evaluerer dei nye strukturforslaga. Dei alternative strukturforslaga vert evaluert relativt i forhold til nullalternativet.

Alternativ 0	Framhald dagens struktur med nødvendig vedlikehald
Alternativ 0+	Framhald dagens struktur med bygningsmessige tiltak
Alternativ 1	Alternativ struktur med mindre endringar
Alternativ 2	Alternativ struktur med større endringar
Alternativ 3	Alternativ struktur med større endringar

Dei nye strukturforslaga vert vurderte etter grad av måloppnåing, slik:

Grad av måloppnåing

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

Målsetjingar og sentrale moment i vurderinga av ikkje prissette konsekvensar

Tabellen under viser målsetjingar innafor dei ulike områda, i tillegg til ei liste over moment som inngår i alternativsvurderingane:


Område: HMS		
Målsetjing	Moment i vurdering	Vurdering
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	<ul style="list-style-type: none"> Inneklima: <ul style="list-style-type: none"> Lyd, lys, lukt, luft, akustikk Tryggleik. 	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	<ul style="list-style-type: none"> Inneklima: <ul style="list-style-type: none"> Lyd, lys, lukt, luft, akustikk Tryggleik. 	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	<ul style="list-style-type: none"> Trafikkfarleg skuleveg Gå og sykle Trafikksituasjon skule/barnehage: parkering, varelevering og renovasjon. 	
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	<ul style="list-style-type: none"> Reisetid etter fylkeskommunale føringar 	
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap		
Målsetjing	Moment i vurdering	Vurdering
Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	<ul style="list-style-type: none"> Spesialrom Stimulerande miljø og varierte aktivitetstilbod Digital infrastruktur 	

Alternativet tilfredsstillir krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn	<ul style="list-style-type: none"> • Spesialpedagogisk tilrettelegging • Rom tilrettelagt for barn med funksjonshemmingar • Universell utforming og tilgjenge • Inkluderande skjerming og ulike leike- og læringsmiljø 	
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	<ul style="list-style-type: none"> • Tal elevar, utval, ulikskap, rikt miljø ... 	
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	Vurdering
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> • Ny lærarutdanning • Attraksjon • Spesialisering 	
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	<ul style="list-style-type: none"> • Tal tilsette • Variasjon kompetanse • Trygge, grunnjevne avgjersler • Fagmiljø • Lokale med tilrettelegging for samarbeid 	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	<ul style="list-style-type: none"> • Kompleksitet og skjønnsutøving • Leiarteam (UDIR sine forventningar) • Distribuert leiing • Komplementære dugleikar • Rekruttering 	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)	<ul style="list-style-type: none"> • Oppvekstreforma • Laget rundt barnet • Tverrfagleg samarbeid • Effektivitet • Fasilitetar • Tilstedeværelse 	
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift		
Målsetjing	Moment i vurdering	Vurdering
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune	<ul style="list-style-type: none"> • God ressursutnytting • Over- og underkapasitet • Investeringsbehov • Kopling mot prognosar og utbyggingsplanar • Soliditet: struktur som kan stå seg over tid 	
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	<ul style="list-style-type: none"> • Vedlikehald og reinhald • Berekraft og energi • Teknologi og robotifisering 	
Område: Nærssenter og lokalmiljø		
Målsetjing	Moment i vurdering	Vurdering
Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder lokalmiljø	<ul style="list-style-type: none"> • Plan senterstruktur • Nærmiljøanlegg; kultur, idrett, frivilligheit • Busetjing og bustadbygging • Andre anlegg i bygda/nærmiljøet • Føreseielegheit og soliditet 	

12 Framtidig barnehagestruktur

Ved utrekning av kapasitet i tal på plassar har vi nytta omgrepet arealplassar. I tråd med nasjonal arealnorm for leike- og opphaldsareal er det tilrådd 4 m² per barn over 3 år og om lag 1/3 meir per barn under 3 år. Vi reknar at eit barn over 4 år tel for ein arealplass på 4 m² og barn under 3 år tel 1,3 arealplassar eller 5,3 m². Utrekning av kapasitet i arealplassar tek ikkje omsyn til bemanningsnorm for barnehage. Bemanningnorma legg opp til at eit barn under 3 år tel for 2 plassar, men dette gjeld ikkje i vurdering av arealkapasitet, om ikkje det er lokalt bestemt at barn under 3 år skal ha dobbel arealkapasitet. I Alver kommune følgjer ein den nasjonale arealnorma, og kapasitet er rekna med bakgrunn i dette.

12.1 Alternativ 0 - Noverande barnehagestruktur



Vi vil i dette kapitlet gjere ei vurdering av noverande barnehagestruktur med utgangspunkt i målsetjingane innfor dei 6 områda som skal evaluerast.

I 0-alternativet vert dagens struktur oppretthalden. Det ligg ikkje inne midlar til investering, oppgradering og utvikling av anlegga. Dagens driftsnivå vert vidareført.

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Grad av måloppnåing	Vurdering	Forklaring
Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

Område: HMS		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	<p>Alternativet vert vurdert på faktorar som inneklima (Lyd, lys, lukt, luft, akustikk) og tryggleik.</p> <p>Prestmarka barnehage hovudbygg er ikkje eigna i tråd med formålskrava. Det er gjennomgåande dårleg bygningskvalitet i dette bygget og er vurdert å fremje målsetjinga i nokså lav grad.</p> <p>Sæbø barnehage har særst dårlege lokale i høve lyd, lys, luft og akustikk, og det er stor trong for ombygging og oppgradering. Barnehagen er ikkje eigna i tråd med formålskrava og fremjar målsetjinga i lav grad.</p> <p>Austebygd barnehage er i nokon grad eigna, men det er ikkje innsyn i alle rom der barn oppheld seg.</p> <p>Marihøna barnehage fremjar målsetjinga i lav grad.</p> <p>På Juvikstølen er det trong for ei ny vurdering av kva som er leike- og opphaldsareal, då fleire område fremjar målsetjinga i nokså lav grad. Det er utfordringar med støy, lydsmitte mellom rom og akustikk.</p> <p>Bø og Lindås fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p> <p>På grunn av dei store manglane i enkeltbarnehagar er strukturalternativet vurdert til å fremje målsetjinga i lav grad</p>	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	<p>Alternativet vert vurdert på faktorar som inneklima (Lyd, lys, lukt, luft, akustikk) og tryggleik.</p> <p>Marihøna barnehage har ikkje på plass naudsynt areal og funksjon for personalet. Barnehagen bør utbetrast gjennom ein heilskapleg plan der krav til miljøretta helsevern, arbeidsmiljø og universell utforming sjåast under eitt. For at barnehagen skal kunne møte dei ulike krava vil det i tillegg til ombygging og oppussing, være trong for tilbygg estimert til om lag 90 m2 (estimert ut frå standardar for personale og støtteareal og krav til godkjenning av leike- og opphaldsareal).</p> <p>For Prestmarka hovudbygg ligg personalareala i kjellaretasje. Areal er ikkje dimensjonert for personalet til 5 avdelingar. Det er ikkje nok plass</p>	


	<p>til utstyr og arbeidstøy. Det er ikkje stort nok arbeidsrom og pauserom. Det er ikkje eige møterom i bygget. Romma er tronge og overmøblerte.</p> <p>For Sæbø barnehage påverkar dårleg bygningskvalitet personalareala. Bygget har låg teknisk og bygningsmessig funksjonalitet. Ventilasjon, varme, lydmiljø og sanitære forhold må utbetrast. Møterom og arbeidsrom for personale er trengt og det er mykje lagring av utstyr i desse romma. Det er to personaltoalett i bygget og ikkje kjønnsdelte garderobar. Det er ikkje dusj til personalet. Kontor og møterom er ikkje i stor nok grad eigna for konfidensielle samtal. Temperatur er ustabil i kontoret.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	<p>Prestmarka barnehage avd. hovudbygg legg i liten grad til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling. Det er få parkeringsplassar og mykje trafikk tett på bygget. Området er lite oversiktleg og det er ikkje tydeleg skilje mellom mjuke og harde trafikantar.</p> <p>Ved Solhall er det støy over grenseverdiar på uteområdet mot Radøyvegen.</p> <p>For Marihøna barnehage er det støy over grenseverdiar på uteområdet og parkering. Det er ikkje tydeleg skilje mellom mjuke og harde trafikantar.</p> <p>Ved Austbygd er det ikkje tydeleg skilje mellom mjuke og harde trafikantar på parkeringsplassen, og vegen opp mot barnehagen er ikkje universelt utforma. Vegen langs Sletta har ei særst avgrensa strekning med fortau.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	<p>Det er tilgang til barnehagetilbod i nærleik av bustadområde. Det er overkapasitet av barnehageplassar i kommunen totalt.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidsetta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	<p>I fleire av barnehagane er det uklart kva som er godkjend som leike- og opphaldsareal og kva som er støtteareal. Sæbø, Prestmarka, Marihøna, Austebygd og Juvikstølen har godkjend areal som ikkje er i tråd med krav til rom for varig opphald, der det er nok dagslys og utsyn. Barnehagane er jamt over gode på å legge til rette for leik og god pedagogisk praksis, men bygga er ikkje i stor nok grad eigna for dette. Bygg er prega av lukka avdelingsstruktur og mangel på transparens som ikkje legg til rette for fellesskap og profesjonsutvikling.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø	<p>Prestmarka(hovudbygg), Sæbø, Austebygd og Marihøna har ikkje eit fysisk miljø som i stor nok grad legg til rette for eit variert tilbod til mangfaldet av barn. Prestmarka (hovudbygg) har ikkje universell</p>	

som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn	<p>utforming og tronge støtteareal og stellerom som ikkje tek omsyn til ulike funksjonshemmingar.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	<p>Fleire av bygga har store funksjonelle utfordringar, og manglar gode fellesareal og møteplassar. Barnehagane er gode på å utvikle gode leikemiljø, men dei eldste bygga jobbar mot dette, med låg kvalitet i areal, funksjonalitet og teknisk standard.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	<p>Per 15.12.23 har ein av dei kommunale barnehagane dispensasjon frå pedagognorma. Totalt sett i kommunen manglar to av dei private barnehagane pedagog, medan ein har dispensasjon frå norma. Dei andre barnehagane ligg innafor norm.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	<p>Dei minste einingane har få tilsette og små fagmiljø. Kommunens felles faglege program med DUÅ er godt etablert som felles plattform i dei fleste kommunale barnehagane. Fleire seier det er utfordrande å drive fagleg utvikling på grunn av mange krav og høgt sjukefråvær. Enkelte einingar har fysiske høve som gjer samarbeid på tvers vanskeleg. Prestmarka barnehage har to bygg og lang avstand mellom dei. I tillegg har hovudbygget to etasjar og ingen fellesareal. Sæbø barnehage har ein lukka struktur, utan fellesareal.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	<p>Det er høg kapasitet i kommunen totalt. Fleire av dei kommunale barnehagane har ledige avdelingar og barnetal som går ned. Dette bidreg til uvisse for framtida. Fleire små einingar gjev små leiarteam.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)	<p>Barnehagane har i stor grad godt samarbeid og legg til rette for laget rundt barnet. I Prestmarka går det ein del tid til reise mellom bygga. To lokasjonar gjer samarbeid meir tungvint.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-,	<p>Alternativet er ikkje i tråd med trong for barnehageplassar. Det er overkapasitet i alle dei kommunale einingane.</p> <p>Det er totalt godkjend 9896 m2 areal til leike- og opphaldsareal i Alver kommune. Dette gjev til saman 2489 arealplassar (4 m2 per plass for</p>	

<p>elev- og klassetal i Alver kommune</p>	<p>barn over 3 år. I 2023 hadde 1476 barn i kommunen ein barnehageplass. Det vart nytta til saman 1640 (småbarn omrekna til 1,3 plassar jamfør nasjonal arealnrm på 5,3 m² per barn under 3 år). Det gjev ein ledig kapasitet på 848 plassar (for barn over 3 år - 4 m² per barn). Det er ikkje alle barnehagar som har samsvar mellom godkjend leike- og opphaldsareal og faktisk kapasitet i tal på plassar. Fleire av godkjenningane er gamle og ikkje i tråd med dagens krav til godkjenning etter barnehagelov og miljøretta helsevern for barnehagar.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift</p>	<p>Alternativet legg opp til fleire einingar og meir areal enn det er trang for. Kvaliteten på bygningsmassen varierer, med dels stort behov for vedlikehald fleire stadar. Fleire bygg og meir areal krev meir reinhald, meir vedlikehald, større energibehov og meir krevjande logistikk og samarbeid på ulike område av bygningsdrifta.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
<p>Område: Nærsteder og lokalmiljø</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder og lokalmiljø</p>	<p>Barnehageanlegg fleire stader i kommunen bidrar til eit rikt utval møteplassar. Nokre av bygga har ein nærmiljøfunksjon, der ein mellom anna kan låne areal til møte eller bursdagsfeiringar. Uteareal kan vere leikeareal og sosialiseringsarena ettermiddag og helg. Fleire av barnehagane i det som er definert som kommunal senterstruktur har sær god kapasitet. Dette kan føre til uvisse rundt føresetnadane for framtidig drift.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	

12.2 Alternativ 0+ – barnehagestruktur

Vi vil i dette kapittelet gjere ei vurdering av alternativ 0+: Noverande barnehagestruktur med oppgraderte bygg.












Hovudgrep:

1. Oppretthalde alle einingane og oppgradere til god standard, i tråd med Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg.
2. Prestmarka samlast i avdeling Solhall med oppussing etter plan. Skrive ned kapasitet i Prestmarka/Solhall frå 944 m² med godkjenning for 158 arealplassar til 512 m²/120 arealplassar (det har ikkje vore trong for 120 plassar dei siste 4 åra, og det er venta ein nedgang i tal på barn) - Krevje ny godkjenning
3. Marihøna - bygge ut og oppgradere i tråd med prinsipp for vurdering for å møte krav til miljøretta helsevern, arbeidsmiljøloven og universell utforming.
4. Austebygd - pusse opp i tråd med prinsipp for meir framtidretta fysisk læringsmiljø, transparens og variasjon i leikemiljø.
5. Juvikstølen oppgraderast i tråd med prinsipp for anlegg og for å møte krav til formålet.
6. Juvikstølen - skrive ned kapasitet i leike og opphaldsarealet frå 694 m²/173 arealplassar) til 504 m²/126 arealplassar for å møte krav til miljøretta helsevern, arbeidsmiljølova og universell utforming (Det har vore jamn nedgang i tal på barn dei siste 5 åra. I 2019 vart det nytta 494 m² leike- og opphaldsreal/123,5 arealplassar - i 2023 var talet 374 m²/93 arealplassar) - krevje ny godkjenning
7. Sæbø - Bygge ny barnehage med om lag 530 m² BTA med 3 avdelingar og 54 arealplassar. (Tal på barn har vore stabilt dei siste 4 åra. Det er ikkje venta auke i barnetal i området)

Alternativet tilrår ei nedskrivning frå 811 arealplassar til 608 arealplassar. Ei nedskrivning på totalt 203 arealplassar og ein reduksjon i BTA frå 7990 m² til 7071 m². Dette vil redusere trong for ombygging og kostnader knytt til dette, samt FDVU kostnader knytt til drift av om lag 900 m².

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad


Område: HMS		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	Alternativet vert vurdert på faktorar som inneklima (Lyd, lys, lukt, luft, akustikk) og tryggleik. Opprusting av anlegga og ny barnehage i Sæbø vil løyse dei utfordringane barnehagane har i dag i å møte krava. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	Alternativet vert vurdert på faktorar som inneklima (Lyd, lys, lukt, luft, akustikk) og tryggleik. Tiltaka i Marihøna, Sæbø, Juvikstølen (som vist i kostnadsoverslag) vil gi betre arbeidsmiljø. Avvikling av hovudbygg i Prestmarka vil både redusere trong for oppgradering og vedlikehald og gjere det mogleg å samle personalressursane på eitt bygg. Alternativet vil i stor grad løyse dei utfordringane barnehagane har i dag i å møte krava. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	Det er uvisse rundt i kva grad det er mogleg å betre høva for trafikktrygg barnehageveg ved Austebygd barnehage. Trafikksituasjonen rundt Marihøna barnehage må utbetrast. Dette er ikkje kostnadsrekna. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.	
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	Inga endring frå 0-alternativet. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap		
Målsetjing	Moment i vurdering	

Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	Anbefalte tiltak for oppgradering vil i større grad sikre eit betre fysisk miljø og betre leike- og opphaldsareal enn i dag. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn	Oppgradering av eksisterande bygningsmasse vil i større grad ivareta mangfaldet av barn. Det er vanskeleg å løyse utfordringane med universell tilkomst ved Austebygd. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.	
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	Utbetring av bygg vil i større grad gjere det mogleg å møte ulike behov i barnegruppa, gjennom betre universelle løysingar og fleire tilgjengelege møteplassar og leikemiljø med høgare romleg og teknisk kvalitet. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	Teknisk utbetring som gir betre arbeidsforhold, ergonomiske forhold og større personalareal der det manglar, vil bidra til betre føresetnader for eit godt arbeidsmiljø. Dette kan vere positivt for rekruttering. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	Betre personalareal og utbetring av fysisk læringsmiljø kan ha positiv effekt på profesjonsfellesskapet. Alternativet opprettheld små einingar som er sårbare både med omsyn til rekruttering og utvikling. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	Inga endring frå alternativ 0. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)	Inga endring frå alternativ 0. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.	
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune	Kapasitetsendring i barnehagane Juvikstølen og Sæbø er meir tilpassa etterspurnad enn eksisterande kapasitet. Utover dette er det inga endring. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.	

Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	<p>Alternativet reduserer areal i Prestmarka, men det er trong for påbygg i Marihøna. Oppgraderingane har nulla ut vedlikehaldsetterslepet.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Område: Nærsenter og lokalmiljø		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder lokalmiljø	<p>Lita endring samanlikna med 0-alternativet, men nedskrivning av kapasitet er meir i tråd med utviklinga i plassutnytting i barnehagane. Mindre overkapasitet kan gje mindre uvisse om framtidig struktur.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	

12.3 Alternativ 1a – barnehagestruktur

Vi vil i dette kapittelet gjere ei vurdering av alternativ 1a: Endra struktur








Hovudgrep:

1. Sæbø som i alternativ 0+
2. Prestmarka som i alternativ 0+
3. Juvikstølen som i alternativ 0+
4. Austebygd slåast saman med Bø barnehage
5. Marihøna leggst ned


Alternativet tilrår ei nedskrivning frå 811 arealplassar til 534 arealplassar; Ei nedskrivning på totalt 277 arealplassar, og ein reduksjon i BTA frå 7990 m² til 6298 m². Dette vil redusere trøng for ombygging og kostnader knytt til dette, samt reduserte FDVU utgifter til drift av om lag 1700 m².

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad


Område: HMS		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	Ny barnehage i Sæbø vil gi god standard i høve krav til miljø og helse. Bø barnehage har gode fasilitetar til også å romme barn frå Austebygd barnehage. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	Grepa vil gje Marihøna, Sæbø og Juvikstølen betre arbeidstilhøve. Avvikling av hovudbygg i Prestmarka vil både redusere trong for oppgradering og vedlikehald og gjere det mogleg å samle personalressursane på eit bygg. Alternativet vil i stor grad i løyse dei utfordringane barnehagane har i dag i å møte krava. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	Ingen særskilde vanskar rundt anlegga. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	Nedlegging av Marihøna vil truleg i liten grad føre til lengre reiseveg, då det er lokal kapasitet i private barnehagar i Frekhaug. Flytting av Austebygd til Bø, vil kunne medføre noko lengre reiseveg for barn og foreldre i denne barnehagen. Det er usikkert kvar foreldra vil søke barnehageplass; nokre vil kunne søke i Bø, andre vil kunne søke plass andre stader, kommunalt eller privat, t.d. langs reiseaksen mot jobb. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.	
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	Anbefalte tiltak for oppgradering vil i større grad sikre eit betre fysisk miljø. Ny Sæbø barnehage vil gje gode høve for likeverdige tilbod. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn	Oppgradering av eksisterande bygningsmasse vil i større grad ivareta mangfaldet av barn med ulike behov. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	Utbetring av bygg vil i større grad gjere det mogleg å møte ulike behov i barnegruppa, gjennom betre universelle løysingar og fleire tilgjengelege møteplassar og leikemiljø med høgare romleg og teknisk kvalitet. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	

Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	Betre høve i dei fysiske løysingane vil gje eit betre utgangspunkt for eit godt arbeidsmiljø. Teknisk utbetring som gir betre arbeidsforhold, ergonomiske forhold og større personalareal der det manglar, vil bidra til betre føresetnader for eit godt arbeidsmiljø. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	Betre personalareal og utbetring av fysisk leike- og læringsmiljø kan ha positiv effekt for profesjonsfellesskapet. Ved å slå saman Austebygd og Bø barnehage, vil ein kunne bygge eit større og meir robust fagmiljø over tid. Ved å legge ned Marihøna, legg ein grunnlag for å fylle plassar i andre barnehagar og dermed større fagmiljø der desse barna får plass. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	Strukturendringa kan føre til noko færre små leiarteam. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)	Fleire ressursar samla gir høve for mindre reise, større fagmiljø, og betre grunnlag for tverrfagleg samarbeid. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune	Kapasitetsendring, samanslåing og nedlegging vil redusere tal på barnehageplassar frå 811 til 534 (arealplassar - 4 m ² for eit barn mellom 3-5 år). Det vil framleis vere overkapasitet i kommunale barnehageplassar samanlikna med dagens etterspurnad. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.	
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	Alternativet gir meir smidig og effektiv bygningsdrift med fire eldre bygg (Austebygd, Marihøna, Hovudbygg Prestmarka og Sæbø) som ikkje skal driftast. Sæbø får nytt og oppgradert bygg som vil vere meir effektivt å drifte. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Område: Nærseier og lokalmiljø		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet legg til rette for berekraftige og	Ei flytting av Austebygd til Bø og nedlegging av Marihøna, kan gje eit noko fattigare tilbod lokalt desse stadane. Nokre vil kunne oppleve staden mindre attraktiv, andre vil uansett velje større einingar med betre bygningsmessig kvalitet i nærleiken og/eller langs reiseaksen	

<p>attraktive senter, bygder lokalmiljø</p>	<p>mot jobb. Frekhaug har likevel fleire lokale tilbod i gangavstand, som truleg i stor grad dekker inn behovet for nærmiljøfunksjon for ein nedlagt Marihøna.</p> <p>Færre einingar kan gje eit meir stabilt og føreseieleg tilbod med robuste einingar, også i senter og bygder som i dag har stor overkapasitet.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
---	---	---

12.4 Alternativ 1 b – barnehagestruktur

Vi vil i dette kapittelet gjere ei vurdering av alternativ 1b: Endra struktur








Hovudgrep:

1. Sæbø barnehage får nye lokale i Sæbø skule og blir oppveksttun (Sæbø 1-4 + Sæbø barnehage)
2. Prestmarka som i alternativ 0+
3. Juvikstølen oppgraderast som i alternativ 0+
4. Austebygd som alternativ 1a
5. Marihøna som alternativ 1a





Alternativet tilrår ei nedskrivning frå 811 arealplassar til 534 arealplassar. Ei nedskrivning på totalt 277 arealplassar, og ein reduksjon i BTA frå 7990 m² til 6118 m². Dette vil redusere trong for ombygging og kostnadar knytt til dette, samt reduserte FDVU utgifter til drift av BTA 1872 m².

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:




Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad

Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad


Område: HMS

Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	Strukturalternativet gjev gode løysingar for barna sitt arbeidsmiljø, også ved oppretting av Sæbø oppveksttun. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	Tiltaka ved Marihøna, Sæbø og Juvikstølen vil framleis gi betre arbeidstilhøve for tilsette. Avvikling av hovudbygg i Prestmarka vil både redusere trong for oppgradering og vedlikehald gjere det mogleg å samle personalressursane på eit bygg. Sæbø oppveksttun gjev gode fasilitetar for tilsette. Alternativet vil i stor grad i løyse dei utfordringane barnehagane har i dag i å møte krava. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	Ingen særskilde vanskar rundt anlegga. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	Inga endring frå alternativ 1a. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.	

Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap


Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	Anbefalte tiltak for oppgradering av leike- og opphaldsareal vil i større grad sikre eit betre fysisk miljø for elevane. Nytt Sæbø oppveksttun vil gje gode høve for leik, læring og likeverdig tilbod til barna. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn	Oppgradering av eksisterande bygningsmasse vil i større grad ivareta mangfaldet av barn med ulike behov. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	Utbetring av bygg vil i større grad gjere det mogleg å møte ulike behov i barnegruppa, gjennom betre universelle løysingar og fleire tilgjengelege møteplassar og leikemiljø med høgare romleg og teknisk kvalitet. Med barnehagebarn og skulebarn i Sæbø oppveksttun vil ein få høve til å utforske og utvikle samspel, ansvar og trygg overgang mellom barnehage og skule.	

	Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	Betre fysiske tilhøve vil kunne gje eit betre utgangspunkt for eit godt arbeidsmiljø. Teknisk utbetring som gir betre arbeidsforhold, ergonomiske forhold og større personalareal der det manglar, kan vere attraktivt for arbeidstakarar. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	Betre personalareal og utbetring av fysisk læringsmiljø kan ha effekt på profesjonsfellesskapa. Ved å slå saman Austebygd og Bø barnehage, vil ein kunne bygge eit større og meir robust fagmiljø over tid. Ved å legge ned Marihøna, legg ein grunnlag for å fylle plassar i andre barnehagar og dermed større fagmiljø der desse barna får plass. Konseptet med oppvekststun på Sæbø gjev større samla fagmiljø og kommunen høve til å utvikle gode samarbeidsformer mellom barnehage og skule. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	Strukturalternativet kan føre til fleire større leiarteam. Sæbø oppvekststun bør ha leiing med både skule- og barnehagefagleg kompetanse. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)	Fleire ressursar samla gir høve for mindre reise, større fagmiljø, og betre grunnlag for tverrfagleg samarbeid. Sæbø oppvekststun kan gje gode høve til systemisk læring på tvers av barnehage og skule. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune	Kapasitetsendring, samanslåing og nedlegging vil redusere tal på barnehageplassar frå 811 til 534 (arealplassar - 4 m ² for eit barn mellom 3-5 år). Det vil framleis vere overkapasitet i kommunale barnehageplassar samanlikna med dagens etterspurnad. Det er og venta at tal på barn går ned i kommunen totalt. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.	
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	Alternativet gir meir smidig og effektiv bygningsdrift med fire eldre bygg (Austebygd, Marihøna, Hovudbygg Prestmarka og Sæbø) som ikkje lenger skal driftast. Sæbø blir oppvekstsenter, noko som gir ei meir arealeffektiv løysing og med lågare investerings- og driftskostnadar enn separat barnehagebygg. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Område: Nærsenter og lokalmiljø		
Målsetjing	Moment i vurdering	

<p>Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder lokalmiljø</p>	<p>Med unntak for Sæbø, er vurderinga lik som i alternativ 1a. Opprettinga av Sæbø oppvekstun gjer at ein vidarefører eit lokalt tilbod i gode lokale, og kan t.d. bidra til at førskuleforeldre tidlegare og i større grad vert kopla mot skulen, miljøet og aktivitetane der. Oppgradering / tilpassing av uteområdet på skulen til også å passe barnehagebarn, vil kunne kompensere for det ein mister ved flyttinga/nedlegginga av barnehage i dagens bygg.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
---	---	---

12.5 Alternativ 2 – barnehagestruktur

Vi vil i dette kapittelet gjere ei vurdering av alternativ 2: Endra struktur








Grep:








1. Legge ned Sæbø barnehage
2. Prestmarka som i alternativ 0+
3. Juvikstølen oppgraderast som i alternativ 0+
4. Austebygd som i alternativ 1a og 1b
5. Marihøna som i alternativ 1a og 1b
6. Nedskrive plass som vist i alternativ 0+

Ny kommunal plasskapasitet 480 arealplassar – Nedskrive kapasitet med 331 arealplassar

Alternativet tilrår ei nedskriving frå 811 arealplassar til 480 arealplassar. Ei nedskriving på totalt 331 arealplassar. Dette er i tråd med utnytting av arealplassar i 2023 på 468 arealplassar i kommunale barnehagar. Det gir ein reduksjon i BTA frå 7990 m² til 5768 m², som vil redusere trong for ombygging og kostnadar knytt til dette, samt reduserte FDVU utgifter til drift av 2222 m² BTA.

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

Område: HMS		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	<p>Dei fire kommunale barnehagane som er att i forslaget, vil gje gode fysiske arbeidsmiljø for barna.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	<p>Dei fire kommunale barnehagane som er att i forslaget, vil gje gode fysiske arbeidsmiljø for tilsette.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	<p>Ingen særskilde vanskar rundt anlegga.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	<p>Fleire barn treng lenger transport i bil for å nå eit barnehagetilbod dersom også Sæbø barnehage vert lagt ned.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidsetta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	<p>Anbefalte tiltak for oppgradering vil i større grad sikre eit betre fysisk miljø som legg til rette for tilpassa leik og læring.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn	<p>Oppgradering av eksisterande bygningsmasse vil i større grad ivareta mangfaldet av barn.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	<p>Utbetring av bygg vil i større grad gjere det mogleg å møte ulike behov i barnegruppa, gjennom betre universelle løysingar og fleire tilgjengelege møteplassar og leikemiljø med høgare romleg og teknisk kvalitet.</p>	

	Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	Gode fysiske arbeidstilhøve vil gje eit betre utgangspunkt for arbeidsmiljøet. Teknisk utbetring som gir betre arbeidsforhold, ergonomiske forhold og større personalareal der det manglar, vil kunne bidra til betre føresetnader for godt arbeidsmiljø. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	Betre personalareal og utbetring av fysisk læringsmiljø kan ha effekt på profesjonsfellesskapa. Fagmiljøa vert større, med høve til å samle meir komplementære kompetansar. Ved å leggje ned barnehagar legg ein grunnlag for å fylle plassar i andre barnehagar og dermed større fagmiljø der desse barna får plass. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	Alternativet kan medføre færre små leiarteam. Fleire større leiarteam vert mogleggjort. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)	Fleire ressursar samla gir høve for mindre reise, større fagmiljø, og betre grunnlag for tverrfagleg samarbeid. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune	Kapasitetsendring, samanslåing og nedlegging vil redusere tal på barnehageplassar frå 811 til 480 (arealplassar - 4 m ² for eit barn mellom 3-5 år). Det vil framleis vere noko overkapasitet i kommunale barnehageplassar samanlikna med dagens etterspurnad. Det er venta at tal på barn går ned i kommunen totalt. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	Alternativet gir meir smidig og effektiv bygningsdrift med fire oppgraderte anlegg. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Område: Nærsteder og lokalmiljø		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder lokalmiljø	Nedlegging av Sæbø barnehage, saman med flyttinga av Austebygd til Bø, kan gje eit noko fattigare tilbod om møteplassar og nærmiljøfunksjon lokalt desse stadane. For Marilhøna og Frekhaug, vurderer vi konsekvensen som mindre, sjå vurdering av alternativ 1 b. Færre einingar kan likevel samla gje eit meir stabilt og føreseieleg tilbod med robuste einingar, også i senter og bygder som i dag har stor overkapasitet. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.	

12.6 Oppsummering evaluering struktur barnehage

Alternativmatrise - oppsummering

Område	Alt 0	Alt 0+	Alt 1a	Alt 1b	Alt 2
Tal arealplassar	811 areal- plassar	608 areal- plassar	534 areal- plassar	534 areal- plassar	480 areal- plassar
BTA	7990	7071	6298	6118	5768
Område: HMS					
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.					
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette					
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg					
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar					
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap					
Alternativet tilfredsstillar krav til framtidsetting fysisk miljø som fremjar leik og læring					
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til alle barn					
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar					
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse					
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse					
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap					
Alternativet fremjar robuste leiarteam					
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)					
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift					
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune					
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift					
Område: Nærsteder og lokalmiljø					
Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder lokalmiljø					

13 Framtidig barneskulestruktur


13.1 Kretsgrenser

Det er i evalueringa av framtidig barneskulestruktur tatt omsyn til nærskuleprinsippet og endringane i ny opplæringslov, jamfør tidlegare kapittel, der både nærmiljø, men også kapasitet kan vektleggjast i vurderingane.

Det ligg ikkje inne forslag til endringar av kretsgrenser i nokre av alternativa for framtidig barneskulestruktur. Alver kommune bør framover jamleg gjere vurderingar av kretsgrenser, for å sikre god ressurs- og kapasitetsutnytting. Dette skal uansett gjerast i lys av nærskuleprinsippet.

13.2 Alternativ 0 - Noverande barneskulestruktur






Vi vil i dette kapitlet gjere ei vurdering av alternativ 0: noverande barneskulestruktur.




Hovudgrep:

- I 0-alternativet vert dagens struktur oppretthalden, med 16 barneskular og ein kombinert 1-10 skule.
- Det ligg ikkje inne midlar til investering, oppgradering eller utvikling av bygg, anlegg eller trafikk.
- Dagens FDVU-kostnadar for bygningsdrift vert vidareført per kvadratmeter BTA.
- Dagens lønskostnad vert vidareført.

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

Område: HMS		
Målsetjing	Vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	<p>Svært mange av barneskulane i Alver kommune har utfordringar knytt til inneklima, med tanke på lyd, lys, lukt, luft og akustikk. Ved 9 av dei 16 (17 med Rosslund b/u) skulane er det meldt om store utfordringar knytt til ventilasjon og utfordringar knytt til luftkvalitet og temperatur, og fleire skular melder avvik med tanke på helseproblematikk, som hovudpine og trøytteik. Nokre av skulane manglar heilt eller delvis ventilasjonsanlegg i bygg eller delar av bygg.</p> <p>Ved eit fleirtal av skulane er det vanskar med lydsmitte og / eller akustikk. Utfordringane kan handle om å ta vare på konfidensialitet i møte med helsesjukepleiar, at ein vert forstyrra av parallell aktivitet i naborommet, lukt som spreiar seg gjennom ventilasjonsanlegg eller at ein får ein generell lydskvalitet eller eit lydnivå som går ut over elevane sin trivsel, merksemd og helse.</p> <p>Mange av barneskulane manglar gode system for lysskjerming og lysstyring etter dagens standard. Dette kan mellom anna handle om lysinnslepp som gjer det vanskeleg å sjå digitale skjermar i klasseromma eller at sola står på og varmar klasserom i uhensiktsmessig grad.</p> <p>Mange av barneskulane har slitte golvbelegg, manglande eller tronge garderobar og uhensiktsmessige system for lagring. Dette kan føre til vanskar med reinhald, klede som heng i korridorar og læringsareal og avgjev damp / lukt, og støvdeponi på skap og i hyller. Alt dette aukar risikoen for eit inneklima som ikkje er helsefremjande for elevane.</p> <p>Dei fleste av barneskulane vert vurderte som trygge for elevane. Det er likevel skular som melder om mobbesoner; stader i anlegga det er vanskeleg å halde oversikt over. Dette kan vere både på nye og eldre skular. Nokre skular melder også om utfordringar knytt til uteområde: høgder som ikkje er sikra, lause steinar som fristar til kasting, avsatsar utan rekkverk eller snublekantar der ein kan falle og slå seg.</p> <p>Dei fleste barneskulane i Alver kommune er lukka og vanskelege å orientere seg i. Mangel på transparens, som glasfelt i dører og veggar, gjer skulane mindre trygge for elevane ved at uønska hendingar vanskelegare vert oppdaga.</p>	

	<p>Nokre skular manglar tilstrekkeleg tal WC og eller HCWC etter forskrift, eller at toaletta er plassert langt vekk eller med tilgang berre frå uteareal. Fleire stader er det spanskveggar med innsyn og lydsmitte. Nokre stader virkar ikkje alle dusjane i gym-garderobane. Utfordringar knytt til dette, kan føre til at barn vegrar seg for å gå på toalettet eller å dusje etter kroppsøving.</p> <p>Det er eit vedlikehaldsetterslep som er stort på barneskulane, noko som direkte kan påverke helse, miljø og tryggleik negativt for elevane. Gamle og slitte bygningar, manglande reparasjonar, dårlege dusjanlegg, øydelagde toalett og manglande utstyr i spesialrom er døme som elevane nemner. Det er berre avsett delar av dei budsjettmidlane drift og eigeom har bedt om for å halde eit berekraftig og verdibevarande vedlikehald. Vi vurderer at innmeldte behov verkar å vere mindre enn det som er reelt, at behovet for vedlikehald og oppgradering / utvikling er underkommunisert.</p> <p>Mange leiarar melder om at dei nyttar uforholdsmessig mykje tid på å følgje opp utfordringar knytt til bygg og vedlikehald.</p> <p>Dagens struktur gjev ikkje eit likeverdig tilbod til elevane i kommunen med tanke på inneklima og tryggleik. Det er usikkert om Alver kommune i tilstrekkeleg grad stettar krava i <i>forskrift om helse og miljø i barnehager og skoler</i>, om at «miljøet skal fremme barns helse, trivsel, lek og læring, samt at sykdom, skade og alvorlige hendelser forebygges» Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger - Lovdata.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette</p>	<p>Mange av dei same utfordringane som er skildra for elevane sitt arbeidsmiljø, er også gjeldande for tilsette: Dei vert råka av dei same manglande ved luftkvalitet. Det er påvist muggsopp i nokre av anlegga, og ikkje alle avvika er lukka. Det er fleire skular som får avviksmeldingar frå tilsette, som handlar om hovudpine, at ein fryser eller er for varm på jobb, og i nokre tilfelle mistanke om astma og allergi. Det er tilfelle av sjukmeldingar ved to skular som vert knytt til inneklimaproblematikk, nokre tilsette kan berre jobbe i einskilde soner og ein skule melder at tilsette har slutta grunna vanskar med inneklima.</p> <p>På nokre få av barneskulane er det sett av for lite areal til lærararbeidsplassar.</p> <p>Lydsmitte kan gjere det krevjande å ivareta krav til konfidensialitet, t.d. frå leinga sine kontor eller frå møterom.</p> <p>Også for tilsette er mangelen på transparens ei utfordring med tanke på både tryggleik og rettstryggleik; Byggutforminga gjer at ein vert sett i situasjon der ein er åleine tilsett utan andre kollegaer som støtte.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar trygg</p>	<p>Ein skulle tru at ein slik desentralisert barneskulestruktur som ein finn i Alver kommune, gav lite behov for skyss. Dette er ikkje tilfelle. Samla har</p>	

<p>skule- og barnehageveg</p>	<p>om lag 40 % av elevane i Alver kommune krav på skyss på grunn av avstand eller trafikkfarleg skuleveg. For barneskulane er delen elevar med rett til skyss om lag 30 %.</p> <p>Berre to av barneskulane vert vurderte til å nå målsetjinga om trygg skuleveg og trygg trafikksituasjon ved skulen i stor grad. 12 av barneskulane vert i kartlegginga vurderte til å ha skuleveg eller trafikksituasjon ved skulen som når målsetjinga om trygg skuleveg berre i mindre eller i liten grad. Årsakene er samansette, men for mange skular handlar det om at få elevar kan gå eller sykle til skulen, at avsetjings- og parkeringssituasjonen er uoversiktleg eller at varelevering / søppelhenting skjer på skulen sitt område, og/eller at større bilar må rygge for å snu.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad</p>	
<p>Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar</p>	<p>Lengste skuleveg for einskildelevar på barnetrinnet er om lag 22 km, og tre av barneskulane har skyssavstandar lenger enn 15 km.</p> <p>Seks av barneskulane har lengste skyssavstand for einskildelevar på under 5 km.</p> <p>Reisetida er innafor det fylkeskommunen reknar som akseptabel reiseveg.</p> <p>Det er ikkje eige tilbod om skyss til SFO. Barn som i dag har skuleskyss har behov for skyss også til SFO, enten privat eller ved offentleg rutetransport.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
<p>Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidsetta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring</p>	<p>Barneskulane i Alver har ein høg snittalder. Reknar ein opphoveleg hovudbygg, som for dei fleste skulane også i dag utgjer største delen av bygningsmassen, er gjennomsnittleg alder om lag 40 år. Elevar ved åtte av barneskulane har undervisning i bygg som er over 50 år gamle. Seks av barneskulane vert vurderte å ha relativt store vedlikehaldsetterslep.</p> <p>Mange av skulane er bygde etter andre krav og forventningar enn dagens, og svært få/ingen av bygga er utvikla/endra i tråd med nye forventningar og krav til innhald og drift. Bygga er i stor grad kjenneteikna av å vere korridorskular med lukka klasserom og varierende tilgang til grupperom. Svært få av skulane har areal eller tilleggsareal som legg til rette for eller inviterer til variert praksis; undersøking, framføring, variert ergonomi, stillarbeid, samhandling, praktisk aktivitet eller kreativitet, slik fagfornyninga legg vekt på og som ein ser att i tilrådingane om læringsarbeid i framtidens skule og forskinga på 21. century skills.</p> <p>Fleire av skulane manglar likeverdig tilkomst til ulike delar av anlegget.</p> <p>Elevar peikar på utfordringar knytt til små og dårleg utstyrte klasserom og manglande spesialrom. 10 av barneskulane manglar spesialrom, som t.d. musikkrom eller naturfagrom, har manglande universell tilkomst til</p>	

	<p>spesialrom eller har spesialrom med store manglar, t.d. manglande tilrettelegging for barn i rullestol eller trygg bruk av maskiner. Seks av barneskulane har gode spesialrom der ein kan tilby variert og praktisk opplæring.</p> <p>Den digitale infrastrukturen er jamt bra på barneskulane i kommunen.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillir krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn</p>	<p>Ved 9 av barneskulane finn ein store manglar ved universell utforming av bygga. Det handlar mellom anna om manglande eller krevjande tilkomst til areal som t.d. toalett, spesialrom eller felles areal. Dei fleste bygga manglar kontrastfargar og ledelinjer, og berre dei nyaste skulane har innvendig og utvendig skilting på plass. Mange av anlegga manglar tilrettelegging av arbeidsstasjonar for elevar med funksjonsnedsettingar, t.d. hev-/senk-stasjonar på mat og helse, naturfag eller skulekjøken. Nokre av bygga med fleire etasjar manglar heis, eller har saktegåande trappeheis eller heis berre i ein del av bygget. Dette gjer at det ikkje er likeverdig tilkomst til areala. Konsekvensane er fleire. Det kan t.d. vere elevar som i mange år må gå omvegar for å komme fram; medan klassevenene tar trappa rett opp, må t.d. eit barn i rullestol ta andre vegar. Ein annan konsekvens er at klassar med barn med funksjonsnedsettingar er låste til nokre spesielle klasserom eller delar av anlegg, der dette trinnet normalt sett ikkje høyrer til. Slik kan manglande universell utforming opplevast som ein stor byrde for einskildbarn.</p> <p>9 av barneskulane manglar rom spesielt tilrettelagt for elevar med større hjelpebehov. Dette kan vere rom tilrettelagt for stell og pleie, med stellebenk, HCWC, dusj og takheis, eller det kan vere rom eigna for sansestimulering eller særskild trening. Lav kapasitetsutnytting gjer likevel at det er god plass i mange klasserom, noko som er føremålstenleg for elevar med rullestol.</p> <p>Eit fåtal av skulane har gode romløyisingar for inkluderande skjerming av elevar som treng ro og mykje 1:1-oppfølgning. Alternativa vert i dei fleste tilfella anten undervisning saman med andre i heil klasse, eller åleine i eit grupperom. Skulane manglar i stor grad rom med sonedeling; areal der ein kan vere noko skjerma, men likevel del av eit fellesskap, t.d. som nisjer, rom i rom eller grupperom med glasfelt.</p> <p>Alver kommune gjev ikkje barneskuleelevane eit likeverdig tilbod på dette området.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar</p>	<p>Vårt inntrykk i møte med skulane er at dei jobbar hardt og dels godt for å skape trygge skulemiljø som legg til rette for trivsel, venskap og gode relasjonar, noko også Kvalitetsmeldinga for Alverskolen for 2023 syner mange prov på. Kvalitetsmeldinga viser likevel store utfordringar knytt til mellom anna høge mobbetal og manglande motivasjon. Årsakene til dette kan ein vanskeleg tilskrive skulestruktur og bygg. Struktur og bygg kan likevel vere med på å fremje, eventuelt hemme, det arbeidet ein ønskjer å gjere.</p>	

	<p>Skuleanlegg kan t.d. vere transparente og hindre mobbesoner, og dei kan ha fasilitetar og utstyr som inviterer til variert leik for alle. Dei kan også vere estetisk pene med godt vedlikehald og inventar og møblar som fremjar trivsel.</p> <p>Struktur kan legge til rette for både tryggleik og mangfald, utan at ein finn enkle svar på kva som er best for det einskilde barnet. Det er t.d. vanskeleg å finne eintydige prov i forskinga på ein direkte samanheng mellom skulestorleik og trivsel.</p> <p>Barneskulebygga i Alver fremjar i ulik, og dels liten grad, tryggleik og trivsel i seg sjølv; Mange er utan transparens og nokre har openberre mobbesoner, der vaksne kan ha vanskar med å ha oversikt. Fleire skular har slitte overflater og gammalt inventar, medan andre barneskular har særdeles flotte bygg, med funksjonelle møblar og velhaldne overflater som kan vere trivselsfremjande. Elevane i Alver set pris på gode møblar og pene bygg.</p> <p>Som for læring, er det også slik at for mobbing og trivsel, spelar dei vaksne ei avgjerande rolle. Systematisk arbeid over tid i profesjonsfellesskapet, godt støtta opp av skuleeigar, viser seg å gje gode effektar for læring og trivsel.</p> <p>60 % av norske elevar gjekk i 2023 i ein skule med fleire enn 300 elevar. Berre to av barneskulane i Alver er over 300 elevar, og gjennomsnittstalet på elevar i barneskulane i kommunen er om lag 160. I gjennomsnitt går det 22 elevar per kull på kvar barneskule i Alver, men det er stor skilnad i elevtal og gruppestorleik på barneskulane. Kullstorleiken varierer frå nesten 50 elevar på den største barneskulen, til 3 elevar på den minste. To av skulane har kullstorleik på i snitt under 5 elevar, med fleire klassar på 2 eller 3 elevar. To andre skular har klassar på under eller rundt 10 elevar. Skulane med færrest elevar er fådelt, der to eller fleire kull går saman i ei primærgruppe.</p> <p>For nokre elevar kan det vere trygt å gå i ei lita gruppe, for andre kan dette verte fattig – og ein kan kome til å mangle vener eller ikkje finne nokon ein trivst med på eigen alder. Tilbakemelding frå einskildskular tilseier at dette kan vere ei utfordring for einskilde barn i Alver kommune. På ti klassetrinn i einskildskular i Alver kommune er det 0 eller 1 elev av same kjønn. Ei jente på eit trinn kan t.d. ha ingen jenter på trinnet under seg, og berre ei jente på kvart av dei to klassestega over.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad</p>	
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	<p>Tilbakemeldingane frå skulane i Alver, er at dei har bra dekning av fagkompetanse i mange fag. Det er likevel generell mangel på lærarar med utdanning t.d. i engelsk og praktisk-estetiske fag.</p> <p>Skulane melder om at det er svært vanskeleg å skaffe vikarar, og i alle fall kvalifiserte vikarar. Små skular har også få tilsette å spele på, med</p>	

	<p>tanke på at kvalifiserte lærarar ved skulane kan ta vikartimar i undervisningsfrie økter om dagen.</p> <p>Den generelle tilbakemeldinga frå skulane er at det, dei siste åra, er vanskelegare å rekruttere pedagogar i Alver kommune, at det er færre søkjarar til ledige stillingar, særleg i områda lengst vekk frå kommunesenteret. Det er grunn til å tru at små skular i større grad er utsette for diskusjonar knytt til strukturendring og nedlegging, og at dette også kan påverke rekruttering og attraksjon negativt.</p> <p>Ny lærarutdanning med krav til mastergrad legg opp til spesialisering, og mange nyutdanna lærarar som kjem ut i yrkeslivet med undervisningskompetanse berre i 3-4 fag. Det er krevjande for små skular å rekruttere lærarar som dekkjer heile fagspekteret. Etter kvart som eldre allmennlærarar skal erstattast, kan det bli utfordrande for små skular å ha tilsette som har kompetanse i alle undervisningsfaga.</p> <p>Dagens nyutdanna lærarar har gått ein skulegang der dei er vande med å jobbe i team, og mange melder tilbake om at det også er slik ein ønskjer å jobbe i framtidige arbeidsplassar. Det er grunn til å tru at fleire av desse vil søke større faglege miljø.</p> <p>Dagens barneskulestruktur, med så mange skular som skal sikre vikarar, rekruttere nye tilsette og dekke heile det breie fagspekteret med stadig meir spesialiserte lærarar, er lite føremålstenleg.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>
<p>Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap</p>	<p>Dei fleste barneskulane har fasilitetar der ein kan jobbe saman som team, og der ein kan ha pause saman i kollegiet. Personalfasilitetane er jamt over dårlegare på dei eldste skulane.</p> <p>Tal pedagogar ved barneskulane i Alver varierer frå 5 til nærare 50, med eit gjennomsnitt på om lag 16. Desse ulike kollegia skal dekke dei same krava til kompetanse og fagleg utvikling, møte forventning og påbod om systemarbeid, dokumentasjon, breidde og fordjuping. Dei skal ta trygge, grunngjevne avgjerdslar, ofte bygde på fagleg skjøn i profesjonsfellesskapet. Dei skal kunne ivareta elevar med rett til å gå på nærskulen sin, som kanskje har samansette utviklingsforstyrningar, lærevanskar, fråværsproblematikk, trong for framandspråkkompetanse eller teiknspråkkompetanse. Dei skal utvikle innhaldet i dei einskilde faga, og kople dei saman i tverrfaglege tema som også dekkjer dei ulike kompetansemåla. Dei skal vere både generalistar og spesialistar.</p> <p>Nokre av dei små skulane samarbeidar med kvarandre om utviklingsarbeid. Mange små kollegier kan fungere godt, og nokre av dei som har jobba tett over år, kan kjenne seg trygge og framstå samla og framoverlente. Det kan i små faglege fellesskap likevel generelt vere meir tilfeldig om ein t.d. samla har nok fagleg breidde og djupne, korleis ein klarer å samarbeide om både planlegging av, gjennomføring og evaluering av undervisning, korleis ein handterer å sende lærarar på vidareutdanning og etterutdanning. Det vil vere færre tilsette å spele på for ein rektor som skal setje saman team og kople rett pedagog mot rett elev eller gruppe. Det vil vere vanskeleg å ha fleire lærarar i dei ulike</p>

	<p>faga som kan utgjere fagteam, t.d. sett saman av engelsklærarane på skulen, mattelærarane eller norsklærarane.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar robuste leiarteam</p>	<p>Forventningane til rektorrolla er svært store i dagens skule, jamfør UDIR sine skildringar av rolla; Ein person kan ikkje ivareta alle kompetansekrava åleine. Det har lenge vore ei utfordring å rekruttere rektorar i norsk skule, og fleire norske kommunar og skuleeigarar har tatt grep, mellom anna ved å innføre leiarteam der fleire har personalansvar. Dette har også hatt eit føremål med omsyn til rekruttering; ein ventar at fleire som går inn i avdelingsleiarroller med personalansvar, lettare kan ta steget og søke rektorjobbar.</p> <p>Fleire av barneskulane i Alver har ein person åleine i leiinga, medan det på dei største skulane er tre til fire personar i eit leiarteam. Dette er ei krevjande rolle å ha åleine. Krava til organisasjonsutvikling, rapportering, skjønnsutøving, oppfølging av personal, fag og 9a-saker, deltaking i ulike møte og rådsorgan osv. er dei same, anten ein er åleine i leiinga eller fleire.</p> <p>Det er grunn til å tru at små skular i større grad er utsette for diskusjonar knytt til strukturendring og nedlegging, og at dette også kan påverke rekruttering og attraksjon negativt.</p> <p>Leiing av små skular kan vere ein økonomisk kostnadsdrivar med tanke på lønsutgifter.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)</p>	<p>Oppvekstreforma pålegg dei kommunale etatane innafor oppvekstsektoren å samarbeide tett(are), og å framstå som eit samla lag rundt barna. Krava til samhandling er store. Kompetanseløftet har ambisjonar om å flytte ressursane tettare på barn og elevlar.</p> <p>Det er nasjonale normer for kor mykje helsesjukepleiarrassurs det skal vere ute i skulane, og PP-tenesta har forventningar til seg om å vere nærare elevane og skulane, og flytte meir ressursar over frå individuelt sakkunnigarbeid over til førebyggjande, systemisk utviklingsarbeid og kompetanseheving ute i skulane.</p> <p>Dagens struktur er i liten grad effektiv for støtteteneestene i Alver kommune. Ressursane vert spreidde på eit stort tal einingar, og mykje tid går til transport mellom einingar. Den einskilde tilsett har mange leiarar å forhalde seg til, mange ressursteam, kulturar og organisasjonar. I dette landskapet skal støtteteneestene byggje relasjonar og legitimitet til å bistå både på organisasjon- og individnivå.</p> <p>Dei 12,4 årsverka i PPT, skuleavdelinga, har faste dagar ute i skulane, dette varierer frå 1-4 dagar i månaden. For nokre einingar er dette svært lite, og ein kan spørje seg om dagens struktur byggjer opp under ei målsetjing om å vere tett på elevane og tenestene.</p>	


	<p>Skulehelsetenesta har om lag 7 årsverk fordelt på barneskulane i kommunen, noko som er om lag 1,5 stilling under nasjonal norm. Sju av dei kommunale barneskulane har mindre ressurs enn tilrådd. Tre av barneskulane har 10 % stilling, medan to har 20 % stilling. Helsesjukepleiar er svært lite tilgjengeleg for elevane når dei treng tenesta på dei minste skulane, kanskje så lite som ein halv dag i veka.</p> <p>Fasilitetane ute på skulane varierer i stor grad frå anlegg til anlegg. Både skular og skulehelseteneste melder om rom med lydsmitte, avstand til leiging og lokasjon som ikkje er føremålstenleg for elevane ved verken å vere tilgjengeleg eller diskret.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
<p>Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune</p>	<p>Samla maksimal elevkapasitet på dei kommunale barneskulane i Alver er sett til 3829 plassar gjennom godkjenninga frå miljøretta helsevern. Dagens elevtal på barneskulane er på 2576 elevar, noko som gjev ein overkapasitet på om lag 1250 plassar, eller om lag 33%. Prognosane fram mot 2042 viser samla nedgang i elevtalet på barnetrinnet, og ein nedgang i elevtalet for dei aller fleste skulekrintane, med meir stabil utvikling i områda Frekhaug – Knarvik. Ein kan difor leggje til grunn ein endå større overkapasitet i 2042 med dagens struktur enn i dag. Reknar ein inn dei private skulane, er overkapasiteten endå større.</p> <p>Alver kommune har høvesvis fleire og mindre skular enn nasjonalt snitt og eiga KOSTRA-gruppe. Gjennomsnittleg elevtal på barneskulane i kommunen er på om lag 150 elevar. Sju av barneskulane har ei utnyttingsgrad på under 60 % av maksimal kapasitet.</p> <p>Dagens barneskulestruktur er svært overdimensjonert og svært kostbar, med tanke på lønsutgifter til leiging, skuledrift, reinhald, vedlikehald og straum.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift</p>	<p>Den desentraliserte og spreidde skulestrukturen i Alver, er krevjande med tanke på drift og utvikling av anlegg. Det er mange bygg å halde oversikt over og kjenne eigarskap til, halde ved like og utvikle i tråd med dagens og framtidens krav til formålsbygg. Svært få eller ingen bygg er utvikla i tråd med nye krav etter langsiktige strategiar, men ber preg av noko tilfeldig utviding og/eller oppgradering ved behov der og då. Mykje av dette skuldast truleg ein kombinasjon av økonomiske rammer og manglande strategiar for langsiktig eigedomsforvaltning knytt opp mot bygga sine spesifikke pedagogiske føremål, og ikkje minst det komplekse kommunale samspelet og ansvaret knytt til skule og skuleanlegg. Det er i mange kommunar, også i Alver, krevjande å sikre felles kjennskap og eigarskap til anlegga mellom eigedomsavdeling, driftsavdeling og oppvekst. Dette vert ekstra krevjande når det er mange anlegg og bygg å samhandle om med tanke på drift, vedlikehald og utvikling.</p> <p>Teknisk tilstandsvurdering og funksjonsvurderingar av anlegga, syner eit stort vedlikehaldsetterslep på dei kommunale skulane. Mange av</p>	

	<p>anlegga krev større utbetringar og ombyggingar for å støtte dagens krav til skuleanlegg, blant anna med tanke på pedagogikk, samhandling og likeverdig tilkomst. Dette er ei svært kostbar gjeld som er stor i dag, og som vil verte større i tida som kjem. Samla investeringsbehov er svært stort dersom ein skal ta att vedlikehaldsetterslepet og gjere dagens bygningsmasse framtidsretta, sjå kapittelet om økonomi.</p> <p>Mange av barneskulane er eldre bygg, og/eller har eldre bygningsmasse som er i drift. Gjennomsnittsalderen på hovudbygga er på nærare 40 år, og nærmar seg både funksjonell og teknisk gjennomsnittleg maksimal levealder for skulebygg.</p> <p>Krava til berekraftige anlegg, t.d. gjennom energibruk, var svært annleis då dei fleste av barneskulebygga i Alver vart reiste. Kostnadane til å varme dei mange eldre bygga i kommunen er store.</p> <p>Det er i nokre av anlegga utfordringar knytt til inneklima og, ved nokre av anlegga, helseutfordringar. Dette er krevjande problemstillingar å løyse drifts- og bygningsmessig, og noko som krev store ressursar å følgje opp, undersøke og utbetre.</p> <p>Det er med dagens struktur mange bygg som skal kontrollerast og inspiserast etter sjekklister for vedlikehaldsbehov og tryggleik, t.d. leikeplasskontroll. Det er svært mange bygg som mellom anna skal ha dagleg og periodevis reinhald, sesongbasert snømåking eller vedlikehald av plen og natur, renovasjon og overvaking av tekniske anlegg.</p> <p>Nye bygg vert i dag planlagde for bruk av ny teknologi, t.d. robotisering av reinhald. Få av dagens barneskuleanlegg er eigna for slikt reinhald i Alver.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad</p>	
Område: Nærsenter og lokalmiljø		
Målsetjing	Moment i vurdering	
<p>Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder og lokalmiljø</p>	<p>Dagens struktur er i tråd med vedteken senterstruktur, som seier at dei sju kommunale sentra skal ha barneskular.</p> <p>Ved dei fleste av barneskulane er det bruk av anlegga ettermiddagar og helger, til idrett, kultur, kulturskule og private føremål. Særleg gymsalar vert nytta til faste tider, t.d. til idrett og korps. Føresette låner rom, t.d. skulekjøken, fellesareal eller kantineområde, til mellom anna bursdagsfeiringar og andre samankomstar, og ulike organisasjonar låner lokale til møter. Det kjem fram i tilbakemeldingane frå skulane, at det generelt sett er god kapasitet til utlån, og at dei som ønskjer det, får plass. Mange av barneskulebygga er høvesvis godt eigna for utlån. Det er grunn til å tru at mange lokalmiljø set pris på å kunne bruke skulen sine lokale til ulike føremål.</p> <p>I alle bygdene er det i tillegg til skulen andre bygg og anlegg som er eigna som møteplassar for kultur, idrett og ymse arrangement i regi av private og organisasjonar. Konkrete døme er ulike forsamlingshus, bygdehus, bedehus, kyrkjer, ungdomshus, idrettsanlegg, klubbhus,</p>	

	<p>barnehage, sandvolleybane, nærmiljøanlegg, leikeplassar og fotballbaner.</p> <p>Det er generelt sett eit rikt tilbod om anlegg og møteplassar, inne og ute, desentralisert i Alver kommune. Samstundes er nokre av miljøa små og kan vere sårbare for kva aktivitetar som er mogelege å skape i det einskilde nærmiljøet; Det kan vere krevjande å ha nok barn og ressursar til å oppretthalde aktivitet og attraktive tilbod, fotballag, eige skulekorps, speidar osv. når lokasjonar og tilbod vert spreidde ut slik som i Alver i dag.</p> <p>Tilbakemeldingane frå skulane tyder på at mange nyttar bil til og frå fritidsaktivitetar, og at det ikkje er slik at alle barna i dei einskilde bygdene enkelt tek seg fram til fots eller sykkel.</p> <p>Demografisk utvikling og flytting av ressursar frå oppvekst til eldreomsorg vil prege norske kommunar i åra framover. Krava til kvalitet og kompetanse er høge, og det er allereie i dag konkurranse mellom kommunar og skular om kompetent arbeidskraft. Det er grunn til å tru at dagens barneskulestruktur ikkje er eintydig berekraftig i eit slikt lys, og at det dermed ikkje er ein solid struktur som vil stå seg over tid. Slik sett vil dagens struktur ikkje vere eit føreseieleg tilbod for innbyggjarane i kommunen; Med noverande struktur vil ein lyte rekne med diskusjonar knytt til strukturendringar og nedlegging av skular i fleire lokalmiljø også framover.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
--	--	--

13.3 Alternativ 0+ barneskulestruktur






Vi vil i dette kapittelet gjere ei vurdering av alternativ 0+: dagens barneskulestruktur, med oppgraderte skulebygg.






Hovudgrep:

- I 0 + alternativet vert dagens struktur oppretthalden, med 16 barneskular og ein kombinert skule.
- Alle bygga vert oppgraderte og utvikla til framtidseretta og god standard, gjennom nødvendig rehabilitering, ombygging eller nybygg. Ein legg til grunn standarden slik den er skildra i Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg i Alver kommune.
- Det er ikkje lagt inn kostnader til utbetring av trafikktilhøve, verken ved anlegga eller langs skuleveg
- Det er ikkje lagt inn kostnader til inventar. Ein legg til grunn ombruk/gjenbruk der det er mogeleg, og elles innkjøp der det er naudsynt.
- FDVU-kostnad for bygningsdrift vert vidareført med utgangspunkt i gjennomsnittleg FDVU-kostnad per kvadratmeter BTA barneskule, 2023-nivå.
- Dagens lønskostnad vert vidareført for skuledrift

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

Område: HMS		
Målsetjing	Vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	<p>Barneskulane vil ha gode tilhøve med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har minimert risikoen for helseplagar grunna inneklimateproblematikk, og har eit helsefremjande fysisk arbeidsmiljø slik lova krev.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lydsmitte er handtert i oppgraderingar av anlegg. • Rom har velfungerande lysskjerming. • Det er lett å halde reint, med eigna golvoverflater og gode fasilitetar for reinhald. Anlegga har garderobar • Anlegga har skilting, er oversiktlege og enkle å orientere seg i • Det er gode WC-fasilitetar og dusjanlegg som er trygge for elevane å bruke • Tilbodet til elevane i kommune er likeverdig med tanke på fysisk arbeidsmiljø <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	<p>Skulane vil ha gode arbeidstilhøve for tilsette med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har minimert risikoen for helseplagar grunna inneklimateproblematikk, og har eit helsefremjande fysisk arbeidsmiljø slik lova krev.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er nok areal til lærararbeidsplassar. • Det er ikkje lydsmitte frå arbeidsplassar eller møterom. • Rom har velfungerande lysskjerming. • Skulane er lette å halde reine, med eigna golvoverflater og gode fasilitetar for reinhald. Anlegga har garderobefasilitetar for tilsette etter lovkrav • Anlegga har skilting, er oversiktlege og enkle å orientere seg i, slik at ein lettare unngår situasjonar der ein er åleine i krevjande saker. <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	<p>Strukturalternativet endrar ikkje på tryggleiken når det kjem til skuleveg. Framleis vil om lag 30 % av elevane på barnetrinnet ha rett til skuleskyss grunna avstand eller trafikkfarleg veg.</p> <p>Også i dette alternativet vil 12 av barneskulane ha skuleveg eller trafikksituasjon ved skulen som når målsetjinga om trygg skuleveg berre i mindre eller i liten grad. Årsakene er dei same: få elevar kan gå eller sykle til skulen, at avsetjings- og parkeringssituasjonen er uoversiktleg</p>	


	<p>eller at varelevering / søppelhenting skjer på skulen sitt område, og/eller at større bilar må rygge for å snu.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
<p>Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar</p>	<p>Inga endring frå dagens situasjon. Lengste skuleveg for einskildelevar på barnetrinnet er om lag 22 km, og tre av barneskulane har skyssavstandar lenger enn 15 km. 6 av barneskulane har lengste skyssavstand for einskildelevar på under 5 km. Reisetida er innafør det fylkeskommunen reknar som akseptabel reiseveg.</p> <p>Det er ikkje eige tilbod om skyss til SFO. Barn som i dag har skuleskyss har behov for skyss også til SFO, anten privat eller ved offentleg rutetransport. Inga endring frå alternativ 0.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
<p>Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring</p>	<p>Alternativet gjer at alle læringsareala har ein god og framtidretta standard. Det er lagt inn oppgraderte areal til variert undervisningspraksis i dei generelle læringsareala og i spesialrom; rom som fremjar undersøking, framføring, variert ergonomi, stillearbeid, samhandling, praktisk aktivitet eller kreativitet, slik fagfornynginga legg vekt på.</p> <p>Det er likeverdig tilkomst til ulike delar av anlegga.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn</p>	<p>Gjennom oppgradering og nybygg er anlegga blitt universelt utforma, slik at alle elevane er sikra tilkomst til t.d. toalett, spesialrom eller felles areal. Dette kan mellom anna vere gjennom godt plasserte heisar, dører med automatisk opning og terskelfrie overgangar.</p> <p>Anlegga har kontrastfargar og ledelinjer, og både innvendig og utvendig skilting er på plass. Alle skulane har rom spesielt tilrettelagt for elevar med større hjelpebehov og romløysingar for inkluderande skjerming av elevar som treng ro og mykje 1:1-oppfølgning.</p> <p>Strukturalternativet gjev eit likeverdig tilbod som fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar</p>	<p>Strukturalternativet gjev oppgraderte bygg som er meir transparente og har færre mobbesoner. Bygga har fasilitetar og utstyr som inviterer til variert leik for elevane, godt vedlikehald og inventar og møblar som fremjar trivsel.</p> <p>Systematisk arbeid over tid i profesjonsfelleskapet, godt støtta opp av skuleeigar, viser seg å gje gode effektar for læring og trivsel. Strukturalternativet endrar ikkje samansetjinga av, og storleiken på, dei ulike profesjonsfelleskapa.</p> <p>Det er framleis stor skilnad på skule- og klassestorleik, der nokre elevar har færre elevar å spele på enn andre stader. For nokre elevar kan det vere trygt å gå i ei lita gruppe, for andre kan dette verte fattig – og ein</p>	

	<p>kan kome til å mangle vener eller ikkje finne nokon ein trivst med på eigen alder.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	<p>Strukturalternativet endrar ikkje utfordringa knytt til å ha medarbeidarar med nok, djup og variert kompetanse eller å skaffe vikarar.</p> <p>Ein kan tenke seg at det er lettare å rekruttere medarbeidarar til eit oppgradert skulebygg. Ein lyt likevel konkurrere om arbeidskraft til like mange skular i den same arbeidsmarknaden. Det er grunn til å tru at små skular i større grad er utsette for diskusjonar knytt til strukturendring og nedlegging, og at dette framleis kan påverke rekruttering og attraksjon negativt.</p> <p>Det vil framleis vere krevjande for små skular å rekruttere lærarar som dekkjer heile fagspekteret, jamfør ny lærarutdanning.</p> <p>Strukturalternativet, med så mange skular som skal sikre vikarar, rekruttere nye tilsette og dekke heile det breie fagspekteret med stadig meir spesialiserte lærarar, er framleis lite føremålstenleg.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	<p>Personalfasilitetane er i strukturalternativet oppgradert på alle skulane. Samstundes har dei fleste barneskulane også i dag fasilitetar der ein kan jobbe saman som team, og der ein kan ha pause saman i kollegiet.</p> <p>Tal pedagogar ved barneskulane i Alver vil framleis variere frå 5 til nærare 50. Desse ulike kollegia skal framleis dekke dei same krava til kompetanse og fagleg utvikling, møte forventning og påbod om systemarbeid, dokumentasjon, breidde og fordjuping. Utfordringane vil vere dei same som i 0-alternativet.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	<p>Strukturalternativet medfører ikkje endring i leiarstruktur, noko som vidarefører dagens utfordringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forventningane til rektorrolla er krevjande å fylle åleine • Utfordrande rekruttering • Økonomisk kostnadsdrivar <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)	<p>Strukturendringa kan gje nokre betre fasilitetar for støtteteneutene ute i skulane. Den medfører likevel ingen endringar med tanke på effektiv ressursutnytting. Det er mange einingar, kulturar, tilsette og elevar tenestene skal kjenne og bygge relasjonar med. Tenestene vil ha like lita tid ute i barneskulane som i dag</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift		
Målsetjing	Moment i vurdering	

<p>Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune</p>	<p>Dagens kapasitet vert vidareført i strukturalternativet. Det betyr framleis stor overkapasitet, med om lag 1250 elevplassar (33%) på barnesteget.</p> <p>Sju av barneskulane vil framleis ha ei utnyttingsgrad på under 60 % av maksimal kapasitet. Strukturen er overdimensjonert.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift</p>	<p>Ein desentralisert og spreidd skulestruktur i Alver, vil framleis vere krevjande med tanke på drift og utvikling av anlegg. Det er mange bygg å halde oversikt over, samhandle om og kjenne eigarskap til, halde ved like og utvikle i tråd med dagens og framtidens krav til formålsbygg.</p> <p>Strukturalternativet gjer likevel at ein har null ut dagens vedlikehaldsetterslep. Slik sett kan ein ha større fokus på utviklingsaspektet i FDVU, og mindre fokus på å rette feil og manglar i ettertid. Oppgraderinga vil føre til meir energieffektive skulebygg, enklare reinhald og gje lang levetid på bygningsmassen, men det er uråd å talfeste effekten nøyaktig i eit overordna strukturarbeid som dette.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
<p>Område: Nærsteder og lokalmiljø</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder og lokalmiljø</p>	<p>Strukturalternativet er i tråd med vedteken senterstruktur, som seier at dei sju kommunale sentra skal ha barneskular.</p> <p>Det vil framleis vere god kapasitet på utlån av rom og funksjonar. Sjølv om mange av anlegga også i dag er eigna til utleige og bruk ettermiddag og helg, vil oppgraderte anlegg gje endå betre fasilitetar som mange har glede av.</p> <p>Både dagens struktur og 0+ alternativet gjev overkapasitet når det gjeld bruk av anlegga til ulike føremål i regi av kultur, idrett og lokalmiljø. Mange bygder har også alternative møteplassar. Det kan vere krevjande å ha nok barn og ressursar til å oppretthalde aktivitet og attraktive tilbod når lokasjonar og tilbod vert spreidde ut slik som strukturalternativet legg opp til. Framleis vil mange nytte bil til og frå fritidsaktivitetar.</p> <p>Det er ikkje grunn til å tru at 0+ alternativet er berekraftig i lys av kommuneøkonomi og demografiutvikling. Ein lyt difor truleg rekne med diskusjonar knytt til strukturendringar og nedlegging av skular i fleire lokalmiljø også framover.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	

13.4 Alternativ 1 – barneskulestruktur

Vi vil i dette kapittelet gjere ei vurdering av alternativ 1.










Hovudgrep:

- I alternativ 1 vert fem barneskular slått saman med naboskular:
 - Austebygd går til Hordabø
 - Myking går til Lindås b
 - Kløvheim går til Ostereidet b
 - Eikanger går til Leiknes
 - Sæbø går til Alversund. Ein justerer ungdomsskulekretsen slik at elevar frå Sæbø går på Knarvik ungdomsskule når dei byrjar i 8. klasse. Dette fordrar oppgradering og utviding av Knarvik u.
- Alternativet gjev dermed 11 barneskular og ein kombinertskule i Alver kommune. 278 barneskuleelevar (elevtal 2023) lyt bytte barneskule. I tillegg kan strukturalternativet medføre at 46 ungdomsskuleelevar (2023-tal) frå Sæbø byrjar på ungdomstrinnet på Knarvik u.
- Alle barneskulane vert oppgraderte og utvikla til framtidssretta og god standard, gjennom nødvendig rehabilitering, ombygging eller nybygg. Ein legg til grunn standarden slik den er skildra i Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg i Alver kommune.
- Samanslåtte anlegg vil ha betre kapasitetsutnytting enn alternativa 0 og 0+.
- Det er ikkje lagt inn kostnader til utbetring av trafikktilhøve, verken ved anlegga eller langs skuleveg
- Det er ikkje lagt inn kostnader til inventar. Ein legg til grunn ombruk/gjenbruk der det er mogeleg, og elles innkjøp der det er naudsynt.
- FDVU-kostnad for bygningsdrift vert vidareført med utgangspunkt i gjennomsnittleg FDVU-kostnad per kvadratmeter BTA barneskule, 2023-nivå.

- Dagens lønskostnad vert justert etter kommunal tildelingsmodell, med utgangspunkt i lærarnorm.
- I alternativa som betyr nedlegging og samanslåing, bør ein kommunalt jobbe parallelt med leiarstøtte for å bygge endringskapasitet og ivareta medarbeidarar.
- Etterbruk av nedlagde skular lyt handsamast som eiga sak. Dette kan t.d. handle om føremålsending, sal eller riving.

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

Område: HMS		
Målsetjing	Vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	<p>Skulane vil ha gode tilhøve med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har minimert risikoen for helseplagar grunna inneklimatematikk, og har eit helsefremjande fysisk arbeidsmiljø slik lova krev.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lydsmitte er handtert i oppgraderingar av anlegg. • Rom har velfungerande lysskjerming. • Det er lett å halde reint, med eigna golvoverflater og gode fasilitetar for reinhald. Anlegga har garderober • Anlegga har skilting, er oversiktlege og enkle å orientere seg i • Det er gode WC-fasilitetar og dusjanlegg som er trygge for elevane å bruke • Tilbodet til elevane i kommune er likeverdige med tanke på fysisk arbeidsmiljø <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	<p>Skulane vil ha gode arbeidstilhøve for tilsette med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har minimert risikoen for helseplagar grunna inneklimatematikk, og har eit helsefremjande fysisk arbeidsmiljø slik lova krev.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er nok areal til lærararbeidsplassar. • Det er ikkje lydsmitte frå arbeidsplassar eller møterom. • Rom har velfungerande lysskjerming. • Skulane er lette å halde reine, med eigna golvoverflater og gode fasilitetar for reinhald. Anlegga har garderobefasilitetar for tilsette etter lovkrav • Anlegga har skilting, er oversiktlege og enkle å orientere seg i, slik at ein lettare unngår situasjonar der ein er åleine i krevjande saker. <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	

<p>Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg</p>	<p>Strukturalternativet endrar i liten grad på tryggleiken når det kjem til skuleveg. 133 fleire elevar vil ha trong for skuleskyss, slik tabellen viser:</p> <table border="1" data-bbox="443 472 1310 913"> <thead> <tr> <th></th> <th>0-alternativet</th> <th>Alternativ 1</th> <th>Alternativ 1</th> <th></th> </tr> <tr> <th>Skule</th> <th>Elevtal</th> <th>Elevar med skyss</th> <th>Ekstra behov skyss</th> <th>Samla behov skyss</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Hordabø</td> <td>111</td> <td>73</td> <td>0</td> <td>73</td> </tr> <tr> <td>Austebygd</td> <td>29</td> <td>16</td> <td>13</td> <td>29</td> </tr> <tr> <td>Lindås b</td> <td>199</td> <td>61</td> <td>0</td> <td>61</td> </tr> <tr> <td>Myking</td> <td>58</td> <td>43</td> <td>15</td> <td>58</td> </tr> <tr> <td>Ostereidet b</td> <td>93</td> <td>91</td> <td>0</td> <td>91</td> </tr> <tr> <td>Kløvheim</td> <td>22</td> <td>4</td> <td>18</td> <td>22</td> </tr> <tr> <td>Leiknes</td> <td>184</td> <td>52</td> <td>0</td> <td>52</td> </tr> <tr> <td>Eikanger</td> <td>75</td> <td>38</td> <td>37</td> <td>75</td> </tr> <tr> <td>Alversund</td> <td>327</td> <td>53</td> <td>0</td> <td>53</td> </tr> <tr> <td>Sæbø</td> <td>94</td> <td>44</td> <td>50</td> <td>94</td> </tr> <tr> <td>SUM</td> <td>1192</td> <td>475</td> <td>133</td> <td>608</td> </tr> </tbody> </table> <p>Fire av dei fem skulane som vert lagt ned i strukturalternativet skårar i dagens struktur (0-alternativet) lavt eller nokså lavt på vurderinga av om det fremjar trygg skuleveg.</p> <p>Fleire elevar vert i dag køyrde til og/eller frå skulen i privatbil, t.d. av foreldre. Det er uvisst korleis dette vil slå ut med strukturendringa.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>		0-alternativet	Alternativ 1	Alternativ 1		Skule	Elevtal	Elevar med skyss	Ekstra behov skyss	Samla behov skyss	Hordabø	111	73	0	73	Austebygd	29	16	13	29	Lindås b	199	61	0	61	Myking	58	43	15	58	Ostereidet b	93	91	0	91	Kløvheim	22	4	18	22	Leiknes	184	52	0	52	Eikanger	75	38	37	75	Alversund	327	53	0	53	Sæbø	94	44	50	94	SUM	1192	475	133	608
	0-alternativet	Alternativ 1	Alternativ 1																																																															
Skule	Elevtal	Elevar med skyss	Ekstra behov skyss	Samla behov skyss																																																														
Hordabø	111	73	0	73																																																														
Austebygd	29	16	13	29																																																														
Lindås b	199	61	0	61																																																														
Myking	58	43	15	58																																																														
Ostereidet b	93	91	0	91																																																														
Kløvheim	22	4	18	22																																																														
Leiknes	184	52	0	52																																																														
Eikanger	75	38	37	75																																																														
Alversund	327	53	0	53																																																														
Sæbø	94	44	50	94																																																														
SUM	1192	475	133	608																																																														
<p>Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar</p>	<p>Avstandar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Austebygd: 7,3 km bilveg til Hordabø • Myking: 11,5 km bilveg til Lindås b • Kløvheim: 15 km bilveg til Ostereidet • Eikanger: 7,4 km bilveg til Leiknes • Sæbø: 7,1 km bilveg til Alversund <p>Fleire av elevane som i dag har skuleskyss til ein av dei nedlagte skulane i forslaget, vil få lengre skuleveg. Dette kan opplevast som ei forverring av skulevegen for desse. Samstundes vil nokre av elevane som bur i retning av, og langs grensa mot, den nye skulen få svært lik reiseveg i dette forslaget.</p> <p>Alle dei 278 elevane som i dag går på ein av dei fem skulane som vert føreslått lagt ned, lyt ta skulebuss, mot 145 elevar i dagens struktur. For eit fleirtal av barneskuleelevane i kommunen vil strukturforslaget likevel ikkje bety noko endring i reisetid eller reiseavstand.</p> <p>Reisetida er innafor det fylkeskommunen reknar som akseptabel reiseveg.</p> <p>Det er ikkje eige tilbod om skyss til SFO. Barn som i dag har skuleskyss har behov for skyss også til SFO, anten privat eller ved offentlig rutetransport. Dei elevane ved nedlagte skular som ikkje treng skyss til SFO i dag, vil ha behov for slik skyss i dette alternativet. Dette kan opplevast som ei forverring frå dagens struktur.</p>																																																																	

	Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.	
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidsetta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	<p>Mottakarskulane har jamt over svært mykje betre bygningsmessig og funksjonell standard enn avgjevarskulane. Alternativet inneber i tillegg oppgraderingar som gjer at alle læringsareala har ein god og framtidsetta standard, jamfør 0+ alternativet. Det er lagt inn oppgraderte areal til variert undervisningspraksis i dei generelle læringsareala. Det vert lagt inn areal til spesialrom der dette manglar i mottakarskulane.</p> <p>Nokre av mottakarskulane vil oppleve betre plassutnytting, som samstundes kan gjere at ein merkar at skulen blir fullare. Tiltaket kan difor krevje større grad av samhandling, samt fleirbruk, sambruk og koordinering av arealdisponeringa.</p> <p>Det er likeverdig tilkomst til ulike delar av anlegga.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn	<p>Gjennom oppgradering og nybygg er anlegga blitt universelt utforma, slik at alle elevane er sikra tilkomst til t.d. toalett, spesialrom eller felles areal. Dette kan mellom anna vere gjennom godt plasserte heisar, dører med automatisk opning og terskelfrie overgangar.</p> <p>Anlegga har kontrastfargar og ledelinjer, og både innvendig og utvendig skilting er på plass. Alle skulane har rom spesielt tilrettelagt for elevar med større hjelpebehov og romløyseringar for inkluderande skjerming av elevar som treng ro og mykje 1:1-oppfølgning.</p> <p>Strukturalternativet gjev eit likeverdig tilbod som fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	<p>Strukturalternativet gjev oppgraderte bygg som er meir transparente og har færre mobbesoner. Bygga har fasilitetar og utstyr som inviterer til variert leik for elevane, godt vedlikehald og inventar og møblar som fremjar trivsel.</p> <p>Systematisk arbeid over tid i profesjonsfellesskapet, godt støtta opp av skuleeigar, viser seg å gje gode effektar for læring og trivsel. Strukturalternativet gjev noko større profesjonsfellesskap, og fleire vaksne å spele på i arbeidet for trygt og godt læringsmiljø.</p> <p>Strukturforslaget gjev mindre skilnad på skule- og klassessorleik. Det er grunn til å tru at fleire elevar vil kunne finne vener på eigen alder. Forsking tyder på at elevar tåler å byte skule, og at skulebyte i seg sjølv har liten verknad på læring og trivnad.</p> <p>Elevane frå Sæbø som byrjar på Alversund skule, bør få halde fram med å gå med klassevener frå Alversund skule over på ungdomsskulen, noko som fordrar kretsjustering. Samstundes bør ein som kommune vurdere ein viss fleksibilitet i tildeling av plass mellom ny og gamal ungdomsskulekrets, i alle fall i ein overgang og dersom ein har kapasitet begge stader.</p>	


	Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	<p>Strukturendringa kan gjere det lettare for skulane å ha medarbeidarar med nok, djup og variert kompetanse. Færre skular som konkurrerer om dei same vikarane, kan også gjere det lettare å skaffe vikarar</p> <p>Ein kan anta at det er lettare å rekruttere kompetente medarbeidarar til oppgradert skulebygg. Samstundes gjev alternativet færre skular som skal konkurrere om den same arbeidskrafta. Endringa vil gje meir robuste einingar som truleg også er mindre utsette for diskusjonar knytt til strukturendring og nedlegging, noko som kan påverke attraksjon og rekruttering positivt.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	<p>Personalfasilitetane er i strukturalternativet oppgradert på alle skulane.</p> <p>Profesjonsfellesskapa vert større på fem skular, og det vert lettare for kvar eining å sikre kompetanse innan ulike fag, jamfør t.d. høge faglege forventningar og endra/spissa lærarutdanning.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	<p>Strukturalternativet medfører endring i leiarstruktur. Det vert trong for færre leiarar, og ein kan velje å nytte delar av den sparte leiarressursen på dei nedlagte skulane til å styrke leiinga ved mottakaraskulane. Slik kan ein lettare møte dei store forventningane til rektorrolla, ein kan vente enklare rekruttering av leiarar og ein kan ha ein leiarressurs som er meir i tråd med noverande og venta framtidig elevtal på skulane.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)	<p>Strukturendringa gjev gode fasilitetar for støttetene ut i skulane, slik også 0+ alternativet gjer.</p> <p>Alternativ 1 gjev færre einingar for støttetene å besøke, og dei får meir tid på kvar eining. Dermed får fleire elevar tilgang til t.d. helsesjukepleiar og/eller PP-tenesta større del av skuletida. Mindre køyring mellom ulike einingar vil forsterke denne effekten.</p> <p>Endringar medfører meir effektiv ressursutnytting. Det er færre einingar, kulturar, tilsette og elevar tenestene skal kjenne og bygge relasjonar med. Det er grunn til å tru at tenestene i større grad har høve til å bidra i det systemiske utviklingsarbeidet på skulane med denne strukturen.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-,	Dagens overkapasitet på barnetrinnet vert redusert med 558 elevplassar i dette alternativet, noko som utgjer nær halvparten av dagens overkapasitet.	

<p>elev- og klassetal i Alver kommune</p>	<p>Oversikt kvar skule:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Austebygd: 90 elevplassar • Myking: 84 elevplassar • Kløvheim: 84 elevplassar • Eikanger: 100 elevplassar • Sæbø: 200 elevplassar <p>Alle dagens 278 elevar ved avgjevarskulane får plass ved mottakarskulane utan tilbygg, dei fleste utan bygningsmessige tiltak i det heile. Føreslåtte bygningsmessige tiltak ved skulane er primært uavhengig av desse strukturendringane, men handlar om manglande oppfylling av lovkrav og betring av funksjonalitet.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift</p>	<p>Alternativet gjev færre bygg å halde oversikt over, samhandle om og kjenne eigarskap til, halde ved like og utvikle i tråd med dagens og framtidens krav til formålsbygg.</p> <p>Strukturalternativet gjer dessutan at ein har null ut dagens vedlikehaldsetterslep. Dermed kan ein ha større fokus på utviklingsaspektet i FDVU, og mindre fokus på å rette feil og manglar i ettertid. Oppgraderinga vil føre til meir energieffektive skulebygg, enklare reinhald og gje lang levetid på bygningsmassen, men det er uråd å talfeste effekten nøyaktig i eit overordna strukturarbeid som dette.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
<p>Område: Nærserter og lokalmiljø</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder og lokalmiljø</p>	<p>Bygdene med dei nedlagte skulane vil miste nærskulen i lokalmiljøet. Dette vil kunne gje eit ringare tilbod med tanke på tilgang til rom og fasilitetar for ulike føremål ettermiddag og helg i bygda. Ein vil også kunne miste den kontakten det kan vere mellom nokre av skulane og nærmiljøet, t.d. skulen sin bruk av lokale ressursar, uteareal, kultur etc.</p> <p>Eventuell etterbruk og/eller kompensierende tiltak i regi av kommune, kultur eller idrettsliv, vil kunne avbøte noko av dette. Mange bygder har alternative møteplassar og arenaer for kultur og idrett. I grendene der skular vert nedlagte, er det eksempelvis samfunnshus, idrettsanlegg, fotballbaner, kyrkjer, bedehus og ungdomshus. Det vil framleis vere generelt god kapasitet på utlån av rom og funksjonar i skulebygg i kommunen.</p> <p>Sjølv om mange av anlegga også i dag er eigna til utleige og bruk ettermiddag og helg, vil oppgraderte anlegg både ved mottakarskulane og dei andre oppgraderte anlegga gje endå betre fasilitetar som mange har glede av. Nokre av elevane vil kunne oppleve at dei mistar eit tilbod i nærmiljøet, samstundes som dei får noko anna i den nye situasjonen.</p> <p>Det er grunn til å tru at alternativ 1 er meir berekraftig enn 0 og 0+ alternativa i lys av kommuneøkonomi og demografiutvikling. Dette kan roe ned diskusjonar knytt til vidare strukturendringar. Vi finn i forskinga lite som tyder på at skulenedleggjing fører til «bygdedød», slik ein del</p>	

	<p>kan frykte. Samstundes er det viktig at ein har respekt for ulike meiningar og kjensler knytt til endringar av skulestruktur: Nokre vil t.d. kunne ønskje færre og større skular, og kan tenke at dette gjev betre kvalitet i tilbodet og større spekter av vener. Andre vil kunne oppleve det som utrygt med eit større miljø, vere opptekne av reiseveg og skulen sin plass som kulturbærer i samfunnet.</p> <p>Strukturalternativet er i tråd med vedteken senterstruktur, som seier at dei sju kommunale sentra skal ha barneskular.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
--	---	--

13.5 Alternativ 2 – barneskulestruktur

Vi vil i dette kapittelet gjere ei vurdering av alternativ 2.










Hovudgrep:

- Alternativ 2 tek med seg dei fleste endringane frå alternativ 1, der fem barneskular vart slått saman med naboskular. Men i dette alternativet vert ikkje heile Sæbø skule flytta til Alversund skule. Ein omgjer Sæbø skule til eit oppveksttun for Sæbø barnehage og småtrinnet på Sæbø skule. Alternativet grip inn i barnehagestrukturen ved at Sæbø barnehage vert flytta frå eigne barnehagelokale til skulelokale:
 - Austebygd går til Hordabø, Myking går til Lindås b, Kløvheim går til Ostereidet b og Eikanger går til Leiknes
 - *Sæbø 5-7 går til Alversund*
 - *Sæbø oppveksttun vert skipa av Sæbø 1-4 og Sæbø barnehage*
- 230 barneskuleelevar og 46 ungdomsskuleelevar (elevtal 2023) lyt bytte skule. Dette fordrar oppgradering og utviding av Knarvik u.
- Alternativet gjev dermed 11 barneskular, eit oppveksttun og ein kombinertskule i Alver kommune.
- Alle barneskulane vert oppgraderte og utvikla til framtidsretta og god standard, gjennom nødvendig rehabilitering, ombygging eller nybygg. Ein legg til grunn standarden slik den er skildra i Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg i Alver kommune.
- Samanslåtte anlegg (barnehage og skule) vil ha betre kapasitetsutnytting enn alternativa 0, 0+ og 1.
- Det er ikkje lagt inn kostnadar til utbetring av trafikktilhøve, verken ved anlegga eller langs skuleveg
- Det er ikkje lagt inn kostnadar til inventar, med unntak av tilpassingar til barnehage i delar av Sæbø skule. Ein legg elles til grunn ombruk/gjenbruk der det er mogeleg, og elles innkjøp der det er naudsynt.
- FDVU-kostnad for bygningsdrift vert vidareført med utgangspunkt i gjennomsnittleg FDVU-kostnad per kvadratmeter BTA barneskule, 2023-nivå.

- Dagens lønskostnad vert justert etter kommunal tildelingsmodell, med utgangspunkt i lærarnorm.
- Etterbruk av nedlagde skular / barnehagar lyt handsamast som eiga sak. Dette kan t.d. handle om føremålsending, sal eller riving.

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

Område: HMS		
Målsetjing	Vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	<p>Skulane vil ha gode tilhøve med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har minimert risikoen for helseplagar grunna inneklimateproblematikk, og har eit helsefremjande fysisk arbeidsmiljø slik lova krev.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lydsmitte er handtert i oppgraderingar av anlegg. • Rom har velfungerande lysskjerming. • Det er lett å halde reint, med eigna golvoverflater og gode fasilitetar for reinhald. Anlegga har garderober • Anlegga har skilting, er oversiktlege og enkle å orientere seg i • Det er gode WC-fasilitetar og dusjanlegg som er trygge for elevane å bruke • Tilbodet til elevane i kommunen er likeverdig med tanke på fysisk arbeidsmiljø <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	<p>Skulane vil ha gode arbeidstilhøve for tilsette med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har minimert risikoen for helseplagar grunna inneklimateproblematikk, og har eit helsefremjande fysisk arbeidsmiljø slik lova krev.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er nok areal til lærararbeidsplassar. • Det er ikkje lydsmitte frå arbeidsplassar eller møterom. • Rom har velfungerande lysskjerming. • Skulane er lette å halde reine, med eigna golvoverflater og gode fasilitetar for reinhald. Anlegga har garderobefasilitetar for tilsette etter lovkrav • Anlegga har skilting, er oversiktlege og enkle å orientere seg i, slik at ein lettare unngår situasjonar der ein er åleine i krevjande saker. <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	


<p>Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg</p>	<p>Strukturalternativet endrar i liten grad på tryggleiken når det kjem til skuleveg.</p> <p>Om lag 130 fleire elevar vil ha trong for skuleskyss enn i 0-alternativa, om lag tilsvarande tal som i alternativ 1.</p> <p>Fire av dei fem skulane som vert lagt ned / justert i strukturalternativet skårar i dagens struktur (0-alternativet) lavt eller nokså lavt på vurderinga av om det fremjar trygg skuleveg.</p> <p>Fleire elevar vert i dag køyrde til og/eller frå skulen i privatbil, t.d. av foreldre. Det er uvisst korleis dette vil slå ut med strukturendringa.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
<p>Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar</p>	<p>Det er små eller ingen endringar frå alternativ 1.</p> <p>Reisetida er innafør det fylkeskommunen reknar som akseptabel reiseveg.</p> <p>Det er ikkje eige tilbod om skyss til SFO. Barn som i dag har skuleskyss har behov for skyss også til SFO, anten privat eller ved offentleg rutetransport. Dei elevane ved nedlagte skular som ikkje treng skyss til SFO i dag, vil ha behov for slik skyss i dette alternativet. Dette kan opplevast som ei forverring frå dagens struktur.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
<p>Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidsetta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring</p>	<p>Det er få eller ingen forskjellar i vurderinga frå alternativ 1 til alternativ 2.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn</p>	<p>Det er få eller ingen forskjellar i vurderinga frå alternativ 1 til alternativ 2.</p> <p>Strukturalternativet gjev eit likeverdig tilbod for elevane i kommunen som fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar</p>	<p>Det er få forskjellar i vurderinga frå alternativ 1 til alternativ 2.</p> <p>Eit tilleggsmoment er at ein etablerer oppveksttun på Sæbø. Dette gjev høve for samspel mellom barn i skule og barn i barnehage, og barnehagebarn kan oppleve gode førebilete i skulealder. Strukturen legg til rette for smidig overgang frå barnehage til skule.</p>	

	<p>Nokre småtrinnslevar vil kunne vekse på å ta og få ansvar i samspel med yngre barn. Samstundes kan 1.-4. klassingane på Sæbø miste naturlege førebilete på mellomtrinnet. Nokre elevar på småtrinnet vil kunne oppleve endringa som trygg, andre vil kunne sakne eldre å vere med og strekkje seg etter. Tilsette må vere medvitne mekanismar som dette.</p> <p>Mellomtrinnslevarne på Sæbø vil møte ein ny skule med svært gode og varierte læringsfasilitetar.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	<p>Samanlikna med dagens struktur, kan strukturendringa gjere det lettare for skulane å ha medarbeidarar med nok, djup og variert kompetanse. Færre skular som konkurrerer om dei same vikarane, kan også gjere det lettare å skaffe vikarar</p> <p>Ein kan anta at det er lettare å rekruttere kompetente medarbeidarar til oppgraderte skulebygg, som det også er i dette alternativet. Endringa vil gje meir robuste einingar som truleg også er mindre utsette for diskusjonar knytt til strukturendring og nedlegging, noko som kan påverke attraksjon og rekruttering positivt.</p> <p>Det er usikkert korleis eit oppvekstsenter vil spele inn på rekruttering til skule.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	<p>Personalfasilitetane er også i dette i strukturalternativet oppgradert på alle skulane.</p> <p>Profesjonsfellesskapa vert jamt større i kommunen, og det kan verte lettare for kvar eining å sikre kompetanse innan ulike fag.</p> <p>Samla kan det verte eit rikt kompetansemiljø for både skule og barnehage i Sæbø oppvekststun, som t.d. kan spele på kvarandre sine styrkar og lære av kvarandre på tvers av tenester og profesjon. Det vert samstundes færre pedagogar i skuledelen av oppvekststunet.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	<p>Strukturalternativet medfører endring i leiarstruktur. Det vert trong for færre leiarar, og ein kan velje å nytte delar av den sparte leiarressursen på dei nedlagte skulane til å styrke leiinga ved mottakarsskulane. Slik kan ein lettare møte dei store forventningane til rektorrolla, ein kan vente enklare rekruttering av leiarar og ein kan ha ein leiarressurs som er meir i tråd med noverande og venta framtidig elevtal på skulane.</p> <p>Sæbø oppvekststun bør ha eit leiarteam sett saman av rektor og styrar i høveleg stillingsstorleik. Slik kan oppvekststunet lettare spele på kvarandre sine styrkar og bygge felles kultur. Eit oppvekststun kan også gjere at skuleeigar og barnehageeigar på kommunalt nivå i større grad</p>	

	<p>får kjennskap og innsikt i kvarandre sine ansvarsområde. Dette kan nyttast aktivt i utviklinga av gode overgangar og læring mellom tenester.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)</p>	<p>Det er få eller ingen endringar frå alternativ 1 til alternativ 2. Alternativet gjev meir effektiv ressursutnytting enn i dag.</p> <p>Også støtteteneestene kan nytte oppveksttunet til læring om ulike tenester, bygge system for overgangar og bruke det som ein motor i kunnskapsoverføring og systemisk utvikling.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
<p>Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift</p>		
Målsetjing	Moment i vurdering	
<p>Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune</p>	<p>Dagens overkapasitet på barnetrinnet vert også i dette alternativet redusert med over 500 elevplassar samanlikna med dagens struktur.</p> <p>Alle dagens elevar ved avgjevarskulane får plass ved mottakarskulane med minimale bygningsmessige justeringar.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift</p>	<p>Det er få eller ingen endringar i vurderinga frå alternativ 1 til alternativ 2. Dagens lokale for barnehage i Sæbø er lite eigna og har store investeringsbehov, noko som vert omtalt under barnehagestruktur.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
<p>Område: Nærsteder og lokalmiljø</p>		
Målsetjing	Moment i vurdering	
<p>Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder og lokalmiljø</p>	<p>Det er få endringar i vurderinga av alternativ 1 og 2 på dette området. Skilnaden handlar primært om at Sæbø skule består som eit oppveksttun, med dei følgjende det kan få. Sjå drøfting av området under alternativ 1.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar økonomisk berekraft</p>	<p>Alternativet gjev oppgraderte anlegg med lang levetid og meir effektiv drift. Det er færre anlegg å drifte. Investerings- og kapitalkostnadane er små, og ein legg til grunn ein kapasitet og eit samla areal som er meir i tråd med behova.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	

13.6 Alternativ 3 – barneskulestruktur

Vi vil i dette kapittelet gjere ei vurdering av alternativ 3.










Hovudgrep:

- Alternativ 3 tek med seg endringane frå alternativ 2, der fem barneskular vart slått saman med naboskular og Sæbø skule vert oppvekststun for Sæbø barnehage og småtrinnet på Sæbø skule: Austebygd går til Hordabø, Myking går til Lindås b, Kløvheim går til Østereidet b og Eikanger går til Leiknes. Sæbø 5-7 går til Alversund og Sæbø oppvekststun vert skipa av Sæbø 1-4 og Sæbø barnehage
- *Manger barneskule og Radøy ungdomsskule vert ein kombinert 1-10 skule ved at barnetrinnet får plass i tilbygg til Radøy u, med sambruk av spesialrom og idrett.*
- Alternativet gjev dermed 9 barneskular, eit oppvekststun og to kombinertskular i Alver kommune. 230 barneskuleelevar og 46 ungdomsskuleelevar (elevtal 2023) lyt bytte skule.
- Alle barneskulane vert oppgraderte og utvikla til framtidretta og god standard, gjennom nødvendig rehabilitering, ombygging eller nybygg. Ein legg til grunn standarden slik den er skildra i Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg i Alver kommune.
- Samanslåtte anlegg (barnehage og skule) vil ha betre kapasitetsutnytting enn alternativa 0, 0+ og 1.
- Det er ikkje lagt inn kostnadar til utbetring av trafikktilhøve, verken ved anlegga eller langs skuleveg
- Det er ikkje lagt inn kostnadar til inventar, med unntak av tilpassingar til barnehage i delar av Sæbø skule. Ein legg elles til grunn ombruk/gjenbruk der det er mogeleg, og elles innkjøp der det er naudsynt.
- FDVU-kostnad for bygningsdrift vert vidareført med utgangspunkt i gjennomsnittleg FDVU-kostnad per kvadratmeter BTA barneskule, 2023-nivå.

- Dagens lønskostnad vert justert etter kommunal tildelingsmodell, med utgangspunkt i lærarnorm.
- Etterbruk av nedlagde skular / barnehagar lyt handsamast som eiga sak. Dette kan t.d. handle om føremålsending, sal eller riving.

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

Område: HMS		
Målsetjing	Vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	<p>Skulane vil ha gode tilhøve med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har minimert risikoen for helseplagar grunna inneklimateproblematikk, og har eit helsefremjande fysisk arbeidsmiljø slik lova krev.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lydsmitte er handtert i oppgraderingar av anlegg. • Rom har velfungerande lysskjerming. • Det er lett å halde reint, med eigna golvoverflater og gode fasilitetar for reinhald. Anlegga har garderober • Anlegga har skilting, er oversiktlege og enkle å orientere seg i • Det er gode WC-fasilitetar og dusjanlegg som er trygge for elevane å bruke • Tilbodet til elevane i kommunen er likeverdig med tanke på fysisk arbeidsmiljø <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	<p>Skulane vil ha gode arbeidstilhøve for tilsette med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har minimert risikoen for helseplagar grunna inneklimateproblematikk, og har eit helsefremjande fysisk arbeidsmiljø slik lova krev.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er nok areal til lærararbeidsplassar. • Det er ikkje lydsmitte frå arbeidsplassar eller møterom. • Rom har velfungerande lysskjerming. • Skulane er lette å halde reine, med eigna golvoverflater og gode fasilitetar for reinhald. Anlegga har garderobefasilitetar for tilsette etter lovkrav • Anlegga har skilting, er oversiktlege og enkle å orientere seg i, slik at ein lettare unngår situasjonar der ein er åleine i krevjande saker. <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	


<p>Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg</p>	<p>Strukturalternativet endrar i liten grad på tryggleiken når det kjem til skuleveg.</p> <p>Fem av dei seks skulane som vert lagt ned / justert i strukturalternativet skårar i dagens struktur (0-alternativet) lavt eller nokså lavt på vurderinga av om det fremjar trygg skuleveg.</p> <p>Manger skule skårar dårleg på trygg skuleveg i dag, mellom anna grunna trafikksituasjonen ved skulen. Det same gjer Radøy u. Samanslåinga gjer at ein får færre skular å utbetre trafikkhøva ved, og ein kan i større grad fokusere på å løyse utfordringane ved den nye 1-10 skulen. Samanslåinga fører ikkje til at fleire elevar må ta buss enn i alternativa 1 og 2.</p> <p>Fleire elevar vert i dag køyrde til og/eller frå skulen i privatbil, t.d. av foreldre. Det er uvisst korleis dette vil slå ut med strukturendringa.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
<p>Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar</p>	<p>Det er ingen endringar i vurderinga frå alternativ 1 og 2.</p> <p>Reisetida er innafor det fylkeskommunen reknar som akseptabel reiseveg.</p> <p>Det er ikkje eige tilbod om skyss til SFO. Barn som i dag har skuleskyss har behov for skyss også til SFO, anten privat eller ved offentleg rutetransport. Dei elevane ved nedlagte skular som ikkje treng skyss til SFO i dag, vil ha behov for slik skyss i dette alternativet. Dette kan opplevast som ei forverring frå dagens struktur.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
<p>Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidsetta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring</p>	<p>Det er få eller ingen forskjellar i vurderinga frå alternativ 1 og 2.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn</p>	<p>Det er få eller ingen forskjellar i vurderinga frå alternativ 1 og 2.</p> <p>Strukturalternativet gjev eit likeverdig tilbod for elevane i kommunen som fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar trivsel,</p>	<p>Det er få forskjellar i vurderinga frå alternativ 1 til alternativ 2.</p>	

<p>venskap og gode relasjonar</p>	<p>Eit tilleggsmoment er at ein etablerer 1-10 skule ved Radøy u på Manger. Dette gjev høve til tett samarbeid og samhandling mellom barneskule og ungdomsskule. Barneskuleelevar kan oppleve gode førebilete i ungdomsskulen. Ungdomsskuleelevar vil kunne vekse på å ta og få ansvar i samspel med yngre elevar. Strukturen legg til rette for smidig overgang frå barneskule til ungdomsskule.</p> <p>Nokre elevar på barneskulen vil kunne oppleve endringa som trygg, andre vil kunne vere meir usikre i ein overgang. Dette lyt ein jobbe aktivt med, både organisatorisk og i prosjektering av tilbygg og soner for samhandling og soner som er delte og skjerma.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
<p>Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse</p>	<p>Det er få endringar i vurderinga av området frå alternativ 1 og 2.</p> <p>Det er usikkert korleis ein kombinertskule vil spele inn på rekruttering av tilsette. Det samla profesjonsfellesskapet i den nye 1-10 skulen på Manger vil likevel vere større enn barneskulen og ungdomsskulen kvar for seg. Dette kan vere attraktivt for nye tilsette. Det vil vere lettare i den nye løysinga å sikre kompetanse på alle områda og fagfelta ein skal dekke.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap</p>	<p>Det er få endringar i vurderinga av dette området frå alternativ 1 og 2.</p> <p>Profesjonsfellesskapet ved ny kombinertskule på Manger vert likevel større enn i barneskulen og ungdomsskulen kvar for seg. Manger kan få eit svært robust og fagleg tungt profesjonsfellesskap med mange tilsette og kompetansar å spele på.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar robuste leiarteam</p>	<p>Det er få endringar i vurderinga av dette området frå alternativ 1 og 2.</p> <p>Ny kombinertskule på Manger kan likevel bidra til meir effektiv leiारstruktur. Her kan ein nytte delar av leiारressursen ein sparer ved å slå saman to skular, til å bygge eit meir solid leiarteam på den samanslåtte 1-10 skulen.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)</p>	<p>Det er få endringar i vurderinga av området frå alternativ 1 og 2.</p> <p>Det vil likevel vere endå færre einingar for støttetenevne å forholde seg til og fordele tida på med kombinertskule på Manger. Ein kan i større grad få meir tid til å bygge kultur for systemisk arbeid. Alternativet gjev meir effektiv ressursutnytting enn i dei førre alternativa.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	

<p>Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune</p>	<p>Det er få endringar i vurderinga av området frå alternativ 1 og 2.</p> <p>Nytt tilbygg for barnetrinnet ved den nye kombinertskulen på Manger, kan likevel i større grad tilpassast dagens og framtidig barnetal i krinsen. Dette må uansett gjerast når/dersom ungdomsskuleelevane frå Sæbø byrjar på Knarvik u, ved at ein får redusert klasseromsbehov ved Radøy u frå 9 til 6. Nokre av desse kan tilpassast bruk for barnetrinnet. Barneskulestruktur og ungdomsskulestruktur må sjåast i samanheng også på dette området.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift</p>	<p>Det er få endringar i vurderinga frå alternativ 1 og 2.</p> <p>Samanslåing av Manger skule og Radøy ungdomsskule vil gje færre anlegg å drifte, og ein meir effektiv og kompakt bygningsmasse.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
<p>Område: Nærsepter og lokalmiljø</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder og lokalmiljø</p>	<p>Det er få endringar frå vurderinga av alternativ 1 og 2 på dette området.</p> <p>Det er usikkert kva følgjer 1-10 skule på Manger vil kunne seie for attraksjon og berekraft i bygda. Dette kan handle om bygningsmessige fasilitetar og tilgang til funksjonar i skulen. Det kan også handle om kva ry skulen som fagmiljø får, og kva kvalitet ein klarar å gje i opplærinstilbodet.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad</p>	

13.7 Alternativ 4 – barneskulestruktur

Vi vil i dette kapittelet gjere ei vurdering av alternativ 4.










Hovudgrep:

- Alternativ 4 tek med seg endringane frå tidlegare alternativ: Fem barneskular vart slått saman med naboskular og Sæbø skule vert oppvekststun for Sæbø barnehage og småtrinnet på Sæbø skule. Austebygd går til Hordabø, Myking går til Lindås b, Kløvheim går til Østereidet b og Eikanger går til Leiknes. Sæbø 5-7 går til Alversund og vidare til Kleppstø u på ungdomsskule. Sæbø oppvekststun vert skipa av Sæbø 1-4 og Sæbø barnehage. I tillegg vert Manger barneskule og Radøy ungdomsskule ein kombinert 1-10 skule ved at barnetrinnet får plass i tilbygg til Radøy u, med sambruk av spesialrom og idrett.
- Vestbygd vert flytta til ein utvida og rehabilitert Sagstad skule, som gjennom føreslått grep også vil ha kapasitet til å ta imot ein mogleg elevtalsvekst på om lag 140 elevar i området, og ha ein samla kapasitet på om lag 600 elevar. Lokasjon nær idrettsanlegg
- Sagstad skule ligg i nedslagsfelt for elvemusling. Bestanden er liten og raudlista. Dette er eit omsyn som lyt takast i planlegging av tiltaket.
- Alternativet gjev dermed 8 barneskular, eit oppvekststun og to kombinertskular i Alver kommune. 364 barneskuleelevar og 46 ungdomsskuleelevar (elevtal 2023) lyt bytte skule.
- Alle barneskulane vert oppgraderte og utvikla til framtidsretta og god standard, gjennom nødvendig rehabilitering, ombygging eller nybygg. Ein legg til grunn standarden slik den er skildra i Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg i Alver kommune.
- Tiltaka vil samla gje betre kapasitets- og arealutnytting.

- Det er ikkje lagt inn kostnader til utbetring av trafikktilhøve, verken ved anlegga eller langs skuleveg
- Det er ikkje lagt inn kostnader til inventar, med unntak av tilpassingar til barnehage i delar av Sæbø skule. Ein legg elles til grunn ombruk/gjenbruk der det er mogeleg, samt innkjøp der det er naudsynt.
- FDVU-kostnad for bygningsdrift vert vidareført med utgangspunkt i gjennomsnittleg FDVU-kostnad per kvadratmeter BTA barneskule, 2023-nivå.
- Dagens lønskostnad vert justert etter kommunal tildelingsmodell, med utgangspunkt i lærarnorm.
- Etterbruk av nedlagde skular / barnehagar lyt handsamast som eiga sak. Dette kan t.d. handle om føremålsending, sal eller riving.

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

Område: HMS		
Målsetjing	Vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	<p>Skulane vil ha gode tilhøve med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har minimert risikoen for helseplagar grunna inneklimateproblematikk, og har eit helsefremjande fysisk arbeidsmiljø slik lova krev.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lydsmitte er handtert i oppgraderingar av anlegg. • Rom har velfungerande lysskjerming. • Det er lett å halde reint, med eigna golvoverflater og gode fasilitetar for reinhald. Anlegga har garderober • Anlegga har skilting, er oversiktlege og enkle å orientere seg i • Det er gode WC-fasilitetar og dusjanlegg som er trygge for elevane å bruke • Tilbodet til elevane i kommunen er likeverdig med tanke på fysisk arbeidsmiljø <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	<p>Skulane vil ha gode arbeidstilhøve for tilsette med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har minimert risikoen for helseplagar grunna inneklimateproblematikk, og har eit helsefremjande fysisk arbeidsmiljø slik lova krev.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er nok areal til lærararbeidsplassar. • Det er ikkje lydsmitte frå arbeidsplassar eller møterom. • Rom har velfungerande lysskjerming. • Skulane er lette å halde reine, med eigna golvoverflater og gode fasilitetar for reinhald. Anlegga har garderobefasilitetar for tilsette etter lovkrav • Anlegga har skilting, er oversiktlege og enkle å orientere seg i, slik at ein lettare unngår situasjonar der ein er åleine i krevjande saker. <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	






<p>Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg</p>	<p>Strukturalternativet endrar i liten grad på tryggleiken når det kjem til skuleveg.</p> <p>Seks av dei sju skulane som vert lagt ned / justert i strukturalternativet skårar i dagens struktur (0-alternativet) lavt eller nokså lavt på vurderinga av om det fremjar trygg skuleveg. Vestbygd vert i dag skåra med nokså lav måloppnåing på trygg skuleveg. Mottakarskulen Sagstad vert skåra med lav måloppnåing.</p> <p>Flytting av elevane frå Vestbygd til Sagstad kan føre til at om lag 100 fleire elevar frå skulen lyt ta skulebuss. Samanslåinga fører ikkje til at totalt om lag 240 fleire elevar må ta skuleskyss enn dei 854 barneskuleelevane som per i dag har skuleskyss i Alver kommune</p> <p>Fleire elevar vert i dag køyrde til og/eller frå skulen i privatbil, t.d. av foreldre. Det er uvisst korleis dette vil slå ut med strukturendringa.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad</p>	
<p>Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar</p>	<p>Fleire elevar frå Vestbygd skule får skuleskyss. Avstanden frå Vestbygd til Sagstad er 6,2 km langs bilveg.</p> <p>Reisetida er innafor det fylkeskommunen reknar som akseptabel reiseveg.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
<p>Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidsetta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring</p>	<p>Det er få eller ingen forskjellar i vurderinga frå alternativ 1 til 3.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn</p>	<p>Det er få eller ingen forskjellar i vurderinga frå alternativ 1 til 3.</p> <p>Strukturalternativet gjev eit likeverdig tilbod for elevane i kommunen som fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar</p>	<p>Det er få eller ingen forskjellar i vurderinga frå alternativ 1 til 3.</p> <p>Elevar på endå ein skule bytter skule i dette alternativet. Dette medfører endring. For nokre elevar kan dette vere litt skummelt, for andre kan det vere spanande og føre til vekst. Trygge vaksne er viktige i alle slike endringar. Ny og utvida barneskule på Sagstad vil kunne ta imot om lag 600 elevar. Forsking antydar at skular mellom 500 og 700 elevar kan vere gode med tanke på læring og trivsel.</p>	





















































































	Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.	
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	<p>Det er få endringar i vurderinga av dette området frå alternativa 1 til 3.</p> <p>Ein større barneskule i Frekhaug-området vil kunne verte ein attraktiv arbeidsplass, både på grunn av storleik og lokalisering.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	<p>Det er få endringar i vurderinga av dette området frå alternativ 3.</p> <p>Profesjonsfellesskapet ved ny Sagstad skule vil bli stort. Det vert den største barneskulen i kommunen, med over 50 tilsette. Ein vil kunne ha høve til å ha fagteam og både breidde og djupne i kompetanse og erfaring. Større skular med fleire tilsette kan ha ei så effektiv drift at ein ofte har større høve til å tilsetje medarbeidarar med andre fagbakgrunnar, t.d. sjukepleiarar eller barnevernspedagogar.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	<p>Det er få endringar i vurderinga av dette området frå alternativ 3.</p> <p>Ny og større barneskule kan likevel gje endå meir effektiv leiarstruktur i tråd med elevtalsutviklinga i kommunen. Sagstad skule kan setje saman eit leiarteam med komplementære dugleikar, og slik møte dei høge krava og forventingane til leiing i norsk skule.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)	<p>Det er få endringar i vurderinga av området frå alternativ 3.</p> <p>Det vil likevel vere endå færre einingar for støttetjenestene å forholde seg til og fordele tida på ved samanslåing av Vestbygd og Sagstad. Ein kan i større grad få meir tid til å bygge kultur for systemisk arbeid. Alternativet gjev god ressursutnytting.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune	<p>Det er få endringar i vurderinga av området frå alternativ 3.</p> <p>Ny Sagstad skule vil likevel føre til betre kapasitetsutnytting ved at ein flyttar kapasitet frå Vestbygd (overkapasitet på 136 elevar i dag) til Sagstad, som er i eit område der ein lyt ta høgde for framtidig vekst.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	<p>Det er få endringar i vurderinga frå alternativ 3.</p> <p>Samanslåing Vestbygd og Sagstad vil likevel gje færre anlegg å drifte, og ein meir effektiv og kompakt bygningsmasse.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Område: Nærseter og lokalmiljø		

Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder og lokalmiljø	<p>Det er få endringar frå vurderinga av alternativ 3 på dette området.</p> <p>Vestbygd vil miste nærskulen sin, men har ungdomshus, bedehus, musikkhall og barnehage. Samstundes vil Sagstad vere ein svært robust skule i nabobygda, med gode fasilitetar og høve til bruk ettermiddag og helger. Det vil vere ulike vurderingar av, og meiningar om, dette, jamfør drøftingane av området i dei tidlegare alternativa.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	

13.8 Oppsummering evaluering struktur barneskule

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

Område	Alt 0	Alt 0+	Alt 1	Alt 2	Alt 3	Alt 4
Område: HMS						
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.						
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette						
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg						
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar						
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap						
Alternativet tilfredsstillar krav til framtidretta fysisk miljø som fremjar leik og læring						
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til alle barn						
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar						
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse						
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse						
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap						
Alternativet fremjar robuste leiarteam						
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)						
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift						
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune						
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift						
Område: Nærserter og lokalmiljø						
Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder lokalmiljø						


14 Framtidig ungdomsskulestruktur

14.1 Kretsgrenser

Det er i evalueringa av framtidig ungdomsskulestruktur tatt omsyn til nærskuleprinsippet og endringane i ny opplæringslov, jamfør tidlegare kapittel, der både nærmiljø, men også kapasitet kan vektleggjast i vurderingane.

Det ligg ikkje inne forslag til endringar av kretsgrenser i nokre av alternativa for framtidig ungdomsskulestruktur. Alver kommune bør framover jamleg gjere vurderingar av kretsgrenser, for å sikre god ressurs- og kapasitetsutnytting. Dette skal uansett gjerast i lys av nærskuleprinsippet.

14.2 Alternativ 0 - Noverande ungdomsskulestruktur



Vi vil i dette kapitlet gjere ei vurdering av noverande skulestruktur med utgangspunkt i målsetjingane innafør dei seks områda som skal evaluerast.

Hovudgrep:

- I 0-alternativet vert dagens struktur oppretthalden, med 5 ungdomsskular og ein kombinert 1-10 skule.

- Det ligg ikkje inne midlar til investering, oppgradering eller utvikling av bygg, anlegg eller trafikk.
- Dagens FDVU-kostnader for bygningsdrift vert vidareført per kvadratmeter BTA.
- Dagens lønskostnad vert vidareført.

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Grad av måloppnåing	Vurdering (V)	Forklaring
Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

Område: HMS		
Målsetjing	Vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	<p>Ved fem av dei seks ungdomsskulane (inkludert ungdomstrinnet ved Rosslund u) vert det meldt om utfordringar knytt til inneklimate, med tanke på lyd, lys, lukt, luft og akustikk. Som for fleire av barneskulane er utfordringane knytt til ventilasjon, til luftkvalitet og temperatur, og einsildskular melder avvik med tanke på helseproblematikk, som hovudpine og trøytteleik. Elevane spelar inn at dårleg luftkvalitet, kalde klasserom og vanskar med å regulere temperaturen kan skape utfordrande forhold for læring.</p> <p>Ved eit fleirtal av ungdomsskulane er det vanskar med lydsmitte og / eller akustikk. Utfordringane kan handle om å ta vare på konfidensialitet i møte med helsesjukaer, at ein vert forstyrra av parallell aktivitet i naborommet, lukt som spreiar seg gjennom ventilasjonsanlegg eller at ein får ein generell lydskvalitet eller eit lydnivå som går ut over elevane sin trivsel, merksemd og helse.</p> <p>Fleire av ungdomsskulane manglar gode system for lysskjerming og lysstyring etter dagens standard. I vanleg utfordring er lysinnslapp som gjer det vanskeleg å sjå digitale skjermar i klasseromma eller at sola står på og varmar klasserom.</p> <p>Alle ungdomsskulane i Alver kommune skårar lågt på vedlikehald. Gamle og slitte bygningar, manglande reparasjonar, dårlege dusjanlegg, øydelagde toalett og manglande utstyr i spesialrom er døme som elevane nemner. Mange av skulane har slitte overflater, golvbelegg og møblar, manglande eller tronge garderobar og uhensiktsmessige system for lagring. Dette kan føre til vanskar med reinhald, klede som heng i korridorar og læringsareal og avgjev damp / lukt, og støvdeponi på skap og i hyller. Alt dette aukar risikoen for eit inneklimate som ikkje er helsefremjande for elevane.</p>	

	<p>Nokre elevar i Alver uttrykkjer bekymring angående det sosiale miljøet ved skulen sin. Nokre kan oppleve mobbing og negative og rasistiske kommentarar. Ungdomsskulane i kommunen har fleire tilfelle av det ein gjerne omtalar som «mobbesoner»; stader i anlegga det er vanskeleg å halde oversikt over. Døme på dette er toalettsoner som ligg skjerna til i anlegga, eller at elevane må gå ut av bygget for å gå på toalettet. For nokre elevar vil dette medføre at dei vegrar seg for å gå på toalettet i skuletida. Det same kan toalett med spanskveggar og lydsmitte føre til. Ungdomsskulane i Alver kommune er generelt sett lukka og vanskelege å orientere seg i. Mangel på transparens, som glasfelt i dører og veggar, gjer skulane mindre trygge for elevane ved at uønska hendingar vanskelegare vert oppdaga.</p> <p>Det er eit vedlikehaldsetterslep som er svært stort på ungdomsskulane, noko som direkte kan påverke helse, miljø og tryggleik negativt for elevane. Det er berre avsett delar av dei budsjettmidlane drift og eigedom har bedt om for å halde eit berekraftig og verdibevarande vedlikehald. Vi vurderer at innmeldte behov verkar å vere mindre enn det som er reelt, at behovet for vedlikehald og oppgradering / utvikling er underkommunisert.</p> <p>Mange leiarar melder om at dei nyttar uforholdsmessig mykje tid på å følgje opp utfordringar knytt til bygg og vedlikehald.</p> <p>Dagens struktur gjev ikkje eit likeverdig tilbod til elevane i kommunen med tanke på inn klima og tryggleik. Det framstår som sannsynleg at Alver kommune i for liten grad stettar krava i <i>forskrift om helse og miljø i barnehager og skoler</i>, om at «miljøet skal fremme barns helse, trivsel, lek og læring, samt at sykdom, skade og alvorlige hendelser forebygges» Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger - Lovdata.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>
<p>Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette</p>	<p>Mange av dei same utfordringane som er skildra for elevane sitt arbeidsmiljø, er også gjeldande for tilsette: Dei vert råka av dei same manglande ved luftkvalitet. Det er påvist muggsopp i einskilde anlegg. Det er skular som får avviksmeldingar frå tilsette, som handlar om at ein fryser eller er for varm på jobb, og i nokre tilfelle mistanke om astma og allergi. Det er tilfelle av sjukmeldingar som vert knytt til innklimaproblematikk.</p> <p>Stor grad av lydsmitte kan gjere det krevjande å ivareta krav til konfidensialitet, t.d. frå leiinga sine kontor, frå lærararbeidspassar eller frå møterom.</p> <p>Kontor kan vere trekkfulle, overfylte eller mangle tilstrekkeleg lys. Det vert meldt om temperaturar nede i 4-8 grader på einskilde kontor vinterstid, og kontor som er svært varme i sommarhalvåret. Det er nokre stader manglande universell tilkomst til personalareal og kontor.</p> <p>Personalgarderobar er generelt sett manglande eller i dårleg stand, t.d. utan HCWC eller funksjonelle dusjmoglegheiter.</p>

	<p>Også for tilsette er mangelen på transparens ei utfordring med tanke på både tryggleik og rettstryggleik; Byggutforminga gjer at ein vert sett i situasjon der ein er åleine tilsett utan andre kollegaer som støtte.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	<p>Nærare 700 av dei om lag 1130 ungdomsskuleelevane i kommunen har rett til skuleskyss, dei fleste grunna avstand, noko som utgjer om lag 60 % av elevane. Dette er ein naturleg konsekvens av at ungdomsskulekrinsane består av fleire barneskulekrinsar.</p> <p>Det er stor variasjon i kor trygg trafikksituasjonen er ved den einskilde ungdomsskulen. Ved tre av ungdomsskulane vert trafikksituasjonen vurdert som utrygg, med manglande skilje mellom mjuke og harde trafikkantar. Utrygg trafikksituasjon handlar elles mellom anna om manglande gangfelt, varelevering med rygging på skuleplass eller manglande avsetjingsplassar; kiss`n ride.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad</p>	
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	<p>Under 3 % av ungdomsskuleelevane har vedtak om skyss grunna farleg skuleveg.</p> <p>Lengste skuleveg for einskildelevar på ungdomstrinnet er om lag 25 km, og tre av ungdomsskulane har skyssavstandar lenger enn 20 km.</p> <p>Reisetida er innafor det fylkeskommunen reknar som akseptabel reiseveg, som er sett til 75 min kvar veg for elevar på ungdomstrinnet.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	<p>Ungdomsskulane i Alver har ein svært høg snittalder. Reknar ein opphavelig hovudbygg, som for dei fleste skulane også i dag utgjer stor del av bygningsmassen, er gjennomsnittleg alder over 60 år. Ungdomsskulane vert vurderte å ha store eller svært store vedlikehaldsetterslep.</p> <p>Mange av skulane er bygde etter andre krav og forventningar enn dagens, og svært få/ingen av bygga er utvikla eller endra i tråd med nye forventningar og krav til innhald og drift. Bygga er i stor grad kjenneteikna av å vere korridorskular med lukka klasserom og tidvis varierende tilgang til grupperom. Svært få av skulane har tilleggsareal som legg til rette for eller inviterer til variert praksis; undersøking, framføring, variert ergonomi, stillarbeid, samhandling, praktisk aktivitet eller kreativitet, slik fagfornyngja legg vekt på og som ein ser att i tilrådingane om læringsarbeid i framtidens skule og forskinga på 21. century skills.</p> <p>Elevar peikar på utfordringar knytt til små og dårleg utstyrte klasserom og manglande spesialrom. 5 av ungdomsskulane manglar spesialrom, som t.d. musikkrom eller naturfagrom, har manglande universell tilkomst til</p>	

	<p>spesialrom eller har spesialrom med store manglar, t.d. manglande tilrettelegging for barn i rullestol eller trygg bruk av maskiner.</p> <p>Den digitale infrastrukturen er jamt bra på ungdomsskulane i kommunen.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn</p>	<p>Ved alle ungdomsskulane finn ein store manglar ved universell utforming av bygga. Det handlar mellom anna om manglande eller krevjande tilkomst til areal som t.d. toalett, spesialrom eller felles areal. Bygga manglar kontrastfargar, ledelinjer og skilting, og det er store utfordringar med akustikk og lydsmitte. Mange av anlegga manglar tilrettelegging av arbeidsstasjonar for elevar med funksjonsnedsettingar, t.d. hev-/senk-stasjonar på mat og helse, naturfag eller skulekjøken. Nokre stader er døropningar for smale etter forskrift.</p> <p>Nokre av bygga med fleire etasjar manglar heis, eller har saktegåande trappeheis eller heis berre i ein del av bygget. Dette gjer at det ikkje er likeverdig tilkomst til areala. Konsekvensane er fleire. Det kan t.d. vere elevar som i mange år må gå omvegar for å komme fram; medan klassevenene tar trappa rett opp, må t.d. eit barn i rullestol ta andre vegar. Ein annan konsekvens er at klassar med barn med funksjonsnedsettingar er låste til nokre spesielle klasserom eller delar av anlegg, der dette trinnet normalt sett ikkje høyrer til. Slik kan manglande universell utforming opplevast som ein stor byrde for einskildelevar.</p> <p>4 av ungdomsskulane manglar rom spesielt tilrettelagt for elevar med større hjelpebehov. Dette kan vere rom tilrettelagt for stell og pleie, med stellebenk, HCWC, dusj og takheis, eller det kan vere rom eigna for sansestimulering eller særskild trening. På dei skulane med høgast kapasitetsutnytting kan det vere liten plass i nokre klasserom, noko som er krevjande for elevar med rullestol.</p> <p>Ingen av ungdomsskulane har gode romløyisingar for inkluderande skjerming av elevar som treng ro og mykje 1:1-oppfølgjing. Alternativa vert i dei fleste tilfella anten undervisning saman med andre i heil klasse, eller åleine i eit grupperom. Skulane manglar i stor grad rom med sonedeling; areal der ein kan vere noko skjerma, men likevel del av eit fellesskap, t.d. som nisjer, rom i rom eller grupperom med glasfelt. Fleire skular har lite grupperom, eller grupperom med avstand frå klasseromma.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad</p>	
<p>Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar</p>	<p>Vårt inntrykk i møte med skulane er at dei har fokus på å skape trygge skulemiljø som legg til rette for trivsel, venskap og gode relasjonar, noko også Kvalitetsmeldinga for Alverskolen for 2023 syner mange prov på. I møte med elevane, set dei pris på vaksne som støttar og er tydelege, og gjev variert undervisning. Kvalitetsmeldinga viser likevel store utfordringar knytt til mellom anna høge mobbetal og manglande motivasjon i Alver-skulane. Årsakene til dette kan ein vanskeleg tilskrive skulestruktur og bygg. Struktur og bygg kan likevel vere med på å fremje, eventuelt hemme, det arbeidet ein ønskjer å gjere.</p>	

	<p>Skuleanlegg kan t.d. vere transparente og hindre mobbesoner, og dei kan ha fasilitetar og utstyr som inviterer til variert leik for alle. Dei kan også vere estetisk pene med godt vedlikehald og inventar og møblar som fremjar trivsel.</p> <p>Ungdomsskulebygga i Alver fremjar i liten grad tryggleik og trivsel i seg sjølv; Bygga er svært lukka og nokre har openberre mobbesoner, der det er ressurskrevjande å ha oversikt. Fleire skular har slitte overflater og gammalt inventar, med lite funksjonelle møblar, noko som kan vere trivselshemmande. Elevane i Alver set pris på gode møblar og pene bygg.</p> <p>Som for læring, er det også slik at for mobbing og trivsel, spelar dei vaksne ei avgjerande rolle. Systematisk arbeid over tid i kompetente profesjonsfelleskap, godt støtta opp av skuleeigar, viser seg å gje gode effektar for læring og trivsel. Fleire elevar peikar på utfordringar knytt til strenge reglar, variasjon i forventingane frå dei vaksne og manglande konsekvensar ved uakseptabel oppførsel. Ønskje om meir praktisk undervisning, mindre lekser, god balanse mellom bruk av bøker og PC og ei passe arbeidsmengd blir òg framheva.</p> <p>Struktur kan legge til rette for både tryggleik og mangfald, utan at ein finn enkle svar på kva som er best for det einskilde barnet. Det er t.d. vanskeleg å finne eintydige prov i forskinga på ein direkte samanheng mellom skulestorleik og trivsel og læring, sjølv om fleire studiar peikar i retning av at skular med frå 500-700 elevar er gunstig på ulike parameter.</p> <p>60 % av norske elevar gjekk i 2023 i ein skule med fleire enn 300 elevar. Berre ein av ungdomsskulane i Alver har over 300 elevar, og gjennomsnittstalet på elevar i ungdomsskulane i kommunen er om lag 190.</p> <p>I gjennomsnitt går det om lag 63 elevar per kull på ungdomsskulane i Alver. Kullstorleiken varierer frå i snitt 30 elevar på den minste skulen, til 128 elevar på den største. Det er grunn til å tru at det vil vere miljø som er store nok til at dei fleste elevane i Alver kan finne sin plass, si gruppe og sine vener på dei ulike skulane. Ein skal likevel vere merksam på at det på einskilde kull kan vere nede i 10 elevar av same kjønn på einskilde skular. I nokre tilfelle kan dette verte sårbart for einskilde elevar.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad</p>	
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	<p>Tilbakemeldingane frå ungdomsskulane i Alver, er at dei har bra dekning av fagkompetanse i mange fag. Det varierer frå skule til skule kva fag ein har minst dekning i, men fleire treng lærarar med fagkompetanse i språkfag, spesialpedagogikk og praktisk-estetiske fag.</p> <p>Den generelle tilbakemeldinga frå skulane er at det, dei siste åra, er vanskelegare å rekruttere pedagogar i Alver kommune, at det er færre</p>	

	<p>søklarar til ledige stillingar, særleg i områda lengst vekk frå kommunesenteret. Det er likevel berre eit fåtal av ungdomsskulane som nemner rekruttering og små søkartal som eit særskild problem.</p> <p>Ny lærarutdanning med krav til mastergrad legg opp til sterk spesialisering på ungdomstrinnet, og mange nyutdanna lærarar som kjem ut i yrkeslivet med undervisningskompetanse i få fag. Den nye lærarutdanninga for 5. – 10. trinn legg opp til at ein får undervisningskompetanse i 2-3 fag. Det vil i dette lyset verte meir krevjande for små skular å rekruttere lærarar som dekkjer heile fagspekteret. Etter kvart som eldre allmennlærarar skal erstattast, kan det bli utfordrande for små skular å ha tilsette som har kompetanse i alle undervisningsfaga, og mellom anna kunne gje eit breitt og likeverdig tilbod til ungdomane i språkfag og valfag.</p> <p>Dagens nyutdanna lærarar har gått ein skulegang der dei er vande med å jobbe i team, og mange melder tilbake om at det også er slik ein ønskjer å jobbe i framtidige arbeidsplassar. Det er grunn til å tru at fleire av desse vil søke større faglege miljø.</p> <p>Dagens ungdomsskulestruktur, med seks skular som skal sikre vikarar, rekruttere nye tilsette og dekke heile det breie fagspekteret med stadig meir spesialiserte lærarar, er lite føremålstenleg.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap</p>	<p>Fleire av ungdomsskulane har personalareal av svært låg standard som er lite tenlege for kollegial samhandling og bygging av felles kultur. Fleire stader er det kontor som er for små, plassering av arbeidsrom ulike stader i anlegget, spreidd leiing og avstand mellom leiing og ulike kollegafellesskap. Mange skular har få møterom. Det er mange stader ikkje samsvar mellom organisering av team og fasilitetar for at teama kan samhandle i kvardagen. Personalfasilitetane er jamt over dårlege.</p> <p>Tal pedagogar ved ungdomsskulane i Alver skuleåret 23/24 varierer frå 11 til 37, med eit snitt på om lag 20. Desse ulike kollegia skal dekke dei same krava til kompetanse og fagleg utvikling, møte forventning og påbod om systemarbeid, dokumentasjon, karaktersetjing, breidde og fordjuping. Dei skal ta trygge, grunngeve avgjerdsler, ofte bygde på fagleg skjøn i profesjonsfellesskapet. Dei skal kunne ivareta elevar med rett til å gå på nærskulen sin, som kanskje har samansette utviklingsforstyringar, lærevanskar, fråværsproblematikk, trong for framandspråkkompetanse eller teiknspråkkompetanse. Dei skal utvikle innhaldet i dei einskilde faga, og kople dei saman i tverrfaglege tema som også dekkjer dei ulike kompetansemåla. Dei skal vere både generalistar og spesialistar.</p> <p>Det er grunn til å tru at fleire av kollegia vil vere store nok til å ha ein samla kompetanse som er påkrevd for å dekke både breidde og djupne. Men det vil samstundes vere krevjande for dei minste kollegia å tilby same breidde i språkfag og valfag som dei største kollegia, og i tillegg sikre god nok formell kompetanse på spesialpedagogikk og i basisfaga.</p>	


	<p>Det vil vere færre tilsette å spele på for ein rektor som skal setje saman team og kople rett pedagog mot rett elev eller gruppe. Det vil vere vanskeleg å ha fleire lærarar i dei ulike faga som kan utgjere fagteam, t.d. sett saman av engelsklærarane på skulen, mattelærarane eller norsklærarane.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar robuste leiarteam</p>	<p>Forventningane til rektorrolla er svært store i dagens skule, jamfør UDIR sine skildringar av rolla; Ein person kan ikkje ivareta alle kompetansekrava åleine. Det har lenge vore ei utfordring å rekruttere rektorar i norsk skule, og fleire norske kommunar og skuleeigarar har tatt grep, mellom anna ved å innføre leiarteam der fleire har personalansvar. Dette har også hatt eit føremål med omsyn til rekruttering; ein ventar at fleire som går inn i avdelingsleiarroller med personalansvar, lettare kan ta steget og søke rektorjobbar.</p> <p>Ingen av ungdomsskulane i Alver har ein person åleine i leiinga, men storleiken på ressurs til leing og tal leiarar på skulane varierer. Krava til organisasjonsutvikling, rapportering, skjønnsutøving, oppfølging av personal, fag og 9a-saker, deltaking i ulike møte og rådsorgan osv. er dei same, anten ein er få i leiinga eller fleire, sjølv om omfanget av einskildsaker er større på dei største skulane.</p> <p>Det er grunn til å tru at små skular i større grad er utsette for diskusjonar knytt til strukturendring og nedlegging, og at dette også kan påverke rekruttering og attraksjon negativt.</p> <p>Leing av små skular kan vere ein økonomisk kostnadsdrivar med tanke på lønsutgifter.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)</p>	<p>Oppvekstreforma pålegg dei kommunale etatane innafør oppvektsektoren å samarbeide tett(are), og å framstå som eit samla lag rundt barna. Krava til samhandling er store. Kompetanseløftet har ambisjonar om å flytte ressursane tettare barn og elevar.</p> <p>Det er nasjonale normer for kor mykje helsesjukepleiarrassurs det skal vere ute i skulane, og PP-tenesta har forventningar til seg om å vere nærare elevane og skulane, og flytte meir ressursar over frå individuelt sakkunnigarbeid over til førebyggjande, systemisk utviklingsarbeid og kompetanseheving ute i skulane.</p> <p>Dagens ungdomsskulestruktur er i liten grad effektiv for støttettenestene i Alver kommune. Ressursane vert spreidde på eit stort tal einingar, og mykje tid går til transport mellom einingar. Den einskilde tilsett har mange leiarar å forhalde seg til, mange ressursteam, kulturar og organisasjonar. I dette landskapet skal støttettenestene byggje relasjonar og legitimitet til å bistå både på organisasjon- og individnivå.</p> <p>Dei 12,4 årsverka i PPT, skuleavdelinga, har faste dagar ute i skulane, dette varierer frå 1-4 dagar i månaden. For nokre einingar er dette svært</p>	

	<p>lite, og ein kan spørje seg om dagens struktur byggjer opp under ei målsetjing om å vere tett på elevane og tenestene.</p> <p>Skulehelsetenesta har om lag 2,8 årsverk fordelt på ungdomsskulane i kommunen, noko som er om lag 1,2 stilling under nasjonal norm. Alle dei kommunale ungdomsskulane har mindre ressurs enn tilrådd. Ein av skulane har 20 % stilling, medan ein har 30 % stilling. Helsesjukepleiar er svært lite tilgjengeleg for elevane når dei treng tenesta på dei minste skulane, kanskje så lite som ein dag i veka.</p> <p>Fasilitetane ute på skulane varierer i stor grad frå anlegg til anlegg. Både skular og skulehelseteneste melder om rom med lydsmitte, avstand til leiing og lokasjon som ikkje er føremålstenleg for elevane ved verken å vere tilgjengeleg eller diskret.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift		
Målsetjing	Moment i vurdering	
<p>Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune</p>	<p>Alver kommune har høvesvis fleire og mindre skular enn nasjonalt snitt og eiga KOSTRA-gruppe. Gjennomsnittleg elevtal på ungdomsskulane i kommunen er på om lag 190 elevar.</p> <p>Samla maksimal elevkapasitet på dei kommunale ungdomsskulane i Alver er sett til 1329 plassar gjennom godkjenninga frå miljøretta helsevern. Dagens elevtal på ungdomsskulane er på 1129 elevar, noko som gjev ein overkapasitet på om lag 200 plassar, eller om lag 15 %. Det er likevel stor forskjell mellom dei kommunale ungdomsskulane i utnyttingsgrad. To av skulane er har ei utnyttingsgrad på over 100 prosent (Knarvik og Lindås), og har per i dag fleire elevar enn godkjenninga opnar for. To av skulane har utnyttingsgrad på under 70 % (Rossland og Ostereidet u).</p> <p>På generelt grunnlag, ut frå nasjonale trendar, skjer det ei sentralisering på alle nivå i Noreg; frå bygd til by og frå grend til regionale og kommunale senter. Prognosane fram mot 2042 viser samla nedgang i elevtalet på ungdomstrinnet i Alver kommune, og ein nedgang i elevtalet for dei aller fleste skulekrinsane, med unntak av ... I Alver må ein sikre rett ungdomsskulekapasitet på rett stad. Dagens ungdomsskulestruktur er i liten grad tilpassa elevtalet i dei ulike ungdomsskulekretsane, med overkapasitet nokre stader og underkapasitet andre stader.</p> <p>Strukturen, med relativt mange små einingar er kostbar, med tanke på lønsutgifter til leiing, skuledrift, reinhald, vedlikehald og straum.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift</p>	<p>Den desentraliserte og spreidde skulestrukturen i Alver, er krevjande med tanke på drift og utvikling av anlegg. Det er mange bygg å halde oversikt over og kjenne eigarskap til, halde ved like og utvikle i tråd med dagens og framtidens krav til formålsbygg. Svært få bygg er utvikla i tråd med nye krav etter langsiktige strategiar, men ber preg av noko tilfeldig utviding og/eller oppgradering ved behov der og då. Mykje av dette skuldast truleg ein kombinasjon av økonomiske rammer og manglande</p>	

	<p>strategiar for langsiktig eigedomsforvaltning knytt opp mot bygga sine spesifikke pedagogiske føremål, og ikkje minst det komplekse kommunale samspelet og ansvaret knytt til skule og skuleanlegg. Det er i mange kommunar, også i Alver, krevjande å sikre felles kjennskap og eigarskap til anlegga mellom eigedomsavdeling, driftsavdeling og oppvekstavdeling. Dette vert ekstra krevjande når det er mange anlegg og bygg å samhandle om med tanke på drift, vedlikehald og utvikling.</p> <p>Teknisk tilstandsvurdering og funksjonsvurderingar av anlegga, syner eit stort vedlikehaldsetterslep på dei kommunale skulane. Dei fleste av ungdomsskulane krev større utbetringar og ombyggingar for å stette dagens krav til skuleanlegg, blant anna med tanke på pedagogikk, samhandling og likeverdig tilkomst. Dette er ei svært kostbar gjeld som er stor i dag, og som vil verte større i tida som kjem. Samla investeringsbehov er svært stort dersom ein skal ta att vedlikehaldsetterslepet og gjere dagens bygningsmasse framtidsretta, sjå kapittelet om økonomi.</p> <p>Mange av ungdomsskulane er eldre bygg, og/eller har eldre bygningsmasse som er i drift. Gjennomsnittsalderen på hovudbygga er om lag 60 år, og nærmar seg både funksjonell og teknisk gjennomsnittleg maksimal levealder for skulebygg.</p> <p>Krava til berekraftige anlegg, t.d. gjennom energibruk, var svært annleis då dei fleste av ungdomsskulane i Alver vart reiste. Kostnadane til å varme dei mange eldre bygga i kommunen er store.</p> <p>Det er i nokre av anlegga utfordringar knytt til inneklima og, ved nokre av anlegga, helseutfordringar. Dette er krevjande problemstillingar å løyse drifts- og bygningsmessig, og noko som krev store ressursar å følgje opp, undersøke og utbetre.</p> <p>Det er med dagens struktur mange bygg som skal kontrollerast og inspiserast etter sjekklister for vedlikehaldsbehov og tryggleik, t.d. leikeplasskontroll. Det er svært mange bygg som mellom anna skal ha dagleg og periodevis reinhald, sesongbasert snømåking eller vedlikehald av plen og natur, renovasjon og overvaking av tekniske anlegg.</p> <p>Nye bygg vert i dag planlagde for bruk av ny teknologi, t.d. robotifisering av reinhald. Få av dagens ungdomsskuleanlegg er eigna for slikt reinhald i Alver.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad</p>	
Område: Nærsenter og lokalmiljø		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder og lokalmiljø	<p>Vedteken kommunal senterstruktur seier ikkje at det skal vere ungdomsskular i alle dei sju sentra i kommunen. Det er likevel berre Bøvågen som ikkje har eigen ungdomsskule av sentra,</p> <p>Ungdomsskulane vert i nokon grad, men likevel i mindre utstrekning enn barneskulane, nytta som nærmiljøanlegg ettermiddagar og helger, til idrett, kultur, kulturskule og private føremål. Også for ungdomsskulane er</p>	

	<p>det særleg gymsalar vert nytta til faste tider, t.d. til idrett og korps. Andre rom som vert nytta, er t.d. skulekjøken, samlingsrom og klasserom til møte eller ymse tilstellingar.</p> <p>Det kjem fram i tilbakemeldingane frå skulane, at det generelt sett er god kapasitet til utlån, og at dei som ønskjer det, får plass. Bygga er i varierende grad eigna til utleige, då det i liten grad er klåre soner og skilje mellom meir private og offentlege soner. Det er grunn til å tru at mange lokalmiljø set pris på å kunne bruke skulen sine lokale til ulike føremål.</p> <p>I alle bygdene er det i tillegg til skulen andre bygg og anlegg som er eigna som møteplassar for kultur, idrett og ymse arrangement i regi av private og organisasjonar. Konkrete døme er ulike forsamlingshus, bygdehus, bedehus, kyrkjer, ungdomshus, idrettsanlegg, klubbhus, barnehage, sandvolleybane, nærmiljøanlegg, leikeplassar og fotballbaner.</p> <p>Det er generelt sett eit rikt tilbod om anlegg og møteplassar, inne og ute, desentralisert i Alver kommune.</p> <p>Demografisk utvikling og flytting av ressursar frå oppvekst til eldreomsorg vil prege norske kommunar i åra framover. Krava til kvalitet og kompetanse er høge, og det er allereie i dag konkurranse mellom kommunar og skular om kompetent arbeidskraft. Det er grunn til å tru at dagens ungdomsskulestruktur ikkje er eintydig berekraftig i eit slikt lys, og at det dermed ikkje er ein solid struktur som vil stå seg over tid. Slik sett vil dagens struktur ikkje vere eit føreseieleg tilbod for innbyggjarane i kommunen; ein lyt rekne med diskusjonar knytt til strukturendringar og nedlegging i fleire lokalmiljø.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad</p>	
--	--	--






14.3 Alternativ 0+ ungdomsskulestruktur



Hovudgrep:

- I 0-alternativet vert dagens struktur oppretthalden, med 5 ungdomsskular og ein kombinert 1-10 skule.
- Alle bygga vert oppgraderte og utvikla til framtidsretta og god standard, gjennom nødvendig rehabilitering, ombygging eller nybygg. Ein legg til grunn standarden slik den er skildra i Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg i Alver kommune.
- Det er ikkje lagt inn kostnadar til utbetring av trafikktilhøve, verken ved anlegga eller langs skuleveg
- Det er ikkje lagt inn kostnadar til inventar. Ein legg til grunn ombruk/gjenbruk der det er mogeleg, og elles innkjøp der det er naudsynt.
- FDVU-kostnad for bygningsdrift vert vidareført med utgangspunkt i gjennomsnittleg FDVU-kostnad per kvadratmeter BTA ungdomsskule, 2023-nivå.
- Dagens lønskostnad vert vidareført for skuledrift

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

Område: HMS		
Målsetjing	Vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	<p>Ungdomsskulane vil ha gode tilhøve med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Tiltaka har minimert risikoen for helseplagar grunna inneklimatematikk, og har eit helsefremjande fysisk arbeidsmiljø slik lova krev.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lydsmitte er handtert i oppgraderingar av anlegg. • Rom har velfungerande lysskjerming. • Det er lett å halde reint, med eigna golvoverflater og gode fasilitetar for reinhald. Anlegga har garderober • Anlegga har skilting, er oversiktlege og enkle å orientere seg i • Det er gode WC-fasilitetar og dusjanlegg som er trygge for elevane å bruke • Tilbodet til elevane i kommune er likeverdig med tanke på fysisk arbeidsmiljø <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad</p>	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	<p>Skulane vil ha gode arbeidstilhøve for tilsette med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har minimert risikoen for helseplagar grunna inneklimatematikk, og har eit helsefremjande fysisk arbeidsmiljø slik lova krev.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er nok areal til lærararbeidsplassar. • Det er ikkje lydsmitte frå arbeidsplassar eller møterom. • Rom har velfungerande lysskjerming. • Skulane er lette å halde reine, med eigna golvoverflater og gode fasilitetar for reinhald. Anlegga har garderobefasilitetar for tilsette etter lovkrav • Anlegga har skilting, er oversiktlege og enkle å orientere seg i, slik at ein lettare unngår situasjonar der ein er åleine i krevjande saker. <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	<p>Strukturalternativet endrar ikkje på tryggleiken når det kjem til skuleveg. Framleis vil om lag 60 % av elevane på ungdomstrinnet ha rett til skuleskyss grunna avstand eller trafikkfarleg veg.</p> <p>Det er stor variasjon i kor trygg trafikksituasjonen er ved den einkilde ungdomsskulen. Ved tre av ungdomsskulane vert trafikksituasjonen vurdert som utrygg, t.d. med manglande skilje mellom mjuke og harde trafikkantar.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad.</p>	
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	<p>Inga endring frå 0-alternativet.</p> <p>Lengste skuleveg for einskildelevar på ungdomstrinnet er om lag 25 km, og tre av ungdomsskulane har skyssavstandar lenger enn 20 km.</p>	


	<p>Reisetida er innafør det fylkeskommunen reknar som akseptabel reiseveg, som er sett til 75 min kvar veg for elevar på ungdomstrinnet.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap		
Målsetjing	Moment i vurdering	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring</p>	<p>Alternativet gjer at alle læringsareala har ein god og framtidretta standard i tråd med Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg. Det er lagt inn oppgraderte areal til variert undervisningspraksis i dei generelle læringsareala og i spesialrom; rom som fremjar undersøking, framføring, variert ergonomi, stillearbeid, samhandling, praktisk aktivitet eller kreativitet, slik fagfornyninga legg vekt på.</p> <p>Det er likeverdig tilkomst til ulike delar av anlegga.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn</p>	<p>Gjennom oppgraderingane i strukturalternativet er anlegga blitt universelt utforma, slik at alle elevane er sikra tilkomst til t.d. toalett, spesialrom og felles areal. Dette kan mellom anna vere gjennom godt plasserte heisar, dører med automatisk opning og terskelfrie overgangar.</p> <p>Anlegga har kontrastfargar og ledelinjer, og både innvendig og utvendig skilting er på plass. Alle skulane har rom spesielt tilrettelagt for elevar med større hjelpebehov og romløyser for inkluderande skjerming av elevar som treng ro og mykje 1:1-oppfølgjing.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar</p>	<p>Strukturalternativet gjev oppgraderte bygg som er meir transparente og har færre mobbesoner. Bygga har fasilitetar og utstyr som inviterer til variert læring og samhandling for elevane, godt vedlikehald og inventar og møblar som fremjar trivsel, slik elevane sjølv ber om.</p> <p>Systematisk arbeid over tid i profesjonsfellesskapet, godt støtta opp av skuleeigar, viser seg å gje gode effektar for læring og trivsel.</p> <p>Strukturalternativet endrar ikkje samansetjinga av, og storleiken på, dei ulike profesjonsfellesskapa.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	
<p>Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse</p>	<p>Strukturalternativet endrar ikkje utfordringa knytt til å ha medarbeidarar med godkjent, god og variert kompetanse eller å skaffe vikarar.</p> <p>Ein kan tenke seg at det er lettare å rekruttere medarbeidarar til eit oppgradert skulebygg. Ein lyt likevel konkurrere om arbeidskraft til like mange skular i den same arbeidsmarknaden. Det er grunn til å tru at små skular i større grad er utsette for diskusjonar knytt til strukturendring og</p>	

	<p>nedlegging, og at dette framleis kan påverke rekruttering og attraksjon negativt.</p> <p>Det vil framleis vere krevjande for små skular å rekruttere lærarar som dekkjer heile fagspekteret, jamfør ny lærarutdanning.</p> <p>Strukturalternativet, med så mange skular som skal sikre vikarar, rekruttere nye tilsette og dekke heile det breie fagspekteret med stadig meir spesialiserte lærarar, er framleis lite føremålstenleg.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	<p>Personalfasilitetane er i strukturalternativet oppgradert på alle skulane, med rom og soner som i større grad fremjar samhandling.</p> <p>Tal pedagogar ved ungdomsskulane i Alver vil framleis variere frå om lag 10 til nærare 40. Desse ulike kollegia skal framleis dekke dei same krava til kompetanse og fagleg utvikling, møte forventning og påbod om systemarbeid, dokumentasjon, breidde og fordjuping. Utfordringane vil vere dei same som i 0-alternativet, og for fleire av skulane kan det vere krevjande å tilby same breidde i språkfag og valfag som dei største kollegia, og i tillegg sikre god nok formell kompetanse på spesialpedagogikk og i basisfaga.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	<p>Strukturalternativet medfører ikkje endring i leiarstruktur, noko som vidarefører dagens utfordringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forventningane til rektorrolla er krevjande å fylle • Utfordrande rekruttering • Økonomisk kostnadsdrivar <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)	<p>Strukturendringa kan gje nokre betre fasilitetar for støttetene ute i ungdomsskulane. Den medfører likevel ingen endringar med tanke på effektiv ressursutnytting. Det er framleis mange einingar, kulturar, tilsette og elevar tenestene skal kjenne og bygge relasjonar med. Tenestene vil ha like lita tid ute i ungdomsskulane som i dag</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune	<p>Dagens kapasitet vert vidareført i strukturalternativet. Det betyr framleis noko overkapasitet, med om lag 200 elevplassar på ungdomstrinnet. Nokre ungdomsskular har framleis større overkapasitet enn andre, og kapasiteten er ikkje tilpassa prognosane for framtidig elevtalsutvikling.</p> <p>Strukturen, med relativt mange små einingar er framleis kostbar.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	<p>Ein desentralisert ungdomsskulestruktur i Alver, vil framleis vere krevjande med tanke på drift og utvikling av anlegg. Det er mange bygg å halde oversikt over, samhandle om og kjenne eigarskap til, halde ved like og utvikle i tråd med dagens og framtidias krav til formålsbygg.</p>	

	<p>Strukturalternativet gjer likevel at ein har nullt ut dagens vedlikehaldsetterslep. Slik sett kan ein ha større fokus på utviklingsaspektet i FDVU, og mindre fokus på å rette feil og manglar i ettertid. Oppgraderinga vil føre til meir energieffektive skulebygg, enklare reinhald og gje lang levetid på bygningsmassen, men det er uråd å talfeste effekten nøyaktig i eit overordna strukturarbeid som dette.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
<p>Område: Nærsteder og lokalmiljø</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder og lokalmiljø</p>	<p>Det vil framleis vere god kapasitet på utlån av rom og funksjonar i 0+ alternativet. Sjølv om mange av anlegga også i dag er eigna til utleige og bruk ettermiddag og helg, vil oppgraderte anlegg gje endå betre fasilitetar som mange har glede av.</p> <p>Både dagens struktur og 0+ alternativet gjev overkapasitet når det gjeld bruk av anlegga til ulike føremål i regi av kultur, idrett og lokalmiljø, og det synes som at ungdomsskulane i mindre grad enn barneskulane vert nytta som nærmiljøanlegg. Mange bygder har også alternative møteplassar.</p> <p>Det er ikkje grunn til å tru at 0+ alternativet er berekraftig i lys av kommuneøkonomi og demografiutvikling. Ein lyt difor truleg rekne med diskusjonar knytt til strukturendringar og nedlegging av skular i fleire lokalmiljø også framover.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	

14.4 Alternativ 1 – ungdomsskulestruktur

Vi vil i dette kapittelet gjere ei vurdering av alternativ 1.













Hovudgrep:

- I alternativ 1 vert Lindås u slått saman med Lindås b (og Myking) til ein ny 1-10-skule med kapasitet til i overkant av 400 elevar. Dette vert gjort ved å lage tilbygg for ungdomsskuleelevane til Lindås b. Ein legg opp til sambruk av spesialrom og idrett, i tillegg til riving av gamal paviljong og gamal gymsal Lindås b.
- I alternativ 3 i alternativsvurderinga av barneskulestruktur er Manger og Radøy u foreslått å bli 1-10-skule for i overkant av 300 elevar.
- Alternativet gjev dermed 3 eller 4 ungdomsskular og 2 eller 3 kombinertskular i Alver kommune, alt etter kva ein vedtar for Manger og Radøy u.
- Alternativet medfører nye lokasjonar for ungdomsskuleelevane i Lindås, men i same bygd.
- Alle ungdomsskulane vert oppgraderte og utvikla til framtidsretta og god standard, gjennom nødvendig rehabilitering, ombygging eller nybygg. Ein legg til grunn standarden slik den er skildra i Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg i Alver kommune.
- Det er ikkje lagt inn kostnader til utbetring av trafikktilhøve, verken ved anlegga eller langs skuleveg
- Det er ikkje lagt inn kostnader til inventar. Ein legg til grunn ombruk/gjenbruk der det er mogeleg, og elles innkjøp der det er naudsynt.
- FDVU-kostnad for bygningsdrift vert vidareført med utgangspunkt i gjennomsnittleg FDVU-kostnad per kvadratmeter BTA ungdomsskule, 2023-nivå.

- Etterbruk vert handsama i eiga sak.

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad


Område: HMS		
Målsetjing	Vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevvar.	Området vert vurdert tilnærma likt som 0+ alternativet. Alle ungdomsskulane vil ha gode tilhøve med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Tiltaka gjev eit helsefremjande fysisk læringsmiljø slik lova krev. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	Området vert vurdert tilnærma likt som 0+ alternativet. Skulane vil ha gode arbeidstilhøve for tilsette med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har skapt helsefremjande fysiske arbeidsmiljø slik lova krev. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	Strukturalternativet endrar noko på tryggleiken når det kjem til skuleveg. Lindås u har ein krevjande trafikk situasjon ved skulen per i dag, utan skilje mellom harde og mjuke trafikkantar. Trafikk situasjonen ved Lindås b er tryggare for elevane. Framleis vil om lag 60 % av elevane på ungdomstrinnet i Alver ha rett til skuleskyss, primært grunna avstand. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.	
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevvar	Inga endring frå 0-alternativet. Lengste skuleveg for einskildelevvar på ungdomstrinnet er om lag 25 km, og tre av ungdomsskulane har skyssavstandar lenger enn 20 km. Reisetida er innafor det fylkeskommunen reknar som akseptabel reiseveg, som er sett til 75 min kvar veg for elevvar på ungdomstrinnet. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.	
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidretta	Alternativet gjer at alle læringsareala har ein god og framtidretta standard i tråd med Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg. Det er lagt inn oppgraderte areal til variert undervisningspraksis i dei generelle læringsareala og i spesialrom; rom som fremjar undersøking, framføring,	

<p>fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa lek og læring</p>	<p>variert ergonomi, stillearbeid, samhandling, praktisk aktivitet eller kreativitet, slik fagfornyinga legg vekt på.</p> <p>Det er likeverdig tilkomst til ulike delar av anlegga.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillir krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn</p>	<p>Gjennom oppgraderingane i strukturalternativet er anlegga blitt universelt utforma, slik at alle elevane er sikra tilkomst til t.d. toalett, spesialrom og felles areal. Dette kan mellom anna vere gjennom godt plasserte heisar, dører med automatisk opning og terskelfrie overgangar.</p> <p>Anlegga har kontrastfargar og ledelinjer, og både innvendig og utvendig skilting er på plass. Alle skulane har rom spesielt tilrettelagt for elevar med større hjelpebehov og romløyseringar for inkluderande skjerming av elevar som treng ro og mykje 1:1-oppfølgjing.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar</p>	<p>Strukturalternativet gjev oppgraderte bygg som er meir transparente og har færre mobbesoner. Bygga har fasilitetar og utstyr som inviterer til variert læring og samhandling for elevane, godt vedlikehald og inventar og møblar som fremjar trivsel, slik elevane sjølv ber om.</p> <p>Systematisk arbeid over tid i profesjonsfellesskapet, godt støtta opp av skuleeigar, viser seg å gje gode effektar for læring og trivsel.</p> <p>Eit tilleggsmoment er at ein etablerer 1-10 skule ved Lindås b. Dette gjev høve til tett samarbeid og samhandling mellom barneskule og ungdomsskule. Barneskuleelevar kan oppleve gode førebilete i ungdomsskulen. Ungdomsskuleelevar vil kunne vekse på å ta og få ansvar i samspel med yngre elevar. Struktura legg til rette for smidig overgang frå barneskule til ungdomsskule.</p> <p>Nokre elevar på barneskulen vil kunne oppleve endringa som trygg, andre vil kunne vere meir usikre i ein overgang. Dette lyt ein jobbe aktivt med, både organisatorisk og i prosjektering av tilbygg og soner for samhandling og soner som er delte og skjerma.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad</p>	
<p>Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse</p>	<p>Strukturalternativet endrar berre i liten grad utfordringa knytt til å ha medarbeidarar med godkjent, god og variert kompetanse eller å skaffe vikarar. Det vil framleis vere krevjande for små skular å rekruttere lærarar som dekkjer heile fagspekteret, jamfør ny lærarutdanning.</p> <p>Ein kan tenke seg at det er lettare å rekruttere medarbeidarar til oppgraderte skulebygg. Lindås u og Lindås b kan også dra vekslar på kvarandre sin kompetanse når ein vert 1-10 skule.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	

<p>Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap</p>	<p>Personalfasilitetane er i strukturalternativet oppgradert på alle skulane, med rom og soner som i større grad fremjar samhandling.</p> <p>Tal pedagogar ved ungdomsskulane i Alver vil framleis variere frå om lag 10 til nærare 40 (2023-tal), men samla kollegium ved Lindås 1-10 vert om lag dobla i høve kollegiet ved Lindås u åleine. Dette kan gje lettare tilgang på variert kompetanse, t.d. i språkfag, valfag og praktisk-estetiske fag.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar robuste leiarteam</p>	<p>Strukturalternativet medfører små endringar i leiarstruktur samla sett.</p> <p>Det er likevel slik at samanslåing av Lindås u og Lindås b gjev høve til å etablere både eit meir robust og effektivt leiarteam sett saman av komplementære dugleikar på denne skulen.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)</p>	<p>Strukturalternativet medfører noko endring med tanke på samarbeidet med støttettenestene.</p> <p>Samanslåinga til Lindås 1-10 gjev ei eining mindre å forholde seg til for støttettenestene, og over 350 elevar i den nye skulen vil ha jamnare tilgang på helsesjukesleiar. Det er likevel framleis mange einingar, kulturar, tilsette og elevar tenestene skal kjenne og bygge relasjonar med.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
<p>Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune</p>	<p>Lindås u utnyttar i dag heile plasskapasiteten, medan Lindås b har stor overkapasitet. Overkapasiteten på Lindås b vert mindre dersom ein sanerer paviljongen der 7. trinn held til i dag, og god prosjektering kan gje effektivt tilbygg og samla sett meir optimal kapasitetsutnytting av anlegget.</p> <p>Nokre ungdomsskular vil framleis ha større overkapasitet enn andre, og kapasiteten er ikkje tilpassa prognosane for framtidig elevtalsutvikling.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift</p>	<p>Strukturendringa gjev ein skule mindre å drifte som det i dag er knytta store kostnader til. Lindås u treng svært store oppgraderingar for å verte ein framtidretta skule i tråd med forskrift. Dette vert løyst effektivt i dette strukturgrepet.</p> <p>Ein desentralisert ungdomsskulestruktur i Alver, vil framleis vere krevjande med tanke på drift og utvikling av anlegg. Det er mange bygg å halde oversikt over, samhandle om og kjenne eigarskap til, halde ved like og utvikle i tråd med dagens og framtidens krav til formålsbygg.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
<p>Område: Nærserter og lokalmiljø</p>		

Målsetjing	Moment i vurdering	
<p>Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder og lokalmiljø</p>	<p>Strukturforslaget gjev små endringar på dette området. Lindås får eit skulebygg mindre, men eit samla skulemiljø kan verte ein sterk aktør i lokalsenteret, med gode fasilitetar for bruk – tett på idrettsanlegget.</p> <p>På kommunalt nivå vil det framleis vere god kapasitet på utlån av rom og funksjonar i strukturalternativet.</p> <p>Det er ikkje grunn til å tru at alternativ 1 er berekraftig i lys av kommuneøkonomi og demografiutvikling. Ein lyt difor truleg rekne med diskusjonar knytt til strukturendringar og nedlegging av skular i fleire lokalmiljø også framover.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	






14.5 Alternativ 2 – ungdomsskulestruktur







Hovudgrep:

- I dette strukturalternativet tek ein med endringane frå 0+ og alternativ 1: Alle skulane er oppgraderte til framtidretta standard. Etablering av Lindås 1-10 med kapasitet til i overkant av 400 elevar, lokalisert ved dagens Lindås b. Vi legg også til grunn at Manger og Radøy u har blitt 1-10-skule for i overkant av 300 elevar.
- **Nye tiltak:**
 - Flytte Rosslund u til ny Meland u, ein skule for i overkant av 300 elevar, lokalisert på ny tomt eller på dagens tomt. Tomteevaluering / alternativsvurdering tomt kan krevje ROS-analyse.
 - Flytte Ostereidet u til rehabilitert og utvida Knarvik u, ein skule for i overkant av 500 elevar (inkl. ungdomsskulelevane frå Sæbø).
- Alternativet gjev dermed 2 ungdomsskular og 2 kombinertskular i Alver kommune.
- Alle ungdomsskulane vert oppgraderte og utvikla til framtidretta og god standard, gjennom nødvendig rehabilitering, ombygging eller nybygg. Ein legg til grunn standarden slik den er skildra i Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg i Alver kommune.
- Det er ikkje lagt inn kostnadar til utbetring av trafikktilhøve, verken ved anlegga eller langs skuleveg
- Det er ikkje lagt inn kostnadar til inventar. Ein legg til grunn ombruk/gjenbruk der det er mogeleg, og elles innkjøp der det er naudsynt.
- FDVU-kostnad for bygningsdrift vert vidareført med utgangspunkt i gjennomsnittleg FDVU-kostnad per kvadratmeter BTA ungdomsskule, 2023-nivå.
- Etterbruk av anlegg handsamast i eiga sak.

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad


Område: HMS		
Målsetjing	Vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevlar.	Området vert vurdert tilnærma likt som 0+ alternativet. Alle ungdomsskulane vil ha gode tilhøve med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Tiltaka gjev eit helsefremjande fysisk læringsmiljø slik lova krev. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	Området vert vurdert tilnærma likt som 0+ alternativet. Skulane vil ha gode arbeidstilhøve for tilsette med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har skapt helsefremjande fysiske arbeidsmiljø slik lova krev. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	Strukturalternativet endrar i nokon grad på tryggleiken når det kjem til skuleveg. Ostereidet u har ein krevjande trafikksituasjon ved skulen, mellom anna knytt til parkering, henting og bringing. Knarvik u har betre tilhøve for trafikkavvikling. Trafikksituasjonen ved Rosslund er bra. Ein legg til grunn at ny Meland u gjev gode og trygge trafikkale tilhøve ved anlegget. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.	
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevlar	I dag har nær alle elevane på Ostereidet u og Rosslund u og ungdomssuleelevlar frå Sæbø skuleskyss. Desse vil også få skuleskyss i det nye alternativet. Framleis vil om lag 60 % av elevane på ungdomstrinnet i Alver ha rett til skuleskyss, primært grunna avstand. Sæbø: Ungdomsskuleelevlar frå Sæbø får i dag skyss til Radøy u. Det er 11 km mellom Sæbø skule og Knarvik u. Det er også 11 km mellom Sæbø skule og Radøy u. Endra reisetid vert avhengig av kvar i krinsen ein bur i dag. Nokre elevlar vil få noko kortare reisetid, andre noko lenger. Endringa vert likevel vurdert til å vere relativt låg. Rosslund: Einskilde elevlar som bur nord for skulen vil kunne få inntil 40 min reisetid med buss kvar veg til Meland u, og dermed lengre tid på	

	<p>bussen. Andre elevar vil få om lag lik reisetid. Mange av elevane som kjem frå Vestbygd krins i dag, vil få tilnærma lik reisetid, og nokre kortare.</p> <p>Ostereidet u: Alle elevane vil få lenger reiseveg. Det er 20 km frå Ostereidet skule til Knarvik u. Med offentleg transport (buss) er reisetida 48 min, med bil 21 min (Google maps). Elevar som bur mellom Ostereidet og Knarvik vil få kortare reisetid enn dette, samstundes som elevar som bur mellom Ostereidet og Romarheim/Dyrkolbotn vil få lenger skuleveg. Frå Dyrkolbotn til Knarvik u er det 42 km. Dette tek 42 min med bil og 71 min med offentleg transport (Google maps). Då nærmar ein seg grensa for anbefalt reisetid på 75 min. Vi tilrår difor at kommunen etablerer raskare tilføringsrute for elevane som bur lengst vekk frå Knarvik u, til dømes taxi, som tek elevane raskare til nærare ordinær skuleskyss. Reisetida bør vere innafor det fylkeskommunen reknar som akseptabel reiseveg, som er sett til 75 min kvar veg for elevar på ungdomstrinnet.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.</p>	
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap		
Målsetjing	Moment i vurdering	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidsetta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring</p>	<p>Alternativet gjer at alle læringsareala har ein god og framtidsetta standard i tråd med Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg i Alver. Det er lagt inn oppgraderte areal til variert undervisningspraksis i dei generelle læringsareala og i spesialrom; rom som fremjar undersøking, framføring, variert ergonomi, stillearbeid, samhandling, praktisk aktivitet eller kreativitet, slik fagfornynging legg vekt på.</p> <p>Det er likeverdig tilkomst til ulike delar av anlegga.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn</p>	<p>Gjennom oppgraderingane i strukturalternativet er anlegga blitt universelt utforma, slik at alle elevane er sikra tilkomst til t.d. toalett, spesialrom og felles areal. Dette kan mellom anna vere gjennom godt plasserte heisar, dører med automatisk opning og terskelfrie overgangar.</p> <p>Anlegga har kontrastfargar og ledeliner, og både innvendig og utvendig skilting er på plass. Alle skulane har rom spesielt tilrettelagt for elevar med større hjelpebehov og romløysingar for inkluderande skjerming av elevar som treng ro og mykje 1:1-oppfølgning.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar</p>	<p>Strukturalternativet gjev oppgraderte bygg som er meir transparente og har færre mobbesoner. Bygga har fasilitetar og utstyr som inviterer til variert læring og samhandling for elevane, godt vedlikehald og inventar og møblar som fremjar trivsel, slik elevane sjølv ber om.</p> <p>Systematisk arbeid over tid i profesjonsfellesskapet, godt støtta opp av skuleeigar, viser seg å gje gode effektar for læring og trivsel. Solide fagmiljø og kompetente vaksne er viktig for elevane sitt læringsmiljø.</p>	

	<p>Elevane ved Ostereidet u vil få eit større miljø å finne vener i, og gå frå kullstorleikar på om lag 30 elevar (1-2 parallellar), til kullstorleikar på 170 (6 parallellar). Elevane frå Sæbø vil gå frå ein 3-parallell skule til ein 6-parallell skule i Knarvik. Elevane ved Rossland vil gå frå ein 2-parallell skule med om lag 40 elevar på kvart kull, til ein 4-parallell skule med ca. 100 elevar på kvart kull på Meland u.</p> <p>Mange elevar vil setje pris på større miljø og fleire elevar å spele på. Andre kan oppleve ein slik overgang som utfordrande. Barn og unge tåler i stor grad endring. Gode vaksne og god tilrettelegging er uansett viktig i endringa.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad</p>	
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	<p>Strukturalternativet kan gjere det lettare å rekruttere medarbeidarar med godkjent, god og variert kompetanse. Lokalisering av skulane er meir sentrumsnær og fagmiljøa vert større.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	<p>Personalfasilitetane er i strukturalternativet oppgradert på alle skulane, med rom og soner som i større grad fremjar samhandling.</p> <p>Profesjonsfellesskapa vert større. Det vert lettare å bygge fagteam og lettare både å sikre spesialisert kompetanse og nok breidde i tilbodet til elevane.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	<p>Strukturalternativet gjev høve til å etablere meir robuste og effektive leiarteam sett saman av komplementære dugleikar på dei samanslåtte skulane.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)	<p>Strukturalternativet gjer at det vært to færre einingar å forholde seg til for støttetenestene, og svært mange ungdomsskuleelevar vil ha jamnare tilgang på helsesjukepleiar.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune	<p>Strukturalternativet gjev god tilpassing til forventa framtidig elevtal. Kapasiteten vert sikra i områda der ein ventar størst vekst (minst nedgang).</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	<p>Strukturendringa gjev to skular færre å drifte som det i dag er knytt store kostnader til. Både Ostereidet u og Rossland u har store bygningsmessige og funksjonelle manglar.</p>	

	<p>Det vert færre bygg å halde oversikt over, samhandle om og kjenne eigarskap til, halde ved like og utvikle i tråd med dagens og framtidens krav til formålsbygg.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
Område: Nærsteder og lokalmiljø		
Målsetjing	Moment i vurdering	
<p>Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder og lokalmiljø</p>	<p>Strukturforslaget medfører at Ostereidet og Vikebø ikkje lenger har ungdomsskule. Bygdene vil framleis ha barneskule, og tilgang til fasilitetar ettermiddag og helg.</p> <p>Samla skulemiljø kan verte ein sterk aktørar i lokalsamfunna, med gode fasilitetar for bruk der dei samanslåtte skulane ligg.</p> <p>På kommunalt nivå vil det framleis vere god kapasitet på utlån av rom og funksjonar i strukturalternativet. Det er grunn til å tru at alternativ 2 er berekraftig i lys av kommuneøkonomi og demografiutvikling. Dette kan skape ro kring vidare diskusjonar om skulenedlegging</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	






14.6 Alternativ 3 – ungdomsskulestruktur








Hovudgrep:

- I dette strukturalternativet tek ein med endringane frå 0+ og alternativ 1: Alle skulane er oppgraderte til framtidsretta standard. Etablering av Lindås 1-10 med kapasitet til i overkant av 400 elevar, lokalisert ved dagens Lindås b. Vi legg også til grunn at Manger og Radøy u har blitt 1-10-skule for i overkant av 300 elevar.
- **Nye tiltak:**
 - *I staden for å flytte Rossland u til ny Meland u, ungdomsskuleelevar frå Sæbø og Ostereidet u til Knarvik u, samlar ein elevane frå Rossland u, Sæbø (u), Ostereidet u og Meland u i ein rehabilitert og utvida Knarvik u, lokalisert på dagens tomt. 82-bygget og paviljong vert erstatta av nybygg/tilbygg. Skulen vert ein 10 parallell ungdomsskule med kapasitet på over 800 elevar*
- Alternativet gjev dermed 1 ungdomsskule og 2 kombinertskular i Alver kommune.
- Alle ungdomsskulane vert oppgraderte og utvikla til framtidsretta og god standard, gjennom nødvendig rehabilitering, ombygging eller nybygg. Ein legg til grunn standarden slik den er skildra i Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg i Alver kommune.
- Det er ikkje lagt inn kostnadar til utbetring av trafikktilhøve, verken ved anlegga eller langs skuleveg
- Det er ikkje lagt inn kostnadar til inventar. Ein legg til grunn ombruk/gjenbruk der det er mogeleg, og elles innkjøp der det er naudsynt.
- FDVU-kostnad for bygningsdrift vert vidareført med utgangspunkt i gjennomsnittleg FDVU-kostnad per kvadratmeter BTA ungdomsskule, 2023-nivå.
- Etterbruk av anlegg handsamast i eiga sak.

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad






Område: HMS		
Målsetjing	Vurdering	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.	Området vert vurdert tilnærma likt som 0+ alternativet. Alle ungdomsskulane vil ha gode tilhøve med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Tiltaka gjev eit helsefremjande fysisk læringsmiljø slik lova krev. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.	
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette	Området vert vurdert tilnærma likt som 0+ alternativet. Skulane vil ha gode arbeidstilhøve for tilsette med tanke på lyd, lys, lukt og akustikk. Ein har skapt helsefremjande fysiske arbeidsmiljø slik lova krev. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	Strukturalternativet endrar i liten grad på tryggleiken når det kjem til skuleveg. Ein legg til grunn at rehabilitert Knarvik u vil ha trygge trafikktilhøve Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad	
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	Forskjellen frå alternativ 2 vil vere at elevar frå Rosslund og Meland u vil få lenger reiseveg. Det er 6 km mellom Meland u og Knarvik u. Elevane frå Rosslund vil få om lag 10 min lenge reisetid enn i alternativ 2. Nokre elevar vil få inntil 50 min reisetid til og frå skulen. I dag har 50 av elevane på Meland u skuleskyss. I dette alternativet vil alle dei 183 elevane (2023-tal) få skuleskyss Reisetida er innafor det fylkeskommunen reknar som akseptabel reiseveg, som er sett til 75 min kvar veg for elevar på ungdomstrinnet. Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad.	
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet tilfredsstillar krav	Alternativet gjer at alle læringsareala har ein god og framtidretta standard i tråd med Prinsipp for barnehage- og skuleanlegg i Alver. Det	







































































<p>til godt og framtidretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring</p>	<p>er lagt inn oppgraderte areal til variert undervisningspraksis i dei generelle læringsareala og i spesialrom; rom som fremjar undersøking, framføring, variert ergonomi, stillearbeid, samhandling, praktisk aktivitet eller kreativitet, slik fagfornyngja legg vekt på.</p> <p>Det er likeverdig tilkomst til ulike delar av anlegga.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet tilfredsstillir krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn</p>	<p>Gjennom oppgraderingane i strukturalternativet er anlegga blitt universelt utforma, slik at alle elevane er sikra tilkomst til t.d. toalett, spesialrom og felles areal. Dette kan mellom anna vere gjennom godt plasserte heisar, dører med automatisk opning og terskelfrie overgangar.</p> <p>Anlegga har kontrastfargar og ledelinjer, og både innvendig og utvendig skilting er på plass. Alle skulane har rom spesielt tilrettelagt for elevar med større hjelpebehov og romløysingar for inkluderande skjerming av elevar som treng ro og mykje 1:1-oppfølgjing.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar</p>	<p>Strukturalternativet gjev oppgraderte bygg som er meir transparente og har færre mobbesoner. Bygga har fasilitetar og utstyr som inviterer til variert læring og samhandling for elevane, godt vedlikehald og inventar og møblar som fremjar trivsel, slik elevane sjølv ber om.</p> <p>Systematisk arbeid over tid i profesjonsfelleskapet, godt støtta opp av skuleeigar, viser seg å gje gode effektar for læring og trivsel. Solide fagmiljø og kompetente vaksne er viktig for elevane sitt læringsmiljø.</p> <p>Elevane ved ungdomsskulane vil få eit stort miljø å vere i. Den nye ungdomsskulen vil ha over 800 elevar, fordelt på 10 parallellar. Anlegget må byggast klokt, med gode soner for både skjerming og samspel. Mange ungdomsskular i Noreg har denne skulestorleiken i dag.</p> <p>Mange elevar vil setje pris på større miljø og fleire elevar å spele på. Andre kan oppleve ein slik overgang som utfordrande. Barn og unge tåler i stor grad endring. Gode vaksne og god tilrettelegging er uansett viktig i endringa.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	
<p>Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse</p>		
<p>Målsetjing</p>	<p>Moment i vurdering</p>	
<p>Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse</p>	<p>Strukturalternativet kan gjere det lettare å rekruttere medarbeidarar med godkjent, god og variert kompetanse. Lokalisering av skulen er sentrumsnær og fagmiljøet vert svært stort.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
<p>Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap</p>	<p>Personalfasilitetane er i strukturalternativet oppgradert på alle skulane, med rom og soner som i større grad fremjar samhandling.</p> <p>Profesjonsfelleskapet vert større på kvar ungdomsskule / kombinertskule. Det vert lettare å bygge fagteam og lettare både å sikre</p>	

	<p>spesialisert kompetanse og nok breidde i tilbudet til elevane. Effektiv drift kan gjere at skulen har høve til å tilsette medarbeidarar med anna fagbakgrunn, t.d. miljøarbeidarar.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	<p>Strukturalternativet gjev høve til å etablere svært robuste og effektive leiarteam sett saman av komplementære dugleikar på dei samanslåtte skulane.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad.</p>	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)	<p>Strukturalternativet gjer at det vært tre færre einingar å forholde seg til for støttenestene, og svært mange ungdomsskuleelevar vil ha jamn og god tilgang på helsesjukepleiar.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune	<p>Strukturalternativet gjev god tilpassing til forventa framtidig elevtal. Kapasiteten vert sikra i områda der ein ventar størst vekst (minst nedgang).</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	<p>Strukturendringa gjev tre skular færre å drifte som det i dag er knytt store kostnadar til. Både Ostereidet u, Meland u og Rosslund u har store bygningsmessige og funksjonelle manglar.</p> <p>Det vert færre bygg å halde oversikt over, samhandle om og kjenne eigarskap til, halde ved like og utvikle i tråd med dagens og framtidens krav til formålsbygg.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad.</p>	
Område: Nærsenter og lokalmiljø		
Målsetjing	Moment i vurdering	
Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive senter, bygder og lokalmiljø	<p>Strukturforlaget medfører at Ostereidet, Frekhaug og Vikebø ikkje lenger har ungdomsskule. Bygdene vil framleis ha barneskular, og tilgang til fasilitetar ettermiddag og helg. I alternativsvurderinga for barneskulestruktur vert det tilrådd å utvikle Sagstad skule til ein stor og moderne barneskule for området kring Frekhaug.</p> <p>På kommunalt nivå vil det framleis vere god kapasitet på utlån av rom og funksjonar i strukturalternativet. Det er grunn til å tru at alternativ 3 er berekraftig i lys av kommuneøkonomi og demografiutvikling. Dette kan skape ro kring vidare diskusjonar om skulenedleggingar.</p> <p>Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad.</p>	

14.7 Oppsummering evaluering struktur ungdomsskule

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen:

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

Område	Alt 0	Alt 0+	Alt 1	Alt 2	Alt 3
Område: HMS					
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar.					
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for tilsette					
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg					
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar					
Område: Barn; Likeverd, leik, læring og venskap					
Alternativet tilfredsstillar krav til framtidretta fysisk miljø som fremjar leik og læring					
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til alle barn					
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar					
Område: Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse					
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse					
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap					
Alternativet fremjar robuste leiarteam					
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)					
Område: Ressursutnytting: Kapasitet og effektiv drift					
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Alver kommune					
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift					
Område: Nærsepter og lokalmiljø					
Alternativet legg til rette for berekraftige og attraktive septer, bygder lokalmiljø					

15 Økonomi

15.1 Føresetnader for utrekning av kostnader

I økonomikapittelet gjer vi greie for ulike økonomiske konsekvensar av dagens struktur og av dei ulike strukturalternativa for barnehage, barneskule og ungdomsskule. Målet er å vise kostnader med drift av skule og barnehage i dei ulike alternativa, og det innsparingspotensialet som kan ligge i mogelege strukturendringar.

Til grunn for utrekningane ligg følgjande:

- Skule- /barnehagedrift:** Inkluderer årlege kostnader til løn, tilsette og leiging, samt innkjøp drift på den einsskildede skule/barnehage. Samanlikningsgrunnlaget er budsjett 2024.
- Bygningsdrift:** Inkluderer årlege kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV), og utviklingskostnader som er ført på driftsbudsjettet. Samanlikningsgrunnlaget er rekneskap 2023.
- Skyss:** Inkluderer årlege kostnader til skyss for elevar i dei ulike alternativa (skule). Samanlikningsgrunnlaget er budsjett 2024. Kostnad per elev per dag: kr 36.
- Kapitalkostnader:** Inkluderer årlege kostnader til avdrag og renter for lån til investeringar. Kostnader investeringar bygger i hovudsak på omfang av tiltak med kvadratmeterprisar etter Norsk Prisbok (sjå neste kapittel). Rentesaft 4%, 30 år nedbetaling. Annuitetslån. MVA trukke frå.

Følgjande er ikkje tatt med i dei økonomiske berekningane:

- Etterbruk:** Etterbruk av anlegga, t.d. sal, rivning eller formålsendring, er ikkje tatt med som kostnad eller inntekt. Etterbruk vert tilrådd som eiga sak når struktur er vedteken.
- Tomtekjøp:** Tomtekjøp ved alternativ lokasjon er ikkje medteke i kostnader, og krev eventuelt eiga sak. Ingen av strukturalternativa legg i utgangspunktet opp til at tomtekjøp er naudsynt.
- Inventar:** Prosjektet legg til grunn stor grad av gjenbruk og ombruk. Kostnader til inventar er ikkje medtekne.
- Midlertidige lokale:** Kostnader til midlertidige lokale ved oppgradering av anlegg ligg ikkje inne i prisane. Ein legg til grunn utnytting av ledig kommunal kapasitet. Elles lyt alternativ kostnadsreknast i det einsskildede tilfelle.
- Tilskot per grunnskule:** I regjeringa sitt budsjett frå 2022 vart det innført eit årleg tilskot på NOK 500.000 per grunnskule, gjeve som frie midlar til kommunane. Satsen vart for 2023 auka til NOK 519.000 per grunnskule. Ein reduksjon i tal skular, vil redusere denne frie inntekta til Alver kommune tilsvarande. Det er politisk usemje om denne tilskotsordninga på nasjonalt nivå, og det er difor ikkje lagt inn som del av dei økonomiske berekningane for kvart alternativ. Per april 2024, vil det likevel vere slik at eksempelvis 10 færre skular medfører reduksjon i årleg tilskot på om lag NOK 5 mill.

15.1.1 Norsk prisbok – kontoplan

I utreking av investeringskostnader, vert det nytta følgjande kvadratmeterprisar (NOK/m² BTA, inkl. MVA) etter kontoplan som vist i NS3453 – Spesifikasjon av kostnader i byggeprosjekt:

Nybygg	Ombygging	Delvis ombygging	Oppussing	Riving
49000	35000	25000	10000	3000

Ein kontoplan viser dei ulike kostnadane som leiar fram til kvadratmeterprisane for ulike tilrådde tiltak:

NS3453
01 Felleskostnader
02 Bygning
03 VVS-installasjoner
04 Elkraft
05 Tele og automatisering
06 Andre installasjoner
07 Utendørs inkl. uspesifisert
01-07 Entreprenørekostnad
08 Generelle kostnader
01-08 Byggekostnad
09 Spesielle kostnader
10 MVA
01-10 Basiskostnad
11 Forventet tillegg
01-11 Prosjektkostnad
12 Usikkerhetsavsetning
01-12 Kostnadsramme
13 Prisregulering
SUM KALKYLE

- Huskostnad: Sum konto 01-06, dvs. entreprenørekostnad ekskl. utendørs tiltak.
- Entreprenørekostnad: Sum konto 01-07, dvs. alle entreprenørens kostnader ekskl. MVA.
- Generelle kostnader: Disse ligg i konto 08 og omfattar kostnader knytt til prosjektering, administrasjon, forsikringar og bygningsgebyr.
- Spesielle kostnader: Kostnader knytt til mellom anna laust inventar, midlertidig bygg, tomtekjøp, finansiering og kunstnerisk utsmykking.
- Basiskostnad: Sum konto 01-10. Summen av kostnader for prosjektet (inkl. mva) ekskl. forventa tillegg og usikkerheitsavsetning.
- Forventa tillegg: Avsetning for å oppnå ønska tryggleik for prosjektkostnaden.
- Usikkerheitsavsetning: Avsetning for å oppnå ønska tryggleik mot overskriding av kostnadsramma.

15.1.2 Kostnader ved strukturendringar som fører til kombinerte 1-10-skular

I nokre av alternativa vert det fremja forslag om å slå saman barneskule og ungdomsskule til kombinerte 1-10-skular. Dette gjeld konkret:

- Manger b og Radøy u
- Lindås b og Lindås u

Kostnadane til dette vert vist slik:

Kostnader til skuledrift og skysskostnader er fordelt på barne- og ungdomsskuledelen av dei nye einingane.

Kostnader til bygningsdrift og kapitalkostnader er ført på det skuleslaget som utløyser tiltaket:

- Manger b og Radøy u: Kostnaden er ført på barnetrinnet fordi kostnaden vert utløyst av behov på barneskulen Manger b.
- Lindås u og Lindås b: Kostnaden er ført på ungdomstrinnet fordi kostnaden vert utløyst av behov på ungdomsskulen Lindås u.

15.1.3 Tilskot private barnehagar

Kommunane skal gje private barnehagar tilskot til drift. Driftstilskotet har samanheng med driftsutgiftene per barn i kommunale barnehagar. Inkludert i driftsutgiftene som ligg til grunn for dei kommunale driftstilskota, er både den ordinære barnehagedrifta (løn, varer og tenester) og FDV (forvaltning, drift og vedlikehald, inkludert løn til reinhald, driftsteknikar, material og arbeid for å halde bygget ved like).

Reduksjon i kommunale driftsutgifter per barn i kommunale barnehagar reduserer satsane på driftstilskot til dei private barnehagane.

Norconsult har i dette strukturarbeidet ikkje innsikt nok i dei kommunale rekneskapstala til å rekne nøyaktig på konsekvensar av reduserte kommunale kostnader for utgifter til tilskot. Gjennom nokre eksempel viser vi likevel eit mogleg potensiale for innsparingar:

For 2024 er dei vedtekne årlege tilskotssatsane slik i Alver kommune:

- Barn 0-2 år: Kr 271.224 per barn
- Barn 3-6 år: Kr 136.733 kr per barn

Dersom ein legg til grunn barnetalet i dei private barnehagane i Alver i 2023, og nyttar tilskotssatsen for 2024, vert samla tilskot til private barnehagar slik:

Tilskot private barnehagar Alver				
Alder	Barn 2023	Tilskotssats 24	Tilskot	
0-2 år	397	kr 271 224	kr	107 675 928
3-6 år	657	kr 136 733	kr	89 833 581
		Samla tilskot	kr	197 509 509

Årleg tilskot til private barnehagar vert i dette dømet på NOK 197,5 mill.

Med eit barnetal i private barnehagar på om lag 1000, vil kvar tusenlapp ein reduserer i tilskot, gje ei årleg kommunal innsparing på om lag NOK 1 mill.

Døme 1: Ein reduserer tilskotet med kr 5.000 per barn:

Tilskot private barnehagar Alver -redusert sats kr 5000 per barn				
Alder	Barn 2023	Tilskotssats 24	Tilskot	
0-2 år	397 kr	266 224 kr		105 690 928
3-6 år	657 kr	131 733 kr		86 548 581
		Samla tilskot	kr	192 239 509

Med redusert tilskot per barn på kr. 5.000,-, vil samla innsparing i driftstilskot verte om lag NOK 5 mill.

Døme 2: Ein reduserer tilskotet med kr 10.000 per barn:

Tilskot private barnehagar Alver -redusert sats kr 10.000 per barn				
Alder	Barn 2023	Tilskotssats 24	Tilskot	
0-2 år	397 kr	261 224 kr		103 705 928
3-6 år	657 kr	126 733 kr		83 263 581
		Samla tilskot	kr	186 969 509

Med redusert tilskot per barn på kr. 10.000,-, vil samla innsparing i driftstilskot verte om lag NOK 10 mill.

15.2 Kostnader barnehage - oppsummering

Samletabellen viser kostnader til barnehagedrift, bygningsdrift og kapitalkostnader for dei ulike strukturalternativa for barnehage:

	0 - Vidareføring av dagens situasjon		Alternativ 0+ Oppretthalde dagens barnehagar, skrive ned kapasitet og/eller oppgradere		Alternativ 1a - Endringar struktur		Alternativ 1b - Endringar struktur		Alternativ 2 - Endringar struktur	
Lønnskostnad	kr	65 759 905	kr	65 759 905	kr	64 259 905	kr	63 929 905	kr	63 259 905
FDV-kostnad	kr	6 410 901	kr	5 960 853	kr	5 309 214	kr	5 157 474	kr	4 862 424
Kapitalkostnad	kr	-	kr	3 270 548	kr	2 306 370	kr	1 340 888	kr	1 176 675
Sum kostnader totalt		72 mill		75 mill		72 mill		70 mill		69 mill
Differanse til Konsept 0a				-		3,1 mill		4,6 mill		5,7 mill
Løn og FDV per barn	kr	174 326	kr	173 239	kr	168 041	kr	166 878	kr	164 547

Tabellen syner at årleg driftskostnad for barnehage er om lag NOK 72 mill. per i dag (alternativ 0). Dette er ikkje medrekna driftstilskot til private barnehagar. Ei oppgradering av dagens bygg innafor same struktur (alternativ 0+), gjev ei auke i årlege driftsutgifter på om lag NOK 3 mill., og endar på om lag NOK 75 mill. Dette skuldast i all hovudsak kapitalkostnader (rente og avdrag) på lån til oppgraderingar og renovering av anlegga, slik at dei når dagens og framtidig standard.

Alternativa 1a, 1b og 2 viser kostnadane ved ulike strukturendringar, sjå tidlegare kapittel for detaljar. Alternativ 2 (størst strukturendring) syner eit potensiale for innsparing på årlege driftskostnader på om lag NOK 6 mill. per år, samanlikna med alternativ 0+. Samanlikna mot dagens struktur, gjev Alternativ 2 eit innsparingspotensiale på om lag NOK 3 mill. i årlege driftsutgifter, samstundes som bygningsmassen er renoverert og oppgradert. Alternativ 1b (oppvekstsenter Sæbø, samt nedlegging av Marihøna og Austebygd), gjev eit årleg innsparingspotensiale på om lag NOK 2 mill. samanlikna med dagens driftsnivå. Dette gjev ei innsparing per barn i kommunal barnehage på om lag NOK 7.500 per barn til barnehagedrift og bygningsdrift. Dette lyt kommunen sjå i samanheng med potensiale for reduserte satsar til driftstilskot til private barnehagar. Reduserte driftsutgifter i dei kommunale barnehagane påverkar direkte storleiken på driftstilskotet til private barnehagar.

15.2.1 Kostnadar løn og barnehagedrift barnehage:

Tabellane viser kostnadar til barnehagedrift for dei ulike strukturalternativa.

Til grunn for lønnskostnadane ligg budsjett 2024. Endringane mellom dei ulike alternativa er høvesvis små, og skuldast ein reduksjon i leiarstilling når barnehagar vert nedlagt.

Alternativ 0			Alternativ 0+		
Lønnskostnad	Budsjett 24	Sum	Lønnskostnad		Sum
Austebygd	kr 3 518 616	4 mill	Austebygd: Oppussing	kr 3 518 616	4 mill
Bø	kr 8 020 757	8 mill	Bø	kr 8 020 757	8 mill
Juvikstølen	kr 14 035 676	14 mill	Juvikstølen: Nedskrivning arealplassar	kr 14 035 676	14 mill
Lindås	kr 10 175 724	10 mill	Lindås	kr 10 175 724	10 mill
Marihøna	kr 5 568 764	6 mill	Marihøna: Utviding og oppgradering	kr 5 568 764	6 mill
Prestmarka hovedbygg og Solhall	kr 16 818 656	17 mill	Prestmarka: Samle drift i ferdig rehabilitert Solhall	kr 16 818 656	17 mill
Sæbø	kr 7 621 712	8 mill	Sæbø: Nybygg	kr 7 621 712	8 mill
Sum årlig kostnad	66 mill	66 mill	Sum årlig kostnad	66 mill	66 mill

Alternativ 1a			Alternativ 1b		
Lønn/tilskudd private bhg		Sum	Lønn/tilskudd private bhg		Sum
Austebygd legges ned. Utnytte restplassar *	kr 3 018 616	3 mill	Austebygd legges ned. Utnytte restplassar *	kr 3 018 616	3 mill
Bø (med barn frå Austebygd)	kr 8 020 757	8 mill	Bø (med barn frå Austebygd)	kr 8 020 757	8 mill
Juvikstølen: Nedskrivning arealplassar	kr 14 035 676	14 mill	Juvikstølen: Nedskrivning arealplassar	kr 14 035 676	14 mill
Lindås	kr 10 175 724	10 mill	Lindås	kr 10 175 724	10 mill
Marihøna: legges ned. Utnytte restplassar **	kr 4 568 764	5 mill	Marihøna: legges ned. Utnytte restplassar **	kr 4 568 764	5 mill
Prestmarka: Samle drift i ferdig rehabilitert Solhall	kr 16 818 656	17 mill	Prestmarka: Samle drift i ferdig rehabilitert Solhall	kr 16 818 656	17 mill
Sæbø: nybygg	kr 7 621 712	8 mill	Sæbø oppvekststun med skule 1-4 ***	kr 7 291 712	7 mill
Sum årlig kostnad	64 mill	64 mill	Sum årlig kostnad	64 mill	64 mill

*Reduksjon 50 % leiling

**Reduksjon 100 % leiling

*Reduksjon 50 % leiling

**Reduksjon 100 % leiling

*** Reduksjon 30 % leiling. Synergi bhg/skule

Alternativ 2

Lønn/tilskudd private bhg		Sum
Austebygd legges ned. Utnytte restplassar *	kr 3 018 616	3 mill
Bø (med barn frå Austebygd)	kr 8 020 757	8 mill
Juvikstølen: Nedskrivning arealplassar	kr 14 035 676	14 mill
Lindås	kr 10 175 724	10 mill
Marihøna: legges ned. Utnytte restplassar **	kr 4 568 764	5 mill
Prestmarka: Samle drift i ferdig rehabilitert Solhall	kr 16 818 656	17 mill
Sæbø legges ned: Nytt restkapasitet ****	kr 6 621 712	7 mill
Sum årlig kostnad	63 mill	63 mill

*Reduksjon 50 % leiling

** Reduksjon 100 % leiling

**** Reduksjon 100 % leiling.

Tabellane viser relativt små lønsforskjellar mellom dei ulike alternativa, med eit maksimalt innsparingspotensiale på om lag 2,5 NOK mill.

- Nedlegging av Austebygd barnehage kan gje ein reduksjon i løn tilsvarande 50 % styrar.
- Nedlegging av Marihøna barnehage kan gje ein reduksjon i løn tilsvarande 100 % styrar.
- Samlokalisering av småskule og barnehage i Sæbø oppvekstsenter, gjev eit potensiale til å hente ut ein synergieffekt på leiling både i skule og barnehage. Vi tilrår leiarteam sett saman av skulefagleg kompetanse og barnehagefagleg kompetanse, med eit nedtrekk i styrarressurs på 30 %.
- Nedlegging av Sæbø barnehage kan gje ein reduksjon i løn tilsvarande 100 % styrar.

Lønskostnadane til personale vert elles vidareførte i dei ulike alternativa, også i dei nedlagte barnehagane. Dette vert å rekne som ein plasshaldar for moglege auka driftstilskot dersom barna går over til private barnehagar, og framhald løn dersom barna går over i andre kommunale barnehagar. Dette er uvisst, og slik sett heftar det noko usikkerheit kring desse tala.

15.2.2 Kapitalkostnad investering barnehage:

Tabellane viser kapitalkostnadane (rentekostnader og avdrag) etter investering for dei ulike strukturalternativa:

0 - Videreføring av dagens situasjon	Godkjende arealplassar (4 m ² per barn over 3 år)	Areal pr. 2023 (m ² BTA)	Investeringskostnad	Kapitalkostnad pr år (NOK)	Merknad
Austebygd	36	266	-	-	
Bø	108	1593	-	-	
Juvikstølen	164	1508	-	-	
Lindås	126	1524	-	-	
Marihøna	45	377	-	-	
Prestmarka hovedbygg og Solhall	223	1979	-	-	
Sæbø	94	743	-	-	
Sum	796	7 990	-	-	

Alternativ 0+ Oppretthalde dagens barnehagar, skrive ned kapasitet og/eller oppgradere standard etter formålsskrav	Godkjende arealplassar (4 m ² per barn over 3 år)	Areal pr. 2023 (m ² BTA)	Investeringskostnad	Kapitalkostnad pr år (NOK)	Merknad
Austebygd: Oppussing	36	266	3 mill	0,1 mill	Oppussing
Bø	108	1593	-	-	Ingen investeringsbehov. Vanleg FDV
Juvikstølen: Nedskrivning arealplassar	126	1508	4 mill	0,2 mill	Nedskrivning arealplassar
Lindås	126	1524	-	-	Ingen investeringsbehov. Vanleg FDV
Marihøna: Utviding og oppgradering	45	507	20 mill	0,8 mill	Nybygg 130 m ² . Ombygg eksisterande anlegg
Prestmarka Solhall: ombygg og samlokalisering etter plan.	120	1143	23 mill	1,0 mill	Kommunale tal
Sæbø: Nybygg	54	530	26 mill	1,1 mill	Nybygg
Sum	615	7 071	75 mill	3,3 mill	

Alternativ 1a - Endringar struktur	Godkjende arealplassar (4 m ² per barn over 3 år)	Areal pr. 2023 (m ² BTA)	Investeringskostnad	Kapitalkostnad pr år (NOK)	Merknad
Austebygd	-	-	-	-	Overføres til Bø barnehage
Bø inkl. Austebygd	108	1593	-	-	
Juvikstølen: Nedskrivning arealplassar	126	1508	4 mill	0,2 mill	
Lindås	126	1524	-	-	
Marihøna: Legges ned. Utnytte kommunal og privat kapasitet	-	-	-	-	Utnytte kommunal og privat restkapasitet
Prestmarka Solhall: ombygg og samlokalisering etter plan. Nedskrivning	120	1143	23 mill	1,0 mill	Kommunale tal
Sæbø: nybygg	54	530	26 mill	1,1 mill	Nybygg
Sum	534	6 298	53 mill	2,3 mill	

Alternativ 1b - Endringar struktur	Godkjende arealplassar (4 m2 per barn over 3 år)	Areal pr. 2023 (m ² BTA)	Investeringskostnad	Kapital-kostnad pr år (NOK)	Merknad
Austebygd	-	-	-	-	Overføres til Bø barnehage
Bø inkl. Austebygd	108	1593	-	-	
Juvikstølen: Nedskrivning arealplassar	126	1508	4 mill	0,2 mill	
Lindås	126	1524	-	-	
Marihøna: Legges ned. Nytte restkapasitet	-	-	-	-	Utnytte kommunal og privat restkapasitet
Prestmarka Solhall: ombygg og samlokalisering etter plan. Nedskrivning	120	1143	23 mill	1,0 mill	Kommunale tal
Sæbø oppvekstun med skule 1-4	54	350	4 mill	0,2 mill	Fratrekk 3,7 mill skule, fratrekk 350 m2 skule
Sum	534	6 118	31 mill	1,3 mill	

Alternativ 2 - Endringar struktur	Godkjende arealplassar (4 m2 per barn over 3 år)	Areal pr. 2023 (m ² BTA)	Investeringskostnad	Kapital-kostnad pr år (NOK)	Merknad
Austebygd	-	-	-	-	
Bø inkl. Austebygd	108	1593	-	-	
Juvikstølen	126	1508	4 mill	0,2 mill	
Lindås	126	1524	-	-	
Marihøna	-	-	-	-	
Prestmarka Solhall: ombygg etter plan. Nedskrivning arealplassar	120	1143	23 mill	1,0 mill	Kommunale tal
Sæbø: Legges ned: Nytte restkapasitet	-	-	-	-	Nyttar restkapasitet i andre barnehagar
Sum	480	5 768	27 mill	1,2 mill	

15.2.3 FDV-kostnadar barnehage:

Tabellane viser kostnadar til forvaltning, drift og vedlikehald for dei ulike strukturalternativa. Til grunn for kostnadane ligg dagens kostnadsnivå for drift av barnehagane, ein gjennomsnittleg kvadratmeterpris på NOK 843 per m2 BTA.

Alternativ 0		
Årlig FDV-kostnad	23/24	Sum
Austebygd	0,4 mill	0 mill
Bø	0,9 mill	1 mill
Juvikstølen	1,2 mill	1 mill
Lindås	0,8 mill	1 mill
Marihøna	1,1 mill	1 mill
Prestmarka hovedbygg og Solhall	1,3 mill	1 mill
Sæbø	0,8 mill	1 mill
Sum årlig FDV-kostnad	6 mill	kr 6 410 901

Alternativ 0+		
Årlig FDV-kostnad	23/24	Sum
Austebygd: Oppussing	0,2 mill	0 mill
Bø	1,3 mill	1 mill
Juvikstølen: Nedskrivning arealplassar	1,3 mill	1 mill
Lindås	1,3 mill	1 mill
Marihøna: Utviding og oppgradering	0,4 mill	0 mill
Prestmarka Solhall: ombygg og samlokalisering etter plan. Nedskrivning arealplassar	1,0 mill	1 mill
Sæbø: Nybygg	0,4 mill	0 mill
Sum årlig FDV-kostnad	6 mill	kr 5 960 853

Alternativ 1a

Årlig FDV-kostnad	23/24	Sum
Austebygd	-	-
Bø inkl. Austebygd	1,3 mill	1 mill
Juvikstølen: Nedskrivning arealplassar	1,3 mill	1 mill
Lindås	1,3 mill	1 mill
Marihøna: Legges ned. Utnytte kommunal og privat kapasitet	-	-
Prestmarka Solhall: ombygg og samlokalisering etter plan. Nedskrivning arealplassar	1,0 mill	1 mill
Sæbø: nybygg	0,4 mill	0 mill
Sum årlig FDV-kostnad	5 mill	kr 5 309 214

Alternativ 1b

Årlig FDV-kostnad	23/24	Sum
Austebygd	-	-
Bø inkl. Austebygd	1,3 mill	1 mill
Juvikstølen: Nedskrivning arealplassar	1,3 mill	1 mill
Lindås	1,3 mill	1 mill
Marihøna: Legges ned. Nytt restkapasitet	-	-
Prestmarka Solhall: ombygg og samlokalisering etter plan. Nedskrivning arealplassar	1,0 mill	1 mill
Sæbø oppvekstun med skule 1-4	0,3 mill	0 mill
Sum årlig FDV-kostnad	5 mill	kr 5 157 474

Alternativ 2

Årlig FDV-kostnad	23/24	Sum
Austebygd	-	-
Bø inkl. Austebygd	1,3 mill	1 mill
Juvikstølen	1,3 mill	1 mill
Lindås	1,3 mill	1 mill
Marihøna	-	-
Prestmarka Solhall: ombygg etter plan. Nedskrivning arealplassar	1,0 mill	1 mill
Sæbø: Legges ned: Nytt restkapasitet	-	-
Sum årlig FDV-kostnad	5 mill	kr 4 862 424

15.2.4 Konkretisering av innsparingspotensiale – den enskilde barnehage

For å konkretisere innsparingspotensialet, vel vi å syne døme frå dei tre barnehagane som i nokre av alternativa vert lagde ned:

Marihøna har i dag 12 småbarn og 20,5 storbarn. Driftskostnadar barnehage og bygg er på kr 6.649.000. Dersom alle desse barna går over til private barnehagar, vert det kommunale driftstilskotet på kr 6.057.000.

Innsparingspotensialet ligg i forskjellen mellom desse to utgiftspostane. I tillegg kjem potensialet til å spare leiarressurs, samt kapitalkostnadar knytt til naudsynte utvidingar og oppgraderingar for å ha bygget godkjent etter formålkrav. Samla årleg innsparingspotensiale er i dette tilfellet på om lag 2,5 mill. Ytterlegare potensiale i kommunal innsparing grunna redusert tilskotssats, er ikkje tatt med i dømet.

Innsparingspotensiale nedlegging Marihøna

Utgifter Marihøna - dagens drift	
BHG-drift Marihøna 24	5 568 764
FDV-kostnader	1 080 340
Totalt	6 649 104

Kommentar
 Budsjett 2024
 Rekneskap 2023

Kostnad dersom dette var private plassar	
12 små	3 254 688
20,5 store	2 803 027
Totalt	6 057 715

Tilskotssats 2024;
 0-2 år: 271.224
 3-6 år: 136.733

Innsparingspotensiale nedlegging	
Innsparing bhg drift (bhg og bygg)	591 390
Innsparing leiging	1 000 000
Innsparing kapitalkostnad	848 468
Årleg innsparing drift	2 439 857

Driftsutgift kommunal - minus auke i driftstilskot private
 Reduksjon 100 % styrarstilling
 Innsparing rente og avdrag på naudsynte oppgraderingar

Under viser vi innsparingspotensialet også ved nedlegging av Austebygd barnehage og Sæbø barnehage. Dei same forklaringsmodellane som for Sæbø ligg til grunn.

Innsparingspotensiale nedlegging Austebygd

Utgifter Austebygd - dagens drift	
BHG-drift Austebygd 24	3 518 616
FDV-kostnader	369 192
Totalt	3 887 808

Kommentar
 Budsjett 2024
 Rekneskap 2023

Kostnad dersom dette var private plassar	
11 små barn	2 983 464
11 store barn	1 504 063
Totalt	4 487 527

Tilskotssats 2024;
 0-2 år: 271.224
 3-6 år: 136.733

Innsparingspotensiale nedlegging Austebygd	
Innsparing bhg drift (bhg og bygg)	-599 719
Innsparing leiging	500 000
Innsparing kapitalkostnad	115 710
Årleg innsparing drift	15 991

Driftsutgift kommunal - minus auke i driftstilskot private
 Reduksjon 100 % styrarstilling
 Innsparing rente og avdrag på naudsynte oppgraderingar

Innsparingspotensiale nedlegging Sæbø barnehage

Utgifter Sæbø - dagens drift	
BHG-drift Sæbø 24	7 621 712
FDV-kostnader	776 905
Totalt	8 398 617

Kommentar
 Budsjett 2024
 Rekneskap 2023

Kostnad dersom dette var private plassar	
17 små barn	4 610 808
29 store barn	3 965 257
Totalt	8 576 065

Tilskotssats 2 Til
 0-2 år: 271.224
 3-6 år: 136.733

Innsparingspotensiale nedlegging Sæbø	
Innsparing bhg drift (bhg og bygg)	-177 448
Innsparing leiging	1 000 000
Innsparing kapitalkostnad	1 129 695
Årleg innsparing drift	1 952 247

Driftsutgift kommunal - minus auke i driftstilskot private
 Reduksjon 100 % styrarstilling
 Innsparing rente og avdrag på naudsynte oppgraderingar

Samla ser vi at det er forskjellar i innsparingspotensialet i kvart tilfelle. Årsaka er samansett, og handlar om nivået på drifta i dag, ulikt vedlikehaldsetterslep og omfang bygningsdrift, storleiken på kapitalkostnader ved ombygg og nybygg, samt potensiale for innsparing på leiging.

15.3 Kostnader barneskule - oppsummering

Samletabellen viser kostnader til skuledrift, bygningsdrift, skuleskyss og kapitalkostnader for dei ulike strukturalternativa for barneskule:

	Alternativ 0 - Vidareføring av dagens situasjon	Alternativ 0+ - Oppgradering dagens anlegg	Alternativ 1 - Endringar struktur	Alternativ 2 - Endringar struktur	Alternativ 3 - Endringar struktur	Alternativ 4 - Endringar struktur
Lønnskostnad	281 mill	281 mill	262 mill	265 mill	263 mill	250 mill
Skyskostnad	10 mill	10 mill	10 mill	10 mill	10 mill	11 mill
FDV-kostnad	38 mill	37 mill	32 mill	34 mill	34 mill	33 mill
Kapitalkostnad	-	19 mill	11 mill	12 mill	9 mill	11 mill
Sum kostnader totalt	329 mill	348 mill	316 mill	321 mill	316 mill	305 mill
Differanse til Konsept 0+		-	32 mill	27 mill	32 mill	43 mill

Tabellen syner at årleg driftskostnad for barneskule er om lag NOK 329 mill. per i dag (alternativ 0). Ei oppgradering av dagens bygg innafor same struktur (alternativ 0+), gjev ei auke i årlege driftsutgifter på nærare NOK 20 mill., og endar på om lag NOK 348 mill. Dette skuldast i all hovudsak kapitalkostnader (rente og avdrag) på lån til oppgraderingar og renovering av anlegga, slik at dei når dagens og framtidig standard.

Alternativ 1-4 viser kostnadane ved ulike strukturendringar, sjå tidlegare kapittel for detaljar. Alternativ 4 (størst strukturendring) syner eit potensiale for innsparing på årlege driftskostnader på NOK 43 mill. per år, samanlikna med alternativ 0+. Samanlikna mot dagens struktur, gjev alternativ 4 eit innsparingspotensiale på om lag NOK 24 mill. i årlege driftsutgifter, samstundes som bygningsmassen er renovert og oppgradert.

Redusert årleg driftstilskot på NOK 0,5 mill. per nedlagt grunnskule er ikkje teke med i reknestykket.

15.3.1 Kostnader løn og skuledrift barneskule:

Tabellane viser kostnader til skuledrift for dei ulike strukturalternativa:

Alternativ 0

Lønnskostnad	Sum
Hordabø	12 mill
Austebygd	5 mill
Manger	20 mill
Sæbø	12 mill
Rosslund b	12 mill
Vestbygd	17 mill
Sagstad	44 mill
Grasdalen	18 mill
Knarvik b	27 mill
Alversund	29 mill
Leiknes	16 mill
Seim	16 mill
Lindås b	21 mill
Myking	7 mill
Ostereidet b	12 mill
Eikanger	9 mill
Kløyheim	5 mill
Sum årleg lønnskostnad	281 mill

Alternativ 0+

Lønnskostnad	Sum
Hordabø	12 mill
Austebygd	5 mill
Manger	20 mill
Sæbø	12 mill
Rosslund b	12 mill
Vestbygd	17 mill
Sagstad	44 mill
Grasdalen	18 mill
Knarvik b	27 mill
Alversund	29 mill
Leiknes	16 mill
Seim	16 mill
Lindås b	21 mill
Myking	7 mill
Ostereidet b	12 mill
Eikanger	9 mill
Kløyheim	5 mill
Sum årleg lønnskostnad	281 mill

Alternativ 1

Lønnskostnad	Sum
Hordabø inkl. Austebygd	13 mill
Austebygd	-
Manger	20 mill
Sæbø	-
Rosslund b	14 mill
Vestbygd	17 mill
Sagstad	44 mill
Grasdalen	18 mill
Knarvik b	27 mill
Alversund inkl. Sæbø	36 mill
Leiknes inkl. Eikanger	22 mill
Seim	16 mill
Lindås b inkl. Myking	23 mill
Myking	-
Ostereidet b. inkl. Kløyheim	12 mill
Eikanger	-
Kløyheim	-
Sum årleg lønnskostnad	262 mill

Alternativ 2

Lønnskostnad	Sum
Hordabø inkl. Austebygd	13 mill
Austebygd	-
Manger	20 mill
Sæbø oppvekststun skuledelen	8 mill
Rosslund b	14 mill
Vestbygd	17 mill
Sagstad	44 mill
Grasdalen	18 mill
Knarvik b	27 mill
Alversund inkl. Sæbø 5-7	32 mill
Leiknes inkl. Eikanger	22 mill
Seim	16 mill
Lindås b inkl. Myking	23 mill
Myking	-
Ostereidet b. inkl. Kløyheim	12 mill
Eikanger	-
Kløyheim	-
Sum årleg lønnskostnad	265 mill

Alternativ 3

Lønnskostnad	Sum
Hordabø inkl. Austebygd	13 mill
Austebygd	-
Manger b + Radøy u. Ny 1-10 skule, 322 elevar	19 mill
Sæbø oppvekststun (1-4 + barnehage)	8 mill
Rosslund b	14 mill
Vestbygd	17 mill
Sagstad	44 mill
Grasdalen	18 mill
Knarvik b	27 mill
Alversund inkl. Sæbø 5-7	32 mill
Leiknes inkl. Eikanger	22 mill
Seim	16 mill
Lindås b inkl. Myking	23 mill
Myking	-
Ostereidet b. inkl. Kløyheim	12 mill
Eikanger	-
Kløyheim	-
Sum årleg lønnskostnad	263 mill

Alternativ 4

Lønnskostnad	Sum
Hordabø inkl. Austebygd	13 mill
Austebygd	-
Manger b + Radøy u. Ny 1-10 skule	19 mill
Sæbø oppvekststun (1-4 + barnehage)	8 mill
Rosslund b	14 mill
Vestbygd	-
Sagstad inkl. Vestbygd (4 parallell)	47 mill
Grasdalen	18 mill
Knarvik b	27 mill
Alversund inkl. Sæbø 5-7	32 mill
Leiknes inkl. Eikanger	22 mill
Seim	16 mill
Lindås b inkl. Myking	23 mill
Myking	-
Ostereidet b. inkl. Kløyheim	12 mill
Eikanger	-
Kløyheim	-
Sum årleg lønnskostnad	250 mill

15.3.2 Kapitalkostnad investering barneskule:

Tabellane viser kapitalkostnadane (rentekostnadar og avdrag) etter investering for dei ulike strukturalternativa:

Alternativ 0 - Vidareføring av dagens situasjon	Dimensjo nerande elevtal jf. prognose	Areal pr. 2023 (m ² BTA)	Investeringskostnad	Kapitalkostnad pr år (NOK)	Merknad
Hordabe	111	1845	-	-	Ingen investeringstiltak
Austebygd	29	1153	-	-	Ingen investeringstiltak
Manger	183	3215	-	-	Ingen investeringstiltak
Sæbø	94	2898	-	-	Ingen investeringstiltak
Rosland b	100	1382	-	-	Ingen investeringstiltak
Vestbygd	134	3082	-	-	Ingen investeringstiltak
Sagstad	460	5041	-	-	Ingen investeringstiltak
Grasdøl	140	2661	-	-	Ingen investeringstiltak
Knarvik b	233	7930	-	-	Ingen investeringstiltak
Ålversund	327	10004	-	-	Ingen investeringstiltak
Leiknes	184	3160	-	-	Ingen investeringstiltak
Seim	147	2782	-	-	Ingen investeringstiltak
Lindås b	199	3640	-	-	Ingen investeringstiltak
Myking	58	1477	-	-	Ingen investeringstiltak
Østereidet b	93	2364	-	-	Ingen investeringstiltak
Eikanger	75	1171	-	-	Ingen investeringstiltak
Kløvheim	22	1347	-	-	Ingen investeringstiltak
Sum	2 589	55 158	-	-	

Alternativ 0+ - Oppgradering dagens anlegg	Dimensjo nerande elevtal jf. prognose	Areal pr. 2023 (m ² BTA)	Investeringskostnad	Kapitalkostnad pr år (NOK)	Merknad
Hordabe	111	1845	1 mill	0,0 mill	Rom til elevar med hjelpebehov
Åustebygd	29	762	26 mill	1,1 mill	Nytt bygg, ekskl. gymsal
Manger	183	3072	151 mill	6,5 mill	Ny b196 barneskule inkl. idrett
Sæbø	94	2898	4 mill	0,2 mill	Generell oppgradering. Rom elevar hjelpebehov
Rosland b	100	1382	14 mill	0,6 mill	Generell oppgradering, inkl tiltak inneklima
Vestbygd	134	3082	5 mill	0,2 mill	Generell oppgradering, jmf. Rapport. Rom elevar hjelpebehov
Sagstad	460	5461	65 mill	2,8 mill	Rive SFO. Tilbygg 1. trinn, SFO og garderobar. LAP og oppgrad.
Grasdøl	140	2661	4 mill	0,2 mill	Generell oppgradering nordre del. Oppgradere naturfag
Knarvik b	233	7930	-	-	Ingen større tiltak påkrevd
Ålversund	327	10004	-	-	Ingen større tiltak påkrevd
Leiknes	184	3160	3 mill	0,1 mill	Oppussing paviljong. Rom elevar hjelpebehov. Kontor
Seim	147	2782	1 mill	0,0 mill	Generell oppgradering
Lindås b	199	3640	5 mill	0,2 mill	Generell oppgradering. Rom elevar hjelpebehov. Rive pavilj.
Myking	58	1477	49 mill	2,1 mill	Ombygging og rehab. Skule. Lett rehab gymsal
Østereidet b	93	2364	9 mill	0,4 mill	Etablere spesialrom i SFO-bygg. Rom hjelpebehov. SFO
Eikanger	75	1421	70 mill	3,0 mill	Bygge ny barneskule med spesialrom og idrett til 75 elevar
Kløvheim	22	714	35 mill	1,5 mill	Bygge ny barneskule med spesialrom og idrett til 22 elevar
Sum	2 589	54 655	441 mill	19,2 mill	

Alternativ 1 - Endringer struktur	Dimensjo nerande elevtal jf. prognose	Areal pr. 2023 (m ² BTA)	Investerings- kostnad	Kapital- kostnad pr år (NOK)	Merknad
Hordabø inkl. Austebygd	140	1845	3 mill	0,1 mill	Ekstra klasserom ved ombygg bibl. Rom elevar hjelpebehov
Austebygd	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Manger	183	3072	151 mill	6,5 mill	Ny b196 barneskule inkl. idrett
Sæbø	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Rosslanb	100	1382	14 mill	0,6 mill	Generell oppgradering, inkl tiltak innelima
Vestbygd	134	3082	5 mill	0,2 mill	Generell oppgradering, jmf. Rapport. Rom elevar hjelpebehov
Sagstad	460	5461	65 mill	2,8 mill	Rive SFO. Tilbygg 1. trinn, SFO og garderobar. LAP og oppgrad.
Grasdalen	140	2661	4 mill	0,2 mill	Generell oppgradering nordre del. Oppgradere naturfag
Knarvik b	233	7930	-	-	Ingen større tiltak påkrevd
Alversund inkl. Sæbø	421	10004	-	-	Ingen større tiltak påkrevd. Sæbø til Knarvik u på ungdomstrinn
Leiknes inkl. Eikanger	253	3160	4 mill	0,2 mill	Musikk i Storstova. Kl. r. i musikk. Maks kapasitet LAP
Seim	147	2782	1 mill	0,0 mill	Generell oppgradering
Lindås b inkl. Myking	257	3893	5 mill	0,2 mill	SFO-base som klasserom/sambruk. Tiltak lyd, ventilasjon mm.
Myking	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Ostereidet b. inkl. Kløvheim	115	2364	9 mill	0,4 mill	Etablere spesialrom i SFO-bygg. Rom hjelpebehov. SFO
Eikanger	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Kløvheim	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Sum	2 589	47 642	262 mill	11,4 mill	

Alternativ 2 - Endringer struktur	Dimensjo nerande elevtal jf. prognose	Areal pr. 2023 (m ² BTA)	Investerings- kostnad	Kapital- kostnad pr år (NOK)	Merknad
Hordabø inkl. Austebygd	140	1845	3 mill	0,1 mill	Ekstra klasserom ved ombygg bibl. Rom elevar hjelpebehov
Austebygd	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Manger	183	3072	151 mill	6,5 mill	Ny b196 barneskule inkl. idrett
Sæbø oppvekstun skuledelen	48	2548	4 mill	0,2 mill	Generell oppgradering. Tilpassing bhg ført på bhg. 350 BTA til bhg
Rosslanb	100	1382	14 mill	0,6 mill	Generell oppgradering, inkl tiltak innelima
Vestbygd	134	3082	5 mill	0,2 mill	Generell oppgradering, jmf. Rapport. Rom elevar hjelpebehov
Sagstad	460	5461	65 mill	2,8 mill	Rive SFO. Tilbygg 1. trinn, SFO og garderobar. LAP og oppgrad.
Grasdalen	140	2661	4 mill	0,2 mill	Generell oppgradering nordre del. Oppgradere naturfag
Knarvik b	233	7930	-	-	Ingen større tiltak påkrevd
Alversund inkl. Sæbø 5-7	373	10004	-	-	Ingen større tiltak påkrevd. Sæbø til Knarvik u på ungdomstrinn
Leiknes inkl. Eikanger	253	3160	4 mill	0,2 mill	Musikk i Storstova. Kl. r. i musikk. Maks kapasitet LAP
Seim	147	2782	1 mill	0,0 mill	Generell oppgradering
Lindås b inkl. Myking	257	3893	5 mill	0,2 mill	SFO-base som klasserom/sambruk. Tiltak lyd, ventilasjon mm.
Myking	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Ostereidet b. inkl. Kløvheim	115	2364	9 mill	0,4 mill	Etablere spesialrom i SFO-bygg. Rom hjelpebehov. SFO
Eikanger	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Kløvheim	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Sum	2 589	50 190	266 mill	11,6 mill	Elevtal Sæbø: 48. Barnetal bhg: 45. Samla barn oppvekstun: 93

Alternativ 3 - Endringer struktur	Dimensjo nerande elevtal jf. prognose	Areal pr. 2023 (m ² BTA)	Investerings- kostnad	Kapital- kostnad pr år (NOK)	Merknad
Hordabø inkl. Austebygd	140	1845	3 mill	0,1 mill	Ekstra klasserom ved ombygg bibl. Rom elevar hjelpebehov
Austebygd	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Manger b + Radøy u. Ny 1-10 skule, 322 elevar	183	4095	99 mill	4,3 mill	Tilbygg 8 klasserom og LAP til Radøy u. Felles spesial og idrett.
Sæbø oppvekstun (1-4 + barnehage)	48	2548	4 mill	0,2 mill	Generell oppgradering. Tilpassing bhg ført på bhg. 350 BTA til bhg
Rosslanb	100	1382	14 mill	0,6 mill	Generell oppgradering, inkl tiltak innelima
Vestbygd	134	3082	5 mill	0,2 mill	Generell oppgradering, jmf. Rapport. Rom elevar hjelpebehov
Sagstad	460	5461	65 mill	2,8 mill	Rive SFO. Tilbygg 1. trinn, SFO og garderobar. LAP og oppgrad.
Grasdalen	140	2661	4 mill	0,2 mill	Generell oppgradering nordre del. Oppgradere naturfag
Knarvik b	233	7930	-	-	Ingen større tiltak påkrevd
Alversund inkl. Sæbø 5-7	373	10004	-	-	Ingen større tiltak påkrevd. Sæbø til Knarvik u på ungdomstrinn
Leiknes inkl. Eikanger	253	3160	4 mill	0,2 mill	Musikk i Storstova. Kl. r. i musikk. Maks kapasitet LAP
Seim	147	2782	1 mill	0,0 mill	Generell oppgradering
Lindås b inkl. Myking	257	3893	5 mill	0,2 mill	SFO-base som klasserom/sambruk. Tiltak lyd, ventilasjon mm.
Myking	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Ostereidet b. inkl. Kløvheim	115	2364	9 mill	0,4 mill	Etablere spesialrom i SFO-bygg. Rom hjelpebehov. SFO
Eikanger	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Kløvheim	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Sum	2 589	51 213	214 mill	9,3 mill	Areal Manger 1-10 ligg på bskule. Samla elevtal minus Sæbø, U-322

Alternativ 4 - Endringer struktur	Dimensjonerende elevtal jf.	Areal pr. 2023 (m ² BTA)	Investeringskostnad	Kapitalkostnad pr år (NOK)	Merknad
Hordabø inkl. Austebygd	140	1845	3 mill	0,1 mill	Ekstra klasserom ved ombygg bibl. Rom elevar hjelpebehov
Austebygd	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Manger b + Radøy u. Ny 1-10 skule	183	-	99 mill	4,3 mill	Tilbygg 8 klasserom og LAP til Radøy u. Felles spesial og idrett.
Sæbø oppvekstun (1-4 + barnehage)	48	2 548	4 mill	0,2 mill	Generell oppgradering. Tilpassing bhg ført på bhg. 350 BTA til bhg
Rosland b	100	1 382	14 mill	0,6 mill	Generell oppgradering, inkl tiltak innelima
Vestbygd	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Sagstad inkl. Vestbygd (4 parallell)	534	5 461	117 mill	5,1 mill	Rive SFO. Tilbygg 8 kl. SFO og gard. LAP, spes.rom og generell oppgrad.
Grasdal	140	2 661	4 mill	0,2 mill	Generell oppgradering nordre del. Oppgradere naturfag
Knarvik b	233	7 930	-	-	Ingen større tiltak påkrevd
Alversund inkl. Sæbø 5-7	373	10 004	-	-	Ingen større tiltak påkrevd. Sæbø til Knarvik u på ungdomstrinn
Leiknes inkl. Eikanger	259	3 160	4 mill	0,2 mill	Musikk i Storstova. Kl. r. i musikk. Maks kapasitet LAP
Seim	147	2 782	1 mill	0,0 mill	Generell oppgradering
Lindås b inkl. Myking	257	3 899	5 mill	0,2 mill	SFO-base som klasserom/sambruk. Tiltak lyd, ventilasjon mm.
Myking	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Ostereidet b. inkl. Kløvheim	115	2 364	9 mill	0,4 mill	Etablere spesialrom i SFO-bygg. Rom hjelpebehov. SFO
Eikanger	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Kløvheim	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Sum	2 589	44 036	261 mill	11,3 mill	Sagstad vil her ha kapasitet til 20 ekstra elevar per trinn (= 140 elevar)

15.3.3 FDV-kostnadar barneskule:

Tabellane viser kostnadar til forvaltning, drift og vedlikehald for dei ulike strukturalternativa. Til grunn for kostnadane ligg dagens kostnadsnivå for drift av barneskulane, ein gjennomsnittleg kvadratmeterpris på NOK 685 per m2 BTA.

0 Dagens situasjon

Årlig FDV-kostnad	Sum
Hordabø	2 mill
Austebygd	1 mill
Manger	3 mill
Sæbø	2 mill
Rosland b	1 mill
Vestbygd	3 mill
Sagstad	4 mill
Grasdal	2 mill
Knarvik b	3 mill
Alversund	4 mill
Leiknes	3 mill
Seim	2 mill
Lindås b	2 mill
Myking	1 mill
Ostereidet b	2 mill
Eikanger	2 mill
Kløvheim	1 mill
Sum årlig FDV-kostnad	38 mill

0+ Skildring hovedgrep

Årlig FDV-kostnad	Sum
Hordabø	1 mill
Austebygd	1 mill
Manger	2 mill
Sæbø	2 mill
Rosland b	1 mill
Vestbygd	2 mill
Sagstad	4 mill
Grasdal	2 mill
Knarvik b	5 mill
Alversund	7 mill
Leiknes	2 mill
Seim	2 mill
Lindås b	2 mill
Myking	1 mill
Ostereidet b	2 mill
Eikanger	1 mill
Kløvheim	0 mill
Sum årlig FDV-kostnad	37 mill

1 Skildring hovedgrep

Årlig FDV-kostnad	Sum
Hordabø inkl. Austebygd	1 mill
Austebygd	-
Manger	2 mill
Sæbø	-
Rosland b	1 mill
Vestbygd	2 mill
Sagstad	4 mill
Grasdal	2 mill
Knarvik b	5 mill
Alversund inkl. Sæbø	7 mill
Leiknes inkl. Eikanger	2 mill
Seim	2 mill
Lindås b inkl. Myking	2 mill
Myking	-
Ostereidet b. inkl. Kløvheim	2 mill
Eikanger	-
Kløvheim	-
Sum årlig FDV-kostnad	32 mill

2 Skildring hovedgrep

Årlig FDV-kostnad	Sum
Hordabø inkl. Austebygd	1 mill
Austebygd	-
Manger	2 mill
Sæbø oppvekststun skuledelen	2 mill
Rosslånd b	1 mill
Vestbygd	2 mill
Sagstad	4 mill
Grasdøl	2 mill
Knarvik b	5 mill
Alversund inkl. Sæbø 5-7	7 mill
Leiknes inkl. Eikanger	2 mill
Seim	2 mill
Lindås b inkl. Myking	2 mill
Myking	-
Ostereidet b. inkl. Kløvheim	2 mill
Eikanger	-
Kløvheim	-
Sum årlig FDV-kostnad	34 mill

3 Skildring hovedgrep

Årlig FDV-kostnad	Sum
Hordabø inkl. Austebygd	1 mill
Austebygd	-
Manger b + Radøy u. Ny 1-10 skule, 322 elevar	2 mill
Sæbø oppvekststun (1-4 + barnehage)	2 mill
Rosslånd b	1 mill
Vestbygd	2 mill
Sagstad	4 mill
Grasdøl	2 mill
Knarvik b	5 mill
Alversund inkl. Sæbø 5-7	7 mill
Leiknes inkl. Eikanger	2 mill
Seim	2 mill
Lindås b inkl. Myking	2 mill
Myking	-
Ostereidet b. inkl. Kløvheim	2 mill
Eikanger	-
Kløvheim	-
Sum årlig FDV-kostnad	34 mill

4 Skildring hovedgrep

Årlig FDV-kostnad	Sum
Hordabø inkl. Austebygd	1 mill
Austebygd	-
Manger b + Radøy u. Ny 1-10 skule	3 mill
Sæbø oppvekststun (1-4 + barnehage)	2 mill
Rosslånd b	1 mill
Vestbygd	-
Sagstad inkl. Vestbygd (4 parallell)	4 mill
Grasdøl	2 mill
Knarvik b	5 mill
Alversund inkl. Sæbø 5-7	7 mill
Leiknes inkl. Eikanger	2 mill
Seim	2 mill
Lindås b inkl. Myking	2 mill
Myking	-
Ostereidet b. inkl. Kløvheim	2 mill
Eikanger	-
Kløvheim	-
Sum årlig FDV-kostnad	33 mill

15.3.4 Kostnadar skuleskyss barneskular

Kostnadar til skyss tek utgangspunkt i dagens skysskostnad. For endringar i struktur, er det lagt til grunn at alle elevane som byter skule, har rett til skyss grunna avstand (2 eller 4 km reiseveg). Fleire av desse har i dag skyss grunna kommunalt vedtak om trafikkfarleg skuleveg. Dette er ein kostnad kommunen sjølv lyt ta, noko som kan vere ei kostbar ordning. Når strukturendringar gjer at elevane har rett til skyss grunna avstand, er det fylkeskommunen som ber kostnaden over 36 kr. per elev per dag. Samanstillinga av skysskostnadar viser at strukturendringane gjev små kostnadsutslag med tanke på skyss (sjå samletabellen fyrst i kapitlet)

15.4 Kostnader ungdomsskule - oppsummering

Samletabellen viser kostnader til skuledrift, bygningsdrift, skuleskyss og kapitalkostnader for dei ulike strukturalternativa for ungdomsskule:

	Alternativ 0 - Vidareføring av dagens situasjon	Alternativ 0+ Oppgradering dagens anlegg	Alternativ 1 Endringar struktur	Alternativ 2 - Endringar struktur	Alternativ 3 - Endringar struktur
Lønnskostnad	131 mill	131 mill	128 mill	110 mill	109 mill
Skyskostnad	6 mill	6 mill	6 mill	6 mill	6 mill
FDV-kostnad	15 mill	15 mill	12 mill	9 mill	8 mill
Kapitalkostnad	-	23 mill	20 mill	20 mill	17 mill
Sum kostnader totalt	152 mill	175 mill	166 mill	145 mill	140 mill
Differanse til Konsept 0+		-	8 mill	30 mill	34 mill

Tabellen syner at årleg driftskostnad for ungdomsskule er om lag NOK 152 mill. per i dag (alternativ 0). Ei oppgradering av dagens bygg innafor same struktur (alternativ 0+), gjev ei auke i årlege driftsutgifter på om lag NOK 23 mill., og endar på om lag NOK 175 mill. Dette skuldast i all hovudsak kapitalkostnader (rente og avdrag) på lån til oppgraderingar og renovering av anlegga, slik at dei når dagens og framtidig standard.

Strukturalternativ 1-3 viser kostnadane ved ulike strukturendringar, sjå tidlegare kapittel for detaljar. Alternativ 3 (størst strukturendring) syner eit potensiale for innsparing på årlege driftskostnader på NOK 34 mill. per år, samanlikna med alternativ 0+. Samanlikna mot dagens struktur, gjev alternativ 3 eit innsparingspotensiale på om lag NOK 12 mill. i årlege driftsutgifter, samstundes som bygningsmassen er renoverert og oppgradert til framtidsetta standard.

Redusert årleg driftstilskot på NOK 0,5 mill. per nedlagt grunnskule er ikkje teke med i reknestykket.

15.4.1 Kostnader løn og skuledrift ungdomsskule:

Tabellane viser kostnader til skuledrift (løn og innkjøp skule) for dei ulike strukturalternativa:

Alternativ 0		Alternativ 0+	
Lønnskostnad	Sum	Lønnskostnad	Sum
Radøy u	24 mill	Radøy u	24 mill
Meland u	22 mill	Meland u	22 mill
Knarvik u	40 mill	Knarvik u	40 mill
Lindås u	16 mill	Lindås u	16 mill
Ostereidet u	14 mill	Ostereidet u	14 mill
Rosslund u	15 mill	Rosslund u	15 mill
Sum årlig kostnad generert av gruppellet	131 mill	Sum årlig kostnad generert av gruppellet	131 mill

Alternativ 1		Alternativ 2		Alternativ 3	
Lønnskostnad	Sum	Lønnskostnad	Sum	Lønnskostnad	Sum
Radøy u (1-10 saman med Manger)	22 mill	Radøy u (1-10 saman med Manger)	22 mill	Radøy u (1-10 saman med Manger)	22 mill
Meland u	22 mill	Meland u inkl. Rosslund u (4-parallell)	31 mill	Meland u	-
Knarvik u	40 mill	Knarvik u inkl Ostereidet u og Sæbø u (6-parallell)	43 mill	Knarvik u inkl Ostereidet, Rosslund, Meland u og Sæbø u (10-parallell)	72 mill
Lindås u til Lindås b, inkl. Myking: 1-10-skule	15 mill	Lindås u til Lindås b, inkl. Myking: 1-10-skule	15 mill	Lindås u til Lindås b, inkl. Myking: 1-10-skule	15 mill
Ostereidet u	14 mill	Ostereidet u	-	Ostereidet u	-
Rosslund u	15 mill	Rosslund u	-	Rosslund u	-
Sum årlig kostnad generert av gruppellet	128 mill	Sum årlig kostnad generert av gruppellet	110 mill	Sum årlig kostnad generert av gruppellet	109 mill

15.4.2 Kapitalkostnad investering ungdomsskule:

Tabellane viser kapitalkostnadane (rentekostnader og avdrag) etter investering for dei ulike strukturalternativa:

Alternativ 0 - Vidareføring av dagens situasjon	Dimensjonerande elevtal jf. prognose	Areal pr. 2023 (m² BTA)	Investeringskostnad	Kapital-kostnad pr år (NOK)	Merknad
Radøy u	179	4 646	-	-	Ingen investeringstiltak
Meland u	183	3 989	-	-	Ingen investeringstiltak
Knarvik u	385	5 790	-	-	Ingen investeringstiltak
Lindås u	163	3 375	-	-	Ingen investeringstiltak
Østereidet u	90	2 611	-	-	Ingen investeringstiltak
Rosslund u	123	3 196	-	-	Ingen investeringstiltak
Sum	1 129	23 607	-	-	

Alternativ 0+ Oppgradering dagens anlegg	Dimensjonerande elevtal jf. prognose	Areal pr. 2023 (m² BTA)	Investeringskostnad	Kapital-kostnad pr år (NOK)	Merknad
Radøy u	179	4 646	20 mill	0,9 mill	Oppgraderingar k&h, UU, heis, samt generelt vedlikeholdsetterlep
Meland u	183	3 989	119 mill	5,2 mill	Total rehab hovedbygg, Beheld paviljong.
Knarvik u	385	5 790	81 mill	3,5 mill	Rehabilitering og ombygg 82-bygget
Lindås u	163	3 160	111 mill	4,8 mill	Rehabilitering og ombygg
Østereidet u	90	2 611	91 mill	4,0 mill	Rehabilitering og ombygg
Rosslund u	123	3 196	112 mill	4,9 mill	Rehabilitering og ombygg
Sum	1 129	23 392	533 mill	23,2 mill	

Alternativ 1 Endringer struktur	Dimensjonerande elevtal jf. prognose	Areal pr. 2023 (m² BTA)	Investeringskostnad	Kapital-kostnad pr år (NOK)	Merknad
Radøy u (1-10 saman med Manger)	179	4 095	-	-	Har blitt 1-10 skule med tilbygg til Manger b. Areal og kostnad ført på b. skule
Meland u	183	3 989	119 mill	5,2 mill	Total rehab hovedbygg, Beheld paviljong.
Knarvik u	385	5 790	81 mill	3,5 mill	Rehabilitering og ombygg 82-bygget
Lindås u til Lindås b, inkl. Myking: 1-10-skule	163	3 899	62 mill	2,7 mill	Tilbygg ungdomstrinn til Lindås b. 1-10-skule. Felles spesielt læringsareal
Østereidet u	90	2 611	91 mill	4,0 mill	Rehabilitering og ombygg
Rosslund u	123	3 196	112 mill	4,9 mill	Rehabilitering og ombygg
Sum	1 129	23 580	465 mill	20,2 mill	Lindås 1-10, inkl. Myking: samla areal er ført på ungdomsskule

Alternativ 2 - Endringer struktur	Dimensjonerande elevtal jf. prognose	Areal pr. 2023 (m² BTA)	Investeringskostnad	Kapital-kostnad pr år (NOK)	Merknad
Radøy u (1-10 saman med Manger)	139	-	-	-	Har blitt 1-10 skule med tilbygg til Manger b. Areal og kostnad ført på b. skule
Meland u inkl. Rosslund u (4-parallell)	312	3 640	183 mill	8,0 mill	Ny U-310 skule.
Knarvik u inkl Østereidet u og Sæbe u (6-parallell)	515	7 148	225 mill	9,8 mill	10 klassar i 2010-bygget. Nytt areal til 8 klassar, spesialrom, LAP og drift
Lindås u til Lindås b, inkl. Myking: 1-10-skule	163	3 899	62 mill	2,7 mill	Tilbygg ungdomstrinn til Lindås b. 1-10-skule. Felles spesielt læringsareal
Østereidet u	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Rosslund u	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Sum	1 129	14 687	470 mill	20,5 mill	

Alternativ 3 - Endringer struktur	Dimensjonerande elevtal jf. prognose	Areal pr. 2023 (m² BTA)	Investeringskostnad	Kapital-kostnad pr år (NOK)	Merknad
Radøy u (1-10 saman med Manger)	139	-	-	-	Har blitt 1-10 skule med tilbygg til Manger b. Areal og kostnad ført på b. skule
Meland u	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Knarvik u inkl Østereidet, Rosslund, Meland u og Sæbe u (10-parallell)	827	-	335 mill	14,6 mill	
Lindås u til Lindås b, inkl. Myking: 1-10-skule	163	3 899	62 mill	2,7 mill	Tilbygg til Lindås b. 1-10-skule. Etterbruk u-skule som eiga sak
Østereidet u	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Rosslund u	-	-	-	-	Etterbruk som eiga sak
Sum	1 129	3 899	397 mill	17,3 mill	

15.4.3 FDV-kostnader ungdomsskule:

Tabellane viser kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald for dei ulike strukturalternativa. Til grunn for kostnadane ligg dagens kostnadsnivå for drift av ungdomsskulane, ein gjennomsnittleg kvadratmeterpris på NOK 620 per m² BTA.

Alternativ 0		Alternativ 0+	
Årlig FDV-kostnad	Sum	Årlig FDV-kostnad	Sum
Radøy u	2 mill	Radøy u	3 mill
Meland u	2 mill	Meland u	2 mill
Knarvik u	3 mill	Knarvik u	4 mill
Lindås u	2 mill	Lindås u	2 mill
Ostereidet u	3 mill	Ostereidet u	2 mill
Rosslund u	2 mill	Rosslund u	2 mill
Sum årlig FDV-kostnad	15 mill	Sum årlig FDV-kostnad	15 mill

Alternativ 1		Alternativ 2		Alternativ 3	
Årlig FDV-kostnad	Sum	Årlig FDV-kostnad	Sum	Årlig FDV-kostnad	Sum
Radøy u (1-10 saman med Manger)	-	Radøy u (1-10 saman med Manger)	-	Radøy u (1-10 saman med Manger)	-
Meland u	2 mill	Meland u inkl. Rosslund u (4-parallell)	2 mill	Meland u	-
Knarvik u	4 mill	Knarvik u inkl. Ostereidet u og Sæbø u (6-parallell)	4 mill	Knarvik u inkl. Ostereidet, Rosslund, Meland u og Sæbø u (10-parallell)	6 mill
Lindås u til Lindås b, inkl. Myking: 1-10-skule	2 mill	Lindås u til Lindås b, inkl. Myking: 1-10-skule	2 mill	Lindås u til Lindås b, inkl. Myking: 1-10-skule	2 mill
Ostereidet u	2 mill	Ostereidet u	-	Ostereidet u	-
Rosslund u	2 mill	Rosslund u	-	Rosslund u	-
Sum årlig FDV-kostnad	12 mill	Sum årlig FDV-kostnad	9 mill	Sum årlig FDV-kostnad	8 mill

15.4.4 Kostnader skuleskyss ungdomsskular

Kostnader til skyss tek utgangspunkt i dagens skysskostnad. For endringar i struktur, er det lagt til grunn at alle elevane som byter skule, har rett til skyss grunna avstand (lenger enn 4 km reiseveg for ungdomsskule). Fleire av desse har i dag skyss grunna kommunalt vedtak om trafikkfarleg skuleveg. Dette er ein kostnad kommunen sjølv lyt ta, noko som kan vere ei kostbar ordning. Når strukturendringar gjer at elevane har rett til skyss grunna avstand, er det fylkeskommunen som ber kostnaden over 36 kr. per elev per dag. Samanstillinga av skysskostnadar viser at strukturendringane gjev små kostnadsutslag med tanke på skyss (sjå samletabellen fyrst i kapittelet)

16 Oppsummering og tilråding struktur – samla for barnehage, barneskule og ungdomsskule

Rapporten viser at det er stort samsvar mellom positiv evaluering av strukturalternativa og økonomi. Dei alternativa som gjev størst potensiale til reduksjon i årlege driftskostnadar, skårar også godt på dei fleste kvalitetsområda som er evaluerte:

- Større einingar gjev større og meir robuste profesjonsfaglege fellesskap.
- Større einingar gjev høve til å etablere større og meir robuste leiarteam.
- Større og færre einingar kan gjere det enklare å rekruttere kompetente medarbeidarar, og sikre at ein har kompetanse på den einskilde eininga i samsvar med lovkrav.
- Færre einingar gjer det enklare for støttenestene å vere tett på, og ha meir effektiv tid nær elevar og tilsette.
- Færre einingar gjer det enklare og meir effektivt for byggeigar og skule- og barnehageigar å følgje opp strategisk og sikre godt samarbeid mellom pedagogikk og byggutvikling.
- Færre einingar gjev færre anlegg å vedlikehalde, og fører til meir effektiv bygningsdrift.
- Ei samanslåing av einingar gjev høve til å oppgradere anlegg til framtidig standard. Slik nullar ein ut eit høvesvis stort vedlikehaldsetterlep i Alver kommune, og sikrar meir miljømessig berekraftige anlegg.
- Oppgraderte anlegg gjev betre fysisk arbeidsmiljø for barn, elevar og tilsette, som er i tråd med krav i lov og forskrift.
- Oppgraderte anlegg kan i større grad fremje den pedagogiske praksisen ein ønsker i barnehage og skule, t.d. med spesialrom.
- Oppgraderte anlegg kan fremje inkludering gjennom universell utforming og likeverdig tilkomst til ulike rom og funksjonar.
- Forsking viser at barn tåler å bytte skule. Større einingar kan gje rikare sosiale miljø og fleire vener å spele på. Vaksne må sikre trygge overgangar.
- Strukturendringa kan føre til eit meir likeverdig oppvekstilbod for barn i kommunen.
- Strukturendringa er i tråd med målsetjingar i kommunalt planverk, mellom anna vedteken senterstruktur.
- Strukturendringane kan skape ro kring diskusjonar om framtidige nedleggingar, og gje ein føreseieleg framtidig struktur.

Endring kan gje nye moglegheiter, men samstundes vere krevjande. På nokre område kan strukturendringar opplevast utfordrande for nokre barn, elevar og vaksne:

- Å miste ein skule eller barnehage i nærmiljøet kan opplevast krevjande for einskilde. Det kan vere knytt kjensler og identitet til nærskulen og nærbarnehagen. Ein kan oppleve mindre tilgjengelege areal for t.d. sosiale samankomstar i nærmiljøet.
- Nokre elevar vil få lenger skuleveg.

16.1 Samla tilråding og rekkefølge på tiltak

Samla tilråding: Framtidig barnehage- og skulestruktur i Alver kommune

Det er i strukturutgreiinga tatt utgangspunkt i strukturane for barnehage, barneskule og ungdomsskule kvar for seg. Slik kan ein til ei viss grad velje eit strukturalternativ frå ei av inndelingane, og kople denne mot eit anna alternativ frå den andre inndelinga.

Samstundes viser gjennomgangen at det er gode argument for å sjå strukturalternativa for barnehage, barneskule og ungdomsskule i samanheng. Døme på dette er koplinga mellom barneskule og ungdomsskule i kombinerte skular, og koplinga mellom barnehage og skule i oppvekstsenter.

Med bakgrunn i evalueringa av dei ulike strukturalternativa og dei økonomiske konsekvensane, vert følgjande samla strukturalternativ anbefalt for Alver kommune:

Nr	Ferdig innført	Barnehagestruktur	Barneskulestruktur	Ungdomsskulestruktur	Kommentar
1	Skulestart 25/26	Alternativ 1b Austebygd slåast saman med Bø barnehage Marihøna vert lagt ned Prestmarka samlast i avdeling Solhall med oppussing etter plan Sæbø barnehage får nye lokalar i Sæbø skule og blir oppvekstsenter	Alternativ 2 Austebygd går til Hordabø Myking går til Lindås b Kløvheim går til Ostereidet b Eikanger går til Leiknes Sæbø 5-7 går til Alversund		Elevar frå Sæbø gis fortrinn til å velge Knarvik u før elevar frå Ostereidet krets
2	Skulestart 26/27	Juvikstølen: Tiltak som skildra i alternativ 0+	Grasdøl og Seim: Tiltak som skildra i alternativ 0+		
3	Skulestart 28/29		Alternativ 3 Manger og Radøy blir 1-10 skule i utvida Radøy u Lindås b og Lindås u blir 1-10 skule i utvida Lindås b Rossland b: Oppgradering og tilpassing når Rossland u flyttes Alternativ 4: Vestbygd til utvida og rehabilitert Sagstad	Alternativ 3 Manger og Radøy blir 1-10 skule i utvida Radøy u Lindås b og Lindås u blir 1-10 skule i utvida Lindås b Rossland u, Ostereidet u og Meland u går til utvida og rehabilitert Knarvik u	Tiltak ungdomstrinn og 1-10 krev planarbeid og større prosjektering med involvering av brukarar

Strukturendringa gjev eit samla potensiale for innsparing for barnehage, barneskule og ungdomsskule, målt mot Alternativ 0+, i storleiksorden NOK 81 mill. i samla årlege driftsutgifter, med full effekt frå 2029. Eventuelle innsparingar knytt til driftstilskot private er ikkje tatt med.

Tilrådingar per område

Barnehage

Norconsult tilrår strukturendring i tråd med Alternativ 1b. Tiltaka kan gjennomførast med høvesvis små investeringar, og iverksettast innan skulestart 25/26. Etablering av Sæbø oppvekstsenter fordrar gjennomføring av tiltak frå Alternativ 2 for barneskule.

Barneskule

Norconsult tilrår tiltaka som leiar fram til Alternativ 4, i følgjande rekkefølge:

- Fram til skulestart 25/26 bør Alver kommune gjennomføre tiltaka i Alternativ 2. Dette medfører mindre investeringar med høvesvis enkel prosjektering.
- Innan skuleåret 26/27 bør ein oppgradere anlegg som ikkje er direkte råka av strukturendringane
- Innan skulestart 28/29 bør ein gjennomføre tiltaka i Alternativ 3 og 4. Dersom alternativa skal kunne realiserast innan dette tidspunktet, fordrar det at ein kjem i gang med konkret planlegging, medverknad og prosjektering raskt etter strukturvedtak hausten 2024.
- Etablering av kombinerte skular fordrar tiltak som også vedkjem framtidig ungdomsskulestruktur.

Ungdomsskule

Norconsult tilrår strukturendring i tråd med Alternativ 3. Dersom alternativa skal kunne realiserast innan skulestart 28/29, fordrar det at ein kjem i gang med konkret planlegging, medverknad og prosjektering raskt etter strukturvedtak hausten 2024.

For alle tiltaka tilrår Norconsult høgt fokus på dei organisasjonsmessige endringane i tråd med føringar i arbeidsmiljølova og avtaleverket mellom partane i arbeidslivet.

16.2 Samla kostnadar oppsummert

Samletabellen viser kostnadane for alternativ 0, 0+ og dei tilrådde alternativa for barnehage, barneskule og ungdomsskule:

	Alternativ 0 Vidareføring av dagens situasjon		Alternativ 0+ Oppgradere dagens anlegg		Tilrådd alternativ Barnehage: 1b Barneskule: 4 Ungdomsskule: 3	
Lønnskostnad	kr	477 760 000	kr	477 760 000	kr	422 930 000
Barnehage	kr	65 760 000	kr	65 760 000	kr	63 930 000
Barneskule	kr	281 000 000	kr	281 000 000	kr	250 000 000
Ungdomsskule	kr	131 000 000	kr	131 000 000	kr	109 000 000
FDV-kostnad	kr	59 411 000	kr	57 961 000	kr	46 157 000
Barnehage	kr	6 411 000	kr	5 961 000	kr	5 157 000
Barneskule	kr	38 000 000	kr	37 000 000	kr	33 000 000
Ungdomsskule	kr	15 000 000	kr	15 000 000	kr	8 000 000
Kapitalkostnad	kr	-	kr	45 271 000	kr	29 341 000
Barnehage	kr	-	kr	3 271 000	kr	1 341 000
Barneskule	kr	-	kr	19 000 000	kr	11 000 000
Ungdomsskule	kr	-	kr	23 000 000	kr	17 000 000
Skyskostnadar	kr	16 306 000	kr	16 306 000	kr	17 390 000
Barnehage	kr	-	kr	-	kr	-
Barneskule	kr	10 492 000	kr	10 492 000	kr	11 105 000
Ungdomsskule	kr	5 814 000	kr	5 814 000	kr	6 285 000
Sum kostnadar	kr	553 477 000	kr	597 298 000	kr	515 818 000
Barnehage	kr	72 171 000	kr	74 992 000	kr	70 428 000
Barneskule	kr	329 492 000	kr	347 492 000	kr	305 105 000
Ungdomsskule	kr	151 814 000	kr	174 814 000	kr	140 285 000
Differanse til 0+						81 mill
Differanse til 0						38 mill

Oppsummert viser tabellen at ein ved å velje dei tilrådde alternativa, har eit årleg innsparingspotensiale på om lag NOK 80 mill. dersom ein samanliknar med 0+ alternativet. Samanlikna med 0 alternativet (dagens situasjon), er det årlege innsparingspotensialet om lag NOK 40 mill.

16.3 Strukturforslag: overordna kommunale føringar og målsetjingar


I planprogrammet til Temaplan for barnehage- og skulebruksplan set Alver kommune fokus på berekraftig utvikling innanfor drift og investering. Ein står føre store demografiske endringar i kommunen, og lyt flytte ressursar frå oppvekst til eldre og helse dei komande åra. Økonomiplanen for 2023-26 seier at det er behov for større tiltak knytt til drift av barnehagar og skular.

Kommunedelplan for oppvekst byggjer på prioriterte område i samfunnsdelen, med særleg fokus på hovudmål 4: "Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse." Målet skal mellom anna nås gjennom ei styrt utvikling av dei kommunale barnehage- og skuleanlegga i Alver kommune. Planen skal kome med framlegg om ein berekraftig og framtidsretta struktur for barnehage og skule med god utnytting av ressursar og kvalitet i tilbodet.

Norconsult vurderer at tilrådd samla struktur for skule og barnehage vil bidra til å nå målet om å sikre gode og likeverdige tilbod som fremjar helse, trivsel, og utvikling. Strukturen vil vere robust over tid, og sikre ei føreseieleg styring av bygg og organisasjon. Dette kan bidra til ro og fremje berekraftige og attraktive nærmiljø. Tiltrådd struktur skårar høgt på kvalitet og evaluering av ikkje prissette konsekvensar. Strukturendringa tek ned dei årlege driftsutgiftene betydeleg innan oppvekstsektoren, samstundes som ein sikrar forsvarleg og framtidsretta forvaltning og utvikling av bygg og anlegg.


16.4 Kart tilrådd struktur skule

Kartet viser samla tilrådde endringar og struktur for skule: Samla vil ein stå att med 13 grunnskuleeiningar, mot dagens 22.



16.5 Kart tilrådd struktur barnehage

Kartet under viser samla tilrådde endringar og struktur for barnehage: Samla vil ein stå att med 4 kommunale barnehagar og eit oppvektstun.



17 Litteratur

Aasland, A., & Sørholt, S. (2020). Agents of centralization? Local school administrations and contested school closures in Norwegian rural districts. *Journal of Rural Studies*, 80, 595-605.

Bakke J.V: Inneklima i skoler og barnehager- Hva er problemene og hvordan kan de løses? Allergi i praksis 3: 2009:14-17.

Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet. (2013) Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/sla/funk/konvensjon_web.pdf .

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) (2017). Oppvekstrapporten 2017

Beuchert, L., Humlum, M. K., Nielsen, H. S., & Smith, N. (2018). The short-term effects of school consolidation on student achievement: Evidence of disruption?. *Economics of Education Review*, 65, 31-47.

CAREY, DENNIS C., DAYTON OGDEN, and JUDITH A. ROLAND. "The Human Side of M&A: Leveraging the Most Important Fact in Deal Making."

DAMVAD (2015): Analyse av rasjonale for og innsats knyttet til lokal samfunnsutvikling innenfor regional- og distriktpolitikken. Delrapport 1. [Report \(regjeringen.no\)](#)

Enehaug, H. og Thune, T. 2007. Organisasjonskultur og mennesker i fusjonsprosesser. Oslo: Arbeidsforskningsinstituttet AS.

Gulbrandsen, Å., Moser, T, Pettersvold, M og Vintervold, A.L. (2006): Det var en gang et sykehus... eller kommer det an på størrelsen? Evaluering av oppstarten av barnehagen Sophies Hage. Barnehagesenteret. HiV.

Helse- og omsorgsdepartementet (2011). Prop. 90 L, 2010-2011:126 Lov om folkehelsearbeid (Folkehelseoven) [Prop. 90 L \(2010–2011\) - regjeringen.no](#)

Helse- og omsorgsdepartementet. (2023) *Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger* [Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger - Lovdata](#)

Helsedirektoratet. (2023) *Veileder til Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger* [Helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger - Helsedirektoratet](#)

Hopland, A. O., & Nyhus, O. H. (2016). Learning environment and student effort. *International Journal of Educational Management*, 30(2), 271-286.

International research institute of Stavanger (2011) IRIS – 2011/029: Rapport: Barnehagenes organisering og strukturelle faktorerens betydning for kvalitet

Justis- og beredskapsdepartementet. 2021. Kongeriket Noregs grunnlov (Grunnloven)

- Justis- og beredskapsdepartementet. 2021. Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (Forvaltningsloven)
- Kampesæter, Bjørberg og Listerud, 2009: Levetider i praksis – Prinsipper og bruksområder. [levetider_i_praksis.pdf \(dibk.no\)](#)
- Kirke-, utdannings- og forskingsdepartementet. (1998). Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/otprp-nr-46-1997-98-/id158981/?ch=1>
- Klein, James F., and Robert-Charles Kahn. *The HR guide to European mergers and acquisitions*. Routledge, 2017.
- Kleppestø, S. (2005). "The construction of social identities in mergers and acquisitions." *Mergers and acquisitions. Managing culture and human resources*. G.K.M. Stahl, M.E Stanford, Stanford university press
- Kommunal- og distriktsdepartementet. (2019) Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging
- Kunnskapsdepartementet. (1998) Otprp-nr-46-1997-98. Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/otprp-nr-46-1997-98-/id158981/?ch=1#kap1>
- Kunnskapsdepartementet. (2005). Lov om barnehager. [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)
- Kunnskapsdepartementet. (2009). Tid til læring. Stortingsmelding 19 (2009-2010). [Online]. Tilgjengeleg frå URL:<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2009-2010/Meld-St-19-20092010/5/2/3.html?id=608066>
- Kunnskapsdepartementet. (2020): Meld. St. 6 (2019–2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO. [Meld. St. 6 \(2019–2020\) - regjeringen.no](#)
- Kunnskapsdepartementet (2021): Barnehager mot 2030 Strategi for barnehagekvalitet 2021–2030. [Barnehager mot 2030. Strategi for barnehagekvalitet 2021–2030 \(regjeringen.no\)](#)
- Kunnskapsdepartementet. (2023): Opplæringslova [Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Lovdata](#)
- Kunnskapsdepartementet. (2023) Opplæringslova (Ny, gjeldande frå 1. august 2024) [Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Lovdata](#)
- Kunnskapsdepartementet. (2023) Prop. 1 S (2023–2024) ([Prop. 1 S \(2023–2024\) - regjeringen.no](#))
- Kusstascher, V. og Cooper, C.L. (2005): *Managing Emotions in Mergers and Acquisitions*. Cheltenham: Edward Elgar Publishing Ltd.
- Kvalsund og Solstad, 2010: Smått – ikkje lenger godt? [Smått – ikkje lenger godt? \(utdanningsnytt.no\)](#)

Langfjæran, D., Jøsendal, J. S., & Karlsen, G. Ø. (2009). Kom nærmere!: sluttrapport fra FOU-prosjektet Hvordan lykkes som skoleeier? om kommuner og fylkeskommuners arbeid for å øke elevenes læringsutbytte.

Liu, Chengfang, et al. "The effect of primary school mergers on academic performance of students in rural China." *International Journal of Educational Development* 30.6 (2010): 570-585.

Sæterøy, Robin, 2022: [Tilstand-pa-skolebygg.pdf \(foreldreutvalgene.no\)](#)

Nordahl, T., 2022: Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring. Senter for Praksisrettet Utdanningsforskning. Skriftserien 9 – 2022. [Nordahl-rapport-Skolestørrelse-og-sammenheng-med-elevenes-trivsel-og-laering.pdf \(utdanningsnytt.no\)](#)

NOU 1995: 18. (1995) Ny lovgivning om opplæring. Oslo: Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet

NOU 2019: 23. (2019) Ny opplæringslov. Kunnskapsdepartementet. Hentet 25.6.2021 fra <https://www.regjeringen.no/contentassets/3a08b44df1e347619e32db47d13ac0cd/no/pdfs/nou201920190023000dddpdfs.pdf>

OECD: Talis-undersøkingen. [TALIS 2008 Data - OECD](#)

Regjeringen: Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-23 (Regjeringen.no)

Rådgivende ingeniørers forening: State of the nation. Norges tilstand 2019. Kommunale og fylkeskommunale bygg" [Bygg.pdf \(rif.no\)](#)

Risberg, A. (2006) "Introduction to section four." Mergers and acquisitions: A critical reader. A Risberg. London, Routledge.

Robinson, V. M., Lloyd, C. A., & Rowe, K. J. (2008). The impact of leadership on student outcomes: An analysis of the differential effects of leadership types. *Educational administration quarterly*, 44(5), 635-674.

Sameinte nasjonar. (1989). *FNs konvensjon om barnets rettigheter. Vedtatt av De Forente nasjoner 20. november 1989; Ratifisert av Norge 8. januar 1991* (Rev. oms. mars 2003 med tilleggsprotokollar). Barne- og familiedepartementet.

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf

Sameinte nasjonar. (2006). *Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne*. Barne- og familiedepartementet. https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/sla/funk/konvensjon_web.pdf

Schanke, T og Skålholt (2008): Kunnskapsstatus skolebygg: en kartlegging av forskning på sammenheng mellom skolebyggs utforming og elevens læringsutbytte. Østlandsforskning [1 \(regjeringen.no\)](#)

Schein, E. (2004). *Organizational Culture and Leadership*, San Francisco, Jossey-Bass, A Wiley Imprint.

Sivilombudsmannen, 2020. Avslag på skolebytte innenfor samme kommune. Hentet 25.6.2021 fra <https://www.sivilombudsmannen.no/uttalelser/avslag-pa-skolebytte-innenfor-samme-kommune/>

Solstad, K. J., & Solstad, M. (2015). Meir skyss-mindre helse. *Skulesentralisering i eit helseperspektiv. (More transport-less health? School centralization in a health perspective.)*.

Solstad K. J., Andrews T. og Løvland, J. (2016): Spredt eller samla? Utredning av ungdomsskolestruktur i Vågan kommune. NF rapport nr. 3/2016. NF 3_2016_84s (3).pdf (nordlandsforskning.no)

Thorsen, H. S (2016): Essays on production of knowledge capital, doktorgradsavhandling, Norges handelshøyskole

Utdanningsdirektoratet. (2009). Spørsmål knyttet til opplæringslovens nærskoleprinsipp. Brev til Fylkesmannen i Buskerud. https://www.UDIR.no/globalassets/upload/lov_regelverk/tolkningsuttalelser/5/1/8-1_narskole_skolekretser.pdf

Utdanningsdirektoratet. (2013). Nærskoleprinsippet betydning for fastsettelse av skolekretsgrenser. Brev til Fylkesmannen i Nordland. https://www.UDIR.no/globalassets/upload/lov_regelverk/tolkningsuttalelser/1/narskoleprinsippet_skolegrenser_fmno.pdf

Utdanningsdirektoratet (2017). Veiledning til bruk av barnekonvensjonen i saksbehandlingen.

Utdanningsdirektoratet (2019) Retten til skyss Udir-2-2019. Rundskriv.

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Skoleskyss/udir-2-2019-retten-til-skyss1/>

Utdanningsdirektoratet (2020). Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen. <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del>

Utdanningsdirektoratet (2020) [Krav og forventninger til en rektor \(udir.no\)](#)

Utdanningsdirektoratet (2021). Rammeplan for SFO. [Rammeplan for SFO \(udir.no\)](#)

Utdanningsdirektoratet (2022): Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis. [Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis \(udir.no\)](#)

Vareide, K., L. K. Kobro og H. Storm (2013) Programteori for attraktivitet. Sammendragsrapport. TF-notat nr. 13/2013

Vestland fylkeskommune (2020) Reglement for skoleskyss i grunnskulen. [Reglement for skoleskyss i grunnskulen](#)

Villa, Mariann (2015): Forskning og evaluering om skulesentralisering/- strukturendring, Norsk senter for bygdeforskning, Universitetsenteret Dragvoll, 7491 Trondheim

World Health Organization. (2009) WHO guidelines for indoor air quality: dampness and mould. WHO Regional Office for Europe, 2009

Aasland, A. & Sørholt, S. (2017, 27. mars). Skulenedleggelse i distriktene: Konflikt og samarbeid. Utdanningsnytt. [Skulenedleggelse i distriktene: Konflikt og samarbeid \(utdanningsnytt.no\)](https://www.utdanningsnytt.no/artikkel/skulenedleggelse-i-distriktene-konflikt-og-samarbeid)

Vedlegg

1. Evaluering skule- og barnehageanlegg